# ÅRSBUDSJETT 2024 OG ØKONOMIPLAN 2024-2027 VOSS HERAD

VEDTEKE AV VOSS HERADSSTYRE 12.12.2023

Dokumentversjon
Webversjon finn du her: lenkje

# Innhald

Innleiing ..... 2
Rettleiing økonomiplan ..... 3
Budsjettvedtak ..... 5
Økonomisk styring måltal ..... 17
Hovudtala i budsjettforslaget ..... 22
Plangrunnlaget ..... 27
Satsingsområde ..... 29
Klimabudsjett ..... 34
Investeringar i økonomiplanen ..... 44
Kommunen sine tenesteområde ..... 66
Administrasjon og leiing ..... 66
Plan, næring og forvalting ..... 71
Samferdsel ..... 75
Eigedom og bustad ..... 80
Brann og ulukkesvern ..... 85
Vatn, avlaup og renovasjon ..... 89
Politisk styring ..... 93
Finansielle postar/økonomi ..... 96
Grunnskule ..... 99
Barnehage ..... 106
Barne- og familietenestene ..... 112
Helse ..... 119
Omsorg ..... 128
Sosialtenester ..... 138
Kultur og fritid (inkl.kyrkja) ..... 146
Kommunalt føretak ..... 155
Gebyrliste ..... 157

# Innleiing

I ei tid med aukande rente, høge matvareprisar, krig og konflikt i Europa og stadige hendingar med cyberangrep på både private og offentlege aktørar, er det viktig å kjenna på tryggleik og stabilitet der du bur.

Kommunen kjem inn i livet ditt fleire månader før du er født gjennom svangerskapsomsorga, og me held fast i deg til festeavtalen på gravstaden din går ut, 20 år etter at du sjølv er gått ut av tida.

I urolege tider kan kommunen representera den tryggleiken og stabiliteten du treng.

I løpet av ein kvardag skal kommunens over 250 ulike tenester balansera mellom rollene som samfunnsutviklar, tenesteytar, lovforvaltar og demokratisk aktør, heile vegen med innbyggjarane sine levekår i sentrum.

Om ikkje innbyggjarane våre har tillit til Voss herad, kan me ikkje representera den tryggleiken og stabiliteten som er nødvendig.

God økonomistyring er eitt av fleire ingrediensar i oppskrifta på tillit. Budsjett og økonomiplanen er heilt avgjerande for å kunne nytta ressursane våre på best mogleg måte.

Sjølv om me prøver å ikkje gå for djupt ned i detaljane, vert budsjettet likevel eit stort og omfattande dokument. Men meininga er å gje eit overblikk over både kommuneorganisasjonen, tenesteområda våre og nokre av dei store samfunnsflokene me prøver å løysa.

Det er lett å verta slått i bakken over omfanget og kompleksiteten i det me driv på med. Men for å lukkast med samfunnsoppdraget, er me avhengig av godt samspel i organisasjonen, mellom politikk og administrasjon og med samfunnet elles.

Arild McClellan Steine
-rådmann-
Voss, 25. oktober 2023



# Rettleiing økonomiplan

**Kva er økonomiplan?**

Det er lovfesta at kommunane i Noreg skal ha ein økonomiplan som viser korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale og regionale planar skal følgast opp. Økonomiplanen er også handlingsdelen av kommuneplanen sin samfunnsdel. Planen skal visa heradsstyret sine prioriteringar og løyvingar og dei måla og premissa som økonomiplanen byggjer på. Planen skal omfatta heile verksemda til heradet, vere realistisk, fullstendig og oversiktleg. Kravet om at økonomiplanen skal vere realistisk er eit rettsleg krav, og økonomiplanen kan vurderast for lovlegheitskontroll. Dette er meint å vera eit tryggleiksnett ved uansvarleg eller overoptimistisk planlegging, særleg når det gjeld inntektsanslag.

Den gir altså eit hovudoversyn over det økonomiske handlingsrommet i planperioden. Den syner dei sentrale rammeføresetnadene på inntekts- og utgiftsida (Sentrale kapittel). Her finn ein dei meir oversikt over dei overordna økonomiske disposisjonane og hovudelementa i drifts- og investeringsbudsjettet, overordna mål og klimabudsjettet. Vidare gir planen oversyn over viktige lokale utviklingstrekk med relevans for drift og investeringar (Tenesteområde). Dei meir detaljerte opplysingane om innhaldet i budsjett, økonomiplanen og kommuneplanen si handlingsdel, finn ein i omtalen av dei ulike tenesteområda.

Når økonomiplanen no skal reviderast er det gjort ei vurdering av rammevilkåra som:
- Skatt og rammetilskot
- Renter/avdrag
- Avgifter
- Eigedomsskatt
- Kraftinntekter
- Endringsbehov i tenesteområda

Ut i frå dette vil det koma fram kva for økonomisk handlingsrom kommunen har. Planen skal minst omfatta dei fire neste budsjettåra, og skal rullerast og vedtakast ein gong i året. Plandokumentet skal tena som grunnlag for avgjerdsprosessar i folkevalde organ og for ein kritisk debatt i allmennheita.

Årsbudsjettet og økonomiplanen skal vera inndelt i ein driftsdel og ein investeringsdel. Løyvingane til dei enkelte budsjettområda i økonomiplanen si drifts- og investeringsdel er sett opp som fastsett i økonomireglementet. Dette blir presentert i ulike forskriftskjema under Budsjettvedtak.

Økonomiplan for 2024-2073 byggjer på rammene frå Retningsgjevande økonomiplan 2024-2027 og budsjett 2023. Økonomiplan vert presentert og vedteke for 15 tenesteområde som byggjer på KOSTRA-tenester/funksjonar. Frå 2024 er tenesteområdet Integrering og vaksenopplæring innlemma i tenesteområdet Barne- og familietenestene.

**Korleis handsama årsbudsjett og økonomiplan?**

Rådmannen lagar eit framlegg til årsbudsjett og økonomiplan for Formannskapet. Formannskapet er dei som innstiller. Deira innstilling til heradsstyret kan innehalde fleire alternative framlegg. Endeleg vedtak om årsbudsjett og økonomiplan skal vera eitt vedtak.

Heradsstyret sitt budsjettvedtak er bindande for underordna organ, og heradsstyret kan soleis ikkje delegera mynde til å gjera endringar i det formelle budsjettet. I praksis har likevel underordna folkevalde organ og kommunedirektøren eit visst handlingsrom for omdisponeringar. Dette gjeld først og fremst innan driftsbudsjettet, som blir fastsett med nettorammer per tenesteområde. Det gjeld i noko mindre grad for investeringsbudsjettet som blir fastsett med brutto utgift.

Kommunelova pålegg formannskapet ei plikt til å fremje forslag om årsbudsjett og økonomiplan. Lova opnar likevel for at formannskapet kan fremje fleire alternative framlegg dersom ingen av alternativa har fleirtal i formannskapet. Innstillinga omfattar då dei alternative forslaga.

Ved heradsstyret si handsaming av årsbudsjett og økonomiplan gjeld særskilte reglar om røystegjeving (kommunelova § 11-9, tredje ledd). Ved den endelege avrøystinga skal medlemmene røyste over forslaget til økonomiplan eller årsbudsjett som heilskap. Dersom det er fremja fleire alternative forslag, og ingen av desse får fleirtal ved første gongs avrøysting, skal det deretter røystast over berre dei to forslaga som fekk flest røyster ved første gongs avrøysting. Vedtak om årsbudsjett og økonomiplan skal altså til slutt vera eitt vedtak, og voteringa skal sikra at eitt av forslaga vert vedteke.

Kommunelova seier ikkje noko eksplisitt om årsbudsjett og økonomiplanar som inneheld ei rullering av kommuneplanen si handlingsdel. Det står heller ikkje noko om når klimabudsjettet inngår i ein samla handlings- og økonomiplan. Rådmannen forstår lovverket slik at det er høve til å handsame separate forslag til endringar i både handlingsplanen og klimabudsjettet så lenge forslaga kan vedtakast utan at dei påverkar årsbudsjett og/eller økonomiplanen. Rådmannen vil likevel tilrå at eventuelle forslag til endringar av årsbudsjett, økonomiplan, handlingsplan og klimabudsjett vert samla og fremja som eitt forslag til handlings- og økonomiplan.

# Budsjettvedtak

**Generelle vedtak**

Gjennom handlingsprogrammet vedtar Voss heradsstyre økonomiplanen for 2024-2027 med budsjettrammer for kvart tenesteområde. Handlingsprogrammet for 2024-2027 vert vedteke med mål og vilkår for tenesteproduksjon som omtala i dokumentet.

Driftsbudsjett for 2024 vert vedteke i samsvar med oversikta "§ 5-4 Bevilgningsoversikter - drift (1 A)".

Driftsbudsjettet vert vedteke i samsvar med oversikta "§ 5-4 sum bevilgninger drift, netto (1B)", med ei netto ramme per tenesteområde. Rådmannen får fullmakt til å fordela driftsramma frå tenesteområda til organisatoriske avdelingar.

Rådmannen får fullmakt til å fordela lønsjusteringspott og fellesutgifter på tenesteområda. Rådmannen får fullmakt til å justera budsjettet som følgje av tekniske endringar som t.d. endringar i KOSTRA-oppsett eller kommunale rekneskapsstandardar.

Investeringsbudsjettet vert vedteke med ei brutto ramme per tenesteområde, i tråd med skjema "§ Bevilgningsoversikter - investering (2 A)" og "§ 5-5 Bevilgningsoversikter - investering (2 B). Rådmannen får fullmakt til å fordela investeringsramma på investeringsprosjekt.

Drifts- og investeringsrammene for 2024-2027 gjev retning for vidare budsjettarbeid gjennom årleg rullering av økonomiplan.

Fylgjande finansielle måltal skal gjelda for kommunen sin økonomi:

- Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter: 1,75 %
- Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter: 5 %
- Gjeldsgrad må tilpassast evne til å handtera renter og avdrag

Budsjett for Kontrollutvalet vert vedteke med ei  budsjettramme for 2024 på 2 225 000 kr.

**Lån**

Voss heradsstyre vedtek å ta opp nytt lån på inntil 189,7 millionar kroner for å finansiera nye netto løyve til investeringar i 2024, jf. kommunelova § 14-15 1.ledd.

Rådmannen får fullmakt til å inngå avtale med Husbanken om inntil 35 mill. kr. i lån til vidare utlån (Startlån).

Rådmannen får fullmakt til å inngå avtalar om opptak av nye obligasjonslån, sertifikatlån eller andre lån til finansiering av investeringsprosjekt etter kvart som dei vert vedtekne, samt å avtala nærare lånetidspunkt og lånevilkår, og underteikne lånekontraktar.

Rådmannen får fullmakt til å inngå avtalar om refinansiering av eksisterande lån, til å inngå avtale om lånetidspunkt og lånevilkår, samt underteikna lånekontraktar. Rådmannen står fritt til å betala budsjetterte avdrag på dei lån han finn føremålstenleg, uavhengig av opprinneleg vedtak.

**Skatt**

Skatt på inntekt og formue til kommunen vert utlikna etter maksimale satsar fastsett av Stortinget for 2024.

I medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3a, vert det i 2024 skrive ut eigedomsskatt i heile kommunen, med fylgjande vilkår:

- Den alminnelege promillesatsen vert sett til 7 promille, jfr. Eigedomsskattelova § 11 første ledd. Differensiert skattesats for eigedomar med sjølvstendige bueiningar og fritidsbustader vert sett til 2,1 promille, jf. Eigedomsskattelova § 12a.
- Heradsstyret fritek eigedommar etter §§ 7a og 7b i eigedomsskattelova og kommunale retningsliner. Liste vert lagt fram i eiga sak i kommunestyret innan utgangen av februar 2024.
- Verdigrunnlaget for eigedomsskatt for bustader skal fastsetjast etter skattemessig formuesverdi der det er tilgjengeleg, jf. eigedomsskattelova § 8 C-1. Verdigrunnlaget for øvrige eigedomar skal fastsetjast etter eigedomsskattelova § 8 A og § 8 B. Takstgrunnlag i heile heradet er harmonisert frå 2021.
- Eigedomsskatt skal skrivast ut i tre terminar, saman med kommunale avgifter, med forfall 20.03, 20.06 og 20.10, jf. eigedomsskattelova § 25.
- Eigedomsskatt skal skrivast ut på skattepliktig næringsdel i tidlegare skattlagde verk/ bruk jf. overgangsregel i eigedomsskattelova §§ 3 og 4 første ledd. Skatt på særskilte skattegrunnlag er redusert med tre sjuandedelar i 2021. Skattesatsen på særskilt skattegrunnlag er 7 promille.

**Gebyr, avgifter og brukarbetaling**

Gebyr, avgifter og brukarbetaling vert fastsett ut i frå gjeldande lover, forskrifter og retningsliner, og i samsvar med lista under "Gebyrliste"  i budsjettframlegget.

**Budsjettfullmakter**

Rådmann får fullmakt til å selja heimfallskraft konsesjonskraft i spotmarknaden. Rådmannen har fullmakt til å inngå faste kontraktar i økonomiplanperioden.

Rådmannen får fullmakt til å bruka opp til 2 mill.kr per krisehending som strakstiltak i eventuelle krisesituasjonar.

Rådmannen får fullmakt til å kjøpa bustadeigedomar innanfor ei økonomisk ramme på inntil 50 mill. kr. Salsinntekter skal nyttast til kjøp av framtidige bustadeigedomar. Over-/underskot innanfor rekneskapsåret skal førast mot ubunde investeringsfond.

Rådmannen får fullmakt til å fordela avsette midlar til lønsauke til tenesteområda i samsvar med resultat av lønsforhandlingane.

**Spesifikke vedtak**

Voss herad skal ta i mot inntil 140 flyktningar i 2024.

Styregodtgjersle for 2024 skal vera likt som i 2023.

**Festeavgifter**

Voss heradsstyre vedtek festeavgifter for 2024 i samsvar med framlegget under:

**Gravfeste, kistegraver** *Pris pr. grav pr. år*

| År | Evanger, Bolstad, Granvin, Vinje, Oppheim og Raundalen | Voss sokn (Vangskyrkja, Voss gravplass, Tunshovden) | Jordalen |
|---|---|---|---|
| 0-20 | kr 270 | kr 300 | kr 135 |
| 20-60 | kr 270 | kr 300 | kr 135 |
| Over 60 år | kr 540 | kr 600 | kr 270 |

**Gravfeste, urnegraver** *Pris pr. grav pr. år*

| År | Urnegrav alle kyrkjegarder | Urnegrav i minnelund |
|---|---|---|
| 0-20 | kr 135 | kr 135 |
| 20-60 | kr 135 | kr 135 |
| Over 60 år | kr 270 | kr 270 |
| | | |
| Eingongsavgift for urne i namna minnelund | Tunshovden | kr 6 250 |
| Kremasjonstilskot til utbetaling | Voss sokn | kr 10 000 |

***Festeavgifta som er oppgitt gjeld for eitt år, men det vert fakturert for fem år av gongen. Til dømes vert det fakturert 1.500,- (300,- x 5 år) for festeavgift for ei grav på Voss gravplass ved festeforfall.***

Dei fyrste 20 åra etter gravlegging er rekna som friperiode. Deretter får ein tilsend krav om festeavgift. Friperioden gjeld berre for gravlagde som har vore busett i heradet. Utanbygds får krav om festeavgift.

## Vedtak frå Voss heradsstyre 12.12.2023

Voss heradsstyre vedtek årsbudsjett 2024 og økonomiplan 2024-2027 slik det ligg føre i saksframstilling med vedlegg og tilleggsopplysningar, med følgjande endringar:

**Oppvekst**
Verbalforslag:
● Heradsstyret ynskjer å styrka skule og barnehage og ber rådmannen komma attende med ein plan for organisering av spesialundervisning, samt kartlegging kostnadane av ein auke av grunnbemanning i skule og barnehage.
● Heradsstyret ber rådmannen koma attende til heradsstyret med ei sak på korleis ein har nytta dei

auka midlane til meir praktisk undervisning til no, og kva som må til av ressursar og organisering for å få til ei større dreiing frå teoretisk skulekvardag til meir praktisk læringsarbeid.
Drift:
● Kr. 1.000.000,- til spesialundervisning. Ein skal ikkje setje effektiviseringskrav/kutt i løyvinga til spesialundervisninga før ein har fått på plass ei drift av grunnskulen som treff betre enn kva ein ser i dag. Inndekkinga skal skje gjennom å redusera avsettingar til disposisjonsfond. Varig tiltak.
● Vidareføre summen sett av til meir praktisk undervisning, kr. 300.000,- med inndekning gjennom å redusere avsettingar til disposisjonsfond. Varig tiltak.

Investering:
• Det vert sett av 3 millionar til oppgradering av uteareal ved skular og barnehagar i Voss herad. Heradsstyre ber rådmannen legge fram liste med totalt utbetringsbehov vinteren 2024, der utearealet ved Vangen skule skal vektleggast særskild. Inndekning gjennom å nytte midlar sett av til trekk i rammetilskotet for sal av konsesjonskraft.

**Tiltak for ungdom**
Drift:
● Leige i Skulestadmoen kr. 200.000,- i 2024 for Voss Gatebil. Det er søkt om tilsvarande sum for 2025-2027. Me ber Voss Gatebil kome attende til heradsstyre med ein ny søknad for dei komande åra og ein årsrapport for aktiviteten som har vore i 2024. Ein ynskjer også å gje signal til Voss Gatebil om at dei skal byrje med å lage ein plan for korleis ein skal dekke eventuelle leigekostnadar på sikt utan å vere avhengig av fullfinansiering av leigekostnadar og straum av kommunen. Inndekninga skal skje gjennom å redusere avsettingar til disposisjonsfond. Tiltak for 1 år.
● Kr. 600.000,- til gratis utleige av kommunale bygg og idrettsanlegg, for frivillige lag- og organisasjonar som driv med barne- og ungdomsaktivitet. Det skal takast høgde for folkehelse perspektivet og at etablerte private aktørar som legg til rette for aktivitet skal ha moglegheit til å leige hallen som tidlegare. Gratis utleige skal vere ei prøveordning på to år, og etter enda prøveperiode ynskjer ein innspel frå dei frivillige laga- og organisasjonane til å sei noko om tiltaket har ført til auka aktivitet og lågare medlemskostnadar. Inndekninga skal skje gjennom å redusere avsettingar til disposisjonsfond. Tiltak for 2 år.
● Aukar potten for vedlikehald av idrettsanlegg frå kr. 200.000,- til kr. 300.000,-. Inndekninga skal skje gjennom å redusere avsettingar til disposisjonsfond. Varig tiltak.

Investering/Verbal:
● Heradsstyre har intensjon om å setje av kr 200.000,- til «badepark» i Vangsvatnet, ved Aktivitetsparken. Ein ber administrasjonen i samarbeid med Vossabadet om det er mogeleg å finna ei løysing for innkjøp/leige, samt drift av eit slikt anlegg, innanfor denne løyvinga til februarmøtet. Inndekning gjennom å nytte midlar sett av til trekk i rammetilskotet for sal av konsesjonskraft.

● Heradsstyret ynskjer å vidareutvikle fritidsfondet me har i heradet og ber rådmannen koma attende og orienterar heradsstyret om behovet for å utvide fritidsfondet.

**Eldre**
Verbalforslag:
• Heradsstyret ber rådmannen syte for at straks ny eigedomsforvalting for heradet er på plass vert bygging av omsorgsbustader i nærleiken av sjukeheimane våre ei prioritert sak.

**Folkehelse**
Verbalforslag:

● Heradsstyret ynskjer at rådmann kjem attende til heradsstyret med ei sak på behovet for å utvide tilbodet «Friskliv og meistring» og korleis dette kan la seg gjera.
Drift:
● Heradsstyret ynskjer å setje av kr. 500.000,- til aktivitetstilbod for ulike brukargrupper i heradet. Av desse brukargruppene bør demens, eldre og einsemd/utanforskap prioriterast. Inndekninga skal skje gjennom å redusere avsettingar til disposisjonsfond. Varig tiltak.

**Andre felt**
Verbalforslag:
● Taler på lærlingplassar i kommunal regi bør aukast, slik at det er minst to lærlingar per 1000 innbyggjar og det bør stimulerast til fleire lærlingplassar i det private næringslivet.
● Samarbeid gjennom regionale organ er ein viktig måte å ivareta vår rolla som regionsenter. Råda kan spele ei viktig rolle som koordineringsorgan i saker med felles regionale interesser, og dei kan ha ei viktig rolle som bindeledd mellom kommunane og fylkeskommune. Heradsstyret ber om at det vert starta opp ein prosess der målet er at Voss på ny vert medlem av eit interkommunalt politisk råd.
● Heradsstyret ber rådmannen koma attende til heradsstyre med ei sak som synleggjer strategien i kjøp av kommunale bustader den komande perioden.
● Sikra at grøn etat får auka kompetansen i tråd med nye oppgåver og fagfelt, t.d. vedlikehald av betong, som er nytta i aktivitetsparken.
● Sikra at ein næring/landbruksavdelinga til ei kvar tid har god og relevant kompetanse for å serve landbruksnæringa inn i ei krevjande framtid med omleggingar og berekraftig drift.
● Tilgang på nok og riktig kompetanse er ei utfordring både for det offentlege og private næringslivet i regionen. Heradsstyret ynskjer at Voss skal vera offensive på dette området, og at ein skal vurdera tiltak og grep som gjer Voss godt rusta til å møte utfordringane som vil verta større framover. Heradsstyre ber rådmannen kome attende til heradsstyre med ei sak som seier noko om korleis heradet arbeider med handlingsplanen til «Voss i vekst». Eit mogleg grep er å etablera eit lokalt kompetanseforum som kan identifisera utfordringar og fremja løysingar for korleis me kan arbeide aktivt for rekruttering. Heradsstyret ber administrasjonen gjera ei vurdering av om det er føremålstenleg å etablere eit slikt forum, og presentere korleis eit slikt forum kan setjast saman.
● Heradsstyre ynskjer ei sak kor dei folkevalde kan evaluere arbeidsgjevarpolitikken i heradet. Ein ber om at ein ser på jolehelsingar og markering av lang og tru teneste, samt sjå på ordningar for korleis ein kan dekke delar av parkeringa for dei kommunalt tilsette. T.d. har tilsette ved Voss sjukehus ei ordning kor dei betalar kr. 1750,- for parkering i året.
Drift:

● Voss herad løyver 8 mill til ENØK-, klima- og flaumsikringstiltak. Administrasjonen får i oppgåve å utgreie kva som er den mest treffsikre innretninga på ordninga med tanke på samfunnsnytten knytt til energisparing og tryggleik. Relevante ordningar er lokale klima- og flaumsikringstiltak, vidareføring av dagens ENØK-ordning, tilskot til solcelle på tak for næringsbygg eller privathushaldning, ENØK-rådgjeving for private bustader, ENØK-tiltak og lokal kraftproduksjon på kommunale bygg. Ordninga må vere kostnadseffektivt. Retningslinjene for tildelinga skal vedtakast politisk og det skal leggje til rette for ein sosial profil. Midlane blir teke frå disposisjonsfondet. Tiltak for 1 år.

Investering:
• 8.965.976,- blir løyvd som innskot til Såkornfond/kapitalstiftinga. Fondet skal investere risikokapital i regionale verksemder for vekst, utvikling og omstilling. Inndekkinga skal skje gjennom bruk av disposisjonsfond.
• 100.000,- blir løyvd som tilskot til plastpresser for landbruksplast. Tilskotet held fram på same nivå som i dag: kr 7500 for manuell presse og kr 10.000 for hydraulisk presse.

Verbalframlegg:
Spelemidlar er ein viktig del av finansieringa av mange prosjekt hjå lag og organisasjonar. Det kan gå langt tid, ofte nærare to år, frå ei løyving av spelemidlar vert gjort, til utbetalinga finn stad. Dette gjev til dømes lokale idrettslag store ekstra kostnadar, i form av rente på tilleggslån/mellomfinansiering medan dei ventar på utbetalinga.
Voss herad er ein sikrare lånetakar enn dugnadsbaserte lag og organisasjonar, og kan i mange høve få betre lånevilkår. Heradet har og ein viss likviditet til rådvelde, som kan nyttast til forskottering for lag og organisasjonar som ventar på utbetaling av spelemidlar.

Heradsstyret ber rådmannen greia ut moglegheita for at Voss herad kan forskottera utbetalingar av løyvde spelemidlar for lokale lag og organisasjonar.

Heradsstyret ber rådmannen gjennomføra ei kartlegging av tak på kommunale bygg, og setja opp ei prioritert liste over kva tak som er best eigna for solceller, og koma attende til heradsstyret med ei politisk sak knytt til meir satsing på sol-energi for kommunale bygg. Saka skal innehalda informasjon om kostnadar og venta innsparing, både økonomisk og når det gjeld klimagassutslepp.

Raudt visar til samrøystes vedtak i sak 1000/22 Interpellasjon frå Raudt om analyse av utviklinga i helse og omsorg:

Budsjett og årsmelding for Voss herad skal oppgje parametrar for pleietyngd, dekningsgrad, pleiefaktor og bemanningsfaktor, slik at heradsstyret har innsyn i utviklinga i helse og omsorg, og slik kan sikra at tenestene held ønska kvalitet for både tilsette og tenestemottakarar.

Desse parametra er ikkje synlege i budsjettframlegget for 2024. Heradsstyret ber om at vedtaket i sak 1000/22 vert fulgt opp ved at det KPT-parametre vert oppgjevne i budsjettframlegget.

Det skal arbeidast vidare med planlegging av eit krigsbarnmonument på Voss.

Under følgjer ei oversikt over ulike oppstillingar av drifts- og investeringsbudsjett.

## Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 første ledd

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2022 | Opph. budsjett 2023 | Øk.plan 2024 | Øk.plan 2025 | Øk.plan 2026 | Øk.plan 2027 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Rammetilskot | -599 106 | -607 394 | -673 600 | -666 532 | -667 532 | -666 532 |
| Inntekt- og formuesskatt | -521 118 | -504 300 | -541 700 | -550 000 | -560 800 | -567 800 |
| Eigedomsskatt | -76 403 | -77 100 | -89 800 | -91 300 | -92 300 | -95 300 |
| Andre generelle driftsinntekter | -64 834 | -77 693 | -109 593 | -95 593 | -84 593 | -72 593 |
| **Sum generelle driftsinntekter** | **-1 261 461** | **-1 266 487** | **-1 414 693** | **-1 403 425** | **-1 405 225** | **-1 402 225** |
| | | | | | | |
| **Korrigert sum løyvingar drift, netto** | **1 241 430** | **1 141 812** | **1 368 802** | **1 300 463** | **1 280 730** | **1 277 256** |
| Avskrivingar | 67 184 | 63 758 | 66 308 | 66 308 | 66 308 | 66 308 |
| **Sum netto driftsutgifter** | **1 308 613** | **1 205 570** | **1 435 110** | **1 366 771** | **1 347 038** | **1 343 564** |
| **Brutto driftsresultat** | **47 152** | **-60 916** | **20 417** | **-36 654** | **-58 187** | **-58 661** |
| Renteinntekter | -21 665 | -26 279 | -38 670 | -37 110 | -34 910 | -34 710 |
| Utbytte | -14 992 | -17 300 | -31 500 | -34 000 | -34 000 | -34 000 |
| Renteutgifter | 22 252 | 43 600 | 69 049 | 79 849 | 78 849 | 80 549 |
| Avdrag på lån | 52 122 | 51 400 | 47 600 | 52 900 | 57 000 | 63 000 |
| **Netto finansutgifter** | **37 716** | **51 421** | **46 479** | **61 639** | **66 939** | **74 839** |
| Motpost avskrivingar | -67 184 | -63 758 | -66 308 | -66 308 | -66 308 | -66 308 |
| **Netto driftsresultat** | **17 685** | **-73 253** | **588** | **-41 323** | **-57 556** | **-50 130** |
| **Disponering eller dekning av netto driftsresultat** | | | | | | |
| Overføring til investering | 35 189 | 47 400 | 36 400 | 33 400 | 33 400 | 13 400 |
| Avsettingar til bundne driftsfond | 11 174 | 6 000 | 6 400 | 6 400 | 6 400 | 6 400 |
| Bruk av bundne driftsfond | -34 224 | -20 027 | -9 457 | -10 457 | -9 457 | -10 457 |
| Avsettingar til disposisjonsfond | 15 851 | 69 041 | 19 935 | 25 980 | 31 213 | 44 787 |
| Bruk av disposisjonsfond | -45 675 | -29 161 | -53 866 | -14 000 | -4 000 | -4 000 |
| Dekning av tidlegare års meirforbruk i driftsrekneskapen | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat** | **-17 685** | **73 253** | **-588** | **41 323** | **57 556** | **50 130** |
| | | | | | | |
| **Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** |

## Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 andre ledd

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2022 | Opph. budsjett 2023 | Øk.plan 2024 | Øk.plan 2025 | Øk.plan 2026 | Øk.plan 2027 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Administrasjon og leiing | 87 131 | 91 036 | 95 201 | 86 371 | 83 951 | 83 951 |
| Plan, næring og forvalting | 39 769 | 27 945 | 35 840 | 25 824 | 25 824 | 25 824 |
| Samferdsel | 37 107 | 27 348 | 31 305 | 31 005 | 32 005 | 32 005 |
| Eigedom og bustad | 21 159 | 36 231 | 40 133 | 36 111 | 30 771 | 30 771 |
| Brann og ulukkesvern | 15 435 | 14 357 | 14 555 | 14 355 | 14 355 | 14 355 |
| Vatn, avlaup og renovasjon | -4 413 | -12 654 | -16 204 | -16 204 | -16 204 | -16 204 |
| Politisk styring | 7 244 | 10 327 | 8 079 | 9 325 | 8 079 | 9 385 |
| Finansielle postar/økonomi | -110 349 | -142 481 | -17 781 | -55 281 | -55 281 | -55 281 |
| Grunnskule | 289 308 | 259 948 | 279 775 | 276 060 | 269 394 | 269 394 |
| Barnehage | 160 660 | 163 031 | 172 678 | 175 396 | 175 046 | 175 046 |
| Barne- og familietenestene | 92 771 | 80 897 | 108 617 | 103 656 | 95 568 | 92 568 |
| Helse | 59 212 | 52 757 | 61 942 | 61 980 | 62 980 | 62 200 |
| Omsorg | 426 854 | 410 578 | 424 795 | 428 481 | 441 281 | 441 281 |
| Sosialtenester | 61 265 | 54 806 | 75 033 | 69 250 | 60 227 | 59 227 |
| Kultur og fritid (inkl.kyrkja) | 51 027 | 53 795 | 52 683 | 51 983 | 50 583 | 50 583 |
| **Sum løyvingar drift, netto** | **1 234 178** | **1 127 921** | **1 366 652** | **1 298 313** | **1 278 580** | **1 275 106** |
| | | | | | | |
| Av dette: | | | | | | |
| Avskrivinger | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Netto renteutgifter og -inntekter | 24 | 0 | 1 | 1 | 1 | 1 |
| | | | | | | |
| Overføring til investering | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Avsetninger til bundne driftsfond | 3 784 | 0 | 400 | 400 | 400 | 400 |
| | | | | | | |
| Bruk av bundne driftsfond | -11 060 | -11 121 | -2 551 | -2 551 | -2 551 | -2 551 |
| Bruk av disposisjonsfond | 0 | -2 771 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Korrigert sum løyvingar drift, netto** | **1 241 430** | **1 141 812** | **1 368 802** | **1 300 463** | **1 280 730** | **1 277 256** |

## Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 første ledd

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2022 | Opph. budsjett 2023 | Øk.plan 2024 | Øk.plan 2025 | Øk.plan 2026 | Øk.plan 2027 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Investeringar i varige driftsmidlar | 223 360 | 314 263 | 330 375 | 288 713 | 175 375 | 116 613 |
| Tilskot til andre sine investeringar | 422 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Investeringar i aksjar og andelar i selskap | 3 169 | 3 400 | 3 400 | 3 400 | 3 400 | 3 400 |
| Utlån av eigne midlar | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Avdrag på lån | 742 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum investeringsutgifter** | **227 692** | **317 663** | **333 775** | **292 113** | **178 775** | **120 013** |
| Kompensasjon for meirverdiavgift | -35 581 | -46 168 | -45 675 | -33 603 | -18 015 | -20 563 |
| Tilskot frå andre | -30 293 | -10 000 | -3 000 | 0 | 0 | 0 |
| Sal av varige driftmiddel | -1 824 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Mottatte avdrag på utlån av eigne middel | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av lån | -116 976 | -214 095 | -248 700 | -225 110 | -127 360 | -86 050 |
| **Sum investeringsinntekter** | **-184 674** | **-270 263** | **-297 375** | **-258 713** | **-145 375** | **-106 613** |
| Vidareutlån | 20 087 | 35 000 | 35 000 | 35 000 | 35 000 | 35 000 |
| Bruk av lån til vidareutlån | -20 087 | -35 000 | -35 000 | -35 000 | -35 000 | -35 000 |
| Avdrag på lån til vidareutlån | 13 261 | 11 200 | 11 200 | 15 200 | 16 200 | 17 000 |
| Mottatte avdrag på vidareutlån | -16 886 | -11 200 | -11 200 | -15 200 | -16 200 | -17 000 |
| **Netto utgifter vidareutlån** | **-3 624** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** |
| Overføring frå drift | -35 189 | -47 400 | -36 400 | -33 400 | -33 400 | -13 400 |
| Avsettingar til bundne investeringsfond | 6 086 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av bundne investeringsfond | -565 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Avsetningar til ubunde investeringsfond | 304 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av ubunde investeringsfond | -10 029 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Dekning av tidlegare års udekka beløp | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum overføring frå drift og netto avsettingar** | **-39 394** | **-47 400** | **-36 400** | **-33 400** | **-33 400** | **-13 400** |
| **Framført til inndekning i seinare år (udekt)** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** |

# Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 andre ledd

## 1. Investeringar i varige driftsmidlar

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2022 | Opph. budsjett 2023 | Øk.plan 2024 | Øk.plan 2025 | Øk.plan 2026 | Øk.plan 2027 | Øk.plan Sum 2024-2027 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Administrasjon og leiing | 1 390 | 1 875 | 1 875 | 6 875 | 1 875 | 1 875 | 12 500 |
| Plan, næring og forvalting | 1 937 | 2 500 | 500 | 5 500 | 5 000 | 5 000 | 16 000 |
| Samferdsel | 31 738 | 20 875 | 11 500 | 13 500 | 13 500 | 19 500 | 58 000 |
| Eigedom og bustad | 25 152 | 18 000 | 40 125 | 13 375 | 19 500 | 8 000 | 81 000 |
| Brann og ulukkesvern | 646 | 19 700 | 51 625 | 59 313 | 5 750 | 188 | 116 875 |
| Vatn, avlaup og renovasjon | 22 324 | 93 750 | 103 700 | 102 900 | 80 000 | 12 000 | 298 600 |
| Grunnskule | 94 955 | 105 750 | 37 875 | 5 000 | 5 000 | 10 000 | 57 875 |
| Barnehage | 1 229 | 22 000 | 41 875 | 56 000 | 10 000 | 48 000 | 155 875 |
| Barne- og familietenestene | 788 | 1 500 | 500 | 10 500 | 500 | 500 | 12 000 |
| Helse | 341 | 0 | 0 | 0 | 0 | 10 000 | 10 000 |
| Omsorg | 38 081 | 9 875 | 8 750 | 11 750 | 11 750 | 1 550 | 33 800 |
| Sosialtenester | 1 120 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Kultur og fritid (inkl.kyrkja) | 3 659 | 18 438 | 32 050 | 4 000 | 22 500 | 0 | 58 550 |
| **Investeringar i varige driftsmidlar** | **223 360** | **314 263** | **330 375** | **288 713** | **175 375** | **116 613** | **911 075** |

## 2. Tilskot til andre sine investeringar

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2022 | Opph. budsjett 2023 | Øk.plan 2024 | Øk.plan 2025 | Øk.plan 2026 | Øk.plan 2027 | Øk.plan Sum 2024-2027 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Stedskaping Evanger | 422 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Tilskot til andre sine investeringar** | **422** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** |

## 3. Investeringar i aksjer og andelar i selskap

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2022 | Opph. budsjett 2023 | Øk.plan 2024 | Øk.plan 2025 | Øk.plan 2026 | Øk.plan 2027 | Øk.plan Sum 2024-2027 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Eigenkapitaltilskot KLP | 3 169 | 3 400 | 3 400 | 3 400 | 3 400 | 3 400 | 13 600 |

| | Rekneskap 2022 | Opph. budsjett 2023 | Øk.plan 2024 | Øk.plan 2025 | Øk.plan 2026 | Øk.plan 2027 | Øk.plan Sum 2024-2027 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Investeringar i aksjar og andelar i selskap** | **3 169** | **3 400** | **3 400** | **3 400** | **3 400** | **3 400** | **13 600** |

## 4. Utlån av eigne midler

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2022 | Opph. budsjett 2023 | Øk.plan 2024 | Øk.plan 2025 | Øk.plan 2026 | Øk.plan 2027 | Øk.plan Sum 2024-2027 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Utlån av eigne midlar** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** |
| | | | | | | | |
| **Sum del 1-4** | **226 950** | **317 663** | **333 775** | **292 113** | **178 775** | **120 013** | **924 675** |

## Økonomisk oversikt drift etter § 5-6

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2022 | Opph. budsjett 2023 | Øk.plan 2024 | Øk.plan 2025 | Øk.plan 2026 | Øk.plan 2027 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Rammetilskot | -599 106 | -607 394 | -673 600 | -666 532 | -667 532 | -666 532 |
| Skatt på inntekt og formue | -521 118 | -504 300 | -541 700 | -550 000 | -560 800 | -567 800 |
| Eigedomsskatt | -76 403 | -77 100 | -89 800 | -91 300 | -92 300 | -95 300 |
| Andre skatteinntekter | -19 305 | -18 600 | -18 600 | -18 600 | -18 600 | -18 600 |
| Andre overføringar og tilskot frå staten | -45 529 | -59 093 | -90 993 | -76 993 | -65 993 | -53 993 |
| Overføringar og tilskot frå andre | -241 347 | -179 495 | -214 322 | -210 822 | -208 922 | -208 572 |
| | | | | | | |
| Brukarbetalingar | -59 155 | -63 929 | -60 222 | -57 351 | -57 351 | -57 131 |
| Sals- og leigeinntekter | -192 552 | -200 850 | -169 579 | -166 139 | -168 259 | -168 259 |
| **Sum driftsinntekter** | **-1 754 515** | **-1 710 760** | **-1 858 815** | **-1 837 736** | **-1 839 756** | **-1 836 186** |
| | | | | | | |
| Utgifter til løn | 855 875 | 857 929 | 942 826 | 936 898 | 931 328 | 927 746 |
| Sosiale utgifter | 231 521 | 217 101 | 276 819 | 235 797 | 235 619 | 235 397 |
| Kjøp av varer og tenester | 484 227 | 402 755 | 455 128 | 446 420 | 439 605 | 440 365 |
| Overføringar og tilskot til andre | 162 861 | 108 301 | 138 151 | 115 659 | 108 709 | 107 709 |
| | | | | | | |
| Avskrivingar | 67 184 | 63 758 | 66 308 | 66 308 | 66 308 | 66 308 |
| **Sum driftsutgifter** | **1 801 667** | **1 649 844** | **1 879 232** | **1 801 083** | **1 781 570** | **1 777 526** |
| | | | | | | |
| **Brutto driftsresultat** | **47 152** | **-60 916** | **20 417** | **-36 654** | **-58 187** | **-58 661** |
| | | | | | | |
| Renteinntekter | -21 665 | -26 279 | -38 670 | -37 110 | -34 910 | -34 710 |
| Utbytte | -14 992 | -17 300 | -31 500 | -34 000 | -34 000 | -34 000 |

| | Rekneskap 2022 | Opph. budsjett 2023 | Øk.plan 2024 | Øk.plan 2025 | Øk.plan 2026 | Øk.plan 2027 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Renteutgifter | 22 252 | 43 600 | 69 049 | 79 849 | 78 849 | 80 549 |
| Avdrag på lån | 52 122 | 51 400 | 47 600 | 52 900 | 57 000 | 63 000 |
| **Netto finansutgifter** | **37 716** | **51 421** | **46 479** | **61 639** | **66 939** | **74 839** |
| Motpost avskrivingar | -67 184 | -63 758 | -66 308 | -66 308 | -66 308 | -66 308 |
| **Netto driftsresultat** | **17 685** | **-73 253** | **588** | **-41 323** | **-57 556** | **-50 130** |
| **Disponering eller dekning av netto driftsresultat** | | | | | | |
| Overføring til investering | 35 189 | 47 400 | 36 400 | 33 400 | 33 400 | 13 400 |
| Avsettingar til bundne driftsfond | 11 174 | 6 000 | 6 400 | 6 400 | 6 400 | 6 400 |
| Bruk av bundne driftsfond | -34 224 | -20 027 | -9 457 | -10 457 | -9 457 | -10 457 |
| Avsettingar til disposisjonsfond | 15 851 | 69 041 | 19 935 | 25 980 | 31 213 | 44 787 |
| Bruk av disposisjonsfond | -45 675 | -29 161 | -53 866 | -14 000 | -4 000 | -4 000 |
| Dekning av tidlegare års meirforbruk | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat** | **-17 685** | **73 253** | **-588** | **41 323** | **57 556** | **50 130** |
| | | | | | | |
| **Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** |

## § 5-7 Oversikt over utvikling gjeld og forpliktingar

Jf. Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett m.m skal kommunen vise oversikt over utviklinga i gjeld og vesentlege forpliktingar for perioden. For Voss herad utgjer dette i hovudsak lån og pensjonsforpliktingar.

| | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Lånegjeld IB | 1 160 593 106 | 1 111 170 203 | 1 159 770 203 | 1 301 870 203 | 1 398 970 203 | 1 461 970 203 |
| Avdrag | 50 310 043 | 51 400 000 | 47 600 000 | 52 900 000 | 57 000 000 | 63 000 000 |
| Låneopptak | 0 | 100 000 000 | 189 700 000 | 150 000 000 | 120 000 000 | 80 000 000 |
| Lånegjeld UB | 1 110 283 063 | 1 159 770 203 | 1 301 870 203 | 1 398 970 203 | 1 461 970 203 | 1 478 970 203 |
| | | | | | | |
| Startlån IB | 265 474 457 | 287 212 990 | 311 012 990 | 334 812 990 | 358 612 990 | 382 412 990 |
| Avdrag | 11 200 000 | 11 200 000 | 11 200 000 | 11 200 000 | 11 200 000 | 11 200 000 |
| Låneopptak | 35 000 000 | 35 000 000 | 35 000 000 | 35 000 000 | 35 000 000 | 35 000 000 |
| Lånegjeld UB | 287 212 990 | 311 012 990 | 334 812 990 | 358 612 990 | 382 412 990 | 406 212 990 |
| | | | | | | |
| **Samla lånegjeld UB** | **1 397 496 053** | **1 470 783 193** | **1 636 683 193** | **1 757 583 193** | **1 844 383 193** | **1 885 183 193** |

Pensjonsforpliktinga skal spegla det økonomiske ansvaret kommunen har påtatt seg på berekningstidspunktet for kvar enkelt tilsett som er med i pensjonsordninga. Voss herad har ei samla pensjonsforplikting på 1 756 389 096 kr ved inngangen av 2023. Forpliktinga er venta å auke i åra som kjem.

Voss kommunestyre vedtok 10.12.2015 at kommunen ved Kraftfondet løyver 5 mill.kr i tilskot og 15 mill.kr i lån til Voss Gondol AS. Det skal utbetalast 500 000 kr i tilskot og 1,5 mill.kr i lån årleg til og med 2025. Lånet skal betalast tilbake over 10 år med 2026 som fyrste år.

| **Følgjande garantiar er gitt av kommunen:** | **Opprinneleg garantibeløp** | **Saldo per 31.12.2022** | **Garantien utløper** |
|---|---|---|---|
| Voss Parkering AS | 66 000 000 | 51 480 000 | 05.05.2042 |
| Voss kyrkjelege fellesråd | 2 000 000 | 1 440 000 | 27.08.2040 |
| Voss Kommunale bustadstifting | 2 000 000 | 1 500 060 | 05.11.2043 |
| Voss Kommunale bustadstifting | 6 758 315 | 2 221 650 | 15.07.2031 |
| Hagahaugen AS (vert ein del av Voss herad 01.01.2024) | 58 517 242 | 41 937 300 | 17.03.2044 |
| **Sum garantier/lån ved kausjon** | **135 275 557** | **98 579 010** | |

# Økonomisk styring måltal

Kommunelova seier at heradsstyret skal fastsetja finansielle måltal for kommunen si økonomiske utvikling. Dette for å sikra ansvarleg og berekraftig økonomistyring, halda økonomisk handlingsrom og bevara evna til å handtera endra rammevilkår og økonomiske nedgangstider. Finansielle måltal og handlingsreglar skal altså bidra til at kommunen planlegg og handlar på eit vis som sikrar økonomisk berekraft. Det vil seie å forvalta ressursane slik at formue vert bevart, og handlingsevne til å utøva kommunen sitt ansvar vert ivaretatt for framtida. Denne økonomiplanen omfattar å planlegga rammene for drift og investeringar i eit 4 års perspektiv slik at me held ønska nivå på måltala, sikrar kvalitet i tenestene og har handlingsrom for svingingar i behov. Økonomireglementet til Voss har følgjande måltal:

| Måltal | Minimum | Mål | Skildring |
|---|---|---|---|
| Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter | 1,75 % | 3 % | Syner om drifta er finansiert av inntektene for perioden. |
| Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter | 6,5 % | 7 % | Syner kor store reservar kommunen har. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter | Ikkje relevant | 65 % | Syner gjeldsgraden, der målsettinga er at denne er stabil over tid. |

Kva måltal og handlingsreglar som er aktuelle for ein kommune bør sjåast i samanheng med kva utfordringar kommunen har i dag og kva som kan bli utfordringar framover.

**Driftsrekneskapen**

Voss herad starta som ny kommune i 2020 med negative netto driftsresultat med seg frå tidlegare kommunar i 2019. Framtidsutsiktene då gjorde at Voss herad måtte planleggja for å redusera utgiftene slik at kommunen fekk naudsynt balanse i drifta slik at faste inntekter dekker faste utgifter. Det var, og er framleis, avgjerande at kommunen klarar å gjennomføra omfattande innsparingar for å oppnå ønska nivå på netto driftsresultat.

Åra 2020 og 2021 har kommunen fått ekstraordinære inntekter til kommunesamanslåinga og for å handtera koronapandemien. Skatteinntektene har også vore meir ustabile enn vanleg, med auke i inntekter for skatteutjamning. Dette har gitt gode driftsresultat i 2020 og 2021, men det har likevel vore store meirforbruk på enkelte tenester. I langsiktig planlegging må kommunen planlegga ut i frå føringar frå staten og utvikling av andre inntektskjelder. Hausten 2022 la Inntektssystemutvalet ( lenkje ) fram sine tilrådingar for endringar av inntektssystemet til kommunar. I svært korte trekk omfattar dette å jamne inntekter meir ut mellom kommunar for å gjera det meir rettferdig og stabilt. For Voss sin del omfattar dette truleg at me må gje noko av kraftinntekter frå oss, men får tilført meir skatteinntekter. Samla sett er fordelingseffekten for Voss positiv, med +286 kr/innbyggjar. Ut i frå dagens innbyggjartal kan det utgjera om lag 4,5 mill.kr meir i inntekter årleg. Tala som er brukt i utrekningar er usikre og er ikkje innarbeidd i økonomiplanen. Endringar i inntektssystem vil gjelda frå 2025.

Rådmannen har planlagd ei forvalting av dei frie inntektene slik at rammene til tenesteområda frå tidlegare økonomiplan vert oppretthalde og det er prioritert noko vekst i rammene på nokre område. I budsjettframlegget til rådmannen er det planlagt for eit netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter på 1 % i 2024, opp til 2,4 % i 2025, og over 3,2 % i 2026 og 2,8 % i 2027. Eit dårlegare resultat i 2024 er truleg ein konsekvens at utgiftsbehovet er betre kjend den næraste tida. I planen ligg det også inne føresetnader om at utgifter med flyktninghandtering må reduserast. Dersom me ikkje klarer å få ned utgiftsbehovet på sikt vil Voss herad ha store utfordringar med å halda målnivået på netto driftsresultat.

Kommunen får også høge inntekter frå sal av konsesjonskraft og integreringstilskot i starten av perioden som ikkje er planlagt brukt opp same året. Noko er planlagt sett av til disposisjonsfond og noko kraftinntekter er planlagd nytta til investeringar. Desse inntektene kan ikkje reknast som stabile og vedvarande, og vert vurdert som eingongsinntekter eller periodevise inntekter som kan gje eit handlingsrom ein periode. Endringar i bruk av midlane vil bli lagt fram som endringsframlegg i tertialrapportar.

**Investering og gjeld**

Voss herad har relativt låg gjeldsgrad i dag samanlikna med mange andre kommunar. Investeringsbehova i Voss herad er likevel store og det planlagt for ein omfattande investeringsplan dei næraste åra. Investeringane kan finansierast med driftsinntekter, eingongsinntekter, oppsparte reserver eller lån. Det meste av dei planlagde investeringane er finansiert med låneopptak. Det er også venta at rentenivået vil auka framover. Dette vil auka renteutgifter og avdrag innan driftsrekneskapen framover. Aukande gjeldsgrad med utgifter som må dekkast innafor drifta er ei utfordring kommunen står overfor.

Investeringsplanen er planlagd med nokre større og naudsynte investeringar i tillegg til løpande investeringar kvart år. Dette vil forverre måltalet på netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter. Det er likevel vurdert at dette kan handterast utan å gå ut over driftsrammene og kvalitet i tenestene i vesentleg grad. Måltalet på inntil 65 % er vurdert som for ambisiøst i denne fire års perioden, og det vil leggast opp til å heva dette nivået til maksimum 80 % netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter. Dersom rente- og avdragsnivå aukar så mykje at det går ut over drifta, vil det vera naudsynt å stramme inn nålauge i prioriteringar av investeringar ytterlegare. Likevel er det viktig å gjera noko investeringar årleg for å behalda verdi på kapitalen kommunen sit med.

I økonomiplan for dei fire neste åra er det planlagd for positivt netto driftsresultat slik at det kan setjast av midlar til disposisjonsfond kvart år. Desse midlane kan igjen vera med å finansiera investeringar. Det er planlagd for å nytta om lag 10 mill.kr av disposisjonsfond dei fyrste åra og 20 mill.kr av kraftinntekter dei tre fyrste åra til å vera med å finansiera investeringar.

**Balansen**

Eigenkapitalen i balansen omfattar bundne og ubundne fondsmidlar til både drift og investering. Dei bundne fondsmidlane skal brukast til bestemte føremål. Ubundne fond kan nyttast fritt, men det kan likevel ligga forventningar om bruk frå til dømes politiske føringar. Det er tilrådd at kommunane har eit ubunde driftsfond, disposisjonsfond, på 5 % av brutto driftsinntektene. I både 2019 og 2020 hadde kommunen eit nivå under dette, med høvesvis 4,6 og 4,2 %. Voss herad reduserte reservane på disposisjonsfond i 2022. Det er difor planlagd å auka dette i løpet av perioden og me kjem over målnivå. Ein føresetnad for å klara dette er budsjettdisiplin og at budsjettrammene vert halde.

Under følgjer ei oversikt over utvikling i finansielle måltal med vedteke årsbudsjett og økonomiplan.

## Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter




| Tabell | KOSTRA 2019 | KOSTRA 2020 | KOSTRA 2021 | KOSTRA 2022 | Budsjett 2023 | Økplan 2024 | Økplan 2025 | Økplan 2026 | Økplan 2027 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Voss Herad | 0,0 % | 1,8 % | 2,9 % | -0,5 % | 4,1 % | 0,0 % | 2,2 % | 3,1 % | 2,7 % |
| Handlingsregel | 1,8 % | 1,8 % | 1,8 % | 1,8 % | 1,8 % | 1,8 % | 1,8 % | 1,8 % | 1,8 % |

## Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter




| Tabell | KOSTRA 2019 | KOSTRA 2020 | KOSTRA 2021 | KOSTRA 2022 | Budsjett 2023 | Økplan 2024 | Økplan 2025 | Økplan 2026 | Økplan 2027 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Voss Herad | 0,0 % | 4,2 % | 7,9 % | 5,8 % | 6,6 % | 4,7 % | 5,4 % | 6,8 % | 9,1 % |
| Handlingsregel | 5,5 % | 5,5 % | 5,5 % | 5,5 % | 5,5 % | 5,5 % | 5,5 % | 5,5 % | 5,5 % |

## Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter




| Tabell | KOSTRA 2019 | KOSTRA 2020 | KOSTRA 2021 | KOSTRA 2022 | Budsjett 2023 | Økplan 2024 | Økplan 2025 | Økplan 2026 | Økplan 2027 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Voss Herad | 0,0 % | 58,5 % | 53,8 % | 52,7 % | 52,3 % | 62,5 % | 72,6 % | 76,3 % | 77,7 % |
| Handlingsregel | 65,0 % | 65,0 % | 65,0 % | 65,0 % | 65,0 % | 65,0 % | 65,0 % | 65,0 % | 65,0 % |

## Netto lånegjeld i kroner per innbyggjar




| Tabell | KOSTRA 2019 | KOSTRA 2020 | KOSTRA 2021 | KOSTRA 2022 | Budsjett 2023 | Økplan 2024 | Økplan 2025 | Økplan 2026 | Økplan 2027 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Voss Herad | 0 | 56 378 | 54 078 | 57 271 | 59 505 | 72 832 | 83 597 | 87 946 | 89 300 |
| Handlingsregel | 81 000 | 81 000 | 81 000 | 81 000 | 81 000 | 81 000 | 81 000 | 81 000 | 81 000 |

# Hovudtala i budsjettforslaget

## Sentrale inntekter

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2022 | Rev. bud. i fjor 2023 | Økonomiplan 2024 | 2025 | 2026 | 2027 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Skatt på inntekt og formue | -521 118 | -524 300 | -541 700 | -550 000 | -560 800 | -567 800 |
| Ordinært rammetilskudd | -599 106 | -597 394 | -648 919 | -641 851 | -642 851 | -641 851 |
| Skatt på eiendom | -76 403 | -87 100 | -89 800 | -91 300 | -92 300 | -95 300 |
| Andre direkte eller indirekte skatter | -19 305 | -18 600 | -18 600 | -18 600 | -18 600 | -18 600 |
| Andre generelle statstilskudd | -45 529 | -79 279 | -90 993 | -76 993 | -65 993 | -53 993 |
| **Sum frie inntekter** | **-1 261 461** | **-1 306 673** | **-1 390 012** | **-1 378 744** | **-1 380 544** | **-1 377 544** |

### Frie inntekter

Kommunen sine frie inntekter består av skatt og rammetilskot, og er kommunen sine største inntektskjelder. Skatt på formue og inntekt, og rammetilskotet som kjem frå staten er budsjettert med utgangspunkt i statsbudsjett for 2024 som vart lagt fram 6.oktober 2023. Den samla pris- og kostnadsveksten i kommunane - kommunal deflator - er i framlegget 4,3 prosent. Deflatoren blir nytta til prisjustering av statlege rammetilskot og øyremerkte tilskot i statsbudsjettet. Deflatoren omfattar 4,9 % lønsvekst og 3,4 % prisvekst. Det er lagt opp til ein realvekst i dei frie inntektene for primærkommunane frå 2023 til 2024 på om lag kr 5,1 mrd. Veksten i frie inntekter må blant anna dekke auka kostnader som følgje av befolkningsutviklinga, pensjonsutgifter, løns- og prisvekst og særskilde satsingar som til dømes redusert foreldrebetaling for barnehage.

Skatteinntekter til kommunane kjem frå inntekts- og formuesskatt frå personlege skattytarar, sjølvstendig næringsdrivande og naturressursskatt frå kraftføretak. Det er i statsbudsjettet lagt opp til at det kommunale skatteøyret blir redusert frå 11,15 prosent i 2023 til 10,95 prosent i 2024. Bakgrunnen for reduksjonen i skatteøyret er at skattedelen av kommunane sine samla inntekter skal vere om lag 40 prosent også for 2024. Det er stor skilnad på omfanget av skatt mellom kommunane. For å jamne ut mykje av skilnadane, vert skatteinntektene omfordelt frå kommunar med skatteinntekter over landsgjennomsnittet til kommunar med skatteinntekter under landsgjennomsnittet. Voss herad ligg under landsgjennomsnittet, og vert difor kompensert med ei inntektsutjamning som vert betalt ut saman med rammetilskotet. Skatt på inntekt og formue er auka med 5 mill.kr frå retningsgjevande økonomiplan til nær 542 mill.kr i 2024.

Rammetilskot er auka med 4 mill.kr og inntektsutjamning med 13,5 mill.kr for 2024, samanlikna med retningsgjevande økonomiplan som vart laga i vår. Samla sett 648 mill.kr i 2024.

**Eigedomsskatt og andre skattar**

Eigedomsskatt er budsjettert med føresetnader om 2,1 promille for bustad og fritid, og 7 promille på næring. Dette er same nivå som i 2023, men budsjettalet er sett opp noko på grunn av noko auke i verdigrunnlag og at det vert fleire eigedomar. Eigedomsskatt er auka noko i åra framover då verdien på eigedomar (grunnlaget) aukar. I 2023 auka eigedomsskatten med 10 mill.kr frå Evanger kraftverk.

Andre direkte skattar er konsesjonsavgifter, med 6 mill.kr. Dette vert sett av til Kraftfondet med tilsvarande beløp. Sal av konsesjonskraft er budsjettert under tenesteområdet finans.

**Integreringstilskot**

Andre generelle statstilskot er i hovudsak integreringstilskot for flyktningar. Nivået på tilskot til flyktningar vert sterkt påverka av tal flyktningar me mottek for busetjing og integrering dei ulike åra. Det er utfordrande å lage gode prognosar på utviklinga, men det er venta at tilskotet er høgt i heile perioden og vil gå ned mot slutten av perioden. Integreringstilskotet skal dekka kommunen sine utgifter til dette dei fem fyrste åra som flyktningar er i kommunen.

I økonomiplanen er det lagt inn inntekter tilsvarande at me tok i mot 160 flyktningar i 2022, og at me vil ta i mot 170 flyktningar i 2023 og nye 140 i 2024. I økonomiplanen er det lagt til grunn 85 mill.kr i 2024, 71 mill.kr i 2025, 60 mill.kr i 2026 og 48 mill.kr i 2027.

**Økonomiske effektar av kraftproduksjon i kommunen**

Andre sentrale inntekter omfattar også inntekter frå kraftproduksjon i kommunen. Ved konsesjonar gitt etter vassdragsreguleringslova eller vannfallrettighetsloven, pliktar kraftverkseigarane å betala ein årleg avgift (konsesjonsavgift) til staten og til dei aktuelle kommunane. For Voss herad vert konsesjonsavgiftene i sin heilskap sett av til Kraftfondet. Dette er nærmare 7 mill.kr årleg.

Kraftverka må også betala ein naturressursskatt til kommunen. Denne ligg ganske stabilt rundt 12,5 mill.kr.

Eigarar av vasskraftverk pliktar å levera ein del av krafta som vert produsert til kommunane som er berørt av kraftutbygginga. Denne konsesjonskrafta skal leverast til ein pris som lova føreskriv. Vertskommunane får tildelt ei gitt mengde straum til prisen som er fastsett av staten. Kommunen kan selgja til vidare til marknadspris. Voss herad har 70,8 GWh til disposisjon, der me har nytta 9,04

GWh til eige bruk og sel 61,84 GWh. Sal av konsesjonskraft kjem inn under tenesteområdet Finansielle postar og er den budsjettposten som svingar mest i perioden. I økonomiplanen er det lagt til grunn at 61,84 GWh vert selt til 75 øre/kwh i 2024 og 70 øre/kwh i 2025 og 2026. Dette er estimerte tal med forsiktige anslag basert på marknadspris og medrekna risiko for at noko at inntektene vert utjamna mellom kommunar. Til samanlikning har salsprisen vore mellom 25 til 37 øre/kwh dei siste åra. Med anslaget rådmannen har lagt til grunn dei fire neste åra så utgjer det ein salsgevinst:

| (tal i mill.kr) | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 |
|---|---|---|---|---|
| Kjøp av konsesjonskraft | 9 | 9 | 9 | 9 |
| Sal av konsesjonskraft | 47 | 44 | 44 | 44 |
| Gevinst sal av konsesjonskraft | 38 | 35 | 35 | 35 |

Rådmannen har lagt til grunn av 20 mill.kr av desse inntektene vert nytta til investeringar i perioden 2024-2026.

Eigedomsskatt for kraftverk vert fastsett på grunnlag av produksjon og gjennomsnittleg marknadspris på kraft dei siste fem åra, og utgjorde vel 20 mill.kr til Voss herad i 2021.

Samla sett er desse budsjettpostane relatert til kraft:

| (tal i 1000 kr) | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 |
|---|---|---|---|---|
| Konsesjonsavgift | - 6 000 | - 6 000 | - 6 000 | - 6 000 |
| Avsetting til Kraftfond | 6 000 | 6 000 | 6 000 | 6 000 |
| Naturressursskatt | - 2 600 | - 12 600 | - 12 600 | - 12 600 |
| Eigedomsskatt kraftverk | - 31 500 | - 31 000 | - 30 000 | - 30 000 |
| Kjøp av konsesjonskraft | 9 000 | 9 000 | 9 000 | 9 000 |
| Sal av konsesjonskraft | -47 400 | - 44 300 | -44 300 | - 44 300 |

## Finansinntekter og -utgifter

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2022 | Rev. bud. i fjor 2023 | Økonomiplan 2024 | 2025 | 2026 | 2027 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Renteinntekter og utbytte | -33 163 | -43 879 | -70 170 | -71 110 | -68 910 | -68 710 |
| Renteutgifter, prov. og andre fin.utgifter | 18 512 | 37 500 | 67 400 | 78 200 | 77 200 | 78 900 |
| Avdrag på lån | 52 122 | 51 400 | 47 600 | 52 900 | 57 000 | 63 000 |
| **Netto finansinntekter/finansutgifter** | **37 471** | **45 021** | **44 830** | **59 990** | **65 290** | **73 190** |
| Finansutgifter i tenesteområda | 246 | 400 | 1 649 | 1 649 | 1 649 | 1 649 |
| **Totale finansutgifter** | **37 716** | **45 421** | **46 479** | **61 639** | **66 939** | **74 839** |
| Motpost avskrivninger | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |

Finansutgifter og -inntekter er justert etter prognosar med eit generelt høgare rentenivå ut i perioden. Følgjande renter er lagt til grunn:

| Lånetype | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 |
|---|---|---|---|---|
| Avdragslån/gjeldsbrevlån | 5,25 % | 4,80 % | 4,21 % | 4,21 % |
| Korte lån i verdipapirmarkedet | 5,01 % | 4,55 % | 3,71 % | 3,71 % |
| Lengre lån i verdipapirmarkedet | 5,36 % | 4,90 % | 4,31 % | 4,31 % |
| Husbanklån innlån | 4,51 % | 4,05 % | 3,46 % | 3,46 % |
| Renteestimat innskot (3M swap + 0,6 %) | 5,36 % | 4,90 % | 4,31 % | 4,31 % |

Finansutgiftene kjem frå renter og avdrag frå låneporteføljа som kommunen har i dag og planlagde nye låneopptak. Utgifter frå framtidige lån vert også rekna inn i dei framtidige utgiftene, og det er tatt omsyn til dei investeringane som ligg i økonomiplan i dag.

Avdrag er budsjettert med estimert minimumsavdrag som kommunen må betala jf.kommunelova pluss ein buffer på 5 mill.kr. Det er naudsynt med buffer då det er knytt noko usikkerheit til faktisk omfang av avskrivingar. Minimumsavdrag skal samsvara med kapitalslitet på dei anleggsmidlane som vert avskrive, multiplisert med lånegrada på desse anleggsmidlane. Minimumsavdraget skal etter ny kommunelov utreknast etter følgjande formel:

$$\text{Minimumsavdraget} = \text{Sum avskrivninger} \times \frac{\text{Sum rest lånegjeld}}{\text{Sum bokført verdi avskrivbare driftsmidler}}$$

Både renteutgifter og avdrag aukar vesentleg i perioden på grunn av store låneopptak, men kan handterast innafor driftsrammene. For å unngå noko vekst i gjeldsutgifter er det planlagt at 20 mill.kr av konsesjonskraftinntekter vert nytta til å finansiera investeringar. Det er likevel venta vesentleg auke i renteutgifter på eksisterande og nye lån i perioden. Rådmannen vurderer at auka renteutgifter kan handterast utan at det går ut over tenesteområda. Dette på grunn av at kommunen får auka inntekter frå eigedomsskatt frå kraftliner og justert verdigrunnlag frå Skatteetaten på bustad, og noko auka utbyte frå eigarandel i kraftselskap.

Finansinntektene gjeld i hovudsak utbytte frå Voss energi og Eviny (tidl.BKK), samt renteinntekter på innskot. Det var lagt inn ein vesentleg auke i venta utbyte frå kraftprodusentane i førre økonomiplan. Dette utgjorde nær 17 mill.kr i 2025-2027 og heng saman med høge straumprisar. Rådmannen vurderer at denne inntektsauken er midlertidig og midlane bør forvaltast som dette. Det vil seie at det ikkje lagt opp til at desse finansierer løpande driftsutgifter i tensteområda. Dei er med å dekkja auka finansutgifter på grunn av store investeringar og auka rente. I tillegg kan dei vera med å dekkja midlertidige utgiftsbehov, satsingar eller investeringar.

## Avsetnader og årsoppgjersdisposisjonar

*Beløp i 1000*

| | | | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | **Rekneskap 2022** | **Rev. bud. i fjor 2023** | **2024** | **2025** | **2026** | **2027** |
| Til ubundne avsetninger | 15 851 | 19 070 | 15 935 | 15 980 | 21 213 | 39 787 |
| Til bundne avsetninger | 6 979 | 5 000 | 6 000 | 6 000 | 6 000 | 6 000 |
| Bruk av ubundne avsetninger | -13 500 | 0 | -33 000 | -10 000 | 0 | 0 |
| Overføring til investeringar, bruk av disp.fond | 0 | 60 200 | 36 400 | 33 400 | 33 400 | 13 400 |
| **Netto avsettingar** | **9 330** | **84 270** | **25 335** | **45 380** | **60 613** | **59 187** |
| Netto avsettingar og årsoppgjersdisposisjonar i tenesteområda | -27 015 | -9 252 | -25 923 | -4 057 | -3 057 | -9 057 |
| **Totale avsettingar** | **-17 685** | **75 018** | **-588** | **41 323** | **57 556** | **50 130** |

Det er planlagt å bruka 20 mill.kr årleg av inntekter frå sal av konsesjonskraft til å finansiera investeringar i 2024, 2025 og 2026.

Det er også planlagt å bruka 10 mill.kr av disposisjonsfond årleg til å finansiera investeringar i 2024 og 2025.

# Plangrunnlaget

**Kva retning skal Voss herad utvikla seg? *Voss herad i 2030 kan vera slik:***

*Voss er eit innovativt og inkluderande herad. Gjennom bevisst arbeid med samhandling har me fått til idéblanding på tvers av næringar, fag og profesjonar. Voss er attraktiv for tilflytting og etablering av verksemder, og er soleis eit sterkt regionsenter. Samspelet mellom grendene og sentrum gjev grunnlag for gjensidig utvikling og styrking av heile Voss. Vossingane deltek aktivt for å løysa dei store samfunnsflokane, og samtidig tek godt vare på kultur og tradisjonar. Dei tek også vare på naturen, miljøet rundt seg og klima. Vossingane ynskjer å ha eit lågast mogleg klimaavtrykk, så gåande og syklande er ein viktig del av det livlege sentrumsbiletet.*




*Dei kommunale tenestene har endra seg, men vossingane har vore med i endringsprosessane. Dei veit difor at det er ei naudsynt omlegging, og har tillit til at dei rette prioriteringane vert gjort. Omstillinga har også gjort at frivillige organisasjonar, næringsliv og innbyggjarar generelt har teke eit større ansvar i at alle vert inkludert. Me jobbar saman for at Voss skal vera ein god plass å bu og leva heile livet. Me har gode levekår der alle kjenner seg som del av samfunnet, og eit godt tryggleiksnett til dei som er på veg til å fella utanfor. Kommunen gjev naudsynte tenester til dei som treng det, og klarer å gje tidleg hjelp til dei som treng det slik at dei kan meistra eigne liv.*

*Vossingane er stolte av bygda si, og er sterkt engasjert i bygda sitt yrande kultur- og fritidstilbod. Me legg ikkje skjul på dette, og det gjer at me tiltrekkjer oss nye og dyktige arbeidsfolk som vert verande i heradet.*

Dette kan vera eit framtidsbilete på kvar Voss er i 2030. Me har også ei rekkje planar og svarar ut ein del om kva retning me skal gå. Planane våre, visjonen vår og verdiane våre skal liggja til grunn for korleis me jobbar med ulike arbeidsprosessar, korleis me formar planane våre og korleis me styrer etter dei.

Visjonen vår om å vera eit sterkt regionsenter med levande bygder, vert fastsett i kommuneplanen sin samfunnsdel. Samfunnsdelen er kommunen sin langsiktige 12 årige plan, og økonomiplanen er den 4 årige handlingsplanen som skal sei kva me skal gjera dei neste åra for å nå måla.

Visjonen vert fylgt opp med tre satsingsområde: «Attraktive Voss – bygd for sterke opplevingar», «innovative Voss – med røter og vengjer» og «inkluderande Voss – bygd for alle». Arbeidet vårt skal byggja på FN sine berekraftsmål. I økonomiplan for 2024-2027 er alle delmål for tenesteområda

knytt opp mot aktuelt berekraftsmål. Dette vert gjort for å styrka arbeidet med å nå måla og gjera det tydeleg korleis kvart tenesteområde er med å bidrar.

Me har også jobba med å gjera dei strategiske måla våre meir tydeleg. Berekraftsmåla og delmåla seier noko om kva me vil oppnå, medan dei strategiske måla seier noko om kva me må jobba med eller gjera for å nå måla. Strategiske mål for Voss herad er lista opp under. TIl nokre av berekraftmåla er det ikkje uttalt strategiske mål. Det vil ikkje sei at desse ikkje skal jobbast med. Delmål for ulike berekraftmåla kan vera aktuelt for ulike tenesteområde og de finn dei i måltabellen for kvart tenesteområde. På denne måten vil me sikra ein raud tråd frå mål til planar og til handling. I økonomiplanen er det likevel avgrensa til dei mest vesentlege som skal jobbast med dei fire neste åra. Også dette arbeidet og framstillinga vil jobbast vidare med i rullering av økonomiplanar.

## Mål for kommunen

| Hovudmål | Strategi for å nå hovudmål |
|---|---|
| 10 - Mindre ulikheit | Me har eit variert og inkluderande kultur- og idrettstilbod<br>Me skapar gode levekår for alle aldersgrupper |
| 11 - Berekraftige byar og samfunn | Me er dyktige på risikostyring<br>Me gjer det attraktivt å flytta til Voss<br>Me skapar økonomisk handlingsrom for nye behov og prioriteringar<br>Me styrer økonomien innafor tilgjengelege rammer<br>Utviklar "Me-kultur" |
| 12 - Ansvarleg forbruk og produksjon | |
| 13 - Stoppa klimaendringane | Me tek vare på miljøet og minimerer negativ påverknad på klima |
| 14 - Livet i havet | |
| 15 - Livet på land | |
| 16 - Fred og rettferd | Me byggjer tillit |
| 17 - Samarbeid | Me er dyktige på "møte mellom menneske" og involverer andre i tenesteutvikling<br><br>Me samskapar med frivillige og næringsliv |
| 3 - God helse og livskvalitet | Me skapar gode levekår for alle aldersgrupper<br><br>Me skapar gode møteplassar og uterom |
| 4 - God utdanning | |
| 5 - Likestilling | |
| 7 - Rein energi | |
| 9 - Industri, innovasjon og infrastruktur | Me jaktar kontinuerleg forbetring og nye løysingar<br>Me stimulerer til eit veksande og berekraftig næringsliv<br>Planane våre motiverer til handling og utvikling<br>Utviklar leiar- og medarbeidaridentitet som engasjerer og gjev retning<br>Utviklar myndig- og ansvarleggjorte medarbeidarar |
| Attraktive Voss | |
| Sikra  utdanningsløp for ungdom | |

# Satsingsområde

Kommunen har ei viktig rolle som samfunnsutviklar, men også som tenesteytar og arbeidsgjevar. Satsingsområde for å utøva rolla som samfunnsutviklar er sett i planstrategi 2020-2023:

- Klima og klimatilpassing - Klimaendringar er ei av dei største utfordringane verda står overfor og råkar alle samfunnsområde. Sjølv om utfordringar knytt til klima er globale, er det ei utfordring med store lokale konsekvensar. Klimabudsjett vert lagt fram saman med årsbudsjett og økonomiplan.
- Vossingane - Barn, unge og gamle er dei store brukarane av kommunale tenester. Folketalet på Voss aukar, men venta auke i åra som kjem er hovudsakleg i dei eldste aldersgruppene og det blir relativt færre personar i arbeidsdyktig alder framover. Dette kan skapa utfordringar med finansiering av tenestene, samt rekruttering og riktig kompetanse til framtidas næringsliv.
- Utanforskap - I ei tid der me aldri tidlegare har sett meir openheit, toleranse og inkludering, ser me òg motsetningar, utanforskap og hat. Også hjå oss ser me tendensar til at skilnader vert større. Relevant planlegging for å møta «utanforskap» vil kunna vera knytt til førebygging, tidleg innsats, kultur – og lagslivet si rolle, etc.

Ny planstrategi for 2024-2027 har starta opp og dette kapitlet vil bli oppdatert i samsvar med denne. Uansett har Voss herad utarbeida ein del planar som skal vera med å løysa desse hovudutfordringane framover.

**Voss i vekst**

Å bu og jobba på Voss skal vera attraktivt, og for å møta dei demografiutfordringane me står ovanfor og nå måla i kommuneplanen må me tenkja nytt- Føremålet med planen er finna ut kva som må til for å skaffa nok og rett kompetanse for Voss herad, og korleis me skal sikra dette. Plantemaa i Voss i vekst definerer kva Voss herad må prioritera for å møta samfunnsflokane me står ovanfor. Å skapa handlingsrom for rekruttering handlar blant anna om å leggja til rette for eit godt arbeidsmiljø og gode arbeidsvilkår, med vekt på "sårbare" yrker. Me må i tillegg leggja til rette for at dei som står utanfor arbeidslivet kjem seg inn. Me må syta for universell tilrettelegging for menneske med nedsett funksjonsevne. Me må vera pådrivarar for å utvikla utdanningsløpet slik at elevane trivast og fullfører utdanningsløpet. Kultur- og fritidstilboda på Voss er viktige for at folk skal villa bu og jobba her. Då må me også tenkja miljømessig berekraft og ta vare på naturen, samt støtta opp under frivillig innsats.




Planen er på fleire område vurdert i høve rettane for menneske med nedsett funksjonsevne (CRPD). Analysen som vart gjort til planen identifiserer også kategoriar av problem som vert opplevd. Desse er diskutert i planen. FN sine berekraftsmål nr. 3, 4, 9, 11, 13 og 17, er særleg relevant for denne temaplanen og ei føresetnad for å nå dei andre måla.

**SNU Strategisk næringsplan**

Temaplanen SNU Voss – strategisk næringsutvikling i Voss herad vert eit viktig verktøy for samarbeid og samskaping i arbeidet med å vidareutvikla Voss som attraktivt regionsenter der næringslivet vårt har føreseielege rammer og vilkår til å driva ei berekraftig næring. Voss skal vera ein kommune som samhandlar godt med næringslivet, og vera ein føretrekt stad å vidareutvikla og etablera verksemder og næringar. Det er heilt grunnleggjande at det i arbeidet med å realisera SNU Voss vert lagt vekt på samarbeid. Eit tett, tillitsbasert og godt samarbeid med alle relevante aktørar, både innanfor og på tvers av kommunegrenser og næringsbransjar, er heilt nødvendig. Planen er utarbeida med eit langsiktig strategisk perspektiv og skal gjelda for perioden 2023 – 2030, med forventa revidering etter fire år.

Arbeidet dei komande åra er strukturert i seks utvalde satsingsområde:

1. Omstilling, innovasjon og berekraft
2. Haldningar og samarbeidsprosjekt
3. Vertskapsrolla
4. Møteplassar
5. Infrastruktur
6. Kompetanse

Realisering av mål og tiltak knytt til desse satsingsområda skal bidra til at Voss vert blant dei kommunane som lukkast i arbeidet med strategisk næringsutvikling. Samla skisserer SNU Voss 48 mål og 144 tiltak som skal vera med å skapa ei berekraftig og velfungerande samfunnsutvikling i Voss herad. Det skal vera attraktivt å driva og etablera næring i Voss herad.

**Tidleg innsats og livsmeistring**

Alle barn fortener ein god start. Barn og unge skal oppleva å læra, leika, utvikla seg og mestra. Trygge barn som trives, lærar betre. Unge sin oppvekst blir i stor grad forma av tilknytting til ulike fellesskap. Familie og nære venner er viktige for barn og unge i alle aldrar. Gode vennskap med jamaldrande kan fremja god helse og livskvalitet og verna mot negative forhald som mobbing og utestenging. Kommunedelplanen som handlar om desse temaene har vore forseinka i høve planstrategien, men arbeidet er no i gang. Det er planlagd ferdigstilling vår 2024.

I tillegg til ulike planar og har kommunen mange satsingsområde som er meir internt retta. For å nå måla vil Voss herad jobba med ulike satsingsområde dei fire neste åra. Nokre av hovudsatsingsområda er:

**Effektiv tenesteyting tilpassa brukar**
Me må tilpassa og omstilla tenestene for å kunna møta brukarane sine behov i dag og i framtida. Effektive tenester handlar om å utøva oppgåver og samhandlinga mellom dei slik at det gjev mest mogleg verdi for brukaren eller innbyggjaren. Dette inneber at nokon oppgåver må gjerast anleis enn me har gjort det før eller gjera noko på ein heilt ny måte. Me vil nytta Lean og prinsipp om verksemdstyring i dette arbeidet. Nokre av desse endringane i tenesteutøving vert skildra under aktuelle tenesteområde, enten i tekstform eller som økonomiplantiltak.

**Innovasjon og digitalisering**
Innovasjon og digitalisering er viktige område å meistra for å møta utfordringar framover. Innovasjon kan definerast som å skapa verdi på nye måtar. Me treng å skapa meir verdi når ressursane er knappe og krava høge. For at kommunen skal fortsetta å levera tenester av god kvalitet, må arbeidet med systematisk tenesteinnovasjon vidareførast og styrkast. Gjennom målretta satsing på effektive arbeidsprosessar, teknologi og digitalisering skal kommunen sikra ei god og framtidsretta teneste- og samfunnsutvikling.

Det er utarbeidd ein digitaliseringsstrategi, kalla digital arbeidsglede. Digital arbeidsglede handlar om å byggja grunnmuren; det handlar om sikkerheit, sikra at me har oversikt over alle dei ulike IKT-løysingane som me har i kommunen, sikra at me har orden i eige hus og å auka den digitale kompetansen i organisasjonen. Handlingsprogrammet skal setjast ut i live i planperioden.

Det skal utarbeidast ein strategisk kompetanseplan. Her vil eit av satsingsområda vera digital kompetanse.

**Attraktiv arbeidsgjevar**
Voss herad skal vera attraktiv, inkluderande og innovativ. Dette gjeld også som arbeidsgjevar. Me vil ha ein god arbeidsgjevarpolitikk som gjer at me lukkast med å rekruttera, utvikla og behalda medarbeidarar, få ein felles identitet og kultur, og driva utvikling og innovasjon. Ei viktig satsing i perioden framover vert å byggja ein ny, god og felles organisasjonskultur for alle tilsette i Voss

herad. Me skal skapa eit arbeidsmiljø prega av motivasjon, arbeidsglede og skapa ein kultur som gjev ei kjensle av dette er «me» i Voss herad. Kulturen skal leggja til rette for ein innovativ og endringsdyktig organisasjon. Det skal vera rom for å gjera feil, og samstundes gode system for å læra av feila, det vil seia ein god kultur for kontinuerleg forbetring.

Me er den største arbeidsgjevaren i kommunen og har eit særskild ansvar for å utøva rolla profesjonelt og inkluderande. Me har mange rutinar og reglement som legg retning og føringar for dette, og det er utarbeida mykje nye dokument og opplæringsmateriell med kommunesamanslåinga.

Me ynskjer eit arbeidsmiljø prega av mangfald, og at våre tilsette skal gje eit bilete av folkesetnaden generelt. I rekruttering oppmodar me alle som er kvalifisert til å søkja jobb hjå oss uansett alder, funksjonsevne, kjønn, eller kulturell bakgrunn.

Det å vera ein tillitsskapande organisasjon er ei viktig målsetjing for Voss herad. Tillitsskapande arbeid mellom administrasjon og folkevalde og mellom kommune og innbyggjarar vil gi positive ringverknader. Det er utarbeida nye etiske retningslinjer for heile organisasjonen. Det å ha ein høg etisk standard betyr at dei etiske retningslinjene vert brukt aktivt i alt arbeid.

**Lærlingar**

Å læra opp lærlingar er viktig for at kommunen skal sikra kvalifisert arbeidskraft. Men me veit òg at utdanning og jobb er viktig for å hindre utanforskap. Eit felles mål for kommunane er å etablera fleire læreplassar til minst 2 per 1000 innbyggjarar. Arbeidet med rekruttering av lærlingar har alt gjeve resultat. Tal godkjente lærekontraktar i kommunesektoren auka med 22 prosent frå 2011 til 2018, og ein av tre kommunar hadde allereie i 2019 nådd målet.

Voss herad har som mål å ta inn lærlingar i fleire fag og auka talet læreplassar i løpet av perioden. I 2020 hadde me 13 lærlingar. Hausten 2021 er talet auka til 17. I 2022 hadde med 18 lærlingar, og talet er 19 i 2023.

**Sjukefråvær**

Kommunen har eit mål om at sjukefråværsprosenten skal reduserast med 10 % samanlikna med årsgjennomsnittet for 2018 innan 2022 (IA avtalen). Det vil seia eit sjukefråvær på 7,2%.

Voss herad skal satsa på arbeid for å redusera sjukefråvær. Konkret skal arbeidsmiljøgruppene jobba med risikovurdering knytt til fråvær, sjå på trendar og om fråvær kan skuldast forhold på arbeidsplassen. Det skal årleg gjevast internopplæring i sjukefråværsarbeid til leiarane.

**Klart språk**

Ei viktig satsing vert å byggja ein kultur som set alle tilsette i Voss herad i stand til å bruka klart språk i all kommunikasjon med tenestemottakarar og innbyggjarar. Dette gjeld tekstar på nett og i sosiale media, svarbrev frå kommunale tenester og i kommunikasjonen med omverda elles.

## Utvikling i folketal

Prognosane i utvikling av folketalet viser at største endringa vil vera at Voss vil få vesentleg fleire unge eldre i løpet av økonomiplanen. Dette inneber at mange vil gå ut av arbeidslivet, og det kan oppstå utfordringar med rekruttering og sikra ein tilstrekkeleg yrkesaktiv folkesetnad. Voss har likevel hatt ei meir positiv utvikling enn mange andre distriktskommunar, og har hatt vekst folketalet over tid. Prognosane i figuren under vil ikkje vera ein fasit på korleis det blir, men kan indikera nokre trendar.

| | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 | 2030 | 2035 | 2040 | 2050 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 0 år | 171 | 148 | 144 | 144 | 144 | 146 | 150 | 152 | 144 |
| 1-5 år | 870 | 851 | 816 | 802 | 785 | 768 | 785 | 811 | 782 |
| 6-12 år | 1 365 | 1 343 | 1 336 | 1 321 | 1 315 | 1 246 | 1 155 | 1 173 | 1 212 |
| 13-15 år | 581 | 582 | 617 | 621 | 605 | 593 | 546 | 506 | 535 |
| 16-19 år | 785 | 757 | 743 | 749 | 776 | 795 | 775 | 697 | 690 |
| 20-44 år | 4 835 | 4 730 | 4 715 | 4 705 | 4 678 | 4 635 | 4 519 | 4 393 | 4 151 |
| 45-66 år | 4 321 | 4 282 | 4 269 | 4 250 | 4 256 | 4 275 | 4 390 | 4 463 | 4 538 |
| 67-79 år | 2 200 | 2 228 | 2 273 | 2 279 | 2 266 | 2 306 | 2 371 | 2 368 | 2 334 |
| 80-89 år | 770 | 785 | 812 | 872 | 937 | 1 055 | 1 204 | 1 305 | 1 433 |
| 90 år eller eldre | 246 | 245 | 232 | 225 | 222 | 226 | 256 | 366 | 499 |
| | **16 144** | **15 951** | **15 957** | **15 968** | **15 984** | **16 045** | **16 151** | **16 234** | **16 318** |

Ei svakheit med framskrivingane til SSB er at utgangspunktet for framskrivngane er eit lågare folketal enn det faktisk har blitt i 2023. Tala gjev likevel ein indikasjon på kva aldersgrupper som vil veksa og reduserast. Om Voss busetjer 100-200 flyktningar årleg i 2022-2024 så er dette noko som påverkar folketalet på born og vaksne i yrkesaktiv alder. Prognosane har ikkje tatt høgde for dette.

Dersom folketalsutviklinga vert som prognosane tilseier vil Voss herad ha fleire eldre enn born i 2030. Forsørgerbyrde (tal yrkesaktive per eldre) var 3,3 i 2010, 2,8 i 2023 og 2,2 i 2040. I følgje prognosane vil me ha 270 fleire mellom 80-89 år i 2030 enn i 2023. Dersom me får færre born og fleire eldre vil dette seie at rammetilskotet (innbyggjartilskotet) vil reduserast for aldersgruppa born og aukast for eldre.



# Klimabudsjett

Noreg har meldt inn ei forplikting under Parisavtalen om å redusera utsleppa av klimagassar med minst 50 og opp mot 55 prosent innan 2030 samanlikna med 1990. Gjennom klimalova har me i tillegg lovfesta målet om å bli eit lågutsleppssamfunn i 2050. Voss herad skal ta grep for å møta klima- og naturkrisa. Me skal feia for eiga dør og i samarbeid med næringsliv, landbruk og innbyggjarane våre nå nasjonale målsetjingar, redusera klimafotavtrykket vårt og arbeida målretta og konstruktivt fram mot lågutsleppssamfunnet i 2050. Kommunedelplan for klima, klimatilpassing og grøn omstilling – Vossaklima 2030, vert vedteken 17.11.2022 (Vossaklima 2030 vedteke - Voss herad).

Vossaklima 2030 er tufta på FN sine berekraftsmål, og er i tråd med relevante internasjonale, nasjonale og regionale føringar. Planen har som siktemål å redusera direkte klimautslepp, men samstundes ha ei bevisst og styrka satsing på naturen som karbonlager og vossingane sitt klimafotavtrykk. Slik skal Voss herad bidra lokalt i eit arbeid som samstundes gjev meining i ein større global samanheng.

Omsyn til natur og naturmangfald er varetatt i planen. Vidare arbeid med Vossaklima 2030 skal realiserast på eit sett som sikrar best mogeleg balanse mellom dei mange potensielle målkonfliktane, samstundes som me tryggjar at satsingane våre ikkje rammar urettvist.

Planen legg opp til at Voss herad skal mobilisera klimaarbeidet dei komande åra rundt tre plantema: Voss som pådrivar for nullutslepp, klimatilpassing og grøn omstilling. Det er lagt fram konkrete og ambisiøse mål innanfor desse plantema, og planen skisserer ulike tiltak. Etter at planen vart vedteke har det vore jobba med å fordela ansvar for ulike tiltak i ein handlingsplan. er vedtatt startar arbeidet med å planlegga korleis me skal implementera planen, og realisera tiltaka. Klimabudsjettet er tufta på vedteken plan.

## Klimabudsjettet er ein handlingsplan for klima

Klimabudsjettet skal skildra tiltak som skal gjennomførast for at Voss herad kan nå klimamåla sine. Klimabudsjettet er ein handlingsplan, og skal gje oversikt over kor store klimagasskutt ulike tiltak vil gje, både når det gjeld direkte og indirekte utslepp. Klimabudsjettet syner klimatiltak som Voss herad, næringsliv, landbruk og innbyggjarane våre kan, skal eller bør gjennomføra. På den måten er klimabudsjettet eit styringsverktøy for kommunen. Klimabudsjettet skal vidareutviklast år for år, med stadig ny kunnskap og nye tiltak. Nokon av tiltaka vil rapporterast som tonn CO2-ekvivalenter, men like viktig er det å visa fram tiltaka som er gjennomført og kommunisera kva som er gjort og kvifor det er gjort. Alle tiltaka som er skildra i klimabudsjettet handlar om klimagasskutt og er ein del av omstillinga fram mot lågutsleppsamfunnet 2050.

Effektane av tiltak som er venta å gje reduserte klimagassutslepp gjennom endra åtferd, er vanskeleg å talfesta. Å endra åtferd er likevel eit viktig bidrag for å redusera utsleppa, og ikkje minst

nødvendig for å omstilla til lågutsleppssamfunnet. Klimabudsjettet synleggjer økonomiske ressursar knytt til tiltaka. For å oppnå størst mogeleg gevinst av tiltaka er det viktig at heradet samarbeider på tvers av eigne einingar, med innbyggjarane, med lokalt lagsliv og lokalt næringsliv, samt med regionale og statlege myndigheiter. For å sikra eigarskap, oppfølging og forankring i organisasjonen er klimabudsjettet integrert i den ordinære økonomiplanen, og skal integrerast i Voss herad si rapportering av årsbudsjett og økonomiplan.

### Kommunen si rolle

I tillegg til overordna nasjonale mål og regionale føringar er det og tydelege føringar for kommunen sitt arbeide med klimaomstilling gjennom oppdatert lovverk og retningslinjer, mellom anna i statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing. I tilrettelegginga og utviklinga av «det grøne skiftet» skal kommunane aktivt bidra til reduksjon av klimagassutslepp og auka miljøvenleg energiomlegging. Samtidig skal samfunnet bu seg på og tilpassa seg dei klimaendringane som kjem uansett (klimatilpassing).

I Klimakur 2030 er kommunen si rolle skildra slik:
«*Kommunene kan i stor grad påvirke utslipp fra egen virksomhet, for eksempel utslipp fra egne kjøretøy, bygg- og anleggsvirksomhet og gjennom klimakrav i innkjøp. Det største potensialet har kommunen imidlertid gjennom å påvirke gjennomføringen av klimatiltak hos andre aktører*.»

### Vossingane sitt klimafotavtrykk

Vossingane sitt forbruk av varer og tenester bidreg til miljø- og klimautfordringar i heile verda. Omlag 60 % av dei globale klimagassutsleppa er det forbruket i hushalda som er ansvarleg for.

Forbruket vårt både vil og må endra seg mykje i framtida – fyrst og fremst fordi tåleevna til naturen er på brestepunktet. Viss kvar enkelt av oss vert smartare forbrukarar vil Vossasamfunnet – innbyggjarar og næringsliv – leve i ein meir berekraftig kvardag og bidra konkret og konstruktivt i arbeidet med å verta eit lågutsleppsamfunn i 2050.

Gjennom prosjektet Folkets Fotavtrykk har heradet tilgang til data for klimafotavtrykket til Vossingane på eit overordna nivå. Med overordna nivå meiner me at tala som syner klimafotavtrykket ikkje er spesifikt rekna ut, men estimert gjennom ulike datakjelder etter kva Folkets fotavtrykk har tilgang til. Totalt er utsleppa rekna til 209 779 tonn CO2-ekvivalentar per år, og utgjer 13,2 tonn CO2-ekvivalentar per innbyggjar per år. Sjå figur. Ei vurdering som omfattar både direkte og indirekte utslepp vert ofte kalla for fotavtrykksanalyse. Klimafotavtrykksanalyser tar utgangspunkt i livsløpsmetodikk, og inkluderer utvinning og transport av råvarer, vidareforedling til eit produkt/vare, transport av varen til aktøren/personen som gjer seg nytte av den, og fram til eventuelt handsaming av produktet som avfall (Insam, Civitas og CICERO, 2016).




Det er ikkje fastsett mål for å redusera innbyggjarane sitt klimafotavtrykk. Voss herad vil likevel ta med tiltak i klimabudsjettet med føremål om å påverka innbyggjarane sitt forbruk, haldningar og åtferd i ein meir klimavenleg retning.  Det treng heller ikkje vera så vanskeleg å leva på ein meir klimavenleg måte. Eit bevisst forhold til det å bruka mindre, selja det du ikkje treng, kjøpa brukt, låna og leiga i staden for å eiga. Ta vare på det du er glad i – alt dette vil vera ein god start på å gjera levesettet meir berekraftig. Det er og eit stort potensiale i å redusera klimaavtrykket ved å leggja om mat og kostvanar – eta lokalprodusert og balansert, meir grønsaker – og ha fokus på matsvinn og overforbruk.

Som ein tommelfingerregel utgjer samla klimafotavtrykk godt det doble av kva dei direkte utsleppa syner. Slik er det også i Voss herad med 5,2tonn per innbyggjar i direkte utslepp og 13,2 tonn per innbyggjar i samla klimafotavtrykk

## Klimastatistikk

Totalt utslepp av klimagassar på Voss har gått noko ned dei siste åra, og i 2021 var dei samla utsleppa i Voss herad 87 258 tonn CO2-ekvivalentar (tCO2e). Dette er litt opp frå 2020 nivå. Utsleppa kjem i hovudsak frå to utsleppskjelder – vegtrafikk (46%) og jordbruk (37%). Den tredje største kjelda er kategorien «Annan mobil forbrenning», som består av utslepp knytt til bruk av avgiftsfri diesel. Dette omfattar òg bruk av slik diesel til traktorar, slik at jordbruket sitt samla bidrag i røynda er i overkant av 40%.




Frå 2016-2020 gjekk klimagassutslepp i Voss herad ned med 11%. Nedgangen kjem i stor grad frå oppvarming, etter at nasjonalt forbod mot bruk av fossil olje til oppvarming vart innført. Største bidrag i tonn CO2e kjem likevel frå Vegtrafikk og anna mobil forbrenning. Utslepp frå vegtrafikk har gått frå 38 877 tonn CO2e i 2020 til 40 471 i 2021.

Utslepp frå opptak frå skog og arealbruk vert *ikkje* rapportert inn som del av oppfylling av nasjonale forpliktingar etter FN sin klimakonvensjon. Likevel, naturen si evne til karbonlagring er viktig og effektivt i å redusera utslepp av klimagassane.

## Framskrivingar

I samband med arbeidet med klimabudsjett og tiltaksvurderingar er det nytting å framstilla utslepp i framtida ved å nytta framskrivingar. Asplan Viak har utarbeida framskrivingar for Voss herad, som inneber å laga ein prognose på utslepp i framtida. Det er utarbeida ulike alternativ, der nullalternativet er den utviklinga av utslepp i Voss herad som er venta utan ytterlegare grep eller tiltak enn det som er føresett vil skje av seg sjølv. Nullalternativet vert og omtala som referansebana. Framskrivinga omfattar nasjonale og fylkeskommunale tiltak per mai 2021, men vedtak som omhandlar mål og ambisjonar er ikkje med i nullalternativet. Utarbeiding av framskrivingar er nyttig for å få eit betre perspektiv på kvar dei største utsleppsutfordringane ligg i framtida, og kva utslepp ein trur vil løyse seg delvis av seg sjølv ved til dømes teknologiutvikling.

Referansebana syner at det er venta ei reduksjon i totalt utslepp med 12% samanlikna med 2020. Nedgangen er i hovudsak relatert til venta nedgang i utslepp frå personbilar grunna auka del elbilar i perioden.




*Figur: Referansebane for utslepp fram mot 2030, utan ytterlegare tiltak. Også kalla "nullalternativet. Kilde: Asplan Viak, "Klimagassutslepp i Voss herad mot 2030. Referansebane og tiltakspakker for ytterlegare reduksjonar"*

I Asplan Viak sin rapport om klimagassutslepp i Voss herad, er det lagt fram fire ulike scenario om korleis utsleppa kan utvikla seg mot 2030. Det er i tillegg lagt fram tiltakspakker som skildrar korleis ein skal få til desse reduksjonane. Scenario 1 har eit mål om ein reduksjon i utslepp på 55% (frå 2005 nivå til 2030), og målet som er lagt fram i kommunen sin klimaplan ligg på 69 %. Det vil sei at me legg opp til å følgja ein utsleppsreduksjon som ligg mellom scenario 1 og 2.




*Figur: Føresett utvikling av (netto) utslepp fram mot 2030 for dei ulike scenarioa. Kilde: Asplan Viak, "Klimagassutslepp i Voss herad mot 2030. Referansebane og tiltakspakker for ytterlegare reduksjonar"*

Dersom Voss herad skal kutta utslepp med 69 % frå referansenivå (2005) til 2030, må utsleppstrenden i vegtrafikken gå ned vesentleg raskare enn ved nullalternativet. Det er likevel kategorien oppvarming som er føresett å bli redusert mest relativt sett. Tabellen under syner korleis utsleppa i dei viktigaste utsleppskategoriane er venta å vera i 2030 etter referansebanen, og kor stor utsleppsreduksjon som lyt til for å nå ambisjonane om samla 69% reduksjon i klimagassutsleppa i Voss herad innan 2030.

| | Utslepp 2030 (ref) | Reduksjon 2030 | Reduksjon 2030 sml. med ref. | Reduksjon 2030 sml. med 2005 |
|---|---|---|---|---|
| Oppvarming | 1 688 | 1 512 | 90 % | |
| Vegtrafikk | 29 688 | 25 104 | 85 % | |
| Anna mobil forbrenning | 7 825 | 5 589 | 71 % | |
| Jordbruk | 31 686 | 10 936 | 35 % | |
| Ymse | 2 827 | 683 | 24 % | |
| **Sum** | **73 714** | **43 824** | **59 %** | **69 %** |

Voss herad

### Klimatilpassing

Me vert jamleg minna om at klimaendringane «bankar på døra». Men det held ikkje å redusera klimagassutsleppa, me må også tilpassa oss eit klima i endring.

Vestlandet er den landsdelen som er mest råka av ekstremvær, og har særskilte utfordringar med å tilpassa busetnad og infrastruktur til klimaendringane. Dette er også eit viktig bakteppe for prioritering av tiltak.

## Utslepp av klimagassar per kommune

Grafen viser utslepp av klimagassar i tonn CO2-ekvivalentar




Tabellen viser utslepp av klimagassar i tonn CO2-ekvivalentar

| | Voss herad | Kinn | Aurskog-Høland | Stord | Øvre Eiker |
|---|---|---|---|---|---|
| Luftfart | 0,3 | 1 030,3 | 0,0 | 192,6 | 0,0 |
| Oppvarming | 2 190,6 | 1 671,5 | 1 547,6 | 1 315,3 | 2 393,7 |
| Industri, olje og gass | 240,0 | 25 936,1 | 0,1 | 144,6 | 7 444,3 |
| Sjøfart | 818,7 | 116 355,1 | 0,0 | 32 968,4 | 0,0 |
| Veitrafikk | 40 471,4 | 14 583,7 | 19 149,6 | 17 417,6 | 37 075,5 |
| Avfall og avløp | 3 077,7 | 6 662,1 | 2 712,8 | 5 236,8 | 5 600,6 |
| Annen mobil forbrenning | 7 986,6 | 6 641,2 | 9 371,6 | 3 783,8 | 7 799,6 |
| Energiforsyning | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 18,0 |
| Jordbruk | 32 473,4 | 10 684,7 | 18 388,3 | 3 906,5 | 13 978,3 |
| **Sum** | **87 258,6** | **183 564,7** | **51 170,0** | **64 965,6** | **74 310,0** |

# Klimatiltak med i økonomiplanen

## Direkte utslipp

Reduksjonar synast i tonn CO2 ekvivalentar

Beløp i 1000 kr

| Klimatiltak | Kostnad 2024 | Sektor | Reduksjon 2024 | Beskriving |
|---|---|---|---|---|
| Omlegging til fossilfrie køyretøy | 2 200 | Annen mobil forbrenning | 11,0 | Det er eit stort behov for utskifting av gamle bilar i Voss herad. Me har framleis mange bilar som går på diesel eller bensin, og ved utskifting av desse kan me redusera årleg utslepp dersom me kjøpar inn fossilfrie bilar. Det er i 2024 sett av ekstra midlar i investeringsbudsjettet til å gjera eit løft i bilparken, slik at me får bytta ut fleire bensin- og dieselbilar med el. |
| Klimabehov i rullering av KPA (planvask, arealnøytralitet), kompetanseheving | 175 | Bygg | 0,0 | 4.2. Sikra at all framtidig arealutbygging i Voss herad som eit minimum er arealnøytral.<br>4.3. Unngå omdisponering og nedbygging av areal med høg karbonlagring, og sikra god forvaltning av skog, myr og dyrkbar mark.<br>4.4. Ta i bruk beste tilgjengelege kunnskapsgrunnlag i arealforvaltinga, som utsleppsrekneskap for skog, myr og dyrkbar mark.<br>4.5. Ta omsyn til klima i heradet si arealforvalting, både med tanke på klimagassutslepp, -opptak og klimatilpassing.<br>4.6. Stilla krav om arealrekneskap og klimabudsjett for nye plansaker og større byggesaker.<br>12.8. Gå gjennom eksisterande reguleringsplanar og sjå (desse opp mot krav som er stilt i Vossaklima 2030) til at desse vert realisert i tråd med føringar lagt i Vossaklima 2030.<br><br>Reduksjon i direkte utslepp, og potensial for auka karbonlagring på areala våre. |
| Klimavenlege bygg, kompetanseheving | 175 | Bygg | 3,0 | Voss herad har store utslepp knytt til eigen bygningsmasse. Det er eit stort potensiale i å nytta eksisterande eigedomsmasse betre enn me gjer i dag og bygga nye klimavenlege bygg. Kopling til Vossaklima2030:<br><br>1.5. Krevja utsleppsfrie bygg- og anleggsmaskiner i kommunale prosjekt.<br>1.6. Vera pådrivar for utsleppsfri teknologi i utbyggingsprosjekt i Voss herad.<br>9.1. Voss herad skal vera pådrivar for redusert energibruk, energisparing, energieffektive løysingar og bruk av fornybare energikjelder i heile Voss herad.<br>9.6. Nytte klimagassutrekningar som beslutningsgrunnlag i prosjektering av hus (tre, stein, masse, lokalprodusert).<br>9.7. Kartleggja kommunale bygg med transformasjonspotensiale.<br>9.8. Rehabilitera heller enn å riva og byggja nytt.<br>9.9. Bygga hus med høg arkitektonisk kvalitet som er verdt å ta vare på, auke dimensjonerande levetid på husa me byggjer og bygga færre kvadratmeter per innbyggjar/hytteinnbyggjar. |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | | 9.10. Planleggja og byggja hus som materialmessig og estetisk står seg over tid, med gode materialar og enkle konstruksjonar som gjer gjenbruk og transformasjon mogeleg.<br>9.11. Leggja til rette for klimasmarte hus og hytter der lokalklima, storleik og klimasoner (med ulik grad av oppvarming) skal vurderast.<br><br>Reduksjon i både direkte og indirekte utslepp. |
| Drenering og andre landbruksprosjekt | 140 | Jordbruk | 0,0 | 3.1. Stimulera til at landbruket når måla i klimaavtalen mellom landbruket og staten.<br>3.4. Vera ein pådrivar for at jordbruket nyttar seg av tilskotsordningar som bidrar til meir klima- og miljøvenleg produksjon og drift.<br>3.12. Nytta drenering av jordbruksareal som eit viktig tiltak for å redusera klimagassutsleppa og tilpassa oss eit endra klima.<br><br>Reduksjon i direkte utslepp (anaerobe forhold i jorda, og mogleg mindre transport fordi ein kan produsera meir lokalt). Betre ressursutnytting. |
| Klimapartner | 50 | Miljøledelse | 0,0 | Deltaking i samarbeidsnettverk om å nå utsleppsmål. Kopling til Vossaklima: 12.5. Skapa eit bevisst forhold til klimafotavtrykk i eigen organisasjon – vidareutvikla Klimakost og Ducky som verktøy i arbeidet med å redusera direkte og indirekte klimagassutslepp. Gode verktøy for klimaleiing kan gje reduksjon i både direkte og indirekte utslepp. "Voss herad skal feia for eiga dør" (satsingsområde 12). |
| Miljøfyrtårn | 75 | Miljøledelse | 0,0 | Me skal sertifisera kommuneorganisasjonen, og innføra miljøstyringssystemet som Miljøfyrtårn leverer. Kommunen skal nytta dette som verktøy for å redusera utslepp, og for å jobba for å nå berekraftsmåla. Voss herad skal feie for eigen dør, og gå føre som eit godt døme. Kopling mot Vossaklima2030:<br><br>11.3. Styrka bevisstgjering kring klimasmart mat, matsvinn og avfallsminimering gjennom kampanjar og informasjon på heradet si heimeside.<br>12.2. Styrka satsing på klimakommunikasjon og auka klimakunnskap.<br>12.5. Skapa eit bevisst forhold til klimafotavtrykk i eigen organisasjon.<br>12.10. Involvera dei tilsette ute på tenesteområda til å vera pådrivarar for energisparing, energieffektivisering og sirkulære løysingar.<br><br>Gode verktøy for klimaleiing kan gje reduksjon i både direkte og indirekte utslepp. "Voss herad skal feia for eiga dør" (satsingsområde 12). |
| Ladepunkt til elbokbussen | 75 | Veitrafikk | 6,0 | Det må etablerast ladepunkt for el-bokbuss. Kopling mot Vossaklima2030:1.2. Leggja til rette for nødvendig infrastruktur (energistasjonar) for utslepps– og fossilfri transport, inkludert |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | | bussar, varebilar og anleggsmaskiner. El-bokbuss vil føra til reduksjon i direkte utslepp. |
| Meirkostnadar knytt til omlegging til fossilfrie bilar | 175 | Veitrafikk | 0,0 | 1.4. Stilla krav til null- og lågutsleppsteknologi (el, hydrogen og biogass) ved innkjøp av kommunale køyretøy og tenester.<br><br>Reduksjon i direkte utslepp. |
| Snarvegprosjekt | 50 | Veitrafikk | 0,0 | 2.1. Planleggja slik at ein kan leva bilfritt i dei sentrumsnære delane av Voss.<br>2.2. Vera pådrivar for arealbruk som prioriterer kollektivtransport, sykkel og gange før bilbruk.<br>2.3. Vera pådrivar for å få realisera tiltak i Voss herad sin trafikksikringsplan som legg til rette for mjuke trafikantar.<br>2.7. Utvikla og ta i bruk insentiv som gjer det attraktivt å bruka kollektiv, sykkel og gange.<br>11.1. Styrka satsing på snarvegar, gang- og sykkelvegar i Voss herad.<br>Reduksjon i utslepp frå transport (direkte utslepp) |
| Sykkelstunt | 50 | Veitrafikk | 0,0 | 2.7. Utvikla og ta i bruk insentiv som gjer det attraktivt å bruka kollektiv, sykkel og gange.<br><br>Reduksjon i utslepp frå transport (direkte utslepp). |
| **Sum** | **3 165** | | **20,0** | |

## Indirekte utslipp

Beløp i 1000 kr

| **Klimatiltak** | **Kostnad 2024** | **Sektor** | **Kjelde** | **Beskriving** |
|---|---|---|---|---|
| Berekraftslab /folkeverkstad | 50 | Annet | Annet | 11.5. Invitera til faste sy- og reperasjonskveldar på biblioteket i samarbeid med frivillige lag og organisasjonar.<br>11.4. Leggja til rette for auka reparasjon, ombruk og delingsøkonomi for å sikra berekraftig forbruk og avfallsminimering i samarbeid med lagsliv, næringsliv og dei kommunale selskapa våre.<br><br>Meir berekraftig utnytting av ressursar, mindre avfall, reduksjon i indirekte utslepp. |
| Gjenbruksapp barnehage og skule | 20 | Annet | Behandling av avfall | 11.4. Leggja til rette for auka reparasjon, ombruk og delingsøkonomi for å sikra berekraftig forbruk og avfallsminimering i samarbeid med lagsliv, næringsliv og dei kommunale selskapa våre.<br><br>Reduksjon indirekte utslepp og meir berekraft utnytting av ressursar. |
| Grøn november | 50 | Annet | Annet | Grøn November skal setta fokus på klima- og miljøutfordringar, og skal gje inspirasjon og informasjon til innbyggjarar. Kopling mot Vossaklima2030: 10.2. Vidareføra satsinga «Grøn |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | | november» i samarbeid med frivillige lag og organisasjonar.<br>11.4. Leggja til rette for auka reparasjon, ombruk og delingsøkonomi for å sikra berekraftig forbruk og avfallsminimering i samarbeid med lagsliv, næringsliv og dei kommunale selskapa våre.<br><br>Meir berekraftig utnytting av ressursar, mindre avfall, reduksjon i indirekte utslepp. |
| Matsvinn | 40 | Avfall og avløp | Biologisk behandling av avfall | Prosjekt matsvinn i omsorgsinstitusjonane har vore jobba med i både 2021 og 2022, og me har fått tilskot frå klimasats. Det er eit behov og ynskje om å jobba vidare med prosjektet inn i 2023, spesielt ettersom me har fått eit kommunalt kjøkken som skal produsera mat til institusjonane. Det er også eit potensiale å få til eit samarbeid med eksterne organisasjonar td. Kirkens Bymisjon, Kveik, internt i kommunen td. Gryto, som kan koble trongen for å donere overskotsmat med trongen for mat og tid til matlaging.<br><br>Kopling mot Vossaklima2030:12.9. Vera ein føregangskommune med fokus på klimavenleg mat og reduksjon av matsvinn. Reduksjon i matsvinn gjev reduserte direkte og indirekte utslepp, samt meir berekraftig utnytting av ressursar. |
| Sirkulærøkonomi | 175 | Avfall og avløp | Avfallsforbrenning | 7.1. Bidra aktivt i vidare arbeid med å realisera «Grøn region Vestland».<br>7.8. I samarbeid med Næringshagen i Hardanger og Voss utarbeida kompetansehevingspakker for lokalt næringsliv som tryggjer overgang til sirkulærøkonomi i Voss herad.<br>11.4. Leggja til rette for auka reparasjon, ombruk og delingsøkonomi for å sikra berekraftig forbruk og avfallsminimering i samarbeid med lagsliv, næringsliv og dei kommunale selskapa våre.<br><br>Mogleg auke i direkte utslepp, men reduksjon i indirekte utslepp og omstilling til lågutsleppssamfunnet. |
| Klimadagen BLØME | 100 | Miljøledelse | Annet | Klimadagen BLØME vart arrangert i 2022 og 2023, og inspirerte og engasjerte Vossingane til ny giv i arbeidet med klima og berekraft. Det er ynskjeleg å vidareføra satsinga: Kopling mot Vossaklima2030: 12.2. Styrka satsing på klimakommunikasjon og auka klimakunnskap.<br>12.3. Etablera Klimadagen BLØME som fast årleg samlingspunkt mellom herad, næringsliv og frivillig lagsliv.<br><br>Auka kunnskap er ein føresetnad for omstillinga til lågutsleppssamfunnet. Avhengig av kva temaet for BLØME vert, kan dette tiltaket også bidra til andre mål. |
| **Sum** | **435** | | | |

# Investeringar i økonomiplanen

Investeringane i økonomiplan og budsjett 2024-2027 byggjer på tiltak som vart vedteke i økonomiplan og budsjett for 2023-2026. Det vil seie at tiltaka som låg i denne planen er vurdert og revidert ut i frå ny informasjon. I tillegg er nye behov meldt inn frå tenesteområda og vurdert.

Summen av alle investeringstiltaka som ligg i økonomiplanen er høg, og finansieringsbehovet er høgt. I planen er det lagt til grunn at 10 mill.kr årleg vil dekkast av disposisjonsfond. I tillegg er det lagt inn 20 mill.kr overført frå drift frå sal av konsesjonskraft til å finansiera investeringar i 2024-2026. Det er likevel lagt til grunn høge låneopptak dei fyrste åra. Av dei største prosjekta er barnehage i Granvin, ny brannstasjon, vatn og avlaup i Myrkdalen og investeringar for å bevara verdien i dei mange føremålsbygga me har. Investeringar i nye bygg er med å skapa eit godt arbeidsmiljø som stettar notidas aktuelle krav til bygg. Dette vil vera verdifullt for brukarane våre og dei tilsette som skal jobba på dei aktuelle stadene. Det er fleire av våre føremålsbygg som ikkje stettar krav i forskrift om miljøretta helsevern. Jamleg midlar til rehabilitering i økonomiplanen av føremålsbygg vil vera med å betra dette.

I tillegg til investeringar i varige driftsmidlar, har kommunen finansieringsbehov relatert til startlån, og eigenkapitalinnskot. Voss herad tar opp lån frå Husbanken til vidare utlån, slik at innbyggarar som trenger det, kan ta opp startlån gjennom kommunen til finansiering av eigen bustad. Eigenkapitalinnskot til KLP er ein årleg investeringspost, der kommunen må inn med kapital som eigar i ordninga. Dette er finansiert ved bruk av eige disposisjonsfond.

Tabellane nedanfor gjer oversikt over alle investeringstiltak som er prioritert i planperioden, kva tenesteområde dei høyrer inn under, og kva tiltak som er sjølvkostinvesteringar. Beløpa er oppgitt i brutto.

## Investeringstabell for kommunen samla

### Investeringar

*Beløp i 1000*

| | Økonomiplan | | | | Sum |
|---|---|---|---|---|---|
| **Investeringsprosjekter** | **2024** | **2025** | **2026** | **2027** | **2024-27** |
| **Grunnskule** | | | | | |
| Oppr.uteområde skular/barnehagar | 1 875 | 0 | 0 | 0 | 1 875 |
| **Sum Grunnskule** | **1 875** | **0** | **0** | **0** | **1 875** |
| **Barnehage** | | | | | |
| Oppr.uteområde skular/barnehagar | 1 875 | 0 | 0 | 0 | 1 875 |

| Investeringsprosjekter | Økonomiplan 2024 | 2025 | 2026 | 2027 | Sum 2024-27 |
|---|---|---|---|---|---|
| **Sum Barnehage** | **1 875** | **0** | **0** | **0** | **1 875** |
| | | | | | |
| **Sum** | **3 750** | **0** | **0** | **0** | **3 750** |

## Investeringar

*Beløp i 1000*

| Investeringsprosjekter | Økonomiplan 2024 | 2025 | 2026 | 2027 | Sum 2024-27 |
|---|---|---|---|---|---|
| **Administrasjon og leiing** | | | | | |
| Felles IT anlegg | 1 875 | 1 875 | 1 875 | 1 875 | 7 500 |
| Kapitalbevaring bygg/anlegg - administrasjonsbygg | 0 | 5 000 | 0 | 0 | 5 000 |
| **Sum Administrasjon og leiing** | **1 875** | **6 875** | **1 875** | **1 875** | **12 500** |
| **Plan, næring og forvalting** | | | | | |
| Bilkjøp oppmålingstenesta | 500 | 0 | 0 | 0 | 500 |
| Mogelegheitsstudie sentrumsnære bustader | 0 | 500 | 0 | 0 | 500 |
| Vedlikehald av eksisterande flaumsikringsanlegg | 0 | 5 000 | 5 000 | 5 000 | 15 000 |
| **Sum Plan, næring og forvalting** | **500** | **5 500** | **5 000** | **5 000** | **16 000** |
| **Samferdsel** | | | | | |
| Diverse anleggsmaskiner | 3 000 | 3 000 | 3 000 | 3 000 | 12 000 |
| Standardh.bruer (inv.) | 1 875 | 1 875 | 1 875 | 1 875 | 7 500 |
| Trafikksikringstiltak | 625 | 625 | 625 | 625 | 2 500 |
| Utbyggingsavtalar og offentleg/privat samarbeid OPS | 0 | 2 000 | 2 000 | 2 000 | 6 000 |
| Veginvestering/vegpakke | 6 000 | 6 000 | 6 000 | 12 000 | 30 000 |
| **Sum Samferdsel** | **11 500** | **13 500** | **13 500** | **19 500** | **58 000** |
| **Eigedom og bustad** | | | | | |
| Aktivitetstorg oppgradering | 8 000 | 0 | 0 | 0 | 8 000 |
| Bilkjøp avdeling Bygg og eigedom | 1 000 | 2 000 | 2 000 | 1 000 | 6 000 |
| Bustad Skulestadvegen - ny personalbase og bustad | 15 000 | 0 | 0 | 0 | 15 000 |
| Bustad Vetleflaten 1F oppgradering | 9 000 | 0 | 0 | 0 | 9 000 |
| Bustad Vetleflaten 2F oppgradering | 1 000 | 8 000 | 0 | 0 | 9 000 |
| Kapitalbevaring bygg/anlegg - formålsbygg | 0 | 0 | 0 | 2 000 | 2 000 |
| Kapitalbevaring bygg/anlegg - kommunale bustader | 2 500 | 2 500 | 2 500 | 0 | 7 500 |
| Mogelegheitsstudie tomter for lokalisering av tenester | 1 000 | 0 | 0 | 0 | 1 000 |

| Investeringsprosjekter | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 | Sum 2024-27 |
|---|---|---|---|---|---|
| | Økonomiplan | | | | |
| Sentralidrettsanlegg idrettstorg oppgradering | 0 | 0 | 10 000 | 0 | 10 000 |
| Sentrumsplan, handlingsplan byromstrategi (grønt fond) | 875 | 875 | 0 | 0 | 1 750 |
| Strandpromenade/stemneplass | 0 | 0 | 5 000 | 5 000 | 10 000 |
| Utbyggingsavt. Park | 1 750 | 0 | 0 | 0 | 1 750 |
| **Sum Eigedom og bustad** | **40 125** | **13 375** | **19 500** | **8 000** | **81 000** |
| **Brann og ulukkesvern** | | | | | |
| Brannvern framkostmiddel og redningsverktøy | 750 | 1 688 | 0 | 188 | 2 625 |
| Brannvern høgdereiskap | 10 375 | 0 | 0 | 0 | 10 375 |
| Brannvern mannskapsbilar og tankbilar | 4 500 | 5 625 | 5 750 | 0 | 15 875 |
| Hovudbrannstasjon | 35 000 | 50 000 | 0 | 0 | 85 000 |
| Hovudbrannstasjon inventar/utstyr | 1 000 | 2 000 | 0 | 0 | 3 000 |
| **Sum Brann og ulukkesvern** | **51 625** | **59 312** | **5 750** | **188** | **116 875** |
| **Finansielle postar/økonomi** | | | | | |
| Eigenkapitalinnskot KLP | 3 400 | 3 400 | 3 400 | 3 400 | 13 600 |
| **Sum Finansielle postar/økonomi** | **3 400** | **3 400** | **3 400** | **3 400** | **13 600** |
| **Grunnskule** | | | | | |
| Inventar/utstyr skuler og barnehager | 1 000 | 0 | 0 | 0 | 1 000 |
| Kapitalbevaring bygg/anlegg - skulebygg | 5 000 | 5 000 | 5 000 | 10 000 | 25 000 |
| Ungdomsskulen idrettsfløy | 30 000 | 0 | 0 | 0 | 30 000 |
| **Sum Grunnskule** | **36 000** | **5 000** | **5 000** | **10 000** | **56 000** |
| **Barnehage** | | | | | |
| Inventar/utstyr skuler og barnehager | 1 000 | 2 000 | 1 000 | 1 000 | 5 000 |
| Kapitalbevaring bygg/anlegg - barnehagebygg og uteområde | 0 | 4 000 | 5 000 | 0 | 9 000 |
| Ny barnehage i Granvin | 27 000 | 50 000 | 4 000 | 0 | 81 000 |
| Ny barnehage Voss sentrum | 0 | 0 | 0 | 47 000 | 47 000 |
| Oppheim skule - ombygging til barnehage HST 86/21 | 12 000 | 0 | 0 | 0 | 12 000 |
| **Sum Barnehage** | **40 000** | **56 000** | **10 000** | **48 000** | **154 000** |
| **Barne- og familietenestene** | | | | | |
| Bilkjøp oppvekst | 500 | 500 | 500 | 500 | 2 000 |
| Lokale vaksenopplæringa | 0 | 10 000 | 0 | 0 | 10 000 |
| **Sum Barne- og familietenestene** | **500** | **10 500** | **500** | **500** | **12 000** |
| **Helse** | | | | | |

| Investeringsprosjekter | Økonomiplan 2024 | 2025 | 2026 | 2027 | Sum 2024-27 |
|---|---|---|---|---|---|
| Voss interkommunale legevakt (IKL) | 0 | 0 | 0 | 10 000 | 10 000 |
| **Sum Helse** | **0** | **0** | **0** | **10 000** | **10 000** |
| **Omsorg** | | | | | |
| Bilar helse og omsorg | 3 000 | 1 000 | 1 000 | 800 | 5 800 |
| Kapitalbevaring bygg/anlegg - institusjonar | 5 000 | 10 000 | 10 000 | 0 | 25 000 |
| Utstyr og tekniske installasjonar | 750 | 750 | 750 | 750 | 3 000 |
| **Sum Omsorg** | **8 750** | **11 750** | **11 750** | **1 550** | **33 800** |
| **Kultur og fritid (inkl.kyrkja)** | | | | | |
| Bibliotek - lysskjerming | 0 | 1 000 | 0 | 0 | 1 000 |
| Bokbuss | 4 200 | 0 | 0 | 0 | 4 200 |
| Gamlekinoen rehabilitering | 0 | 0 | 22 500 | 0 | 22 500 |
| Gryto - støydempande tiltak | 500 | 0 | 0 | 0 | 500 |
| Meirope bibliotek | 350 | 0 | 0 | 0 | 350 |
| Ny kinoframvisar | 0 | 1 500 | 0 | 0 | 1 500 |
| Voss idrettshall - oppgradering garderobar/toalett | 1 500 | 1 500 | 0 | 0 | 3 000 |
| Voss kulturhus oppgradering | 1 500 | 0 | 0 | 0 | 1 500 |
| Vossabadet - energieffektiviserande tiltak | 1 500 | 0 | 0 | 0 | 1 500 |
| Vossabadet - servicebygg utebasseng | 22 500 | 0 | 0 | 0 | 22 500 |
| **Sum Kultur og fritid (inkl.kyrkja)** | **32 050** | **4 000** | **22 500** | **0** | **58 550** |
| **Sum** | **226 325** | **189 212** | **98 775** | **108 012** | **622 325** |

## Sjølvkostinvesteringar

*Beløp i 1000*

| Investeringsprosjekter | Økonomiplan 2024 | 2025 | 2026 | 2027 | Sum 2024-27 |
|---|---|---|---|---|---|
| **Vatn, avlaup og renovasjon** | | | | | |
| Bømoen reserve vassverk | 22 000 | 0 | 0 | 0 | 22 000 |
| Hovudplan avløp | 5 000 | 5 000 | 5 000 | 5 000 | 20 000 |
| Hovudplan vatn | 5 000 | 5 000 | 5 000 | 5 000 | 20 000 |
| Myrkdalen VA-utbygging | 32 000 | 89 000 | 70 000 | 2 000 | 193 000 |
| Nye Bavallsvegen Lundarosen - Ringheim | 7 700 | 3 900 | 0 | 0 | 11 600 |
| **Sum Vatn, avlaup og renovasjon** | **71 700** | **102 900** | **80 000** | **12 000** | **266 600** |

| | Økonomiplan | | | | Sum |
|---|---|---|---|---|---|
| Investeringsprosjekter | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 | 2024-27 |
| Sum | 71 700 | 102 900 | 80 000 | 12 000 | 266 600 |

## Investeringar, skildring av ulike prosjekt

### Administrasjon og leiing

#### Felles IT anlegg

Samlepost for investering i felles infrastruktur og system. Investeringbehovet er forventa stabilt heile perioden.

#### Kapitalbevaring bygg/anlegg - administrasjonsbygg

I 2021 vart det sett i gang eit arbeid for kartlegging av tilstand på den kommunale bygningsmassen. Kvart enkelt bygg vert grundig vurdert for å fastsetja behov for vedlikehald og utbetringar. Rapportane estimerer kva kostnader eigar må pårekna for å oppretthalde standard, og dermed kapital i anlegg og bygningsmasse.

### Plan, næring og forvalting

#### Bilkjøp oppmålingstenesta

Oppmålingsavdelinga disponerer 2 bilar, og ser no behov for å byta ut den eldste. Hittil har det vore behov for 4-hjuls drift på begge køyretøya. Då det framleis ikkje er råd å skaffa el -varebil med 4-hjulstrekk, er det konkludert med at ein av bilane kan ha 2-hjulstrekk. I denne konkrete saka er det såleis mogleg å følgja opp målsettinga til Vossaklima 2030 om at alle nybilkjøp skal vera fossilfri.

#### Mogelegheitsstudie sentrumsnære bustader

Det er behov for attraktive bustader i sentrum. Desse kan bidra til innflytting, rekruttering til helse og omsorgsyrke og andre kritiske samfunnstenester.  Samstundes vil dette gje større variasjon i bustadmarknaden på Voss, og gjera det lettare for unge å komme inn på bustadmarknaden. Temaplanen Voss i vekst og påpeikar behov for å jobbe aktivt med rekruttering. Det er ei utfordring med dyre og einsarta bustadar på Voss. Treng bustader tett på sentrum jamføre Klimaplanen, der transport er ei stor utsleppskjelde i Voss herad. Framlegg til midlar slik at forprosjekt kan starta opp hausten 2023.

#### Vedlikehald av eksisterande flaumsikringsanlegg

Teknisk drift har frå 2023 fått ansvar for oppfølging og utbetring av 22 flaumsikringsanlegg (alle anlegg) som er utført av NVE i Voss herad og tidlegare Granvin Herad. Ein veit ikkje kva som ligg av kostnader for å halda desse ved like pr.dags dato. Arbeidet med å få kartlagd tilstanden på dei ulike anlegga er i gang. Det kan ligga store skjulte kostnader her.

### Samferdsel

#### Diverse anleggsmaskiner

Kjøp av maskiner/utstyr til anleggsavdelinga til bruk i tenesteområde kommunale vegar (vedlikehald og utbetring sommar/vinter) og tenesteområde vatn/avløp.

**Standardh.bruer (inv.)**

Voss herad har 119 bruer. Det er viktig oppgradera bruer årleg slik at dei held den bruksklasse som kommunal veg inntil brua har. Heradet må kvart 5.år leiga inn fagleg kompetanse for å sjekka bruer. Om farlege bruer ikkje vert utbetra, må brua stengjast.

**Trafikksikringstiltak**

Heradet har fått midlar til revisjon av gjeldande trafikksikringsplan. Det er viktig at det er midlar til å gjennomføre tiltak i planen.

**Utbyggingsavtalar og offentleg/privat samarbeid OPS**

Utbyggingsavtalar og offentleg/privat samarbeid - OPS, betyr eigenandel frå kommunen si sida. Eit godt verkemiddel for å få gjennomført gode samfunnsutviklingsprosjekt i nye og eksisterande utbyggingsområde.

**Veginvestering/vegpakke**

Omlag 31 mil kommunale vegar med 119 bruer krev årlege investeringar. Det er eit generelt investeringbehov for å hindre forfall, oppretthalde tilfredsstillande standard og oppgradere visse vegstrekningar. Det er dessutan eit etterslep på oppgradering kommunale vegar, bruer og parkeringsområde.

Utbetring og oppgradering av 1% av vegnett og 2 bruer pr år utgjer 3.000 meter veg x 4 mill =12 mill kr. Med slik investeringstakt tek det 100 år å fornye vegnettet. I 2023 er beløp nedjustert frå 12 mill til 7, pga framlegg til ekstra løyving i 2. tertialrapport 2022 med 5,3 mill. For perioden 2024-2026 er beløpa halvert i høve årleg behov.

## Eigedom og bustad

**Aktivitetstorg oppgradering**

Oppgradering av Aktivitetstorget slik at området med fleire nye prosjekt får ein god heilheit og utforming. Målet er å ferdigstilla området inn mot Prestegardsmoen, og at plassen vert ferdigstilt samstundes som kringliggande prosjekt.

Aktivitetstorget er plassen som ligg mellom ny ungdomsskule, aktivitetsparken og nytt servicebygg, og vert ikkje oppgradert i samband med gjennomføring av desse. Det er viktig at byrommet mellom dei nye prosjekta ikkje får ei oppgradering der ein får på plass infrastruktur for søppel, sykkel og tydleg køyremønster for utrykking.

Det er sett av 2 mill i 2023 og 6 mill i 2024 til torget, totalt 8 mill som no er overført til 2024 for utføring. Ein jobbar no med forprosjekt og koordinerer dette opp mot revidering av Servicebygget. Planen er å lysa ut begge prosjekta samla med bygging og ferdigstilling ila 2024.

Torget skal leggja til rette for god folkehelse, satsa på born og unge, uorganiserte aktivitetar, møteplass på tvers av generasjonar, motverke utanforskap, skapa eit attraktivt regionsenter. Gjera Voss attraktivt som bu og arbeidskommune - rekruttera til helse og omsorg og andre yrker som har utfordring knytt til rekruttering.

**Bilkjøp avdeling Bygg og eigedom**

Utskifting av eldre bilar i avdeling Bygg og eigedom. Maskiner, utstyr og bilar må fornyast og skiftast ut samstudes som det vil vera trong for endra arbeidsmåtar og anna utstyr. Det vert kontinuerleg arbeidd med strukturendringar, der avdelinga søker etter kostnadsreduksjon gjennom stadig meir effektive prosessar og maskiner.

**Bustad Skulestadvegen - ny personalbase og bustad**

Nytt tiltak i økonomiplan 2024-2027: Arbeid i gang i 2023. Ny personbase og bygging av ein bustad ekstra + oppussing av eksisterande personalbustad til utleige bustad. Ombygging og tilpassing av bustad for brukar.

**Bustad Vetleflaten 1F oppgradering**

Haust 2023: Ventar på svar på tilskotssøknad frå Husbanken medio oktober. Deretter prosjektering og innkjøp. Brannalarmanlegg. Byggjestart rundt nyttår. Treng 1 mill ekstra. Totalkostnad 15-16 inkl mva. Tilskotet frå Husbanken er 50% av oppgradering og ikkje oppussing.

Tidlegare tekst: Det er behov for å oppgradera eksisterande omsorgsbustader på Vetleflaten 1.etg (mot hovudveg) for å tilpassast eldre med demens. Leilegheitene står i dag tomme og treng oppgradering før dei kan leigast ut på nytt som omsorgsbustader.

Dette er personar som ikkje kan bu heime men heller ikkje kjem inn under kriteria for sjukeheimsplass. Dei ville i heimen hatt hyppig bruk for heimesjukepleie. I denne typen omsorgsbustad vil ein ha mogelegheit for å nytta teknologi til trygging og oppfylging . Omsorgsbustadane er knytt til sjukeheimen på Vetleflaten, heimesjukepleie er stasjonert i same bygg og her vil koma kjøkken med kafè.

Endringa vil føra til reduserte driftsutgifter. Innsparingar på lønsutgifter vil hentast inn ved naturleg avgang.

**Bustad Vetleflaten 2F oppgradering**

Ny i økonomiplan 2024-2027: Bustad Vetleflaten 2F oppgradering bør samordnast med gjennomføring av 1.etasje. Omfattar mellom anna utskifting av vindauger/fasadar. Kan søkja om midlar hjå Husbanken. Startar prosjektering i 2024 og tek sikte på gjennomføring i 2025.

**Kapitalbevaring bygg/anlegg - formålsbygg**

I 2021 vart det sett i gang eit arbeid for kartlegging av tilstand på den kommunale bygningsmassen. Kvart enkelt bygg vert grundig vurdert for å fastsetja behov for vedlikehald og utbetringar.

Rapportane estimerer kva kostnader eigar må pårekna for å oppretthalde standard, og dermed kapital i anlegg og bygningsmasse.

**Kapitalbevaring bygg/anlegg - kommunale bustader**

Utbetring og oppgradering av bustadar tilpassa ulike brukargrupper. Det er generelt stort behov for bustader, det er eit etterslep på oppussing og oppgradering av 40 bustader. Heradet har auke i brukarar med behov for heildøgns bemanning vegg i vegg med leilegheita dei bur i.
Det vil vera eit generelt behov for å byggje nye bustader sentrumsnært til eldre som skal bu i eigen heim, som i dag bur i distrikta. Det er fleire aktuelle tomter til formålet.
Dei komande åra vil det flytta fleire personar til heradet frå nabokommunane. Det er spesielt innan gruppa menneske med nedsett funksjonsevne me merkar stor interesse for å flytte til Voss.
Bustader til dei sjukaste innan rus/psykiatri avdelinga er viktig å få på plass. Her har me eit hus som kan oppgraderast.

**Mogelegheitsstudie tomter for lokalisering av tenester**

Mogelegheitsstudie av kommunale tomter for lokalisering av kommunale tenester. Aktuelle tomter/område for vurdering er gamal brannstasjon i Hardangervegen ved Vetleflaten/Udlabu, Lekvebakken og Hagahaugen. Aktuelle spørsmål er kva kan desse tomtene/bygningane nyttast til, og kva tenester er hensiktsmessig å samla.

**Sentralidrettsanlegg idrettstorg oppgradering**

Oppgradering av Idrettstorget. Nytt idrettshus stiller krav til at området mellom dette og Vossabadet og Idrettshallen får ei god heilskapleg utforming tilrettelagt for universell utforming, ulike brukarar og behov. Planar for nytt idrettstorg ligg inne i vedteken plan for Sentralidrettsanlegget. Målsetjing å utbetre og få på plass eit idrettstorg. Skape ein god og attraktiv møteplass.

**Sentrumsplan, handlingsplan byromstrategi (grønt fond)**

I samband med ny sentrumsplan skal det utarbeidast fleire strategiar for kva som skal til for å få ynskja utvikling i sentrum. I tillegg skal kommunen vere aktive medspelarar i arkitektkonkurransar på utvikling av verdifulle sentrumstomter. Eit av dei viktigaste tiltaka er å få sikra og opparbeida gode byrom. Det skal utarbeidast ein byromstrategi som vil ha prioriterte tiltak for opparbeiding. Det må setjast av pengar til utvikling og opparbeiding. Det må vere eit satsingsområde og denne utviklinga vil krevje offentlege midlar. Det kan både vere mellombelse og permanente tiltak.

**Strandpromenade/stemneplass**

Uferdig strandpromenade etablert etter utfylling i Vangsvatnet. Planlagt ljos og møblering manglar. Konsekvens: redusert brukskvalitet delar av året.

**Utbyggingsavt. Park**

Fortettingsprosjekt i sentrum. Arealet er regulert gjennom detaljreguleringsplan for Park hotell Vossevangen p-id 2013007. Det er inngått utbyggingsavtale med utbyggjar. Det er avtalt ei kostnadsfordeling mellom Voss kommune og utbyggjar. Utbyggjar gjev Voss herad eit kontantbidrag

slik at definerte tiltak i området kan gjennomførast. Voss herad skal vera ansvarleg for utbygginga. Dette er eit viktig tiltak i samband med offentlig tilrettelegging for god bustadfortetting i sentrum. Prosjektet må gjennomførast innan tidsfrist, elles vil kommunen miste kontantbidraget. Frist 2025

## Brann og ulukkesvern

**Brannvern framkostmiddel og redningsverktøy**
Utskifting av framkomstmiddel og redningsverktøy for brannvernet. ATV (0,3 mill + mva) og redningsverktøy (0,3 mill + mva) i 2024, 2 tenestebilar i 2025, gummibåt med motor i 2027.

**Brannvern høgdereiskap**
Behova er ihht politisk vedteken brannordning. Høgdereiskap hovudbrannstasjon Voss i 2023.

**Brannvern mannskapsbilar og tankbilar**
Utskifting mannskapsbilar og tankbilar til tidsrett utstyr, jf vedteken brannordning. I økonomiplan-perioden 2024-2027 er det naudsynt å byta ut tankbil på hovudbrannstasjonen i tillegg til tankbil og mannskapsbil på bistasjon Granvin.

**Hovudbrannstasjon**
Prosjekt omfattar detaljreguleringsplan for sentrale område på Tvildemoen for bustadar, ny hovudbrannstasjon, grøntareal og næring. Samstundes med regulering av område vert det også utarbeidd forprosjekt på brannstasjonen.

Moglegheitsstudie vart gjennomført hausten 2022, og forprosjekt starta opp februar 2023. Det er signert kontrakt med vinnar MAD som er ansvarleg for utarbeiding av reguleringsplan samt forprosjekt på brannstasjon. Dette arbeidet er i full gang, og målet er at planen skal ut til fyrste gongs handsaming oktober 2023. Når høyringsfristen for reguleringsplanen er utgått, skal det lysast ut totalentreprise. Målet er at totalentreprise vert lyst ut i november-desember 2023. Når reguleringsplanen er godkjent startar ein bygging av hovudbrannstasjon. Målet er oppstart bygging i april 2024.

Det er skrive kontrakt med konsulentar for alle fag på 4,5 mill kr, dette omfattar reguleringsplan og forprosjekt brannstasjon. Desse midlane vil verta nytta i 2023. I tillegg vil det verta behov for grunnundersøkingar og trafikkanalysar, detaljering av rundkøyring Rv.13 samt detaljering gang og sykkelveg under Rv.13, BIM-koordinator og innleigd innkjøpskonsulent. Tillegga som er kjent vil truleg ligga kring 0,5 mill, men dette er ikkje avklart per no.

Grunna reguleringsprosess og krav frå Statens vegvesen på innlemming av kryss på RV 13 i planområdet vil ein ikkje ha tid å setja i gang bygging i 2023, slik forventa framdrift låg til grunn for budsjett 2023. Hovuddelen av budsjettmidlane må såleis overførast til 2024 når hovudaktiviteten av bygging av brannstasjon vil skje.

Etter flaumen i 2022 er det kome fram behov for lagring av flaumvern i Voss herad, dette er no innarbeida i forprosjektet og vert plassert på ny hovudbrannstasjon. Sivilforsvaret har og fått plass i

ny brannstasjon, dette arealet deler  Voss herad med kringliggande kommunar. Kostnad knytt til sivilforsvaret skal såleis delast med fleire partar.

Kalkylen frå januar 2023 på 57 mill (eks mva) er no oppdatert etter endringar i forprosjektet til 58,7 mill (eks mva). I tillegg kjem konsulent kostnader i forprosjektet på kring 5 mill, rekkefølgekrav i områdeplan for Tvildemoen på 2,6 mill samt solceller (opsjon). Årleg festeavgift vil ligga rundt 250.000 og dekkast frå drift. Det er ikkje lagt til tomtekostnad i kalkylen. Ny kalkyle med usikkerheit på 10 % medfører ein kostnad på 72 mill eks mva, det er då ikkje tatt med post for uføresette kostnader.

Det er stor usikkerheit knytt til prisar for tida. Det har vore ein kraftig prisvekst i Vestland og store endringar i marknaden gjer prising uførseieleg.

**Hovudbrannstasjon inventar/utstyr**
Midlar til inventar/utstyr til ny hovudbrannstasjon i form av møblement og AV-utstyr.

## Finansielle postar/økonomi

### Eigenkapitalinnskot KLP
Eigenkapitalinnskot til KLP vert ført som ei investering og vert dekka av bruk av avsette ubundne midlar (disposisjonsfond).

## Grunnskule

### Oppgr.uteområde skular/barnehagar
Vedtak HST 12.12.23: Det vert sett av 3 millionar til oppgradering av uteareal ved skular og barnehagar i Voss herad. Heradsstyre ber rådmannen legge fram liste med totalt utbetringsbehov vinteren 2024, der utearealet ved Vangen skule skal vektleggast særskild. Inndekning gjennom å nytte midlar sett av til trekk i rammetilstkotet for sal av konsesjonskraft.

### Inventar/utstyr skuler og barnehagar
Potten er ein samlepost for alle barnehagar og grunnskular til årleg fornying av større inventar/utstyr, digitalisering og bilkjøp.

### Kapitalbevaring bygg/anlegg - skulebygg
I 2021 vart det sett i gang eit arbeid for kartlegging av tilstand på den kommunale bygningsmassen. Kvart enkelt bygg vert grundig vurdert for å fastsetja behov for vedlikehald og utbetringar. Rapportane estimerer kva kostnader eigar må pårekna for å oppretthalde standard, og dermed kapital i anlegg og bygningsmasse.

### Opprusting av skulebygg
Voss har mange skulebygg som krev rehabilitering. Det vert planlagd med 10 mill.kr årleg til oppgradering av skular både innvendig og utvendig. Skular og prosjekt vert prioritert etter tilstandsanalysar og vurdering av kor kritisk utbetringa er. Utbetringane skal gjera at skular stettar

krav til arbeidsmiljø og miljøretta helsevern. Tiltaket omfattar tidlegare budsjettpostar for brannførebyggjande tiltak, takrehabilitering, rehabilitering av toalett/sanitæranlegg, tilpassing av lokale til elevar med særskilte behov og generelle rehabiliteringstiltak.

**Ungdomsskulen idrettsfløy**

04.04.2022 vedtok heradsstyre i sak 33/22 endeleg vedtak om bygging av ny idretts- og skulefløy ved Voss ungdomskule. Prosjektet har ein kostnad på 113 mill og vil vera klart 15.12.2023. Grunna usikkerheit i marknaden er det lagt inn ein usikkerheitsfaktor for løns- og prisstigning på 17 mill, samt ein post for uforutsett på 5,5 mill. Totalt gjev dette ei prisramme på kr. 135,5 mill eks mva.

Som punkt 2 vart det vedteke opsjon på bygging av teknisk rom for utebassenget under ny idrettsfløy, vert nytta. Teknisk rom har ein kostnad på kr. 3,6 mill og vert finansiert gjennom løyving frå disposisjonsfond.

Tidlegare vedtak: Det var i heradsstyre sak 98/20 vedteke å byggja ny idretts- og skulefløy ved Voss ungdomsskule. Utbygging skal skje i tråd med Alternativ A og innanfor ei maksimal budsjettramme på 82,3 millionar eks. moms.

Denne prisen inkluderer oppjustering av skuleplass, spelemidlar på 5 millionar kjem i tillegg.

Etter vedtaket er det avklart at kjellar ikkje skal byggast, ein står då igjen med eit bygg på 2780 m2.

I sak 10/21 (04.02.2021) i HST vart det vedteke at rådmannen får fullmakt til å arbeida vidare med å finna hybride løysingar som gjev størst vinst for klima og økonomi. Dette skal skje innanfor ei ramma på 15% meirkostnader samanlikna med tidlegare vedteke budsjett.

I juli 2021 vart totalentreprise for prosjektet avlyst grunna for høge prisar jamføre vedteke budsjett. Etter avklaring i sak 21/00741-4 i HST 02.09.2021 fekk rådmannen fullmakt til å auke budsjettramma for å halde på klimatiltak i bygget. Etter ny konkurranse skal saka tilbake til politikarane i samband med økonomiplanen.

Skuleprosjektet låg ute som totalentreprise med samspel, med frist 9.november 2021. Etter 9.november vil rådmannen ha oppdatert estimat for kostnaden ved skuleprosjektet. I januar 2022 vart det lagt opp til samspelsfase med entreprenør, byggherre og brukarar for å gjera dei siste justeringane i prosjektet. Her vart endeleg pris og framdrift i prosjektet fastsett. Etter avslutta samspel vert det inngått kontrakt for bygget med valt totalentreprenør.

## Barnehage

**Inventar/utstyr skuler og barnehager**

Potten er ein samlepost for alle barnehagar og grunnskular til årleg fornying av større inventar/utstyr, digitalisering og bilkjøp.

**Kapitalbevaring bygg/anlegg - barnehagebygg og uteområde**

I 2021 vart det sett i gang eit arbeid for kartlegging av tilstand på den kommunale bygningsmassen. Kvart enkelt bygg vert grundig vurdert for å fastsetja behov for vedlikehald og utbetringar. Rapportane estimerer kva kostnader eigar må pårekna for å oppretthalde standard, og dermed kapital i anlegg og bygningsmasse.

**Ny barnehage i Granvin**
I oktober 2023 er det forsøkt å få kvalitetssikra prosjektkostnad for ny barnehage i Granvin. Det er for tida ein krevjande marknad med stor usikkerhet. Førebels er det lagt eit moderat tal for uvisseavsetnad. Vidare har det vore ei generell prisauke, samstundes som heradet er meir ambisiøse når det gjeld klima i sine bygg (jf. bruk av massivtre). Dette medfører ein ekstra kostnad, men me vil leggje inn ein opsjon der massivtre kan erstattast med betong/annan konstruksjon i delar av taket for å få fram pris på dette.

I tillegg kjem nokre ytre faktorar utover sjølve bygget som krev sin del av kostnadane. Desse er knytt til rekkefølgekrav og ekstra kostnadar som ikkje tilhøyrer bygget i seg sjølv, men som er med på å utløyse eit større potensiale i Granvin. Særleg gjeld dette VA, som vil gje ringsamband i Granvin, og oppgradering i Røynstrandvegen, som er omtalt i heradets trafikksikringsplan.

**Ny barnehage Voss sentrum**
Nytt tiltak i økonomiplan 2024-2027: Behov for etablering av nye barnehageplassar i Voss sentrum. Basert på prosjektkostnad for barnehage i Granvin, vert det lagt inn midlar til ei dobbelt så stor eining.

**Oppheim skule - ombygging til barnehage HST 86/21**
Haust 2023:

Prosjekt 2597 Oppheim skule - ombygging til barnehage HST 86/21 er budsjettert med 6 mill i 2023 og 6 mill i 2024. Prosjektet tek utgangspunkt i skisse utarbeidd av Mossige arkitektur.

I samband med planlegging av ombygging vart det starta opp miljøkartlegging tidleg i august. Det vart då oppdaga asbest i klasse A, og bygget vart stengt. Det er naudsynt å få betre oversikt over asbestfiber gjennom oppsopsprøvar og tapeprøvar.

Etter funn av asbest, er det to alternativ for å etablera ny barnehage på Oppheim:

1. Sanera bygget slik det står. Det vil seia ta ut alle komponentane som anten er asbesthaldige eller er ureina, og byggja opp bygget på nytt med rette kvalitetar og rette funksjonar.
2. Riving av gamle Oppheim skule. Prosjektera og byggja nytt bygg.

Voss herad har bestillt grunnlag frå konsulent for å vurdere desse to alternativa. Endeleg rapport frå Miljøkartlegginga er i sluttfasen, og må få hjelp av konsulent til å få på plass ein konkurranse om sanering av bygget eller riving for å få eit meir presist kostnadsoverslag.

HST 16.12.21: Prosjektet med å ta i bruk og oppgradera eldre bygg må starta opp. I fyrste omgang er det flytting av Hauge barnehage til Oppheim skule med mål om ferdigstilling hausten 2023.

Berekningar av kostnad er gjort av entreprenør. Det har vore møte mellom adm og politisk leiing for å diskutere politiske vedtak knytt til Oppheim og Bolstad. Det skal vurderast om det er mogleg å gjere mindre rehabilitering av bygget enn det entreprenør har antyda tidlegare. Oppheim vert ein barnehage for alle i Hauge barnehage (om lag 12 born) + at det er rimeleg å anta at nokre born frå Sundve FUS kanskje også vil gå her. Kapasiteten bør nok difor vere på noko meir enn 12 born. Kostnadsoverslaget er utført før vesentleg vekst i byggekostnadsindeks.

## Barne- og familietenestene

### Bilkjøp oppvekst

Barne og familietenestene er no etablert i Knutepunktet. Det bidreg til auka kvalitet og betre samarbeid. Husleiga er høg, men me treng ikkje å setja av pengar til vedlikehald.
Det må setjast av 500 000 årleg til bilkjøp, og altså 2 millioner i fire års perioden.

### Lokale vaksenopplæringa

Kulturhuset ikkje har rom nok til både vaksenopplæring og kultur. Då må det vurderast om vaksenopplæringa skal flyttast. Helsehuset er alternativet som kan vurderast, saman med andre lokale Voss herad har hand om. På kort sikt vil leige av lokale truleg kunne avhjelpe utfordringa. Då vil vaksenopplæringa verte ei delt teneste, noko dei ikkje ynskjer. Innmeldt behov 30 mill, men prioriteringar mellom ulike tenester og prosjekt medfører nedjustering og tilpassing til ei knapp investeringsramme.

## Helse

### Voss interkommunale legevakt (IKL)

Ulike alternativ for framtidig drift og organisering av Voss interkommunale legevakt er utgreidd. Dette vert lagt fram som eiga sak hausten 2022. Økonomien i prosjektet vert innarbeidd i budsjettet i løpet av 2023.

## Omsorg

### Bilar helse og omsorg

Helse og omsorg har totalt nær 50 bilar og må skifta ut 4-5 av desse årleg.

I 2023 er det sett av 2,5 mill. kr i klimabudsjettet til å bytta ut gamle kjøretøy som går på diesel/bensin med fossilfri kjøretøy. Det må kartleggast kor i organisasjonen det er størst behov for utskifting, slik at investeringa gjer størst mogleg gevinst med tanke på reduksjon i klimagassutslepp.

### Kapitalbevaring bygg/anlegg - institusjonar

I 2021 vart det sett i gang eit arbeid for kartlegging av tilstand på den kommunale bygningsmassen. Kvart enkelt bygg vert grundig vurdert for å fastsetja behov for vedlikehald og utbetringar.

Rapportane estimerer kva kostnader eigar må pårekna for å oppretthalde standard, og dermed kapital i anlegg og bygningsmasse.

**Utstyr og tekniske installasjonar**
Oppgradering og utskifting av utstyr og tekniske installasjonar innan pleie og omsorg. Velferdsteknologi brukt riktig er ressurssparande og kan vere meir skånsomt for brukaren.

## Kultur og fritid (inkl.kyrkja)

**Bibliotek - lysskjerming**
Bøkene i biblioteket er utsett for så sterkt sollys slik at dei vert øydelagt. Det er difor behov for solskjerming som dekker vindauga i biblioteket men som ikkje hindrar utsikt.

**Bokbuss**
Bokbussen er ein stor suksess. Han er mykje brukt, utlåna er store, og han er viktig for å auka leselysta blant elevane. Voss herad har valt å løysa kravet om tilgang til skulebibliotek ved å samarbeida med folkebiblioteket sin bokbussteneste som køyrer til dei skulane som ikkje ligg i gangavstand til biblioteka i Voss/Granvin.
Det er vedteke at det skal kjøpast ny bokbuss i Voss herad i 2023. Ei arbeidsgruppe har sett på ulike alternativ og henta inn prisvurderingar frå aktuelle leverandørar. Tildeling av kontrakt for bygging av ny bokbuss skjer før sommaren 2023, dette inneber at ny bokbuss tidlegast kan leverast august 2024. Anskaffinga har teke noko meir tid enn tenkt, då behovet har endra seg og me no ynskjer ein heilelektrisk bokbuss. Investeringa låg i sin heilskap i 2023 budsjettet, men er no splitta over to år.

**Gamlekinoen rehabilitering**
Utval for formannskap, plan og økonomi gjorde vedtak om rehabilitering av gamlekinoen 27. april 2023. Voss herad må finansiera eigendel på kr. 13 millionar (+mva). I tillegg vert det lagt inn ei ramme på kr. 5 millionar (+mva) som vert forsøkt dekt inn av eksterne sponsorar.
Rehabilitering av gamlekinoen er eit prosjekt som har vore del av kulturbyggplanane på Voss sidan vedtaket om å bygge nytt Kulturhus. Det har vore gjort mykje grunnlagsarbeid i samarbeid med brukarane. Foajeen er ferdig renovert og blei teke i bruk i 2019. Renovering av Gamlekinoen skal gjerast som eit kulturminneprosjekt slik at ein tek vare på den opphavelege 50-tals uttrykket i bygget. Moglegheitsstudien av Gamlekinoen er levert og er grunnlaget for investeringsplan. Den totale kostnadsramma er berekna til kr. 60 millionar (inkl. mva). Dette inkluderer mellom anna ombygging av Tinghus 2 til backstage og nytt ventilasjonsanlegg. Det vil bli søkt både regionale og statlege kulturhusmidlar til prosjektet.

**Gryto - støydempande tiltak**
I påvente av nye lokalitetar til ungdomsklubben, må lokalane i Gryto rehabiliterast og settast i stand etter forsvarleg HMS standar. I dag er det to hovudutfordringar her; det er manglande ventilasjon og akustikk i romma. På normale klubbkveldar er det mellom 80 – 100 ungdommar innom Gryto og hovudrommet klarer ikkje absorberer lyden av desse. Av omsyn til eit forsvarleg arbeidsmiljø må det

inn ny ventilasjon (ligg i budsjett for 2023) og støydempande tiltak. Me har ikkje utgreidd omfang og kostnadar for dette, men håper å koma eit godt stykke på veg med kr. 500.000.

**Meirope bibliotek**
Meirope bibliotek gjev innbyggjarane tilgang til biblioteket sine lokale og samlingar utanom bemanna opningstid. Automatar samt overvaking og åtgangskontroll gjer det mogeleg og legg til rette for at innbyggjarane skal klare seg sjølv i biblioteket. Å få til ei meirope løysing er eit stort prosjekt som omfattar anskaffing av utstyr, tilrettelegging av lokala og vurderingar knytt til personvern. I Voss har me ei slik løysing i Kulturbanken i Granvin, når me no ynskjer å få til ei slik løysing i lokala på Voss vil me samstundes nytte høvet til å sjå heilskapleg og samla på tenestene knytt til meirope, der også biblioteksystem er ein del av prosjektet/anskaffinga.

**Ny kinoframvisar**
Då kulturhuset var nytt i 2011 vart det kjøpt inn nye kinoprojektorar i alle salar med garanti på 10 år. Projektor i kultursal vart skifta i 2020, og digitalsalen skal skiftast i 2023. Det vil sei at det no står igjen å skifte projektor i panoramasal.

**Voss idrettshall - oppgradering garderobar/toalett**
Oppgradering av garderobar idrettshall til 1,5 mill årleg i økonomiplan-perioden 2023-2026. Her kan det søkjast om spelemidlar med 0,5 årleg, slik at finansieringsbehovet er 1 mill årleg.

**Voss kulturhus oppgradering**
Voss kulturhus vart opna i 2011 og har no trong for oppgraderingar. Huset skal vere kulturlivet på Voss sin føretrekte samlingsplass og utstillingsvindauge, og me legg til rette for både frivillig og profesjonell kulturproduksjon. Huset har behov for oppgraderingar. Teknisk utstyr som er utdatert, og utslite møblar og inventar gjer at huset ikkje framstår oppdatert og profesjonelt. Behova og bruken av huset har også endra seg gjennom åra. Kulturtilbodet og kulturpreferansane er i stadig endring som gjer at me må endra tilbodet i huset. Huset starta mellom anna med fokus på utleige til kurs og konferanse. Denne marknaden er stort sett overteke av hotella. Den endra prispolitikken har opne huset for det frivillige lagslivet. Elevplassane i kulturskulen er auka frå 250 til nær 500 i perioden og dei har behov for større og betre tilrettelagt plass. Fokus på klima og sirkulærøkonomi gjennom mellom anna tilrettelegging for folkeverkstad* vert meir og meir etterspurd.
Samla sett gjer dette at me må ha ein samla analyse av status og behov knytt både til teknisk tilstand og ombyggingar som fylgje av bruksendringar. Det vert lagt inn midlar til ei slik analyse. Tilstands- og behovsanalysen av vil kartleggja investeringsbehova i Kulturhuset. Tiltaka vil bli vurdert etter det. Alle tiltaka kan ikkje gjerast på eit år, men vil verta teke over tid,  og midlar til jamleg oppgraderingar i heile planperioden.

* I ein folkeverkstad kan du la deg inspirere til reparasjon og redesign. Verkstaden er ein samlingsstad for innbyggjarane der dei får tilgang til verktøy og maskinar for å reparere, re-designe og forbetre kle, elektronikk, sykkel og andre gjenstandar. I ein folkeverkstad kan me bidra til auka kunnskap og engasjement for gjenbruk, berekraft og kunnskapsdeling.

**Vossabadet - energieffektiviserande tiltak**
I 2024 er det lagt opp til energieffektiviserande tiltak med 1,5 mill (overført frå 2023).

## Sjølvkostinvesteringar

## Vatn, avlaup og renovasjon

**Bømoen reserve vassverk**
Arbeid med prøvepumping og strømningskart er nær ferdig. Bygging av vassanlegg, høgdebasseng og leidningsnett vil skje i økonomiplanperioden. Dersom noko skjer med dagens vasskjelde i Prestegardsmoen, har ikkje Voss reservevatn pr dato. Viktig at Bømoen kjem i drift. Sjølvfinansiering.

**Hovudplan avløp**
Det er årleg sett av midlar til investering i nyanlegg og oppgradering av gamalt leidningsnett. Tiltaket er sjølvfinansierande gjennom vatn- og avløpsgebyret. Kommunar som leverer vatn og avløpstenester har ei utfordrande oppgåve med å skifta ut leidningsnett raskt nok. 1% utskifting/rehabilitering årleg utgjer for tida 2000 meter ledningsnett.

**Hovudplan vatn**
Det er årleg sett av midlar til investering i nyanlegg og oppgradering av gamalt leidningsnett. Tiltaket er sjølvfinansierande gjennom vatn- og avløpsgebyret. Kommunar som leverer vatn og avløpstenester har ei utfordrande oppgåve med å skifta ut leidningsnett raskt nok. 1% utskifting/rehabilitering årleg utgjer for tida 2000 meter ledningsnett.

**Myrkdalen VA-utbygging**
I tråd med Hovudplan VA Myrkdalen (vedtak 18.6.2020) - vatn- og avløpsanlegg sjølvkostfinansiert. Prosjektorganisasjonen i Voss herad starta opp tidleg i 2022, og er godt i gang med planlegging. Dersom framdriftsplanen held, kan arbeid med etablering av vass-behandlingsanlegg og renseanlegg ta til i løpet av 2023.

**Nye Bavallsvegen Lundarosen - Ringheim**
I planar ligg ny vegtrase til Bavallen frå rundkøyring i Lundarosen til Ringheim. Framdrift i prosjektet er avhengig av fylkeskommuen. Ved bygging av ny veg frå rundkøyring i Lundarosen til øvre Ringheim ca 1,6 km må ny forsyningslinje for kloakk etablerast i planlagt veg. Leidningsnett for vassforsyning er aktuelt å få på plass samstundes.

## Investeringsbehov på lang sikt

I tabellen nedanfor er investeringsbehov på lang sikt framstilt. Det vil sei behov som me veit om no, som gjeld 10 og 20 år fram i tid.

| Prosjekt | Skildring av prosjekt (mill kr i 2023-prisar inkl mva) | Investerings -plan 10 år 2028 - 2033 | Investerings -plan 20 år 2034 - 2043 |
|---|---|---|---|
| **Administrasjon og leiing** | | | |
| Kapitalbevaring bygg/anlegg - administrasjonsbygg | I 2021 vart det sett i gang eit arbeid for kartlegging av tilstand på den kommunale bygningsmassen. Kvart enkelt bygg vert grundig vurdert for å fastsetja behov for vedlikehald og utbetringar. Rapportane estimerer kva kostnader eigar må pårekna for å oppretthalde standard, og dermed kapital i anlegg og bygningsmasse. | 10 | 15 |
| **Plan, næring og forvalting** | | | |
| Mogelegheitsstudie sentrumsnære bustader - gjennomføring | Det er behov for attraktive bustader i sentrum. Desse kan bidra til innflytting, rekruttering til helse og omsorgsyrke og andre kritiske samfunnstenester. Samstundes vil dette gje større variasjon i bustadmarknaden på Voss, og gjera det lettare for unge å koma inn på bustadmarknaden. Temaplanen Voss i vekst og påpeikar behov for å jobbe aktivt med rekruttering. Det er ei utfordring med dyre og einsarta bustadar på Voss. Treng bustader tett på sentrum jamføre Klimaplanen, der transport er ei stor utsleppskjelde i Voss herad. Framlegg til midlar slik at forprosjekt kan starta opp hausten 2023, og arbeidet kan halda fram gjennom heile den langsiktige perioden. | 1 | 1 |
| **Samferdsel** | | | |
| Diverse anleggsmaskiner | Kjøp av maskiner/utstyr til anleggsavdelinga til bruk i tenesteområde kommunale vegar (vedlikehald og utbetring sommar/vinter) og tenesteområde vatn/avløp. | 18 | 28 |
| Standardheving bruer | Voss herad har 119 bruer. Det er viktig oppgradera bruer årleg slik at dei held den bruksklasse som kommunal veg inntil brua har. | 8 | 19 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Heradet må kvart 5.år leiga inn fagleg kompetanse for å sjekka bruer. Om farlege bruer ikkje vert utbetra, må brua stengjast. | | |
| Trafikksikringstiltak | Heradet har fått midlar til revisjon av gjeldande trafikksikringsplan. Det er viktig at det er midlar til å gjennomføra tiltak i planen. | 4 | 6 |
| Utbyggingsavtalar og offentleg/privat samarbeid OPS | Utbyggingsavtalar og offentleg/privat samarbeid - OPS, betyr eigenandel frå kommunen si sida. Eit godt verkemiddel for å få gjennomført gode samfunnsutviklingsprosjekt i nye og eksisterande utbyggingsområde. | 10 | 10 |
| Veginvestering/vegpakke | Omlag 31 mil kommunale vegar med 119 bruer krev årlege investeringar. Det er eit generelt investeringbehov for å hindra forfall, oppretthalda tilfredsstillande standard og oppgradera visse vegstrekningar. Det er dessutan eit etterslep på oppgradering kommunale vegar, bruer og parkeringsområde. Utbetring og oppgradering av 1% av vegnett og 2 bruer pr år utgjer 3.000 meter veg x 4 mill =12 mill kr. Med slik investeringstakt tek det 100 år å fornye vegnettet. I 2023 er beløp nedjustert frå 12 mill til 7, pga framlegg til ekstra løyving i 2. tertialrapport 2022 med 5,3 mill. For perioden 2024-2026 er beløpa halvert i høve årleg behov. | 72 | 120 |
| **Eigedom og bustad** | | | |
| Bilkjøp avdeling Bygg og eigedom | Utskifting av eldre bilar i avdeling Bygg og eigedom. Maskiner, utstyr og bilar må fornyast og skiftast ut samstudes som det vil vera trong for endra arbeidsmåtar og anna utstyr. Det vert kontinuerleg arbeidd med strukturendringar, der avdelinga søker etter kostnadsreduksjon gjennom stadig meir effektive prosessar og maskiner. | 6 | 10 |
| Forprosjekt aktivitetshus og omsorgstun - realisering | Realisering etter gjennomført forprosjekt. Helse og omsorg har behov for eit «hus» som inneheld fleire tenester. 30 bustader i 10 års perioden og 20 bustader dei neste 10 åra. Ergo , fysio, dagtilbod, arbeidstilbod, frisk liv, Velferdsteknologi – visingsrom, hjelpemiddel- omsorgsbustader. Å samla tenester vil vera meir effektivt for tenestene og gje gevinst for brukarane . Huset kan nyttast heile døgnet ved utleige til selskap, ungdomsklubb om kvelden , treningsrom for tilsette og brukarar. I fyrste | 64 | 40 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | omgang vert det løyvd midlar til mogelegheitsstudie, finansiert med midlar på fond frå kommunesamanslåing. 1000kvm aktivitetshus = 40 mill. | | |
| Kapitalbevaring bygg/anlegg - formålsbygg | I 2021 vart det sett i gang eit arbeid for kartlegging av tilstand på den kommunale bygningsmassen. Kvart enkelt bygg vert grundig vurdert for å fastsetja behov for vedlikehald og utbetringar. Rapportane estimerer kva kostnader eigar må pårekna for å oppretthalde standard, og dermed kapital i anlegg og bygningsmasse. | 10 | 10 |
| Kapitalbevaring bygg/anlegg - kommunale bustader | Utbetring og oppgradering av bustadar tilpassa ulike brukargrupper. Det er generelt stort behov for bustader, det er eit etterslep på oppussing og oppgradering av 40 bustader. Heradet har auke i brukarar med behov for heildøgns bemanning vegg i vegg med leilegheita dei bur i. Det vil vera eit generelt behov for å byggje nye bustader sentrumsnært til eldre som skal bu i eigen heim, som i dag bur i distrikta. Det er fleire aktuelle tomter til formålet. Dei komande åra vil det flytta fleire personar til heradet frå nabokommunane. Det er spesielt innan gruppa menneske med nedsett funksjonsevne me merkar stor interesse for å flytte til Voss. Bustader til dei sjukaste innan rus/psykiatri avdelinga er viktig å få på plass. Her har me eit hus som kan oppgraderast. | 15 | 15 |
| Mogelegheitsstudie tomter for lokalisering av tenester - realisering | Realisering etter gjennomført mogelegheitsstudie av kommunale tomter for lokalisering av kommunale tenester. Aktuelle tomter/område for vurdering er gamal brannstasjon i Hardangervegen ved Vetleflaten/Udlabu, Lekvebakken og Hagahaugen. Aktuelle spørsmål er kva kan desse tomtene/bygningane nyttast til, og kva tenester er hensiktsmessig å samla? Voss herad har mellom anna behov for fleire bustader, aktivitetshus med dagavdeling, arbeidstilbod, frisk liv med meir. | ? | ? |
| **Brann og ulukkesvern** | | | |
| Brannvern redningsverktøy, båt, atv og tenestebil | Utskifting til tidsrett utstyr, vedteken brannordning. I perioden 2024-2026 er det naudsynt å byta ut ATV og deler av | 2 | 3 |

| | | | |
|---|---|---:|---:|
| | redningsverktøyet. Resten av 10-års perioden 2027-2032 er det naudsynt å byta ut meir redningsverktøy, gummibåtar og mindre tenestebilar. Legg til grunn at utstyret har 10-års levetid i gjennomsnitt, slik at det er naudsynt å gjennomføra samme utskiftingssyklus ein gong til i løpet av 20 års perioden 2033-2042. | | |
| Utskifting mannskapsbilar og tankbilar | Behova er ihht politisk vedteken brannordning. I perioden 2024-2026 er det naudsynt å byta ut mannskapsbil og tankbil i Granvin og tankbil ved hovudbrannstasjon Voss. Resten av 10-års perioden 2027-2032 er det naudsynt å byta ut hovudmannskapsbil ved Voss. I 20 års perioden 2033-2042 er det naudsynt å byta ut utrykkingsbilar ved Evanger og Vossestrand. | 6 | 22 |
| **Vatn, avløp og renovasjon** | | | |
| Hovudplan vatn/hovudplan avløp | Det er årleg sett av midlar til investering i nyanlegg og oppgradering av gamalt leidningsnett. Tiltaket er sjølvfinansierande gjennom vatn- og avløpsgebyret. Kommunar som leverer vatn og avløpstenester har ei utfordrande oppgåve med å skifta ut leidningsnett raskt nok. 1% utskifting/rehabilitering årleg utgjer for tida 2000 meter ledningsnett. | 60 | 120 |
| Myrkdalen VA-utbygging | I tråd med Hovudplan VA Myrkdalen (vedtak 18.6.2020) - vatn- og avløpsanlegg sjølvkostfinansiert. Prosjektorganisasjonen i Voss herad starta opp tidleg i 2022, og er godt i gang med planlegging. Dersom framdriftsplanen held, kan arbeid med etablering av vass-behandlingsanlegg og renseanlegg ta til i løpet av 2023. | 100 | 0 |
| Renseanlegg - Fornying og optimalisering | Hovudrenseanlegget er om lag 30 år, og vil vera 50 år i slutten av den langsiktige perioden. Det er naudsynt å utføra mindre og større investeringar i anlegget for å oppretthalda rensekrav og energieffektivisering. | 12 | 20 |
| **Finansielle postar/økonomi** | | | |
| Eigenkapitalinnskot KLP | Eigenkapitalinnskot til KLP vert ført som ei investering og vert dekka av bruk av avsette ubundne midlar (disposisjonsfond). | 20 | 34 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Grunnskule** | | | |
| Inventar/utstyr skuler | Potten er ein samlepost for alle skular til årleg fornying av større inventar/utstyr, digitalisering og bilkjøp. | 2 | 4 |
| Kapitalbevaring bygg/anlegg - skulebygg | I 2021 vart det sett i gang eit arbeid for kartlegging av tilstand på den kommunale bygningsmassen. Kvart enkelt bygg vert grundig vurdert for å fastsetja behov for vedlikehald og utbetringar. Rapportane estimerer kva kostnader eigar må pårekna for å oppretthalda standard, og dermed kapital i anlegg og bygningsmasse. | 60 | 100 |
| Voss ungdomsskule | Voss ungdomsskule – får eit løft med idrettsfløyen. Større investeringar vert truleg naudsynt om 10-15 år. Me reknar ikkje med fleire elevar og at skulebygget då er stort nok. Omdisponering av bygg kan vurderast i eit langsiktig perspektiv. | 0 | 40 |
| **Barnehage** | | | |
| Ny barnehage Voss sentrum | Nytt bygg 4 avd barnehage. Barnehagen har i dag 2 avdelingar, så med 4 avdelingar vil me dobla kapasiteten til barnehagen. I dag er det om lag 30 born her, etter fullført rehabilitering kan me då auka kapasiteten til 60. Me antar det vil vera mest føremålstenleg med eit nybygg på Gjernes, då me veit at bygget på Gjernes er ganske gamalt. | 50 | 0 |
| Inventar/utstyr barnehager | Potten er ein samlepost for alle barnehagar til årleg fornying av større inventar/utstyr, digitalisering og bilkjøp. | 8 | 13 |
| Kapitalbevaring bygg/anlegg - barnehagebygg og uteområde | I 2021 vart det sett i gang eit arbeid for kartlegging av tilstand på den kommunale bygningsmassen. Kvart enkelt bygg vert grundig vurdert for å fastsetja behov for vedlikehald og utbetringar. Rapportane estimerer kva kostnader eigar må pårekna for å oppretthalda standard, og dermed kapital i anlegg og bygningsmasse. | 52 | 87 |
| **Barne- og familietenestene** | | | |
| Bilkjøp og digitalt utstyr | Barne- og familietenestene er no etablert i Knutepunktet. Det bidreg til auka kvalitet og betre samarbeid. Husleiga er høg, men me treng ikkje å setja av pengar til vedlikehald. Det | 4 | 6 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | er behov for 10 mill i perioden til bilar og digitalt utstyr. | | |
| **Omsorg** | | | |
| Kapitalbevaring bygg/anlegg - institusjonar | I 2021 vart det sett i gang eit arbeid for kartlegging av tilstand på den kommunale bygningsmassen. Kvart enkelt bygg vert grundig vurdert for å fastsetja behov for vedlikehald og utbetringar. Rapportane estimerer kva kostnader eigar må pårekna for å oppretthalde standard, og dermed kapital i anlegg og bygningsmasse. | 30 | 50 |
| Utskifting bilar helse og omsorg | Helse og omsorg har totalt nær 50 bilar og må skifta ut 4-5 av desse årleg. | 6 | 10 |
| **Kultur og fritid (inkl.kyrkja)** | | | |
| Bokbuss | Fornying etter 15-20 år, då kjøretøy har avgrensa levetid. | 0 | 10 |
| Kulturskule lokale oppgradering | Oppretthalda tilfredsstillande lokale for kulturskule. | 0 | 3 |
| Ny ungdomsklubb i sentrum - gjennomføring | Ny ungdomsklubb på Voss. Det vert lagt opp til investering i ny ungdomsklubb etter gjennomføring av mogelegheitsstudie. Det er ikkje mogleg å leggja inn tal no, men behovet vert varsla. | ? | 0 |
| Voss kulturhus oppgradering | Voss kulturhus er 11 år i 2022, og behov og bruk har endra seg noko gjennom desse åra. Tilstandsrapportar estimerer kva kostnader eigar må pårekna for å oppretthalde standard, og dermed kapital i anlegg og bygningsmasse. | 3 | 5 |
| | | **633** | **801** |

# Kommunen sine tenesteområde

# Administrasjon og leiing

**Skildring av verksemda i dag**

Tenesteområdet omfattar rådmann og administrative funksjonar og fellestenester for Voss herad. Stabsavdelingane HR og innovasjon, Strategi og styring og Innbyggjarservice har ansvar for dei fleste funksjonane her. Klimamidlar ligg også her.

Tenesteområdet har ansvar for å legga til rette for politiske og administrative avgjersler, analyse- og utgreiingsarbeid, økonomiske transaksjonar, lønsarbeid, organisasjonsutvikling, verksemdstyring og internkontroll, samfunnsutvikling, kommunikasjonstenester, samfunnstryggleik og driftsstøtte til verksemda. Målgrupper for tenestene er innbyggjarar, politikarar og andre kommunalområde (internt).

**Status og utfordringar**

Nokre av dei største utfordringane Voss herad står overfor i framtida er å ha nok og rett folk, bruka knappe pengar best mogleg og løysa klimautfordringar. Staben må difor retta si innsats i å hjelpa organisasjonen og samfunnet med å løysa desse utfordringane. Det må jobbast systematisk og målretta med å skaffa nok folk, og folk med rett kompetanse til å utøva samfunnsoppdraget vårt. Me må både skapa økonomisk handlingsrom og sikra at økonomien vert styrt på ein berekraftig måte. Voss må redusera klimautslepp, ta vare på natur og klima, og gjera naudsynte tilpassingar til klimaendringar.

Me har mange ansvarsområde, mål og satsingar. Det er freistande å nemna ord som effektiv, innovativ, serviceorientert, strukturert, automatisert, fagleg dyktig m.m.  Dette for å dekka behovet for stabs- og støttetenester til folkevalde, rådmann, organisasjonen og innbyggjarane. I framtida vil detta krevja ein annan og meir spesialisert kompetanse enn tidlegare. Éi av utfordringane som ligg i framtida er at me ikkje kan fylla alle behova. Me må prioritera kva kompetanse og kapasitet me skal ha på ulike område.

Kommunen si rolle som samfunnsutviklar krev meir dialog og samhandling med andre aktørar. Staben er sentral i dette arbeidet med overordna plan- og utviklingsarbeid, mellom anna innan klima, næringsutvikling og sysselsetjing. I åra framover vil dette innebera å jobba med blant anna realisering av planane Vossaklima 2030, Voss i vekst og SNU - strategisk næringsutvikling.

For å jobba meir effektivt vil det i åra framover bli jobba med å betra kvalitet på arbeidsprosessar, både i eigne rekkjer og hjå andre i organisasjonen. Dette skal gjerast gjennom å gjera ein del “taus”

kunnskap skriftleg i rutinar eller retningslinjer, styrka opplæring internt, gjera risikovurderingar og av å læra av feil. Gjennom gode arbeidsprosessar og tilsette med rett kompetanse, kan me betra kvaliteten på tenestene våre.

Eigarstyring ligg også under ansvaret til staben. Selskapa har ei viktig rolle i samfunnet og det vil bli laga eigarstrategiar som skal gjera det meir tydeleg korleis selskapa kan vera med å nå dei overordna måla for Vossasamfunnet. Det vil også vurderast om nokre einingar bør omstrukturerast for å bidra til større verdiskaping.

## Hovudprioriteringar

I økonomiplanperioden vil det bli jobba aktivt for å:

- Betra økonomiforvaltinga og -styringa i organisasjonen
- Betra digital sikkerheit og digital kompetanse - i stab og resten av organisasjonen
- Ta i bruk forvaltingsmodell for IT, med klargjering og fordeling av ansvar for ulike system
- Forbetra og forenkla administrative prosessar
- Skapa kultur for innovasjon og kontinuerleg forbetring
- Legga til rette for god styring av verksemda gjennom prosessar, kompetanse og verktøy
- Betra heiltidskultur i kommunen gjennom eit prosjekt som startar opp i byrjinga av økonomiplanperioden
- Nå måla i overordna planar, som samfunnsdel, kommunedelplanar og temaplanar
- Implementera kvalitetssystem, og utarbeida rutinar og reglement for dei administrative tenestene
- Gjennomføra innkjøpsprosess for løn- og økonomisystem

Det er planlagt for å redusera årsverk i staben i perioden. Ved naturlege avgangar, vil fleire av desse ikkje bli erstatta. Det inneber at oppgåver må gjerast på ein meir effektiv måte, nokre oppgåver må sluttast med og oppgåver som gjev verdi for brukarane våre må prioriterast. Det må også jobbast for å handtera utgiftsauke innan bl.a. IT innafor rammene.

## Driftsbudsjett

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap | Budsjett | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 |
| **Driftsutgifter** | | | | | | |
| Lønn | 56 110 | 55 095 | 56 618 | 56 618 | 56 618 | 56 618 |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 34 873 | 31 015 | 31 091 | 30 321 | 30 021 | 30 021 |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 1 969 | 2 241 | 2 396 | 2 396 | 2 396 | 2 396 |
| Overføringsutgifter | 10 940 | 12 429 | 13 241 | 5 241 | 5 241 | 5 241 |
| Finansutgifter | 3 275 | 5 533 | 5 933 | 5 933 | 5 933 | 5 933 |
| **Sum Driftsutgifter** | **107 167** | **106 313** | **109 278** | **100 508** | **100 208** | **100 208** |
| **Driftsinntekter** | | | | | | |

| | Rekneskap | Budsjett | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 |
| Salgsinntekter | -2 832 | -4 350 | -2 575 | -2 635 | -4 755 | -4 755 |
| Refusjoner | -13 351 | -4 384 | -5 634 | -5 634 | -5 634 | -5 634 |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | -1 190 | -1 010 | -335 | -335 | -335 | -335 |
| **Sum Driftsinntekter** | **-17 373** | **-9 745** | **-8 544** | **-8 604** | **-10 724** | **-10 724** |
| **Sum** | **89 794** | **96 569** | **100 734** | **91 904** | **89 484** | **89 484** |

## Rammeoversikt

*Beløp i 1000*

| | Tiltak | Avdeling | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 |
| **Vedtatt budsjett** | | | **96 569** | **96 569** | **96 569** | **96 569** |
| **Sum Tekniske justeringer** | | | **1 471** | **1 471** | **1 471** | **1 471** |
| **Vedtak forrige periode** | | | | | | |
| Ukraina budsjett | | Teknisk | 0 | -60 | -180 | -180 |
| Andre tiltak | | Stab | -9 000 | -9 770 | -10 070 | -10 070 |
| **Sum Vedtak forrige periode** | | | **-9 000** | **-9 830** | **-10 250** | **-10 250** |
| **Sum Lønns- og prisvekst** | | | **1 194** | **1 194** | **1 194** | **1 194** |
| **Konsekvensjustert budsjett** | | | **-6 335** | **-7 165** | **-7 585** | **-7 585** |
| **Konsekvensjustert ramme** | | | **90 234** | **89 404** | **88 984** | **88 984** |
| **Nye tiltak** | | | | | | |
| HST 12.12.23 ENØK-, klima- og flaumsikringstiltak | | Stab | 8 000 | 0 | 0 | 0 |
| Venta prisvekst varer og tenester | | Teknisk | 2 000 | 2 000 | 0 | 0 |
| Venta prisvekst varer og tenester | | Stab | 500 | 500 | 500 | 500 |
| **Sum Nye tiltak** | | | **10 500** | **2 500** | **500** | **500** |
| **Nye tiltak og realendringer budsjett** | | | **10 500** | **2 500** | **500** | **500** |
| **Ramme 2024-2027** | | | **100 734** | **91 904** | **89 484** | **89 484** |

## Nye tiltak

### Venta prisvekst varer og tenester

Det er venta auka prisvekst på fleire forskjellige område som følgje av auka prisvekst på varer og tenester. Rådmannen vurderer basert på rekneskapsanalysar for 2022 og så langt i 2023 at fleire område må styrkast. Dette omfattar bl.a matvarer, lisensar, brøyting, vedlikehald, tilskot til private barnehagar og kjøp av tenester (inkl.innleige innan helse og omsorg). Auka løyvingar er dekka av auka rammetilskot.

### HST 12.12.23 ENØK-, klima- og flaumsikringstiltak

ENØK-, klima- og flaumsikringstiltak. Voss herad løyver 8 mill til ENØK-, klima- og flaumsikringstiltak. Administrasjonen får i oppgåve å utgreie kva som er den mest treffsikre innretninga på ordninga med tanke på samfunnsnytten knytt til energisparing og tryggleik. Relevante ordningar er lokale klima- og flaumsikringstiltak, vidareføring av dagens ENØK-ordning, tilskot til solcelle på tak for næringsbygg eller privathushaldning, ENØK-rådgjeving for private bustader, ENØK-tiltak og lokal kraftproduksjon på kommunale bygg. Ordninga må vere kostnadseffektivt. Retningslinjene for

tildelinga skal vedtakast politisk og det skal leggje til rette for ein sosial profil. Midlane blir teke frå disposisjonsfondet. Tiltak for 1 år.

## Investeringsbudsjett

*Beløp i 1000*

| | Økonomiplan | | | | Sum |
|---|---|---|---|---|---|
| **Investeringsprosjekter** | **2024** | **2025** | **2026** | **2027** | **2024-27** |
| **Administrasjon og leiing** | | | | | |
| Felles IT anlegg | 1 875 | 1 875 | 1 875 | 1 875 | 7 500 |
| Kapitalbevaring bygg/anlegg - administrasjonsbygg | 0 | 5 000 | 0 | 0 | 5 000 |
| **Sum Administrasjon og leiing** | **1 875** | **6 875** | **1 875** | **1 875** | **12 500** |

## Måltabell

| Hovudmål | Delmål | Indikator | Mål 2024 | Mål 2027 | Langsiktig målsetting |
|---|---|---|---|---|---|
| 10 - Mindre ulikheit | Me skal ha eit inkluderande arbeidsmiljø og fremja inkludering i arbeidslivet | Score på Meistringsorientert leiing i medarbeidarundersøkinga | 4 | 0 | 4 |
| 11 - Berekraftige byar og samfunn | Det vert jobba systematisk med å bli "verdas beste herad" | | | | |
| | Me forenklar og forbetrar arbeidsprosessane våre | | | | |
| | Me klarer å rekruttera og behalda naudsynt arbeidskraft for å utøva samfunnsoppdraget vårt | Tal lærlingar i Voss herad | 24 | 27 | 30 |
| | Me skapar økonomisk handlingsrom | Budsjettoppnåing | 95,0 % | 0,0 % | 100,0 % |
| 13 - Stoppa klimaendringane | Me skal redusera klimafotavtrykket vårt. | Reduksjon i utskrivne sider frå skrivarar i Voss herad | 10,0 % | 0,0 % | 40,0 % |
| | | Årleg reduksjon i lagra datamengd i Voss herad (TB, terabyte) | 35,0 % | 15,0 % | 30,0 % |
| | Voss er blant dei beste i regionen på klimaarbeid | Gjennomføring av handlingsplan for Vossaklima 2030 | | | |
| | | Gjennomføring av handlingsplan for Vossaklima 2030 | | | |
| 16 - Fred og rettferd | Me fremjar openheit og kommuniserer med klart språk | | | | |
| 17 - Samarbeid | Me er best på samhandling i Voss herad | | | | |
| 9 - Industri, innovasjon og infrastruktur | Me utviklar ein attraktiv arbeidsmarknad på Voss saman med næringslivet | | | | |

### Me er best på samhandling i Voss herad

For å kunna utøva samfunnsoppdraget til kommunen må me samarbeida og samhandla mellom enkeltpersonar, avdelingar, innbyggjarar og andre verksemder. Staben har ei nøkkelrolle mellom ulike partar og må vera best på samhandling, Me vil vera rollemodellar på dette området.

### Me forenklar og forbetrar arbeidsprosessane våre

Staben har eit særskild ansvar for å ha effektive arbeidsprosessar som vert gjort av alle i organisasjonen, som t.d. fakturabehandling, personalmeldingar og arkivering. Staben skal vera rollemodellar i forenkling, forbetring og innovasjon.

### Me skapar økonomisk handlingsrom

Staben har ei sentral rolle i å forvalta sentrale inntekter og utgifter. Dette må gjerast på beste vis slik at me sikrar økonomisk handlefridom og skapar økonomisk handlingsrom.

### Me utviklar ein attraktiv arbeidsmarknad på Voss saman med næringslivet

Voss må styrkja sin posisjon ved å ha attraktiv arbeidsmarknad på mange ulike fagområde. Kommunen må jobba saman med næringslivet og andre verksemder for å marknadsføra arbeidsmarknaden på Voss.

## Kostra-analyse

| | Voss herad 2021 | Voss herad 2022 | Kinn | Aurskog-Høland | Stord | Øvre Eiker | Kostragruppe 07 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Prioritet** | | | | | | | |
| Administrasjon nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr) *) **) | 4 906 | 4 848 | 5 475 | 4 692 | 3 477 | 3 591 | 4 068 |
| Brutto driftsutgifter til funksjon 130 Administrasjonslokaler, i kr. pr. innb (B) *) **) | 449 | 513 | 458 | 702 | 533 | 586 | 499 |
| Netto driftsutgifter til administrasjon og styring i prosent av totale netto driftsutg (B) | 7,0 % | 6,5 % | 7,6 % | 7,7 % | 5,3 % | 6,1 % | 6,5 % |

**) Inflasjonsjustert med deflator*
***) Justert for utgiftsbehov*

# Plan, næring og forvalting

## Skildring av verksemda i dag

Tenesteområdet har ansvar for at kommunen vert utvikla i tråd med gjeldande planar og vedtak, innan offentlege og private arealplanar, byggesak, oppmåling. Eininga skal bidra til å skapa gode fysiske bumiljø, leggja til rette for næringsutvikling og ivareta kommunen sin eigenart. Vidare har eininga ansvar for å sikra bruk og vern av kommunen sine areal- og naturressursar, samt sikra samfunnet si trong for stadbunden informasjon. Næringsavdelinga har hovudoppgåver innan landbruksnæringa, alle statlege tilskotsordningar og konsesjonshandsaming innanfor vasskraft.

Voss herad har tilsett næringssjef og vedteke ny Strategisk næringsplan som næringssjefen får ansvar for å følgja opp. Disponering av Voss herad sitt kraftfond er og lagt til næringssjefen.

## Status og utfordringar

Våre viktigaste oppgåver er å forvalta plan- og bygningslova, matrikkellova, jordlova, skoglova og konsesjonslova, i tillegg til å forvalta staten sine oppgåver på landbruksida, inklusiv arbeidet med landbrukstilskot. Me skal og vera gode tilretteleggjarar for ei god samfunnsutvikling og arealforvaltning.  For å oppfylla dette må heradet:

- kunna møta ein profesjonell marknad ute, med høg kompetanse og profesjonelt nivå
- vera langt framme i bruk av teknisk utstyr og nye hjelpemiddel
- vera utadretta og ha fokus på å løysa oppgåvene for kundane

Tenesteområdet består i dag av gode team som kan løysa dei ulike oppgåvene. Nøkkelen til å lukkast med oppgåvene:

- å prioritera kva oppgåver me skal gjennomføra. Når oppgåvene er definerte, finna korleis desse kan løysast på beste måte.
- å sikra seg gode team av tilsette som kan utfylla kvarandre på ein god og effektiv måte.
- å ha fokus på godt samarbeid og høg produktivitet med god fagleg kompetanse.

Lønskostnader er største utgifta for tenesteområdet, i tillegg til store kostnadar til kartlisensar.

## Hovudprioriteringar

Arbeidet med ny strategisk næringsplan har ført til at det vart oppretta ei stilling som næringssjef. Den ny næringssjefen skal jobba for å realisera ambisjonane som ligg planen om å verta ein viktig samarbeidspartnar for næringslivet og ein pådrivar for næringsutvikling i Voss. Målet er å gjera heradet til ein sterkare næringsaktør og på sikt styrkja Voss herad som eit viktig regionsenter og ei drivkraft i regionen.  Strategisk næringsplan saman med kommuneplanen sin samfunnsdel og klimaplanen gjev klare føringar og mål for arbeidet.

## Skildring investeringsplan, kort sikt 2024-2027

Det er lite direkte midlar til investering gjennom dette tenesteområdet. Innan 4-årsperioden, er det sett av midlar til eit moglegheitsstudie kring sentrumsnære bustadområde og vedlikehald av flaumsikringsanlegg gjennomført i regi av NVE.

## Driftsbudsjett

## Fordeling på hovudart

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap | Budsjett | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 |
| **Driftsutgifter** | | | | | | |
| Lønn | 16 646 | 18 221 | 20 277 | 20 277 | 20 277 | 20 277 |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 3 617 | 3 818 | 4 736 | 3 786 | 3 786 | 3 786 |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 2 825 | 2 400 | 4 050 | 4 050 | 4 050 | 4 050 |
| Overføringsutgifter | 30 458 | 13 344 | 16 410 | 7 344 | 7 344 | 7 344 |
| Finansutgifter | 8 414 | 7 628 | 7 628 | 7 628 | 7 628 | 7 628 |
| **Sum Driftsutgifter** | **61 959** | **45 411** | **53 101** | **43 085** | **43 085** | **43 085** |
| **Driftsinntekter** | | | | | | |
| Salgsinntekter | -6 152 | -7 457 | -7 252 | -7 252 | -7 252 | -7 252 |
| Refusjoner | -7 116 | -3 082 | -3 082 | -3 082 | -3 082 | -3 082 |
| Overføringsinntekter | -6 831 | -6 000 | -6 000 | -6 000 | -6 000 | -6 000 |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | -25 059 | -7 706 | -7 706 | -7 706 | -7 706 | -7 706 |
| **Sum Driftsinntekter** | **-45 158** | **-24 244** | **-24 039** | **-24 039** | **-24 039** | **-24 039** |
| **Sum** | **16 801** | **21 167** | **29 062** | **19 046** | **19 046** | **19 046** |

## Rammeoversikt

*Beløp i 1000*

| | Tiltak | Avdeling | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 |
| **Vedtatt budsjett** | | | **21 167** | **21 167** | **21 167** | **21 167** |
| **Sum Tekniske justeringer** | | | **3 242** | **3 242** | **3 242** | **3 242** |
| **Vedtak forrige periode** | | | | | | |
| Næringssjef | | Teknisk | 0 | -950 | -950 | -950 |
| Andre tiltak | | Teknisk | -2 000 | -2 000 | -2 000 | -2 000 |
| **Sum Vedtak forrige periode** | | | **-2 000** | **-2 950** | **-2 950** | **-2 950** |
| **Sum Lønns- og prisvekst** | | | **305** | **305** | **305** | **305** |
| **Konsekvensjustert budsjett** | | | **1 547** | **597** | **597** | **597** |
| **Konsekvensjustert ramme** | | | **22 714** | **21 764** | **21 764** | **21 764** |
| **Nye tiltak** | | | | | | |
| Endra finansiering av turistinformasjon | | Teknisk | 1 600 | 1 600 | 1 600 | 1 600 |
| Hagahaugen vert innlemma i Voss herad | | Finans | -4 168 | -4 168 | -4 168 | -4 168 |

| Tiltak | Avdeling | Økonomiplan 2024 | 2025 | 2026 | 2027 |
|---|---|---|---|---|---|
| Hagahaugen vert innlemma i Voss herad | Teknisk | -150 | -150 | -150 | -150 |
| HST 12.12.23 Såkornfond/kapitalstifting | Teknisk | 8 966 | 0 | 0 | 0 |
| HST 12.12.23 Tilskot plastpresser | Teknisk | 100 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum Nye tiltak** | | **6 348** | **-2 718** | **-2 718** | **-2 718** |
| **Nye tiltak og realendringer budsjett** | | **6 348** | **-2 718** | **-2 718** | **-2 718** |
| **Ramme 2024-2027** | | **29 062** | **19 046** | **19 046** | **19 046** |

## Vedtak forrige periode

### Næringssjef

Voss herad har behov for å styrka satsinga på næringsutvikling og realisera måla i strategisk næringsplan (SNU). Det vil difor tilsetjast ein næringssjef som vil få ansvar for dette. Det er tenkt at ekstra inntekter frå sal av konsesjonskraft vil dekka dette i 2023 og 2024, men at det må innarbeidast innafor rammene frå 2025.

## Nye tiltak

### Endra finansiering av turistinformasjon

Turistinformasjonen vart flytta ut av kommunal drift og lagt til Visit Voss for 12-13 år sidan. Det vart betalt eit bidrag etter avtale for denne tenesten og pengane vart dekka av Kraftfondet. Dette er innkjøp av ei teneste som Voss herad lyste ut på anbod i 2023. Visit Voss/Næringshagen vann anbodet.

Kraftfondet kan i høve gjeldande forskrifter ikkje nyttast til drift, derfor er det no lagt inn i driftsbudsjettet.

### Hagahaugen vert innlemma i Voss herad

Driftstilskot frå Voss herad på 4 mill.kr vert avvikla og ligg under dette tenesteområdet.

### HST 12.12.23 Såkornfond/kapitalstifting

Såkornfond/kapitalstifting. Fondet skal investere risikokapital i regionale verksemder for vekst, utvikling og omstilling. Inndekninga skal skje gjennom bruk av disposisjonsfond.

### HST 12.12.23 Tilskot plastpresser

Tilskot plastpresser. Tilskotet held fram på same nivå som i dag: kr 7500 for manuell presse og kr 10.000 for hydraulisk presse.

## Investeringsbudsjett

*Beløp i 1000*

| Investeringsprosjekter | Økonomiplan 2024 | 2025 | 2026 | 2027 | Sum 2024-27 |
|---|---|---|---|---|---|
| **Plan, næring og forvaltning** | | | | | |
| Bilkjøp oppmålingstenesta | 500 | 0 | 0 | 0 | 500 |

| Investeringsprosjekter | 2024 | Økonomiplan 2025 | 2026 | 2027 | Sum 2024-27 |
|---|---|---|---|---|---|
| Mogelegheitsstudie sentrumsnære bustader | -0 | 500 | 0 | 0 | 500 |
| Vedlikehald av eksisterande flaumsikringsanlegg | -0 | 5 000 | 5 000 | 5 000 | 15 000 |
| **Sum Plan, næring og forvalting** | **500** | **5 500** | **5 000** | **5 000** | **16 000** |

## Måltabell

| Hovudmål | Delmål | Indikator | Mål 2024 | Mål 2027 | Langsiktig målsetting |
|---|---|---|---|---|---|
| 11 - Berekraftige byar og samfunn | Strategi for besøksforvaltning i Voss herad | Ferdigstilla strategi | 100,0 % | 0,0 % | 100,0 % |
| | Styrkja satsing på næringsutvikling som fremjar utvikling av nye og eksisterande verksemder | | | | |
| 12 - Ansvarleg forbruk og produksjon | Etablera sikulær næringsklynge | Framdift i høve bygging av bioparken i samsvar med strategi | 20 | 50 | 100 |
| | Styrka samhandling mellom landbruk og anna næring | Starta fellesprosjekt mellom næring, reiseliv og produsentar | 100,0 % | 0,0 % | 100,0 % |
| 15 - Livet på land | Sikra god bruk areal og vern av kommunen sine naturressursar | Dyrka jord Alle formål Omdisponert i alt etter Jordloven og Plan- og bygningsloven Areal (dekar) | 10,0 | 0,0 | 0,0 |
| 17 - Samarbeid for å nå måla | Auka samhandling og kompetanse mellom Voss herad og næringslivet | Voss herad skal vera medarrangør av Last Tuesday og Vossadagane | 100,0 % | 100,0 % | 100,0 % |
| 9 - Industri, innovasjon og infrastruktur | Leggja til rette for god infrastruktur med god kapasitet som vegar, jernbane, kai, breiband | Byggesaker handsama innafor tidsfrist fastsett i Plan- og bygningslova | 100,0 % | 100,0 % | 100,0 % |

## Kostra-analyse

| | Voss herad 2021 | Voss herad 2022 | Kinn | Aurskog-Høland | Stord | Øvre Eiker | Kostragruppe 07 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Prioritet** | | | | | | | |
| Landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikl. nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr) *) **) | 71 | 58 | 86 | 4 | 207 | 134 | 90 |

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Netto driftsutgifter til tilrettelegging og bistand for næringslivet i prosent av samlede netto (B) | 0,7 % | 1,8 % | 0,6 % | 0,2 % | 0,6 % | 0,1 % | 0,4 % |
| Netto driftsutgifter per innbygger (302) byggesaksbehandling og eierseksjonering (B) *) **) | -90 | 78 | 212 | 12 | 73 | 59 | 77 |
| Netto driftsutgifter til fysisk planlegging i prosent av kommunens samlede netto driftsutgifter (B) | 0,4 % | 0,7 % | 0,8 % | 0,2 % | 0,5 % | 0,6 % | 0,6 % |
| Netto driftsutgifter til fysisk planlegging per innbygger (B) *) **) | 318 | 523 | 643 | 137 | 364 | 374 | 423 |
| Netto driftsutgifter til kart og oppmåling per innbygger (B) *) **) | 171 | 199 | 215 | 144 | 83 | 76 | 105 |
| Netto driftsutgifter til plansaksbehandling per innbygger (B) *) | 238 | 247 | 217 | -19 | 209 | 238 | 241 |
| Tilrettelegging og bistand for næringslivet nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr) *) | 514 | 1 469 | 443 | 137 | 428 | 74 | 281 |

**) Inflasjonsjustert med deflator*
***) Justert for utgiftsbehov*

# Samferdsel

## Skildring av verksemda i dag

Tenesteområdet omfattar drift, vedlikehald og nyinvestering i kommunale vegar, inklusiv kommunale gang- og sykkelvegar samt Voss flyplass Bømoen.

Voss herad har 300 km kommunal veg (Voss: 242 km, Granvin 47 km, del av Ullensvang 12). Noko under halvparten har fast dekke, resten er gruslagt. Tidlegare Voss herad har 6 km gang- og sykkelveg, omlag 100 bruer og 6 tunnelar. Avdelinga har òg ansvar for flaumsikringstiltak.

Eininga har ansvar for verkstad som driftar og vedlikeheld den kommunale bilparken, samt maskinpark for heile Voss herad. Eiga anleggsavdeling tek mindre utbyggingsoppgåver og vedlikehaldsarbeid.

Voss flyplass Bømoen er ein flyplass som ikkje er til almen bruk. Voss fallskjermklubb er ein stor brukar av flyplassen i tillegg til flyklubbar og helikopterselskap med tilhald i tilknyting til flyplassen. Det er søkt ny konsesjon for inntil 10 000 bevegelser årleg.

## Status og utfordringar

Det er utført mykje godt arbeid i form av oppgradering og vedlikehald av kommunale vegar både i Granvin herad og Voss kommune dei siste åra. Likevel er det viktig å oppretthalda denne satsinga i Voss herad, då det framleis er stort vedlikehaldsetterslep.

Det er under arbeid ein vegplan som vert ferdig årsskiftet 2023/24. Her vil dei kommunale vegane verta gjennomgått med tanke på trong for oppgraderingar og vedlikehald sett i samanheng med trafikktettleik. Målet er å få ei god oversikt over vegkapitalen og prioritera ressursbruken ennå betre. Eit konkret mål er å få alle kommunale vegar opp i 10 tonn akseltrykk.

Brøyting/strøing og vedlikehald etter vinterslitasje/skadar utgjer ein relativt stor del av driftsbudsjettet, men varierer frå år til år. Dette vert regulert gjennom året med å prioritera opp og ned ulike drifts- og investeringstiltak ut i frå dei årlege løyvingane.

Uføresette hendingar som flaum og ras medfører akutte tiltak, og er ofte svært kostbare. Av og til vert tiltak initiert av andre aktørar som til dømes vatn/avløp, energiverk, fiber, fjernvarme eller annan type utbygging. Dette kan vera tiltak som ikkje er fagleg prioriterte innanfor tenesteområdet veg isolert sett, men som er fornuftig å koordinera og gjennomføra samstundes med anna utbetring som skjer i eller langsmed kommunal veg.

Eit av måla under attraktive Voss i kommuneplanen er at det vert "stimulert til at fleire av innbyggjarane syklar, går eller reiser kollektivt til og frå jobb". Det er utarbeidd "Plan for hovudnett for sykkel i Voss sentrum". Sentrumsplanen ser også sykkel som eit viktig transportmiddel i sentrale strok. Her har Voss herad ei stor utfordring med å leggja til rette for denne type trafikk. Ny trafikksikringsplan vart vedteken i 2021 og er eit viktig grunnlag for heradet sitt arbeid med trafikktryggleik.

Voss herad har eit høgt tal km veg pr innbyggjar i høve KOSTRA-tal, Dette skuldast at store deler av heradet har fast busetnad. Det er vedteke kriterium for omklassifisering av vegar og målet er å prioritera ressursbruken best mogleg og helst få ned tal km kommunal veg.

Voss flyplass Bømoen

Frå juni 2023 er festeavtalen med Forsvaret opphøyrt. Voss herad har vidareført ein festeavtale med Bømoen AS om feste av flyplassen. Avtalen er ferdig forhandla, men prisen er ikkje avklart. Dette må me ta høgde for i budsjettet for flyplassen. Landingsavgiftene er føreslege og prisjustert. Inntekter vil nyttast til drifta av flyplassen, men det må påreknast investeringar i samband med reasfaltering av rullebanen.

## Hovudprioriteringar

I økonomiplanperioden vil administrasjonen jobba aktivt for å:

- effektivisera drift av vegnettet tilpassa gitte økonomiske rammer
- auka tilrettelegging for mjuke trafikantar
- følgja opp og revidera prioriteringslista for utbetring av kommunale vegar
- redusera tal km kommunal veg, då Voss herad har svært høgt tal km kommunal veg og dermed store kostnader knytt til vegdrift pr innbyggjar i høve samanliknbare kommunar
- alle kommunale vegar bør opp til 10 tonn akseltrykk
- få til samarbeid med offentlege og private aktørar (utbyggingsavtalar) for å oppgradera det kommunale vegnettet i spleiselag
- følgja opp ansvar og plikter i utbyggingsavtalar, samarbeidsprosjekt og eigne prosjekt
- styrkja og intensivera arbeidet kring flaumsikring

Standardheving bruer (investering)
Heradet må kvart 5.år leiga inn fagleg kompetanse for å sjekka bruer. Siste runde (2023) viser at fleire bruer ikkje held den bruksklassen som er sett. Dersom me ikkje får oppgradert bruene gjennom naudsynte tiltak, må vegen stengjast. Standardheving av bruer, årlege investeringar i vegnettet og trafikksikringstiltak er viktig infrastruktur for bebuarane og ikkje minst næringslivet.

Bømoen flyplass

Arbeidet med handsaming av ny konsesjon har vore arbeidskrevjande. Konsesjonen blei gitt den 14.6.2023 for 10 000 rørsler som omsøkt i 10 år fram til 1.juli 2033.

## Skildring investeringsplan, kort sikt 2024-2027

Kommunale vegar har eit årleg investeringsbehov for bevara kapital gjennom å oppretthalda tilfredsstillande standard. Etterslep på oppgradering kommunale vegar, bruer og parkeringsområde gjer det naudsynt å oppgradera nokre vegstrekningar. Til grunn for framlegget ligg oppgradering/utbetring av 1% av vegnett og 2 bruer pr år. Dette betyr at det tek 100 år å fornye vegnettet, med 12 mill i årleg investering.

Med knappe ressursar er det naudsynt med klare prioriteringar mellom dei ulike kommunale vegane. Ein hovudplan for veg vil gje oss eit godt styringsgrunnlag for prioritering av vegtiltak.

Voss flyplass Bømoen vil trenga noko investering på sikt, spesielt i høve tryggingstiltak og tiltak for å oppfylla krav til ein flyplass. Dette må me koma attende til i neste økonomiplan.

# Driftsbudsjett

## Fordeling på hovudart

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap | Budsjett | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 |
| **Driftsutgifter** | | | | | | |
| Lønn | 8 870 | 10 810 | 9 570 | 9 570 | 9 570 | 9 570 |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 28 938 | 16 687 | 22 519 | 22 219 | 23 219 | 23 219 |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 0 | 571 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Overføringsutgifter | 6 733 | 3 522 | 3 522 | 3 522 | 3 522 | 3 522 |
| Finansutgifter | 8 436 | 7 595 | 7 595 | 7 595 | 7 595 | 7 595 |
| **Sum Driftsutgifter** | **52 976** | **39 186** | **43 205** | **42 905** | **43 905** | **43 905** |
| **Driftsinntekter** | | | | | | |
| Salgsinntekter | -333 | -462 | -524 | -524 | -524 | -524 |
| Refusjoner | -7 102 | -3 781 | -3 781 | -3 781 | -3 781 | -3 781 |
| **Sum Driftsinntekter** | **-7 435** | **-4 243** | **-4 305** | **-4 305** | **-4 305** | **-4 305** |
| **Sum** | **45 541** | **34 943** | **38 900** | **38 600** | **39 600** | **39 600** |

## Rammeoversikt

*Beløp i 1000*

| | | | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | Tiltak | Avdeling | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 |
| **Vedtatt budsjett** | | | **34 943** | **34 943** | **34 943** | **34 943** |
| **Sum Tekniske justeringer** | | | **-626** | **-626** | **-626** | **-626** |
| **Vedtak forrige periode** | | | | | | |
| Omklassifisere vegar, plassar, bruer | | Teknisk | -200 | -200 | -200 | -200 |
| Andre tiltak | | Teknisk | -540 | -840 | -840 | -840 |
| **Sum Vedtak forrige periode** | | | **-740** | **-1 040** | **-1 040** | **-1 040** |
| **Sum Lønns- og prisvekst** | | | **723** | **723** | **723** | **723** |
| **Konsekvensjustert budsjett** | | | **-643** | **-943** | **-943** | **-943** |
| **Konsekvensjustert ramme** | | | **34 300** | **34 000** | **34 000** | **34 000** |
| **Nye tiltak** | | | | | | |
| Brøyting og strøing | | Teknisk | 2 000 | 2 000 | 2 000 | 2 000 |
| Venta prisvekst varer og tenester | | Teknisk | 2 600 | 2 600 | 3 600 | 3 600 |
| **Sum Nye tiltak** | | | **4 600** | **4 600** | **5 600** | **5 600** |
| **Nye tiltak og realendringer budsjett** | | | **4 600** | **4 600** | **5 600** | **5 600** |
| **Ramme 2024-2027** | | | **38 900** | **38 600** | **39 600** | **39 600** |

## Vedtak forrige periode

### Omklassifisere vegar, plassar, bruer

Prosessen er starta i 2020, med innsparingar frå 2021. Avtale med Voss parkering om vedlikehald vart sist forhandla for 12 år sidan. Dessutan har arealet auka i perioden og avtalen er moden for revisjon.

## Nye tiltak

### Brøyting og strøing

Brøytebudsjettet er pr april oppbrukt for 2023. Dette er samme situasjonen som i 2022. Ein har for lågt budsjett. Dersom ein ser utgiftene over fleire år så ligg ein omlag 2 mill for lågt.

### Venta prisvekst varer og tenester

Det er venta auka prisvekst på fleire forskjellige område som følgje av auka prisvekst på varer og tenester. Rådmannen vurderer basert på rekneskapsanalysar for 2022 og så langt i 2023 at fleire område må styrkast. Dette omfattar bl.a matvarer, lisensar, brøyting, vedlikehald, tilskot til private barnehagar og kjøp av tenester (inkl.innleige innan helse og omsorg). Auka løyvingar er dekka av auka rammetilskot.

## Investeringsbudsjett

*Beløp i 1000*

| | Økonomiplan | | | | Sum |
|---|---|---|---|---|---|
| **Investeringsprosjekter** | **2024** | **2025** | **2026** | **2027** | **2024-27** |
| **Samferdsel** | | | | | |
| Diverse anleggsmaskiner | 3 000 | 3 000 | 3 000 | 3 000 | 12 000 |
| Standardh.bruer (inv.) | 1 875 | 1 875 | 1 875 | 1 875 | 7 500 |
| Trafikksikringstiltak | 625 | 625 | 625 | 625 | 2 500 |
| Utbyggingsavtalar og offentleg/privat samarbeid OPS | -0 | 2 000 | 2 000 | 2 000 | 6 000 |
| Veginvestering/vegpakke | 6 000 | 6 000 | 6 000 | 12 000 | 30 000 |
| **Sum Samferdsel** | **11 500** | **13 500** | **13 500** | **19 500** | **58 000** |

## Måltabell

| Hovudmål | Delmål | Indikator | Mål 2024 | Mål 2027 | Langsiktig målsetting |
|---|---|---|---|---|---|
| 9 - Industri, innovasjon og infrastruktur | Leggja til rette for god infrastruktur med god kapasitet som vegar, jernbane, kai, breiband | | | | |
| | Oppgradera kommunale vegar samt sikra tilfredstillande standard gjennom godt vedlikehald | Tal meter med oppgradert veg (asfaltering, masseutskifting, utbetring bruer etc.) | | | |
| | Tilretteleggja for mjuke trafikantar | | | | |

### Tilretteleggja for mjuke trafikantar

Det er eit mål å auka del syklande og gåande på bekostning av bilkøyring. Ved å tilretteleggja meir for gåande og syklande gjennom trygge gang-og sykkelvegar, vil fleire velja vekk bilen på kortare strekningar.

### Kostra-analyse

| | Voss herad 2021 | Voss herad 2022 | Kinn | Aurskog-Høland | Stord | Øvre Eiker | Kostragruppe 07 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Prioritet** | | | | | | | |
| Andel netto driftsutgifter for samf. i alt av samlede netto driftsutg (B) | 3,2 % | 3,5 % | 2,7 % | 1,7 % | 1,2 % | 2,0 % | 2,0 % |
| Netto driftsutgifter i kr pr. innbyggere, komm. vei er og gater (B) *) | 2 411 | 2 792 | 1 585 | 1 090 | 1 073 | 1 309 | 1 380 |
| **Dekningsgrad** | | | | | | | |
| Antall kilometer kommunal vei og gate per 1000 innbygger | 18,96 | 18,65 | 10,89 | 10,37 | 5,81 | 5,22 | 8,57 |
| **Grunnlagsdata (Nivå 3)** | | | | | | | |
| Kommunal vei og gate. Antall kilometer | 301 | 301 | 187 | 186 | 111 | 107 | 4 944 |
| Vedlikeholdsutgifter til kommunale veier *) | 17 041 | 11 368 | 1 658 | 3 104 | 914 | 3 149 | 142 335 |

**) Inflasjonsjustert med deflator*

# Eigedom og bustad

### Skildring av verksemda i dag

Tenesteområdet omfattar drift, vedlikehald og nyinvestering i kommunale bustader, eigedomsforvaltning og kommunale grønt- og friområde. Formålsbygg er sortert under tenesteområda i tabellen nedanfor, og skal omtalast der:

| Tenesteområde | Funksjon |
|---|---|
| 1 Administrasjon og leiing | 130 administrasjonslokale |
| 2 Grunnskule | 222 Skulelokale og -skyss |
| 3 Barnehage | 221 Barnehagelokale og –skyss |
| 7 Omsorg | 234 Aktivisering av eldre og funksjonshemma<br>261 Institusjonslokale |

| | |
|---|---|
| 9 Kultur og fritid (inkl. Kyrkja) | 381 Kommunale idrettsanlegg/bygg<br>386 Kommunale kulturbygg |

Tenesteområdet har ansvar for generell forvalting av kommunale bygg og eigedomar, uavhengig av om dei er i drift eller ikkje. Kommunen har og tilbod om bustad til innbyggjarar som ikkje klarer å skaffa eigen bustad sjølve, personar med låg buevne og innbyggjarar som har behov for tilpassa bustad. Den kommunale bustadmassen er jamt fordelt på fleire eigarar; Voss herad, Voss Bustadstifting, Voss eigedom AS og Granvin Bustadstifting.

Tenesteområdet har og ansvar for forvalting, drift og vedlikehald av kommunale parkar, friområde, leikeplassar/nærmiljøanlegg, idrettsanlegg, badeplassar, utandørsanlegg ved skular / barnehagar / omsorgsbygg/ administrasjonsbygg, samt vintervedlikehald og drift av skuleplassar, gangvegar og andre mindre samferdsleanlegg.

I Voss herad har avdeling for park og idrett samarbeid med kyrkja om drift og vedlikehald av gravplassar og anlegg kring kyrkjene, samt graving i samband med gravferder. Leiar er tilsett 50/50 i kyrkja og heradet og avdelinga har "gravar" tilsett av kyrkja. Dette er ei god løysing der ein kan nytta alle ressursar felles.

## Status og utfordringar

Bygg og eigedom utfører tenester for alle tilsette i Voss herad. Dette betyr eit spesielt fokus på samarbeid på tvers av kommunalavdelingane.

Reinhaldarane vart formelt flytt over i Bygg og eigedomsavdelinga pr 1.1.2021 og samla i ei eiga, felles avdeling. Arbeidet med å samla alle, og nå målet om at alle reinhaldarar som ynskjer det, skal kunna leva av reinhald og ha 100 % stilling, er ambisiøse. Samstundes skal det arbeidast for å auka kvaliteten på reinhaldet gjennom å få flest mogleg til å ta fagbrev innan reinhald. Heradet har lagt til rette økonomisk og praktisk for at alle tilsette som ynskjer det, skal kunna ta fagbrev.

## Hovudprioriteringar

I økonomiplanperioden vil hovudfokus vera følgjande:

- følgja opp målsetjingar i Bustadsosial handlingsplan med rett tal og type kommunale bustader tilpassa brukargruppene. Målet er å kunna ha belegg på rundt 90 % av den kommunale bustadmasse til ei kvar tid.
- utøva god eigedomsforvalting ved å optimalisera og tilpassa tal og type bygg etter behov, slik at unytta bygg vert omdisponert og ombygt til ny bruk eller avhenda.
- effektivisera og systematisera kommunal drift av bygg, bustader og eigedomar som heradet disponerer eller eig. Bruka kvalitetssystem for å sikra at drift skjer i tråd med fastsette krav, både interne og eksterne.

- etablera betre kommunikasjon mellom brukarar av formålsbygga og Bygg og eigedomsavdelinga slik at vedlikehald kan priorterast, planleggjast og gjennomførast best mogleg for brukarane.
- prioritera ENØK tiltak på heradet sine bygg og innføra sentral driftsstyring av dei største bygga.
- omorganisering av reinhaldstenesta er gjennomført, men arbeidet med å få betre samordning og profesjonalisering av faget held fram. Målet er flest mogleg i 100 % jobb med fagbrev.
- heva standard på offentlege fellesareal i sentrum. Dette vil bidra til å skapa attraktive Voss.
- Til liks med bygg, bør det utarbeidast ein forvaltingsplan for vedlikehald av grøntområda i heradet.

### Skildring investeringsplan, kort sikt 2024-2027

I overordna planar vert det vist til satsing på barn og unge, på møteplassar som styrkar folkehelse, integrering og tilrettelegging for uorganiserte aktivitetar. Ei opprusting av offentlege byrom og plassar har stor verdi for omdøme og attraktiviteten til bygda vår. Voss herad er i konkurranse med mange kommunar om å rekruttera nye tilflyttarar som kan fylla viktige jobbar, til dømes i helse og omsorg , jf. temaplanen Voss i vekst. I vedteken sentrumsplan for Voss, er det føreslått å få utarbeidd ein handlingsplan/byromsstrategi som grunnlag for vidare arbeid med gjennomføring.

Delar av Prestegardsmoen har vore prega av anleggverksemd i mange år. Aktivitetsparken er så godt som ferdig, servicebygget er under planlegging og idrettsfløyen til ungdomskulen vert klar i januar 2024. Sentralidrettsanlegget, Vossabadet, nytt idrettshus og nye fotballbanar, gjer området komplett. Sentralt i området ligg aktivitetstorget og idrettstorget som skal binda saman alt. Det er høgt prioritert at heile området, som er vorte eit flott friområde for Voss herad sine innbyggjarar, men og besøkjande, får oppleva eit fullt, ferdig område som alle kan gle seg over og vera stolte av.

Andre viktige byrom/ møteplassar er Bergsliparken /Kyrkjeparken. Bergsliparken og området rundt kyrkja er i sentrumsplanen peika på som hjarte på Vossevangen. Områda er lite tilgjengeleg og fungerer dårleg som kopling mellom aust - , nord og sør i sentrum. Det er få plassar i sentrum som er tilrettelagt for born og unge og som fungerer godt som byrom. Dette har likevel prioritert som nummer to.

Som forvaltar av formålsbygg, bustader og anlegg, er det viktig at og rett at det er sett av midlar til kapitalbevaring. Arbeidet med vedlikehaldsplanar for formålsbygga er langt på veg klare og bustadane står for tur. Dette er gode reiskapar for å få gjennomført planmessig vedlikehald.

### Driftsbudsjett

### Fordeling på hovudart

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap | Budsjett | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 |
| **Driftsutgifter** | | | | | | |
| Lønn | 15 720 | 28 117 | 28 321 | 28 099 | 27 699 | 27 699 |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 34 086 | 36 696 | 45 052 | 41 252 | 36 312 | 36 312 |
| Overføringsutgifter | 3 105 | 589 | 595 | 595 | 595 | 595 |
| Finansutgifter | 9 541 | 6 568 | 6 568 | 6 568 | 6 568 | 6 568 |
| **Sum Driftsutgifter** | **62 452** | **71 971** | **80 537** | **76 515** | **71 175** | **71 175** |
| **Driftsinntekter** | | | | | | |
| Salgsinntekter | -27 249 | -27 854 | -32 029 | -32 029 | -32 029 | -32 029 |
| Refusjoner | -4 504 | -1 317 | -1 806 | -1 806 | -1 806 | -1 806 |
| **Sum Driftsinntekter** | **-31 753** | **-29 171** | **-33 835** | **-33 835** | **-33 835** | **-33 835** |
| **Sum** | **30 699** | **42 800** | **46 702** | **42 680** | **37 340** | **37 340** |

## Rammeoversikt

*Beløp i 1000*

| | Tiltak | Avdeling | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 |
| **Vedtatt budsjett** | | | **42 800** | **42 800** | **42 800** | **42 800** |
| **Sum Tekniske justeringer** | | | **258** | **258** | **258** | **258** |
| **Vedtak forrige periode** | | | | | | |
| Ukraina budsjett | | Teknisk | 3 900 | 250 | -5 090 | -5 090 |
| Andre tiltak | | Finans | -534 | -906 | -906 | -906 |
| **Sum Vedtak forrige periode** | | | **3 366** | **-656** | **-5 996** | **-5 996** |
| **Sum Lønns- og prisvekst** | | | **345** | **345** | **345** | **345** |
| **Konsekvensjustert budsjett** | | | **3 969** | **-53** | **-5 393** | **-5 393** |
| **Konsekvensjustert ramme** | | | **46 769** | **42 747** | **37 407** | **37 407** |
| **Nye tiltak** | | | | | | |
| Hagahaugen vert innlemma i Voss herad | | Teknisk | -67 | -67 | -67 | -67 |
| **Sum Nye tiltak** | | | **-67** | **-67** | **-67** | **-67** |
| **Nye tiltak og realendringer budsjett** | | | **-67** | **-67** | **-67** | **-67** |
| **Ramme 2024-2027** | | | **46 702** | **42 680** | **37 340** | **37 340** |

## Vedtak forrige periode

### Ukraina budsjett

Det vil påløpa ein del ekstra utgifter til tenestetilbod til flyktningar, spesielt dei fyrste åra. Det er budsjettert med noko midlar til kommunale bustader i starten av perioden.

## Nye tiltak

## Investeringsbudsjett

*Beløp i 1000*

| | Økonomiplan | | | | Sum |
|---|---|---|---|---|---|
| **Investeringsprosjekter** | **2024** | **2025** | **2026** | **2027** | **2024-27** |
| **Eigedom og bustad** | | | | | |
| Aktivitetstorg oppgradering | 8 000 | 0 | 0 | 0 | 8 000 |

| Investeringsprosjekter | Økonomiplan 2024 | 2025 | 2026 | 2027 | Sum 2024-27 |
|---|---|---|---|---|---|
| Bilkjøp avdeling Bygg og eigedom | 1 000 | 2 000 | 2 000 | 1 000 | 6 000 |
| Bustad Skulestadvegen - ny personalbase og bustad | 15 000 | 0 | 0 | 0 | 15 000 |
| Bustad Vetleflaten 1F oppgradering | 5 000 | 0 | 0 | 0 | 5 000 |
| Bustad Vetleflaten 2F oppgradering | 1 000 | 8 000 | 0 | 0 | 9 000 |
| Kapitalbevaring bygg/anlegg - formålsbygg | -0 | 0 | 0 | 2 000 | 2 000 |
| Kapitalbevaring bygg/anlegg - kommunale bustader | 2 500 | 2 500 | 2 500 | 0 | 7 500 |
| Mogelegheitsstudie tomter for lokalisering av tenester | 1 000 | 0 | 0 | 0 | 1 000 |
| Sentralidrettsanlegg idrettstorg oppgradering | 0 | 0 | 10 000 | 0 | 10 000 |
| Sentrumsplan, handlingsplan byromstrategi (grønt fond) | 875 | 875 | 0 | 0 | 1 750 |
| Strandpromenade/stemneplass | -0 | -0 | 5 000 | 5 000 | 10 000 |
| Utbyggingsavt. Park | 1 750 | 0 | 0 | 0 | 1 750 |
| **Sum Eigedom og bustad** | **36 125** | **13 375** | **19 500** | **8 000** | **77 000** |

## Måltabell

| Hovudmål | Delmål | Indikator | Mål 2024 | Mål 2027 | Langsiktig målsetting |
|---|---|---|---|---|---|
| 10 - Mindre ulikheit | Stimulerer til bygging av alternative bustader tilpassa ulike livsfasar | | | | |
| 13 - Stoppa klimaendringane | Etablert sentral driftsstyring på alle formålsbygg (SD-anlegg) | Etablera sentral driftsstyring på minst 1 bygg pr år | 1 formålsbygg | 1 bygg | Alle formålsbygg |
| 17 - Samarbeid | Auka tal bustader tilgjengeleg for utleige i Voss herad | Alle bustader utleigd 11 månader i året i gjennomsnitt | 100,0 % | 100,0 % | 100,0 % |
| | Godt samarbeid med brukarar av bygga for best mogleg resultat | Minst 3 samarbeidsmøte i året for avklaring | 3 møte | 3 møte0 | 0 |
| Auka tal bustader tilgjengeleg for utleige i Voss herad | | | | | |

### Etablert sentral driftsstyring på alle formålsbygg (SD-anlegg)

Laga oversikt (enøk plan) for bygg som manglar SD-styring med føremål om å redusera energibruk i formålsbygga. Energibehovet er stort og det er viktig med sentralt styringssystem (SD-anlegg ) på alle bygg.

### Godt samarbeid med brukarar av bygga for best mogleg resultat

Me vil auka tal samarbeidsmøte/fellesmøte med brukarane

### Kostra-analyse

| | Voss herad 2021 | Voss herad 2022 | Kinn | Aurskog-Høland | Stord | Øvre Eiker | Kostragruppe 07 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Prioritet** | | | | | | | |
| Netto driftsutgifter per innbygger (265) kommunalt disponerte boliger (B) *) **) | 613 | 672 | 668 | -151 | 97 | 5 | 103 |
| Netto driftsutgifter til kommunal eiendomsforvaltning per innbygger (B) *) **) | 7 390 | 8 210 | 5 319 | 7 115 | 4 771 | 5 703 | 6 251 |
| Samlet areal på formålsbyggene i kvadratmeter per innbygger (B) | 6,4 | 6,6 | 5,1 | 5,0 | 4,9 | 4,5 | 4,9 |
| **Produktivitet** | | | | | | | |
| Netto driftsutgift til 265 kommunale boliger per utleid bolig (B) *) | 33 101 | 31 621 | 28 120 | -11 690 | 6 652 | 430 | 6 305 |
| **Dekningsgrad** | | | | | | | |
| Kommunalt disponerte boliger per 1000 innbyggere *) | 21 | 23 | 30 | 15 | 15 | 12 | 18 |

**) Inflasjonsjustert med deflator*
***) Justert for utgiftsbehov*

# Brann og ulukkesvern

### Skildring av verksemda i dag

Tenesteområdet inneheld arbeid og tiltak for å førebyggja brannar og andre ulukker. Hovudaktiviteten er feiing av piper og tilsyn som vert dekka av feiegebyret, då dette er eit sjølvkostområde. I tillegg kjem tilsyn av særskilte brannobjekt. Dei tilsette arbeider også med kurs og opplæring for å trygga innbyggjarane.

Tenesteområdet omfattar også drift av brannvesenet i kommunen. Herunder kjem også oljevernberedskap og annan beredskap mot brann- og eksplosjonsarta ulukker. Hovudbrannstasjonen på Voss har 4-delt vaktordning med 6 personar i kvart vaktlag. I tillegg er det 3 bistasjonar; Evanger, Vossestrand og Granvin med frivillig personal knytt opp mot stasjonane.

Det er inngått avtale med Ulvik herad og Eidfjord kommune  om kjøp av brannsjeftenester i Voss herad.

## Status og utfordringar

Tilsyn frå Arbeidstilsynet i 2017 viste at Voss herad ikkje hadde tilfredsstillande arbeidsmiljøtilhøve for brannmannskap og feiarar på hovudbrannstasjonen på Vangen eller bistasjonane. Eksisterande hovudbrannstasjon er ikkje funksjonell eller har plass nok til eksisterande mannskapsstyrke. Vidare har brannmannskap krav på trygge tilhøve. Arbeidstilsynet peikte på så store avvik ved dagens situasjon at dei meinte tilhøva for brannmannskap og feiarar var helsefarlege. Ny hovudbrannstasjon er vedteke bygd på Tvildemoen og det er lagt inn midlar til bygging av ny stasjon i perioden 2023-2024. I Granvin er det gjort naudsynte tiltak. Ny brannstasjon på Vinje er innvia. Her har ein fått til eit godt samarbeid  med Vossestrand Røde Kors om sambruk av "beredskapshuset".

Det er viktig for brannvernet å ha godt og funksjonelt utstyr. Fleire av bilane er gamle og nær grensa for veteranbilar. Det er derfor viktig at det vert løyvt midlar jamt for utskifting av bilar og utstyr. Sentrumsplanen opnar for høgare bygg på Voss. På sikt vil dette bety at det vert naudsynt med eit høgdereidskap som gjer brannfolk i stand til å kunna angripa brannar frå taket også på dei høgaste bygga.

Tal utrykkingar for brannvernet aukar. Det er ei utfordring at brannvernet må rykkja ut til mange typar oppdrag som dei ikkje nødvendigvis er kvalifisert for, eller har utstyr til å gjennomføra.

Tal brannar har gått ned over tid, medan trafikkulukker i same tidsrom har auka.

## Hovudprioriteringar

I økonomiplanperioden vil rådmannen jobba aktivt for å:

- å få på plass ny hovudbrannstasjon på Tvildemoen i løpet av 2025
- få på plass naudsynt utstyr på alle stasjonane

## Skildring investeringsplan, kort sikt 2024-2027

Planlegging og bygging av ny hovudbrannstasjon på Tvildemoen med ferdigstilling 2025 har høgast prioritet. Ifølgje brannordninga er det naudsynt å få på plass høgdereiskap og utskifting av mannskapsbilar og tankbilar. Det er viktig at redningsverktøy og anna utstyr er oppdatert og tidsrett.

## Driftsbudsjett

## Fordeling på hovudart

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap | Budsjett | | Økonomiplan | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 |
| **Driftsutgifter** | | | | | | |

| | Rekneskap | Budsjett | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 |
| Lønn | 16 251 | 15 374 | 16 286 | 16 286 | 16 286 | 16 286 |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 4 342 | 4 337 | 4 369 | 4 169 | 4 169 | 4 169 |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 1 371 | 942 | 1 272 | 1 272 | 1 272 | 1 272 |
| Overføringsutgifter | 568 | 191 | 191 | 191 | 191 | 191 |
| Finansutgifter | 1 056 | 933 | 933 | 933 | 933 | 933 |
| **Sum Driftsutgifter** | **23 587** | **21 777** | **23 051** | **22 851** | **22 851** | **22 851** |
| **Driftsinntekter** | | | | | | |
| Salgsinntekter | -6 380 | -6 297 | -7 372 | -7 372 | -7 372 | -7 372 |
| Refusjoner | -717 | -191 | -191 | -191 | -191 | -191 |
| **Sum Driftsinntekter** | **-7 098** | **-6 488** | **-7 563** | **-7 563** | **-7 563** | **-7 563** |
| **Sum** | **16 490** | **15 289** | **15 487** | **15 287** | **15 287** | **15 287** |

## Rammeoversikt

*Beløp i 1000*

| | Tiltak | Avdeling | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 |
| **Vedtatt budsjett** | | | **15 289** | **15 289** | **15 289** | **15 289** |
| **Sum Tekniske justeringer** | | | **494** | **494** | **494** | **494** |
| **Vedtak forrige periode** | | | | | | |
| Andre tiltak | | Teknisk | -280 | -480 | -480 | -480 |
| **Sum Vedtak forrige periode** | | | **-280** | **-480** | **-480** | **-480** |
| **Sum Lønns- og prisvekst** | | | **-16** | **-16** | **-16** | **-16** |
| **Konsekvensjustert budsjett** | | | **198** | **-2** | **-2** | **-2** |
| **Konsekvensjustert ramme** | | | **15 487** | **15 287** | **15 287** | **15 287** |
| **Ramme 2024-2027** | | | **15 487** | **15 287** | **15 287** | **15 287** |

## Investeringsbudsjett

*Beløp i 1000*

| | Økonomiplan | | | | Sum |
|---|---|---|---|---|---|
| **Investeringsprosjekter** | **2024** | **2025** | **2026** | **2027** | **2024-27** |
| **Brann og ulukkesvern** | | | | | |
| Brannvern framkostmiddel og redningsverktøy | 750 | 1 688 | 0 | 188 | 2 625 |
| Brannvern høgdereiskap | 10 375 | 0 | 0 | 0 | 10 375 |
| Brannvern mannskapsbilar og tankbilar | 4 500 | 5 625 | 5 750 | -0 | 15 875 |
| Hovudbrannstasjon | 35 000 | 50 000 | 0 | 0 | 85 000 |
| Hovudbrannstasjon inventar/utstyr | 1 000 | 2 000 | 0 | 0 | 3 000 |
| **Sum Brann og ulukkesvern** | **51 625** | **59 312** | **5 750** | **188** | **116 875** |

Voss herad

## Måltabell

| Hovudmål | Delmål | Indikator | Mål 2024 | Mål 2027 | Langsiktig målsetting |
|---|---|---|---|---|---|
| 11 - Berekraftige byar og samfunn | Godt og teneleg utstyr som set brannmannskapa i stand til å redde liv og helse | | | | |
| 15 - Livet på land | Førebyggja brann og andre ulukker | | | | |
| 3 - God helse og livskvalitet | Gode, trygge og tenelege lokale for brannmannskapa i Voss herad | | | | |

### Gode, trygge og tenelege lokale for brannmannskapa i Voss herad

Det er planlagd for å byggja ny hovudbrannstasjon på Tvildemoen.

### Godt og teneleg utstyr som set brannmannskapa i stand til å redde liv og helse

Det er planlagd for utskifting av utstyr og bilar i økonomiplanperioden.

### Kostra-analyse

| | Voss herad 2021 | Voss herad 2022 | Kinn | Aurskog-Høland | Stord | Øvre Eiker | Kostragruppe 07 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Prioritet** | | | | | | | |
| Antall utrykninger: sum utrykninger til branner og andre utrykninger pr. 1000 innbyggere | 13,7 | 13,6 | 15,0 | 16,6 | 16,5 | 15,4 | 16,1 |
| Netto driftsutgifter til funksjon 338 og 339 pr. innbygger, konsern (kr) (B) *) | 969 | 1 021 | 1 675 | 968 | 798 | 740 | 967 |
| Netto driftsutgifter til funksjon 338 pr. innbygger (B) *) **) | 134 | 118 | 117 | 3 | 27 | 80 | 78 |
| Netto driftsutgifter til funksjon 339 pr. innbygger (B) *) **) | 835 | 903 | 1 558 | 965 | 771 | 660 | 889 |
| Netto driftsutgifter, brann og ulykkesvern, i prosent av totale netto driftsutg (B) | 1,3 % | 1,3 % | 2,1 % | 1,5 % | 1,2 % | 1,2 % | 1,4 % |
| **Kvalitet** | | | | | | | |
| Årsgebyr for feiing og tilsyn - ekskl. mva. (kr) *) | 536 | 535 | 420 | 436 | 479 | 1 954 | 475 |

**) Inflasjonsjustert med deflator*
***) Justert for utgiftsbehov*

# Vatn, avlaup og renovasjon

## Skildring av verksemda i dag

Tenesteområdet omfattar drift, vedlikehald og investering i kommunale vatn- og avlaupsanlegg (VA-anlegg). Renovasjon er delegert til det interkommunale selskapet Indre Hordaland Miljøverk som nå er BIR Hardanger etter at BIR kjøpte IHM.

Hovudoppgåvene til VA-avdelinga er å produsera tilstrekkjeleg vatn med god kvalitet til abonnentane og syta for å ta vare på avlaupsvatnet frå kommunal kloakk, industri og spreidd busetnad på ein måte som hindrar at det oppstår miljøulemper i vassdrag og sjø. Tømming og handsaming av slam frå septiktankar og tømmestasjon for bubilar sorterer også innanfor dette tenesteområdet.

Voss herad har 11 store og mindre vassbehandlingsanlegg, 11 reinseanlegg, 60 pumpestasjonar og slamavskiljarar med tilhøyrande ca 300 km leidningsnett. Avdelinga administrerer slamrømming av septiktankar i heile heradet.

Økonomiplan og budsjett for tenesteområdet syner negative tal, noko som betyr at tenesteområdet totalt sett har netto inntekter. Det vert utarbeida kalkylar for kvart einskilt sjølvkostområde, med indirekte kostnader frå andre tenesteområde som del av grunnlaget.

## Status og utfordringar

Vatn og avløp står framfor store utfordringar. Heradet arbeider med å få bygd eit reservevassverk i Bømoen. I dag er all vassforsyning i sentrumsområdet forsynt frå grunnvassbrønnar i Prestegardsmoen. Dette er ei sårbar løysing, og det er venta at heradet har eit reserveanlegg på plass i Bømoen i løpet av økonomiplanperioden.

Det er planlagt ein gjennomgang og revisjon av hovudplan vatn. Heradet vil særskilt ha fokus på å auka utskifting av leidningsnettet for å hindra ikkje-planlagde brot. Gjennom auka separering av overflatevatn og kloakk, kan me redusera mengde kloakk gjennom pumper, leidningsnett og reinseanlegget på Gjernes, samt redusera kostnadane med å reinsa tilnærma "reint" vatn. Dette må gjerast i nært samarbeid med drift av kommunale vegar og private.

Heradet har bestemt at utbygging av vatn og avløp i Myrkdalen skal skje i kommunal regi. Totalt er det planlagt 3400 bueiningar i Myrkdalen, noko som betyr vassverk og kloakkreinseanlegg med storleik som Vossevangen sine anlegg. Hovudplan for vatn og avløp i Myrkdalen slår fast at Voss herad skal stå som utbyggjar av reinseanlegg og vassforsyningsanlegg samt hovudleidningsnettet i

dalen. I dag er dette løyst hovudsakleg gjennom private anlegg som skal sanerast når det kommunale anlegget står klart til bruk. Arbeidet er organisert med eigen prosjektorganisasjon og arbeidet starta opp årsskiftet 2021/2022.

### Hovudprioriteringar

I økonomiplanperioden vil det verta jobba med:

- planlegging, vurdering og val av løysingar for nytt reservevassverk på Bømoen
- gjennomføring utbygging av vatn- og avløpsanlegg i Myrkdalen i samsvar med ny vedteken hovudplan
- etablera langsiktig strategi for utskifting og rehabilitering av eksisterande vass- og avløpsnett for å minska lekkasjar og ikkje planlagt leidningsbrot
- oppfølging av hovudplan avløp
- gjennomgang og revisjon av hovudplan vatn
- optimalisera reinseanlegget på Gjernes
- energieffektiviserande tiltak for å redusera straumforbruk innanfor alle prosessar innan VA

### Skildring investeringsplan, kort sikt 2024-2027

Hovudplan for vass- og avløpsanlegg i Myrkdalen vart vedteken i heradsstyret 18.06.2020 (HST 63/20). Til grunn for planen ligg eit kostnadsoverslag som seinare er prisjustert. Dette må reknast som grove kalkylar, detaljplanlegging vil gje betre grunnlag for forventa prosjektkostnad, og tidspunkt for gjennomføring. Prosjektorganisasjonen har vore i drift sidan februar 2022, og det er realistisk med byggjestart for deler av anlegga allereie i 2023.

### Driftsbudsjett

### Fordeling på hovudart

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap | Budsjett | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | **2022** | **2023** | **2024** | **2025** | **2026** | **2027** |
| **Driftsutgifter** | | | | | | |
| Lønn | 15 241 | 17 312 | 17 311 | 17 311 | 17 311 | 17 311 |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 27 081 | 23 110 | 23 550 | 23 550 | 23 550 | 23 550 |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 5 351 | 4 965 | 4 510 | 4 510 | 4 510 | 4 510 |
| Overføringsutgifter | 15 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Finansutgifter | 9 451 | 8 891 | 8 891 | 8 891 | 8 891 | 8 891 |
| **Sum Driftsutgifter** | **57 139** | **54 279** | **54 263** | **54 263** | **54 263** | **54 263** |
| **Driftsinntekter** | | | | | | |
| Salgsinntekter | -48 439 | -52 009 | -61 576 | -61 576 | -61 576 | -61 576 |
| Refusjoner | -570 | 15 | 0 | 0 | 0 | 0 |

| | Rekneskap | Budsjett | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | -3 095 | -6 049 | -0 | -0 | -0 | -0 |
| **Sum Driftsinntekter** | **-52 103** | **-58 042** | **-61 576** | **-61 576** | **-61 576** | **-61 576** |
| **Sum** | **5 036** | **-3 763** | **-7 314** | **-7 314** | **-7 314** | **-7 314** |

## Rammeoversikt

*Beløp i 1000*

| | Tiltak | Avdeling | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 |
| **Vedtatt budsjett** | | | **-3 763** | **-3 763** | **-3 763** | **-3 763** |
| **Sum Tekniske justeringer** | | | **-2 411** | **-2 411** | **-2 411** | **-2 411** |
| **Sum Lønns- og prisvekst** | | | **-1 140** | **-1 140** | **-1 140** | **-1 140** |
| **Konsekvensjustert budsjett** | | | **-3 550** | **-3 550** | **-3 550** | **-3 550** |
| **Konsekvensjustert ramme** | | | **-7 314** | **-7 314** | **-7 314** | **-7 314** |
| **Ramme 2024-2027** | | | **-7 314** | **-7 314** | **-7 314** | **-7 314** |

## Investeringsbudsjett

*Beløp i 1000*

| | Økonomiplan | | | | Sum |
|---|---|---|---|---|---|
| **Investeringsprosjekter** | **2024** | **2025** | **2026** | **2027** | **2024-27** |
| **Vatn, avlaup og renovasjon** | | | | | |
| Bømoen reserve vassverk | 22 000 | 0 | 0 | 0 | 22 000 |
| Hovudplan avløp | 5 000 | 5 000 | 5 000 | 5 000 | 20 000 |
| Hovudplan vatn | 5 000 | 5 000 | 5 000 | 5 000 | 20 000 |
| Myrkdalen VA-utbygging | 32 000 | 89 000 | 70 000 | 2 000 | 193 000 |
| Nye Bavallsvegen Lundarosen - Ringheim | 7 700 | 3 900 | -0 | 0 | 11 600 |
| **Sum Vatn, avlaup og renovasjon** | **71 700** | **102 900** | **80 000** | **12 000** | **266 600** |

## Måltabell

| Hovudmål | Delmål | Indikator | Mål 2024 | Mål 2027 | Langsiktig målsetting |
|---|---|---|---|---|---|
| 3 - God helse og livskvalitet | Systematisk utskifting av leidningsnettet over tid. | 1% utskifting årleg | 1,0 % | 1,0 % | 100,0 % |
| | Vassforsyningssystemet skal levera godt og hygienisk sikkert drikkevatn til abonnentane. | Ingen funn av termotolerante koliforme bakteriar | 0 | 0 | 0 |
| 6. Rent vann og gode sanitærforhold | sikra reservevasskjelda for Vossevangen vassverk | Ferdigstilla Bømoen vassverk | 50,0 % | 0,0 % | 0,0 % |
| 7. Ren energi til alle | Innen 2030 øke andelen fornybar energi i verdens samlede energiforbruk betydelig | Utskifting til meir energisparande pumper samt solcelletak på tekniske bygg | 10,0 % | 40,0 % | 100,0 % |

| Hovudmål | Delmål | Indikator | Mål 2024 | Mål 2027 | Langsiktig målsetting |
|---|---|---|---|---|---|
| 9 - Industri, innovasjon og infrastruktur | Gjennomføra hovudplan vatn og avløp i Myrkdalen | | | | |

### Systematisk utskifting av leidningsnettet over tid.

Deler av kommunalt VA-leidningsnett er gammalt og bør skiftast. Ei systematisk utskifting vil gje langt mindre ikkje planlagde stopp og vil sikra god kvalitet på drikkevatnet hos abonnentane og hindra uønska ureining av kloakk på avvegar.

### Vassforsyningssystemet skal levera godt og hygienisk sikkert drikkevatn til abonnentane.

Vassprøvar viser at Voss har god kvalitet på vatnet. For å halda det godt over tid må jobbast systematisk med vedlikehald og rehabilitering av anlegget.

## Kostra-analyse

| | Voss herad 2021 | Voss herad 2022 | Kinn | Aurskog-Høland | Stord | Øvre Eiker | Kostragruppe 07 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Prioritet** | | | | | | | |
| Vann - Driftsutgifter per tilknyttet innbygger (kr/tilkn.innb) (B) *) | 2 745 | 3 045 | 1 110 | 1 126 | | 679 | 1 271 |
| **Produktivitet** | | | | | | | |
| Vann - Gebyrinntekter per innbygger tilknyttet kommunal vannforsyning (kr/tilkn.innb) (B) *) | 2 496 | 2 623 | 3 212 | 1 763 | | 1 172 | 2 117 |
| Årsgebyr for avløpstjenesten - ekskl. mva. (kr) *) | 3 758 | 3 569 | 5 490 | 5 744 | 5 595 | 3 281 | 4 559 |
| **Kvalitet** | | | | | | | |
| Avløp - Slamtørrstoff produsert per kubikkmeter avløpsvann | 246 | 705 | 314 | 1 101 | 432 | 347 | |
| Estimert gjennomsnittsalder for kommunalt spillvannsnett med kjent alder (år) | 29,0 | 29,0 | 35,0 | 29,0 | 73,0 | 34,0 | |
| Renovasjon - Levert til materialgjenvinning og biologisk behandling per innbygger (kommune) | 175 | 140 | 94 | 148 | 160 | 225 | 0 |
| Vann - Estimert vannlekkasje per meter kommunal ledning per år (m3/m/år) (B) | 2,5 | 1,4 | 4,9 | 0,9 | | 3,2 | 2,7 |

**) Inflasjonsjustert med deflator*

# Politisk styring

## Skildring av verksemda i dag

Politisk styring omfattar politisk organisasjon og systema som vert nytta i den politiske styringa av Voss herad.

Tenesteområdet har ansvar for å legga til rette for og avvikla politiske møter, arbeidsvilkår for folkevalde, utlegging av politiske saker og kontakt mellom dei folkevalde og administrasjonen. Ansvaret for førebuing til og avvikling av stortingsval og kommunestyre- og fylkestingsval ligg også her.

## Hovudprioriteringar

Hovudprioritering for tenesta er å gjennomføra politiske prosessar og politisk styring på ein god måte som ivaretek prinsippa for demokrati, rettferd, likebehandling og berekraftig samfunnsutvikling.

I 2025 skal det haldast stortingsval. Dette omfattar ein del administrativt arbeid og innkjøp av utstyr å gjennomføra valet. Å gjennomføra dette på ein god måte med god valdeltaking er ei viktig oppgåve.

Kontrollutvalet fører tilsyn med den kommunale forvaltninga på heradsstyret sine vegne, og rapporterer om sitt arbeid og eventuelle forslag til vedtak. Kontrollutvalet ser også til at kommunen har ein forsvarleg revisjon. Kontrollutvalet har gjort følgjande framlegg til budsjett for 2024:

"Kontrollutvalet viser til gjennomgang av framlegg til spesifisert budsjett og innstiller til ei budsjettramme for kontrollarbeidet i 2024 på kr. 2 225 000,-. Budsjettframlegget vert sendt over til heradsstyret, og skal følga innstillinga til årsbudsjettet for 2024, jamfør § 2 i forskrift om kontrollutval og revisjon."

Inkludert i dette er 100 000 kr knytt til uføresett utgifter. Rådmannen har lagt til grunn ei ramme for 2024 på 2 225 000 kr som er likt framlegget frå Kontrollutvalet.

# Driftsbudsjett

## Fordeling på hovudart

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap | Budsjett | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 |
| **Driftsutgifter** | | | | | | |
| Lønn | 3 899 | 5 363 | 4 231 | 4 777 | 4 231 | 4 777 |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 2 983 | 3 914 | 3 035 | 3 735 | 3 035 | 3 795 |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 147 | 269 | 114 | 114 | 114 | 114 |
| Overføringsutgifter | 348 | 989 | 814 | 814 | 814 | 814 |
| **Sum Driftsutgifter** | **7 377** | **10 536** | **8 194** | **9 440** | **8 194** | **9 500** |
| **Driftsinntekter** | | | | | | |
| Salgsinntekter | 0 | -20 | -20 | -20 | -20 | -20 |
| Refusjoner | -133 | -189 | -94 | -94 | -94 | -94 |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | 0 | -1 000 | -0 | -1 000 | -0 | -1 000 |
| **Sum Driftsinntekter** | **-133** | **-1 209** | **-115** | **-1 115** | **-115** | **-1 115** |
| **Sum** | **7 244** | **9 327** | **8 079** | **8 325** | **8 079** | **8 385** |

## Rammeoversikt

*Beløp i 1000*

| | Tiltak | Avdeling | Økonomiplan 2024 | 2025 | 2026 | 2027 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Vedtatt budsjett** | | | **9 327** | **9 327** | **9 327** | **9 327** |
| **Sum Tekniske justeringer** | | | **-1 038** | **-1 038** | **-1 038** | **-1 038** |
| **Vedtak forrige periode** | | | | | | |
| Andre tiltak | | Administrasjon / politiske organ | -350 | -350 | -350 | -350 |
| **Sum Vedtak forrige periode** | | | **-350** | **-350** | **-350** | **-350** |
| **Sum Lønns- og prisvekst** | | | **347** | **347** | **347** | **347** |
| **Konsekvensjustert budsjett** | | | **-1 042** | **-1 042** | **-1 042** | **-1 042** |
| **Konsekvensjustert ramme** | | | **8 285** | **8 285** | **8 285** | **8 285** |
| **Nye tiltak** | | | | | | |
| Auke i budsjett Kontrollutval | | Administrasjon / politiske organ | 100 | 100 | 100 | 100 |
| Andre tiltak | | Administrasjon / politiske organ | -306 | -60 | -306 | 0 |
| **Sum Nye tiltak** | | | **-206** | **40** | **-206** | **100** |
| **Nye tiltak og realendringer budsjett** | | | **-206** | **40** | **-206** | **100** |
| **Ramme 2024-2027** | | | **8 079** | **8 325** | **8 079** | **8 385** |

## Nye tiltak

**Auke i budsjett Kontrollutval**

Kontrollutvalet har i møte 06.09.2023 fatta følgjande vedtak i sak 47/23.

"Kontrollutvalet viser til gjennomgang av framlegg til spesifisert budsjett og innstiller til ei budsjettramme for kontrollarbeidet i 2024 på kr. 2 225 000,-. Budsjettframlegget vert sendt over til heradsstyret, og skal følga innstillinga til årsbudsjettet for 2024, jamfør § 2 i forskrift om kontrollutval og revisjon." Vekst ut over normal prisvekst omfattar auke i revisjonsoppdrag, sekretærtenester og opplæring.

## Me skal tenkja "klima i alt me gjer"

For å nå måla i Vossaklima 2030 er me avhengig av av at alle tek grep for å møte utfordringar og gjennomføra endring.

## Politiske avgjersler skal gjennomførast på ein open og inkluderande måte

Innbyggjarar og brukarrepresentantar skal få gje si meining i relevante saker.

## Kostra-analyse

| | Voss herad 2021 | Voss herad 2022 | Kinn | Aurskog-Høland | Stord | Øvre Eiker | Kostragruppe 07 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Prioritet** | | | | | | | |
| Brutto driftsutgifter til funksjon 100 Politisk styring , i kr. pr. innb (B) *) **) | 409 | 336 | 557 | 271 | 223 | 346 | 383 |

**) Inflasjonsjustert med deflator*

***) Justert for utgiftsbehov*

# Finansielle postar/økonomi

## Skildring av verksemda i dag

Tenesteområdet er ei samling av diverse postar som består av Kostrafunksjonane for rekneskapstekniske postar for pensjon (Premieavvik, amortisering premieavvik, premiefond mv), kraftinntekter og -utgifter, og motpost for avskrivingar. Det er verdt å merka seg at kommunalt rekneskap er svært forskjellig frå privat sektor. Mellom anna har ikkje avskrivingane netto resultateffekt, men låneavdraga har det.

## Status og utfordringar

Det er store endringar i mange samfunnsøkonomiske tal for tida, som lønsvekst, prisvekst (inflasjon), rentevekst, auka pensjonskostnader og demografikostnader. Rådmannen har laga budsjett og økonomiplan ut i frå kjend informasjon på noverande tidspunkt. Meir detaljar og oppdateringar etter ny informasjon vil leggast fram i budsjettreguleringar i tertialrapportar.

Pensjonsutgiftene aukar vesentleg i perioden, og spesielt i 2024. Det er i hovudsak premien som aukar grunna auka lønsvekst. Lønsveksten aukar reguleringspremien. Premieveksten aukar igjen premieavviket (negativt tall for 2023), og deretter amortisert avvik i 2024 (positivt tall). Voss herad må difor handtera eit kostnad med høgt premieavvik i 2024 som skuldast eit stort positivt premieavvik i 2023.

Premiefond kan berre brukast til finansiering av pensjonspremie. Dersom det blir tilstrekkelig avkasting på pensjonsmidlane, vil premiefonda få tilført nye midlar. Det er planlagd å bruka 20 mill.kr av premiefond årleg framover. I tillegg er det planlagd for å nytta 20 mill.kr av disposisjonsfond i 2024 for å dekka noko av amortisert premieavvik i 2024. Rådmannen vil koma attende til behov for eventuell justering av bruk av disposisjonsfond (bufferfond for pensjon) ved tertialrapportar når storleiken på ulike pensjonspostar er meir sikre.

## Driftsbudsjett

### Fordeling på hovudart

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap | Budsjett | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 |
| **Driftsutgifter** | | | | | | |
| Lønn | -28 440 | -58 500 | 20 000 | -21 000 | -21 000 | -21 000 |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 751 | 337 | 337 | 337 | 337 | 337 |
| Overføringsutgifter | 7 366 | 9 282 | 9 282 | 9 282 | 9 282 | 9 282 |
| Finansutgifter | 122 629 | 201 741 | 158 883 | 178 428 | 186 461 | 187 535 |
| **Sum Driftsutgifter** | **102 306** | **152 860** | **188 502** | **167 047** | **175 080** | **176 154** |

| | Rekneskap | Budsjett | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 |
| **Driftsinntekter** | | | | | | |
| Salgsinntekter | -90 148 | -93 600 | -47 400 | -43 900 | -43 900 | -43 900 |
| Refusjoner | -32 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Overføringsinntekter | -1 254 630 | -1 260 487 | -1 408 693 | -1 397 425 | -1 399 225 | -1 396 225 |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | -146 428 | -124 498 | -177 644 | -138 218 | -125 818 | -125 618 |
| **Sum Driftsinntekter** | **-1 491 238** | **-1 478 585** | **-1 633 737** | **-1 579 543** | **-1 568 943** | **-1 565 743** |
| **Sum** | **-1 388 931** | **-1 325 725** | **-1 445 235** | **-1 412 496** | **-1 393 863** | **-1 389 589** |

## Rammeoversikt

*Beløp i 1000*

| | Tiltak | Avdeling | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 |
| **Vedtatt budsjett** | | | **-221 730** | **-221 730** | **-221 730** | **-221 730** |
| **Sum Tekniske justeringer** | | | **-24 656** | **-24 656** | **-24 656** | **-24 656** |
| **Vedtak forrige periode** | | | | | | |
| Endring sal av konsesjonskraft | | Finans | 49 000 | 52 500 | 52 500 | 52 500 |
| Justering sentrale pensjonspostar | | Finans | 69 500 | 27 500 | 27 500 | 27 500 |
| Ukraina budsjett | | Finans | 4 000 | 10 000 | 10 000 | 5 000 |
| Andre tiltak | | Stab | 12 190 | 12 890 | 12 890 | 12 890 |
| **Sum Vedtak forrige periode** | | | **134 690** | **102 890** | **102 890** | **97 890** |
| **Sum Lønns- og prisvekst** | | | **6 175** | **6 175** | **6 175** | **6 175** |
| **Konsekvensjustert budsjett** | | | **116 209** | **84 409** | **84 409** | **79 409** |
| **Konsekvensjustert ramme** | | | **-105 520** | **-137 320** | **-137 320** | **-142 320** |
| **Nye tiltak** | | | | | | |
| Hagahaugen vert innlemma i Voss herad | | Finans | -1 302 | -1 302 | -1 302 | -1 302 |
| HST 12.12.23 Badepark | | Kultur og fritid | -200 | 0 | 0 | 0 |
| HST 12.12.23 ENØK-, klima- og flaumsikringstiltak | | Stab | -8 000 | 0 | 0 | 0 |
| HST 12.12.23 Såkornfond/kapitalstifting | | Teknisk | -8 966 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum Nye tiltak** | | | **-18 468** | **-1 302** | **-1 302** | **-1 302** |
| **Nye tiltak og realendringer budsjett** | | | **-18 468** | **-1 302** | **-1 302** | **-1 302** |
| **Ramme 2024-2027** | | | **-123 988** | **-138 622** | **-138 622** | **-143 622** |

## Vedtak forrige periode

### Endring sal av konsesjonskraft

Kommunen forvaltar konsesjonskrafta som me får ved å bruka 9 Gwh til eige bruk og sel ca. 62 Gwh i løpet av året. Forventa salspris er estimert ut i frå kunnskap på noverande tidspunkt. For økonomiplanperioden er det estimert ein salspris på ca. 75 øre/kwh i 2024, 70 øre/kwh i 2025, 70 øre/kwh i 2026 og 70 øre/kwh i 2027. Dette tilsvarer inntekter på om lag 47,4 mill.kr i 2024 og 44,3 mill.kr per år i resten perioden.

### Ukraina budsjett

Avsetting av integreringstilskot til disposisjonsfond ligg under dette tenesteområdet.

## Nye tiltak

### Hagahaugen vert innlemma i Voss herad

Heradsstyret 6.03.23 tilrådde å avvikla selskapet og innlemma drifta i Voss herad. Under dette tenesteområdet er renteutgifter budsjettert.

### HST 12.12.23 Badepark

Intensjon om å setje av 200 000 kr til badepark.

### HST 12.12.23 ENØK-, klima- og flaumsikringstiltak

ENØK-, klima- og flaumsikringstiltak

### HST 12.12.23 Såkornfond/kapitalstifting

Såkornfond/kapitalstifting

## Investeringsbudsjett

*Beløp i 1000*

| | Økonomiplan | | | | Sum |
|---|---|---|---|---|---|
| **Investeringsprosjekter** | **2024** | **2025** | **2026** | **2027** | **2024-27** |
| **Finansielle postar/økonomi** | | | | | |
| DUMMY-P-1 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| DUMMY-P-2 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Eigenkapitalinnskot KLP | 3 400 | 3 400 | 3 400 | 3 400 | 13 600 |
| **Sum Finansielle postar/økonomi** | **3 400** | **3 400** | **3 400** | **3 400** | **13 600** |

## Kostra-analyse

| | Voss herad 2021 | Voss herad 2022 | Kinn | Aurskog-Høland | Stord | Øvre Eiker | Kostragruppe 07 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Prioritet** | | | | | | | |
| Brutto investeringsutg, barnehage, i prosent av totale brutto investeringsutg (B) *) | 2,20 | 0,55 | 8,32 | 1,86 | 0,25 | 3,45 | 3,50 |
| Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter (B) | 7,9 % | 5,8 % | 6,1 % | 19,9 % | 7,4 % | 9,3 % | 12,8 % |
| **Økonomi** | | | | | | | |
| Frie inntekter i kroner per innbygger (B) *) **) | 66 420 | 65 572 | 66 974 | 65 346 | 65 482 | 63 889 | 64 631 |
| Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter (B) | 2,9 % | -0,6 % | 2,2 % | 5,3 % | 0,6 % | 2,0 % | 2,1 % |
| Netto lånegjeld i kroner per innbygger (B) *) | 56 944 | 57 271 | 159 087 | 63 508 | 143 677 | 68 845 | 98 585 |
| Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter (B) | 53,4 % | 52,4 % | 133,4 % | 72,3 % | 145,8 % | 80,0 % | 101,7 % |
| **Levekår** | | | | | | | |

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Indeks berekna utgiftsbehov | 1,076 | 1,070 | 1,035 | 0,990 | 0,998 | 0,990 | 1,011 |

**) Inflasjonsjustert med deflator*
***) Justert for utgiftsbehov*

# Grunnskule

## Skildring av verksemda i dag

Voss herad vil gi undervisingstilbod ved 11 grunnskular, der 8 er reine barneskular, to er kombinert barne- og ungdomsskular, og éin rein ungdomsskule. Elevtalet i Voss herad er om lag 1880 elevar fordelt på dei 11 skulane i heradet.

Tenestetilbodet omfattar også SFO tilbod ved 10 grunnskular i 2021. To av skulane, Vangen og Gullfjordungen tilbyr utvida SFO tilbod i haust- og vinterferie samt tre veker i sommarferien.

Ein barneskule og ein ungdomsskule har innføringsklassar som rettar seg mot nyinnkomne flyktningar.

## Status og utfordringar

Ein god grunnskule har vore eit høgt prioritert område på Voss lenge. Voss har generelt sett gode levekår og gode vilkår for å skapa ein likeverdig oppvekst med god læring og god helse. Fem skular og to barnehagar på Voss er med i den statlege satsinga «inkluderande barnehage- og skulemiljø». Dette er ei satsing som handlar om at me skal ha skular og barnehagar som vert oppfatta som inkluderande for alle. Alle skulane vil dra nytte av denne satsinga.

Voss herad er ein geografisk stor kommune og har mange og til dels små skular. Dette har som konsekvens at me har ei dyr skuledrift. Ei kartlegging gjort av Agenda Kaupang syner at Voss herad nyttar meir til grunnskuletenesta enn samanliknbare kommunar, men meirkostnaden går til skulestrukturen. Relativt sett er kostnadane noko under gjennomsnittet når ein tek omsyn til skulestruktur.

Det er høgt press på sentrumsskulane, og fleire av skulane har stort behov for rehabilitering og oppgradering.

Voss har ein stor del gjesteelevar. Ein konsekvens av dette er eit høgt forbruk av spesialundervisning, då det er mange som treng eigne tiltak. Dette er òg ein faktor som gjer at budsjett er vanskeleg å stipulera, då gjesteelevane ikkje nødvendigvis er på skulen heile året. Å

rekruttera tilsette til denne elevgruppa er utfordrande. Høg grad av spesialundervisning er også ei utfordring for andre elevar enn gjesteelevar. Voss herad må ha eit langsiktig mål om at fleire elevar kan ha utbytte av den ordinære undervisninga. Dette lukkast me med gjennom betre tilpassa opplæring.

Mange av formålsbygga våre er ikkje universelt utforma. Så snart me får informasjon om born med behov for tilrettelegging startar med arbeidet med å kartleggje kva behov barnet har. Dei siste åra er det sett av ressursar kvart år for å tilpassa skular eller barnehagar slik at dei er tilpassa dei borna som brukar bygget.

Rådmannen sette i 2022 i gong med ei større evaluering av heile oppvekstavdelinga. Målet er å gjera avdelinga i betre stand til å levera gode og tenester. Kartleggingsarbeidet vart avslutta i 2022 og har peikt på fleire forbetringstiltak. Eit tiltak handler om ein ny tildelingsmodell for grunnskulane som legg premissa for kvar skule sitt budsjett frå skuleåret 2023/2024. Vidare er det jobba med betre rolleforståing mellom dei ulike leiarnivåa i oppvekst og det vert jobba med at leiargruppene på ulike nivå i organisasjonen vert meir effektive.

Grunnskulane på Voss har skuleåret 2022/23 vore i oppstartfasen for Oppfølgingsordninga. Dette er ei statleg ordning for å gje kompetanse og verktøy til å jobba med kvalitetsforbetring til skular som har svake resultat. Frå hausten 2023 til juni 2025 går Oppfølgingsordninga inn i gjennomføringsfasen. Fokus i gjennomføringsfasen vert implementering av kommunale og skulebaserte satsingar, samt ei felles forståing og eit felles arbeid knytt til tilpassa opplæring.

Voss herad er ein BTI (Betre tverrfagleg innsats) kommune. Den digitale BTI rettleiaren legg føringar for korleis alle tilsette i Oppvekst skal jobbe når dei er bekymra for eit born. Det er av stor betydning for god samhandling i Oppvekst at alle tilsette jobbar i tråd med BTI rettleiaren.

### Hovudprioriteringar

- Setja i verk forbetringstiltaka frå evalueringa av oppvekstavdelinga
- Gjennomføring av Oppfølgingsordninga 2022 - 2025
- Implementera fagfornyinga
- Sikra kvalitativ lik opplæring uavhengig av kva skule ein soknar til gjennom implementering av “Vossaskulen”
- Reduksjon av kostnader, optimalisering av ressursbruken og effektivisering av skuledrifta
- Deltaking i den statleg initierte satsinga ¨inkluderande skulemiljø¨
- Styrka tidleg innsats og førebygging med særleg satsing på:
    - begynnaropplæringa i barneskulen
    - optimalisering av det allmennpedagogiske tilbodet - for at fleire elevar skal få opplæringa i klassefellesskapet
    - reduksjon av tal timar nytta til spesialpedagogisk hjelp
    - betre samhandling mellom skulane og støttetenestene

## Skildring investeringsplan, kort sikt 2024-2027

I 2023 skal idrettsfløyen på Voss ungdomsskule og rehabiliteringa av Vangen skule gjennomførast. I tillegg må det gjerast utbetringar ved Gjernes for å leggja til rette for elevar med særskilde behov, estimert til 2 mill.kr. Skulestad skule treng utbetring av administrasjonsfløy med tanke på lydisolering (1 mill.kr).

I 2024 – 2027 er det Skulestad, Gullfjordungen, Evanger og Bjørgum skule som må prioriterast. Omfanget på rehabilitering av desse skulane må sjåast i samanheng med det langsiktige perspektivet. Full rehabilitering av desse skulane vil ha ein prislapp på om lag 80 mill.kr, eller ca 20 millionar årleg (Gullfjordungen 20 mill.kr, Skulestad 30 mill.kr, Evanger 4 mill.kr og Bjørgum 26 mill.kr). Det er ikkje teke høgde for desse beløpa i Rådmannen sitt framlegg til økonomiplan 2024-2027.

## Driftsbudsjett

### Fordeling på hovudart

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap | Budsjett | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 |
| **Driftsutgifter** | | | | | | |
| Lønn | 264 457 | 259 043 | 265 744 | 263 129 | 256 463 | 256 463 |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 50 308 | 35 895 | 39 768 | 38 668 | 38 668 | 38 668 |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 16 138 | 6 573 | 7 428 | 7 428 | 7 428 | 7 428 |
| Overføringsutgifter | 9 960 | 3 921 | 3 918 | 3 918 | 3 918 | 3 918 |
| Finansutgifter | 13 366 | 13 071 | 13 071 | 13 071 | 13 071 | 13 071 |
| **Sum Driftsutgifter** | **354 229** | **318 503** | **329 928** | **326 213** | **319 547** | **319 547** |
| **Driftsinntekter** | | | | | | |
| Salgsinntekter | -7 455 | -9 670 | -6 430 | -6 430 | -6 430 | -6 430 |
| Refusjoner | -42 646 | -35 814 | -30 652 | -30 652 | -30 652 | -30 652 |
| Overføringsinntekter | -28 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | -1 457 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum Driftsinntekter** | **-51 586** | **-45 484** | **-37 082** | **-37 082** | **-37 082** | **-37 082** |
| **Sum** | **302 643** | **273 019** | **292 846** | **289 131** | **282 465** | **282 465** |

## Rammeoversikt

*Beløp i 1000*

| | Tiltak | Avdeling | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 |
| **Vedtatt budsjett** | | | **273 019** | **273 019** | **273 019** | **273 019** |
| **Sum Tekniske justeringer** | | | **-8 164** | **-8 164** | **-8 164** | **-8 164** |
| **Vedtak forrige periode** | | | | | | |

| Tiltak | Avdeling | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 |
|---|---|---|---|---|---|
| | | Økonomiplan | | | |
| Spesialundervisning | Oppvekst | -1 000 | -1 000 | -1 000 | -1 000 |
| Ukraina budsjett | Oppvekst | 7 000 | 6 367 | 5 101 | 5 101 |
| Andre tiltak | Finans | -4 686 | -5 468 | -5 468 | -5 468 |
| **Sum Vedtak forrige periode** | | **1 314** | **-101** | **-1 367** | **-1 367** |
| **Sum Lønns- og prisvekst** | | **8 677** | **8 677** | **8 677** | **8 677** |
| **Konsekvensjustert budsjett** | | **1 827** | **412** | **-854** | **-854** |
| **Konsekvensjustert ramme** | | **274 846** | **273 431** | **272 165** | **272 165** |
| **Innsparingstiltak** | | | | | |
| **Sum Innsparingstiltak** | | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Nye tiltak** | | | | | |
| Budsjettauke grunnskule, ny tildelingsmodell | Oppvekst | 12 700 | 10 400 | 5 000 | 5 000 |
| Gratis SFO for andre klassingar | Oppvekst | 2 000 | 2 000 | 2 000 | 2 000 |
| HST 12.12.23 Fjerna nedtrekk spesialundervisning | Oppvekst | 1 000 | 1 000 | 1 000 | 1 000 |
| HST 12.12.23 Praktisk undervisning | Oppvekst | 300 | 300 | 300 | 300 |
| Venta prisvekst varer og tenester | Oppvekst | 2 000 | 2 000 | 2 000 | 2 000 |
| **Sum Nye tiltak** | | **18 000** | **15 700** | **10 300** | **10 300** |
| **Nye tiltak og realendringer budsjett** | | **18 000** | **15 700** | **10 300** | **10 300** |
| **Ramme 2024-2027** | | **292 846** | **289 131** | **282 465** | **282 465** |

## Vedtak forrige periode

### Spesialundervisning

Grunnskule legg opp til innsparingar innan spesialundervisning gjennom endring av korleis me både organiserer spesialundervisninga, og ved gjennomgang av sakkunnige frå PPT, samt vedtak frå rektorane. Det er eit nasjonalt problem at ein ikkje oppnår ønska resultat med spesialundervisninga. Stortingsmelding 6 – «Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO» peiker på at fleire elever bør få betre tilrettelegging av undervisning i klasserommet, ikkje takast ut på eit grupperom. Nokre elevar treng  tid åleine med ein pedagog, men på Voss har me eit inntrykk av at det er fleire som anten kunne vore i lag med andre i ei gruppe, eller at dei kunne vore i klasserommet i staden for å vere ute i gruppe.

Me ser også at me i større grad kan gje ressursar knytt til einskildelevar i eit kortare tidsrom. Ein elev kan ha større utbytte av å få eit intensivt lesekurs for så å komme attende til ordinær tilpassa undervisning i klasserommet, i staden for at eleven skal ha to timar med lesetrening kvar veke heile året.

Rådmannen er i gang med dette arbeidet. Det vil lagast ein strategi for korleis me kan gje god tilpassa opplæring til alle elevar i heradet, som samtidig krev mindre ressursar.

### Ukraina budsjett

Det vil påløpa ein del ekstra utgifter til tenestetilbod til flyktningar, spesielt dei fyrste åra. Det er budsjettert med midlar til grunnskule i heile perioden.

## Nye tiltak

### Budsjettauke grunnskule, ny tildelingsmodell

Prosessen med å lage ein ny budsjettmodell i grunnskulen har ført til ein ny tildelingsmodellen som trer i kraft frå hausten av. Denne tek utgangspunkt i tal rapportert i GSI (Grunnskulens informasjonssystem). Modellen bereknar behovet for midlar og fordeler midlane mellom skulane i heile økonomiplanperioden på fire år. Modellen er bygget opp i tråd med GSI sin inndeling i ressursrammer (ordinær undervisning, spesial/språk og redusert leseplikt).

Modellen reknar ressursar/timar om til kroner og bereknar gruppestørrelse 2 for alle skulane ((elevtimer-spesialundervisning)/lærertimer ordinær undervisning). Alle plantal vert samanlikna med GSI-tall og reknskapstal for dei siste åra.

Den nye budsjettmodellen legg opp til eit auka budsjettbehov på kr. 7,5 millionar i 2023.

### Gratis SFO for andre klassingar

Det vart innført 12 timar gratis SFO for 2.klassingar frå 2023. Dette gjev tapte inntekter for skulane då dei fleste som nyttar tilbodet, då ikkje treng betalt SFO plass. Andelen som nyttar SFO i andre klasse er noko mindre enn fyrste klasse. Gratis tilbod vil føra til at enno fleire nyttar tilbodet. Dette krev oppauke på bemanning samstundes som me ikkje får inn pengar frå foreldre. Me reknar med at dette vert kompensert gjennom rammetilskot til kommunen.

### Venta prisvekst varer og tenester

Det er venta auka prisvekst på fleire forskjellige område som følgje av auka prisvekst på varer og tenester. Rådmannen vurderer basert på rekneskapsanalysar for 2022 og så langt i 2023 at fleire område må styrkast. Dette omfattar bl.a matvarer, lisensar, brøyting, vedlikehald, tilskot til private barnehagar og kjøp av tenester (inkl.innleige innan helse og omsorg). Auka løyvingar er dekka av auka rammetilskot.

### HST 12.12.23 Fjerna nedtrekk spesialundervisning

Fjerna nedtrekk spesialundervisning. Ein skal ikkje setje effektiviseringskrav/kutt i løyvinga til spesialundervisninga før ein har fått på plass ei drift av grunnskulen som treff betre enn kva ein ser i dag. Inndekninga skal skje gjennom å redusere avsettingar til dispensasjonsfond. Varig tiltak.

### HST 12.12.23 Praktisk undervisning

Vidareføre summen sett av til meir praktisk undervisning, kr. 300.000,- med inndekning gjennom å redusere avsettingar til dispensasjonsfond. Varig tiltak.

## Investeringsbudsjett

*Beløp i 1000*

| Investeringsprosjekter | Økonomiplan 2024 | 2025 | 2026 | 2027 | Sum 2024-27 |
|---|---|---|---|---|---|
| **Grunnskule** | | | | | |
| Inventar/utstyr skuler og barnehager | 1 000 | 0 | 0 | 0 | 1 000 |
| Kapitalbevaring bygg/anlegg - skulebygg | 5 000 | 5 000 | 5 000 | 10 000 | 25 000 |
| Oppr.uteområde skular/barnehagar | 1 875 | 0 | 0 | 0 | 1 875 |
| Opprusting av skulebygg | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Ungdomsskulen idrettsfløy | 30 000 | 0 | 0 | 0 | 30 000 |
| **Sum Grunnskule** | **37 875** | **5 000** | **5 000** | **10 000** | **57 875** |

## Måltabell

| Hovudmål | Delmål | Indikator | Mål 2024 | Mål 2027 | Langsiktig målsetting |
|---|---|---|---|---|---|
| 10 - Mindre ulikheit | Alle elevar skal oppleva eit inkluderande skulemiljø med lik kvalitet på dei ulike skulane | Tal mobbesaker som vert meldt inn til Statsforvaltar | 5 | 3 | 0 |
| 11 - Berekraftige byar og samfunn | Gjera borna i stand til å ta ansvarlege val | | | | |
| | Me klarer å rekruttera og behalda naudsynt arbeidskraft for å utøva samfunnsoppdraget vårt | | | | |
| 17 - Samarbeid | Me skal ha godt samarbeid med andre einingar i kommunen og med foreldre | | | | |
| 3 - God helse og livskvalitet | Sikra at alle born og unge har eit trygt opplæringsmiljø | Elevundersøkinga: Score på overordna tilfredsheit med vurdering for læring - 7. trinn | 4 | 4 | 4 |
| | Skapa attraktive arbeidsmiljø med høgt fagleg nivå | Årleg reduksjon i sjukefråvær | 4,0 % | 8,0 % | 10,0 % |
| 4 - God utdanning | Berekraftige og føreseielege økonomiske rammer | | | | |
| | Sikra at born og unge får gode tenester som realiserer deira potensiale for læring og utvikling | Andel elevar som får spesialundervisning | 9,0 % | 7,5 % | 7,0 % |
| | | Betra resultat på grunnskulepoeng | 10,0 % | 30,0 % | 50,0 % |
| | | Betra resultat på nasjonale prøvar | 10,0 % | 30,0 % | 50,0 % |
| 5 - Likestilling | Rekruttera fleire menn til grunnskule og barnehage | | | | |

**Alle elevar skal oppleva eit inkluderande skulemiljø med lik kvalitet på dei ulike skulane**
Bygga sterke fagmiljø på tvers av einingane. Halde fram med arbeidet med inkluderande skulemiljø

**Berekraftige og føreseielege økonomiske rammer**
Me må skapa god forståing for dei rammene me har og korleis styra økonomien slik at me nyttar ressursane på beste måte. Me utvikla tenestene og strukturen i tråd med utviklinga i samfunnet.

**Gjera borna i stand til å ta ansvarlege val**
Haldningar og kultur vert utvikla gjennom heile oppveksten og me vil vera med å utvikla ansvarlege og bevisste innbyggjar som gjer gode val for samfunnet. Dette kan gjelda innan klima og milljø, forbrukarsamfunn, inkludering, samfunnsengasjement, etikk m.fl.

**Me klarer å rekruttera og behalda naudsynt arbeidskraft for å utøva samfunnsoppdraget vårt**
Me vil jobba systematisk med å fremja det positive i skulane og barnehagane på Voss slik at dei vert oppfatta og opplevd som ein attraktiv arbeidsplass. Me må tenkja nytt om rekruttering for å klara å rekruttera tilstrekkeleg folk med rett kompetanse.

**Me skal ha godt samarbeid med andre einingar i kommunen og med foreldre**
Me skal ha godt samarbeid mellom rektorgruppa og PPT for å bidra til at borna kan nå sitt potensiale. Me vil jobba for å ha rett nivå på spesialpedagogiske tiltak og redusera omfang av små vedtak utan tydeleg effekt. Me vil samarbeida med heimen og bidra med små tiltak dersom noko kan betra forhold i heimen.

**Sikra at alle born og unge har eit trygt opplæringsmiljø**
Skulane og barnehagane skal vera ein inkluderande arena og tilsette skal arbeida systematisk med mangfald, språk og vennskap. Me skal jobba med å hindra at personar fell utanfor og gjera tiltak for å fremja gode og inkluderande miljø for alle.

**Sikra at born og unge får gode tenester som realiserer deira potensiale for læring og utvikling**
Analysar og resultat av skulane i Voss syner at det må jobbast systematisk med å forbetra kvalitet og sikra at me gjer eit kvalitativt likt tilbod på tvers av skulane. Alle skal få eit likeverdig tilbod uavhengig av kva skule dei går på. For å oppnå dette vil det jobbast med ulike program og tiltak.

**Skapa attraktive arbeidsmiljø med høgt fagleg nivå**
Me vil skapa gode arbeidsmiljø som tiltrekkjer seg nye folk og der dei tilsette har høg fagleg kompetanse. Me vil jobba med kompetanseutvikling.

## Kostra-analyse

| | Voss herad 2021 | Voss herad 2022 | Kinn | Aurskog-Høland | Stord | Øvre Eiker | Kostragruppe 07 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Prioritet** | | | | | | | |
| Netto driftsutgifter til grunnskole (202), per innbygger 6-15 år (B) *) **) | 119 358 | 124 225 | 118 983 | 95 281 | 109 699 | 91 422 | 104 931 |
| **Produktivitet** | | | | | | | |
| Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.-10.årstrinn (B) | 11,4 | 12,2 | 12,0 | 14,1 | 11,8 | 14,7 | 13,1 |
| **Dekningsgrad** | | | | | | | |
| Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning (B) | 9,5 % | 9,4 % | 10,9 % | 5,3 % | 4,8 % | 7,9 % | 7,8 % |
| Andel elever med direkte overgang fra grunnskole til videregåande opplæring (B) | 95,1 % | 99,4 % | 97,7 % | 99,1 % | 98,4 % | 96,7 % | 98,2 % |

**) Inflasjonsjustert med deflator*
***) Justert for utgiftsbehov*

# Barnehage

### Skildring av verksemda i dag

Tenesteområdet omfattar i dag 11 kommunale og 7 private barnehagar, styrkt barnehagetilbod og Vonheim open barnehage.

Det er i overkant av 800 born i barnehagane i Voss herad. I 2022 vart det oppretta barnehage på Hagahaugen.

### Status og utfordringar

Voss herad har mange små barnehagar og det er fleire barnehagar som har behov for rehabilitering/oppgradering.

To barnehagar er med i den statlege satsinga «inkluderande barnehage- og skulemiljø». Dette er ei satsing som handlar om at me skal ha skular og barnehagar som vert oppfatta som inkluderande for alle. Alle barnehagane vil dra nytte av satsinga.

Objektive data syner at Voss herad driv ei kostnadseffektiv barnehageteneste. Det er krevjande å redusera kostnadane ytterlegare innanfor fastsette rammer som bemanningsnorm og barnehagestruktur, men arbeidet med omstilling og effektivisering vil halda fram.

Rådmannen sette i 2022 i gong med ei større evaluering av heile oppvekstavdelinga. Målet er å gjera avdelinga i betre stand til å levera gode og tenester. Kartleggingsarbeidet vart avslutta i 2022 og har peikt på at me må skape betre rolleforståing og avklaringar mellom dei ulike leiarnivåa i oppvekst, samt at me må effektivisere arbeidet i leiargruppene i oppvekst. Dette arbeidet har starta opp og skal vidareførast i åra som kjem.

Voss herad er ein BTI (Betre tverrfagleg innsats) kommune. Den digitale BTI rettleiaren legg føringar for korleis alle tilsette i Oppvekst skal jobbe når dei er bekymra for eit born. Det er av stor betydning for god samhandling i Oppvekst at alle tilsette jobbar i tråd med BTI rettleiaren.

### Hovudprioriteringar

Vossabarnehagen skal vera ein god barnehage for alle barn med fokus på eit inkluderande barnehagemiljø og vennskap og fellesskap.

### Skildring investeringsplan, kort sikt 2024-2027

Ny barnehage i Granvin vil ha oppstart av byggearbeidet i 2023 og skal ferdigstillast i 2024. I tillegg er det politisk vedtak på at Hauge barnehage skal flyttast til Oppheim

Utover dette treng Evanger barnehage eit vognskur og Klausabakken ein ny vegg for skjerming av kjøkken. I tillegg må me setja av pengar årleg til uteområde, digitalisering og noko til bilkjøp. I tillegg bør det setjast av 1 mill.kr til planlegging av ny barnehage på Gjernes.

Fram mot 2027 er det fire barnehagar som det bør gjerast noko med; Bolstad, Bulken, Bjørgamarka og Gjernes. Rådmannen tilrår at planlegging av ny Gjernes barnehage vert igangsett snarast. Gjernes barnehage bør utvidast til ein fire avdelingsbarnehagar. Det vil føra til at me på sikt kan avvikla barnehagen på Hagahaugen. Eit større barnehageprosjekt som dette tek nokre år. Det er difor viktig å koma i gang med dette arbeidet. Her må det også vurderast om barnehagen kan rehabiliterast og byggjast på, om det er betre å bygge ny barnehage og om barnehagen skal ligge der den ligg i dag, eller flyttast.

Når me har gjort oss erfaringar med å ta i bruk gamle Oppheim skule som barnehage, kan me gå vidare med Bolstad barnehage.

Bulken og Bjørgamarka treng rehabilitering. Prislappen for desse to barnehagane er på 11 mill.kr og er ein pris som er kvalitetssikra av Norconsult. For Gjernes og Bolstad har me ikkje tilsvarande berekningar, men Gjernes vil truleg få ein prislapp om lag som ny barnehage i Granvin. Bolstad vil truleg verte meir kostbar enn Oppheim. Samla sett vil det vera behov for investeringar på om lag

140 millionar frå 2024 – 2027 innan barnehage. Dersom det vert svært kostnadskrevjande å ta i bruk gamle bygg, som t.d. på Oppheim kan dette føra til at rehabilitering av andre barnehagar må nedprioriterast.

## Driftsbudsjett

### Fordeling på hovudart

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap | Budsjett | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 |
| **Driftsutgifter** | | | | | | |
| Lønn | 112 138 | 113 785 | 119 847 | 119 794 | 119 444 | 119 444 |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 8 714 | 7 379 | 7 358 | 7 258 | 7 258 | 7 258 |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 64 459 | 65 933 | 71 232 | 71 232 | 71 232 | 71 232 |
| Overføringsutgifter | 3 476 | 881 | 956 | 956 | 956 | 956 |
| Finansutgifter | 3 676 | 3 397 | 3 797 | 3 797 | 3 797 | 3 797 |
| **Sum Driftsutgifter** | **192 463** | **191 374** | **203 190** | **203 037** | **202 687** | **202 687** |
| **Driftsinntekter** | | | | | | |
| Salgsinntekter | -16 352 | -17 712 | -16 121 | -13 250 | -13 250 | -13 250 |
| Refusjoner | -11 770 | -7 235 | -10 595 | -10 595 | -10 595 | -10 595 |
| Overføringsinntekter | -6 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum Driftsinntekter** | **-28 128** | **-24 947** | **-26 716** | **-23 845** | **-23 845** | **-23 845** |
| **Sum** | **164 335** | **166 428** | **176 475** | **179 193** | **178 843** | **178 843** |

### Rammeoversikt

*Beløp i 1000*

| | Tiltak | Avdeling | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 |
| **Vedtatt budsjett** | | | **166 428** | **166 428** | **166 428** | **166 428** |
| **Sum Tekniske justeringer** | | | **3 061** | **3 061** | **3 061** | **3 061** |
| **Vedtak forrige periode** | | | | | | |
| Ukraina budsjett | | Oppvekst | 0 | -175 | -525 | -525 |
| Andre tiltak | | Finans | -330 | -308 | -308 | -308 |
| **Sum Vedtak forrige periode** | | | **-330** | **-483** | **-833** | **-833** |
| **Sum Lønns- og prisvekst** | | | **2 141** | **2 141** | **2 141** | **2 141** |
| **Konsekvensjustert budsjett** | | | **4 872** | **4 719** | **4 369** | **4 369** |
| **Konsekvensjustert ramme** | | | **171 300** | **171 147** | **170 797** | **170 797** |
| **Innsparingstiltak** | | | | | | |
| **Sum Innsparingstiltak** | | | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Nye tiltak** | | | | | | |
| Hagahaugen vert innlemma i Voss herad | | Finans | 400 | 400 | 400 | 400 |
| Hagahaugen vert innlemma i Voss herad | | Teknisk | 368 | 368 | 368 | 368 |
| Redusert foreldrebetaling i barnehagen | | Oppvekst | 2 407 | 5 278 | 5 278 | 5 278 |
| Venta prisvekst varer og tenester | | Oppvekst | 2 000 | 2 000 | 2 000 | 2 000 |
| **Sum Nye tiltak** | | | **5 175** | **8 046** | **8 046** | **8 046** |
| **Nye tiltak og realendringer budsjett** | | | **5 175** | **8 046** | **8 046** | **8 046** |

| | Tiltak | Avdeling | Økonomiplan 2024 | 2025 | 2026 | 2027 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Ramme 2024-2027** | | | **176 475** | **179 193** | **178 843** | **178 843** |

## Vedtak forrige periode

### Nye tiltak

**Redusert foreldrebetaling i barnehagen**

I statsbudsjett for 2024 er det føreslått å redusera foreldrebetaling for barnehage frå 3 000 kr/mnd til 2 000 kr/mnd frå august 2024. Dette gjev reduserte inntekter for Voss herad på om lag 2,4 mill.kr i 2024 og deretter nær 5,3 mill.kr frå 2025 då det får heilårsverknad.

**Venta prisvekst varer og tenester**

Det er venta auka prisvekst på fleire forskjellige område som følgje av auka prisvekst på varer og tenester. Rådmannen vurderer basert på rekneskapsanalysar for 2022 og så langt i 2023 at fleire område må styrkast. Dette omfattar bl.a matvarer, lisensar, brøyting, vedlikehald, tilskot til private barnehagar og kjøp av tenester (inkl.innleige innan helse og omsorg). Auka løyvingar er dekka av auka rammetilskot.

## Investeringsbudsjett

*Beløp i 1000*

| Investeringsprosjekter | Økonomiplan 2024 | 2025 | 2026 | 2027 | Sum 2024-27 |
|---|---|---|---|---|---|
| **Barnehage** | | | | | |
| Inventar/utstyr skuler og barnehager | 1 000 | 2 000 | 1 000 | 1 000 | 5 000 |
| Kapitalbevaring bygg/anlegg - barnehagebygg og uteområde | 0 | 4 000 | 5 000 | 0 | 9 000 |
| Ny barnehage i Granvin | 27 000 | 50 000 | 4 000 | 0 | 81 000 |
| Ny barnehage Voss sentrum | 0 | 0 | 0 | 47 000 | 47 000 |
| Oppheim skule - ombygging til barnehage HST 86/21 | 12 000 | 0 | 0 | 0 | 12 000 |
| Oppr.uteområde skular/barnehagar | 1 875 | 0 | 0 | 0 | 1 875 |
| **Sum Barnehage** | **41 875** | **56 000** | **10 000** | **48 000** | **155 875** |

## Måltabell

| Hovudmål | Delmål | Indikator | Mål 2024 | Mål 2027 | Langsiktig målsetting |
|---|---|---|---|---|---|
| 10 - Mindre ulikheit | Vossabarnehagen skal redusera ulikskap | Alle barnehager deltar i kommunen sitt satsingsområde | 100,00 | 100,00 | 100,00 |
| | | Andel minoritetsspråklige barn i barnehage i forhold | 80,0 % | 80,0 % | 80,0 % |

| Hovudmål | Delmål | Indikator | Mål 2024 | Mål 2027 | Langsiktig målsetting |
|---|---|---|---|---|---|
| | | til innvandrerbarn 1-5 år (B) | | | |
| 11 - Berekraftige byar og samfunn | Gjera borna i stand til å ta ansvarlege val | | | | |
| | Me klarer å rekruttera og behalda naudsynt arbeidskraft for å utøva samfunnsoppdraget vårt | Andel Årsverk Barne- og Ungdomsarbeidarar | 22,5 | 24,0 | 25,0 |
| | | Delindeks: Andel ansatte med barnehagelærerutdanning | 47,30 | 50,00 | 50,00 |
| 3 - God helse og livskvalitet | Sikra at alle born og unge har eit trygt opplæringsmiljø | Barns trivsel, barns utvikling og Relasjon barn - vaksen | 4,5 | 5,0 | 5,0 |
| | Skapa attraktive arbeidsmiljø med høgt fagleg nivå | 10-Faktor (Meistringsorientert leiing) | 3,90 | 4,05 | 4,10 |
| | | 10-Faktor (Rolleklarhet) | 4,00 | 4,07 | -0,90 |
| | | Sjukefråvær blant dei tilsette | 9,50 | 8,50 | 7,00 |
| 4 - God utdanning | Berekraftige og føreseielege økonomiske rammer | Styring innafor budsjettrammer - Teneste 201 og 211 - barnehageeiningar, prosentvis avvik mot budsjettramme | 0 | 0 | 0 |
| 5 - Likestilling | Rekruttera fleire menn til grunnskule og barnehage | Ansatte i barnehager, basisvirksomhet, andel menn (prosent) | 10,0 | 11,5 | 12,0 |

## Berekraftige og føreseielege økonomiske rammer

Me må skapa god forståing for dei rammene me har og korleis styra økonomien slik at me nyttar ressursane på beste måte. Me utvikla tenestene og strukturen i tråd med utviklinga i samfunnet.

## Gjera borna i stand til å ta ansvarlege val

Haldningar og kultur vert utvikla gjennom heile oppveksten og me vil vera med å utvikla ansvarlege og bevisste innbyggjar som gjer gode val for samfunnet. Dette kan gjelda innan klima og milljø, forbrukarsamfunn, inkludering, samfunnsengasjement, etikk m.fl.

### Me klarer å rekruttera og behalda naudsynt arbeidskraft for å utøva samfunnsoppdraget vårt

Me vil jobba systematisk med å fremja det positive i skulane og barnehagane på Voss slik at dei vert oppfatta og opplevd som ein attraktiv arbeidsplass. Me må tenkja nytt om rekruttering for å klara å rekruttera tilstrekkeleg folk med rett kompetanse.

### Sikra at alle born og unge har eit trygt opplæringsmiljø

Skulane og barnehagane skal vera ein inkluderande arena og tilsette skal arbeida systematisk med mangfald, språk og vennskap. Me skal jobba med å hindra at personar fell utanfor og gjera tiltak for å fremja gode og inkluderande miljø for alle.

### Skapa attraktive arbeidsmiljø med høgt fagleg nivå

Me vil skapa gode arbeidsmiljø som tiltrekkjer seg nye folk og der dei tilsette har høg fagleg kompetanse. Me vil jobba med kompetanseutvikling.

### Vossabarnehagen skal redusera ulikskap

Alle born i Vossabarnehagen skal oppleva tryggleik, meistring, tilhøyrsle og vera inkludert i barnehagemiljøet.

## Kostra-analyse

| | Voss herad 2021 | Voss herad 2022 | Kinn | Aurskog-Høland | Stord | Øvre Eiker | Kostragruppe 07 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Prioritet** | | | | | | | |
| Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager (B) *) **) | 194 337 | 190 148 | 212 543 | 192 484 | 179 439 | 188 230 | 189 005 |
| **Dekningsgrad** | | | | | | | |
| Alle stillingstyper mann andel menn/kvinner (prosent) | 11,2 % | 10,4 % | 7,2 % | 7,4 % | 8,0 % | 11,8 % | 9,2 % |
| Andel barn 0-6 år med barnehageplass (B) | 66,6 % | 67,3 % | 69,8 % | 65,5 % | 71,1 % | 67,3 % | 67,1 % |
| **Kvalitet** | | | | | | | |
| Andel barnehagelærere i prosent av grunnbemanningen (prosent) | 48,2 % | 46,8 % | 54,3 % | 37,4 % | 46,6 % | 43,0 % | 42,7 % |
| Leke- og oppholdsareal per barn i barnehage (m2) (B) | 5,4 | 5,7 | 5,9 | 5,1 | 5,1 | 5,5 | 5,8 |

**) Inflasjonsjustert med deflator*
***) Justert for utgiftsbehov*

# Barne- og familietenestene

## Skildring av verksemda i dag

Tenesteområdet omfattar barneverntenesta, pedagogisk-psykologisk teneste (PPT) og helsestasjon, skulehelseteneste, integreringsteneste, vaksenopplæring og spesialpedagogikk, og butilbod for einslege mindreårige flyktningar (EM-tiltak). I tillegg er tre kommunale psykologar organisert under Barne- og familietenestene. PPT er ei interkommunal teneste som gjev tilbod til Voss, Ulvik og Eidfjord. Logopedane gjev og tilbod til Vaksdal kommune, Ulvik herad og Helse Bergen, Voss sjukehus.

Barne- og familietenestene skal yta tenester for born i alderen 0-25 år og deira familiar/føresette. Dei skal alle arbeida tverrfagleg samarbeid, med tidleg- og rett innsats som målbilete.

I tillegg har tenesteområdet ansvar for busetting og oppfølging av flyktningar busett etter avtale med iMDI (Integrerings- og mangfaldsdirektoratet), og etter gjeldande vedtak.

Integreringstenesta omfattar førebuing og gjennomføring av busetting, økonomisk sakshandsaming og sakshandsaming etter integreringslova, koordinering av tenester til målgruppa, gjennomføring og oppfølging av introduksjonsprogram, og generell og spesiell rådgjeving til personar i målgruppa.

Vaksenopplæringa omfattar norsk- og samfunnskunnskap til deltakarar i introduksjonsprogram, grunnskule for vaksne, og undervisning for vaksne som ikkje har tilfredsstillande utbyte av ordinært opplæringstilbod for vaksne.  Frå hausten 2021 skal vaksenopplæringa og ha ansvar for kombinasjonsklasse ved Voss gymnas.

EM-tiltaket omfattar drift av bufellesskap for einslege mindreårige flyktningar busett etter avtale med IMDi eller Buf-etat, oppfølging og ettervern til ungdomar som flyttar ut av bufellesskapet, og oppfølging av ungdom som treng heildøgnstilbod i samarbeid med barnevernet.

## Status og utfordringar

Barne- og familietenestene må jobba heilskapeleg og samhandla godt med andre tenester for at born og unge skal få den støtta dei treng for å meistra eigen kvardag. Godt og langsiktig arbeid med tidleg innsats og førebygging er viktig for at me skal lukkast. Me arbeider for å støtta foreldra heilt frå dei har sitt første besøk hjå jordmor, og me skal gje born og unge rett hjelp til rett tid frå fødsel og fram til dei er ferdig med skulegang. Gode oppvekstvilkår i heimen, sosiale relasjonar og venskap og støtte til fagleg og sosial utvikling står sentralt når borna skal verte utrusta til sjølv å verte trygge og gode vaksne.

Barnevernsreforma vart implementert i barnevernet i 2022 og har gitt kommunane meir ansvar, både fagleg og økonomisk. Målet med reforma var å styrka førebygging og tidleg innsats. Voss herad

må framleis jobba med å nå måla med og forankra reformen i alle kommunale tenester. Me må sikra oss at alle i Voss herad som er i kontakt med barn- og unge veit kva dei skal gjera når dei er uroa for eit born. I dette arbeidet står Betre tverrfagleg Innsats (BTI) sentralt. Voss herad er ein BTI (Betre tverrfagleg innsats) kommune. Den digitale BTI rettleiaren legg føringar for korleis alle tilsette i Oppvekst skal jobbe når dei er bekymra for eit born. Det er av stor betydning for god samhandling i Oppvekst at alle tilsette jobbar i tråd med BTI rettleiaren.

Dei siste åra har det kome mange fleire flyktningar til Noreg og Voss. Ei av hovudutfordringane for integreringa er å tilpassa tenesta til eit varierande tal flyktningar frå år til år. Krigen i Ukraina har gjort til at me har bygd opp kapasiteten i Integreringstenesta og i vaksenopplæringa. I 2022 tok Voss herad imot 170 flyktningar. I 2023 vert talet truleg nær det same, og kva som skjer i 2024 er det vanskeleg å vite.

For at Voss herad skal vere rusta for god integrering av vesentleg fleire flyktningar i åra som kjem må me sikra gode ressursar innan integrering, helsestasjon, barnevern, vaksenopplæring og PPT. Me må også ha dyktige tilsette for å følgja opp flyktningane i barnehage og skule. Flyktningane frå Ukraina skal, på same måte som flyktningar frå andre land, ha oppfølging frå kommunen i fem år. Til dette arbeidet får Voss herad eit ekstra tilskot som skal dekka dei utgiftene som følgjer av arbeidet. Dette inneber at tenestene må rustast opp for dei fem neste åra, og at bemanninga må ned igjen på lengre sikt, med mindre det kjem fleire flyktningar også i åra som kjem.

Barne- og familietenestene held hus i Knutepunktet. Her ligg forholda godt til rette for både samhandling, kjennskap til kvarandre og til felles kompetansebygging.

### Hovudprioriteringar

Barne- og familietenestene skal satsa på å gje gode tenester til born, unge og deira familiar. Heradet skal styrka arbeidet med tidleg innsats og førebygging. Hodupprioriteringar i åra framover:

- Hjelpa skal tilpassast betre for å møta barn og familiar sine behov
- Rettstryggleiken til born og familiar skal verta godt vareteken
- Ressursbruk og oppgåveløysing i barnevernet skal verta meir effektiv
- Syta for eit heilskapleg tilbod til busette flyktningar, som gjer at dei kan delta i lokalsamfunnet gjennom arbeid, skule og fritid snarast mogeleg etter busetting
- Vidareutvikla samarbeidet med Røde Kors om deltaking i fritidsaktivitetar både for vaksne og born
- Frigjera kapasitet i Integreringstenesta, slik at ein kan flytta fokus frå vaksne til heile familien
- Tettare samarbeid med mellom integreringstenesta og barnevernet, både med tanke på utnytting av fagkompetansen i EM-tiltaket, og for å hindra at ein får barnevernssaker i flyktninggruppa
- Arbeida vidare med eit heilskapleg undervisningstilbod til vaksne med lite formalutdanning
- Integrera flyktningar frå Ukraina på ein slik måte at dei kan bli buande på Voss og delta både i utdanning og yrkesliv

### Tidleg innsats

Ein viktig føresetnad for tidleg innsats er høg kompetanse og god kvalitet i eksisterande tenester. Dette vil sikra at born og unge får ei betre utvikling og lærer meir i fellesskap med jamaldrande. Barn og unge som treng ekstra hjelp skal få dette i det fellesskap der dei høyrer til.

Hovudstrategien vil vera å styrka det universelle arbeidet, og gje eit best mogeleg tilbod til alle,- til rett tid. Samtidig skal heradet ha god nok kompetanse og kapasitet for å kunna intervenera i dei situasjonane der det allmenne tilbodet ikkje er tilstrekkeleg.

Dette medfører behov for kompetanseutvikling, styrka samarbeid med born, unge og føresette, samt styrka tverrfagleg samarbeid.

Me er i ferd med å laga kommunedelplan for tidleg innsats og livsmeistring. Det er planlagd at denne skal ferdigstillast vår 2024.

## Skildring investeringsplan, kort sikt 2024-2027

Det må setjast av 500 000 årleg til bilkjøp, og altså 2 mill.kr i fire års perioden.

## Driftsbudsjett

## Fordeling på hovudart

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap | Budsjett | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 |
| **Driftsutgifter** | | | | | | |
| Lønn | 85 278 | 86 031 | 110 085 | 102 624 | 94 636 | 91 636 |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 20 677 | 15 234 | 15 529 | 15 529 | 15 529 | 15 529 |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 8 146 | 6 168 | 5 504 | 5 504 | 5 504 | 5 504 |
| Overføringsutgifter | 10 538 | 3 869 | 11 920 | 10 920 | 8 920 | 8 920 |
| Finansutgifter | 22 | 117 | 117 | 117 | 117 | 117 |
| **Sum Driftsutgifter** | **124 661** | **111 418** | **143 154** | **134 693** | **124 705** | **121 705** |
| **Driftsinntekter** | | | | | | |
| Salgsinntekter | -407 | -504 | -468 | -468 | -468 | -468 |
| Refusjoner | -30 827 | -24 921 | -33 611 | -30 111 | -28 211 | -28 211 |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | -634 | -4 980 | -341 | -341 | -341 | -341 |
| **Sum Driftsinntekter** | **-31 867** | **-30 405** | **-34 420** | **-30 920** | **-29 020** | **-29 020** |
| **Sum** | **92 793** | **81 014** | **108 734** | **103 773** | **95 685** | **92 685** |

## Rammeoversikt

*Beløp i 1000*

| Tiltak | Avdeling | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 |
|---|---|---|---|---|---|
| | | Økonomiplan | | | |
| **Vedtatt budsjett** | | **83 784** | **83 784** | **83 784** | **83 784** |
| **Sum Tekniske justeringer** | | **5 448** | **5 448** | **5 448** | **5 448** |
| **Vedtak forrige periode** | | | | | |
| Budsjettauke barnevern | Oppvekst | -1 500 | -1 500 | -1 500 | -1 500 |
| Reduserte inntekter butilbod einslege mindreårige (EM-tiltak) | Oppvekst | -3 000 | -3 000 | -3 000 | -3 000 |
| Ukraina budsjett | Oppvekst | 21 640 | 16 651 | 8 563 | 5 563 |
| Andre tiltak | Oppvekst | -1 174 | -1 146 | -1 146 | -1 146 |
| **Sum Vedtak forrige periode** | | **15 966** | **11 005** | **2 917** | **-83** |
| **Sum Lønns- og prisvekst** | | **1 735** | **1 735** | **1 735** | **1 735** |
| **Konsekvensjustert budsjett** | | **23 149** | **18 188** | **10 100** | **7 100** |
| **Konsekvensjustert ramme** | | **106 934** | **101 973** | **93 885** | **90 885** |
| **Nye tiltak** | | | | | |
| Auke i jordmorstilling | Oppvekst | 500 | 500 | 500 | 500 |
| Venta prisvekst varer og tenester | Oppvekst | 1 300 | 1 300 | 1 300 | 1 300 |
| **Sum Nye tiltak** | | **1 800** | **1 800** | **1 800** | **1 800** |
| **Nye tiltak og realendringer budsjett** | | **1 800** | **1 800** | **1 800** | **1 800** |
| **Ramme 2024-2027** | | **108 734** | **103 773** | **95 685** | **92 685** |

## Vedtak forrige periode

### Budsjettauke barnevern

Barnevern har over fleire år har eit meirforbruk i høve budsjett. Det er i 2022 auka budsjett Det er venta effekt av omstillingstiltak frå 2023. I 2022 er det fjerna effektiviseringskrav på 500 000 kr og auka budsjett med 1 500 000 kr. Dette er dekka av auke i sentrale inntekter.

### Reduserte inntekter butilbod einslege mindreårige (EM-tiltak)

Reduserte inntekter til bu-tilbod for einslege mindreårige flyktningar gjer at kommunen må vurdera framtidig tilbod.

### Ukraina budsjett

Heradet ligg an til å busetja om lag 160 flyktningar i 2022, 170 i 2023 og 2024 legg me til grunn 140 flyktningar før me forventar meir ein ¨normalsituasjon¨ frå 2025.

Kommunen mottek integreringstilskot for alle busette flyktningar, og det er venta meirinntekter på grunn av den sterke auken i tal busette flyktningar. Ein del av desse midlane vert i budsjettframlegget føreslått avsett til disposisjonsfond. Om desse vert avsett til disposisjonsfond kan heradet nytta dei på seinare tidspunkt frå 2025 og utover dersom utgiftene vert høgare enn inntektene.

Det vil påløpa ein del ekstra utgifter til tenestetilbod til flyktningar, spesielt dei fyrste åra. Det er venta at desse meirutgiftene kjem innan flyktningetenesta (integreringskonsulentar,

introduksjonsløn, stønad m.m), helsetenesta, kommunal bustar og innan barnehage og skule. Ressursbehov vil oppdaterast i tertialrapportar.

## Nye tiltak

### Auke i jordmorstilling

Me ser at me treng midler slik at me ligg på det anbefalte nivået til Helsedirektoratet. Dette for at me skal kunne fylgje opp betre under og etter svangerskapet, t.d. hjemmebesøk til alle, fødselsforberedande kurs og ekstra støtte til dei som treng. Dette gjer at me kan fylgje nasjonale retningslinjer for svangerskap og barselomsorg.

### Venta prisvekst varer og tenester

Det er venta auka prisvekst på fleire forskjellige område som følgje av auka prisvekst på varer og tenester. Rådmannen vurderer basert på rekneskapsanalysar for 2022 og så langt i 2023 at fleire område må styrkast. Dette omfattar bl.a matvarer, lisensar, brøyting, vedlikehald, tilskot til private barnehagar og kjøp av tenester (inkl.innleige innan helse og omsorg). Auka løyvingar er dekka av auka rammetilskot.

## Investeringsbudsjett

*Beløp i 1000*

| | Økonomiplan | | | | Sum |
|---|---|---|---|---|---|
| **Investeringsprosjekter** | **2024** | **2025** | **2026** | **2027** | **2024-27** |
| **Barne- og familietenestene** | | | | | |
| Bilkjøp oppvekst | 500 | 500 | 500 | 500 | 2 000 |
| Lokale vaksenopplæringa | -0 | 10 000 | 0 | 0 | 10 000 |
| **Sum Barne- og familietenestene** | **500** | **10 500** | **500** | **500** | **12 000** |

## Måltabell

| Hovudmål | Delmål | Indikator | Mål 2024 | Mål 2027 | Langsiktig målsetting |
|---|---|---|---|---|---|
| 17 - Samarbeid | Arbeida for at samtlege tilsette er kjend med kvarandre sine oppgåver innan tenester til born og unge | | | | |
| 3 - God helse og livskvalitet | Born og unge opplever tryggleik, meistring og tilhøyrsle | Andel som har høg tilfredsheit med livet jf Ungdataundersøkinga | 60,0 % | 0,0 % | 65,0 % |
| | | Tal bekymringsmeldingar | 130 | 110 | 0 |
| | | Tal mobbesaker som vert meldt inn til Statsforvaltar | 5 | 3 | 0 |
| | Sikra at alle born i heradadet har god helse | Barn med hjelpetiltak 31.12. med tiltaksplan | 92,0 % | 95,0 % | 100,0 % |
| | Skapa attraktive arbeidsmiljø med høgt fagleg nivå | | | | |

| Hovudmål | Delmål | Indikator | Mål 2024 | Mål 2027 | Langsiktig målsetting |
|---|---|---|---|---|---|
| 4 - God utdanning | Born og unge får gode tenester som realiserer deira potensiale for læring og utvikling | Andel elevar som får spesialundervisning | 8,5 % | 7,5 % | 7,0 % |
| | | Elevundersøkinga: Score på overordna tilfredsheit med vurdering for læring - 10. trinn | 4 | 0 | 4 |
| | Vaksenopplæringa skal gje vaksne høve til grunnleggjande opplæring | Andel som består språkprøve på nivå A2 skriftleg | 60,0 % | 0,0 % | 80,0 % |
| | | Andel som består språkprøve på nivå B1 munnleg | 70,0 % | 0,0 % | 90,0 % |

### Arbeida for at samtlege tilsette er kjend med kvarandre sine oppgåver innan tenester til born og unge

Arbeida saman i saker. Felles opplæring og utvikling. samlokalisering av tenestene i Knutepunktet

### Born og unge opplever tryggleik, meistring og tilhøyrsle

Me må sikra tidleg innsats og jobba tverrfagleg. Dersom born er trygge, meistrar og opplev tilhøyrsle skapar me både born som har god livskvalitet i dag, og robuste vaksne for framtida.

### **Sikra at alle born i** heradet **har god helse**

Arbeida for at barn får rett hjelp til rett tid og gje foreldre god rettleiing i korleis ivareta god helse og livskvalitet.

### Skapa attraktive arbeidsmiljø med høgt fagleg nivå

Me vil skapa gode arbeidsmiljø som tiltrekkjer seg nye folk og der dei tilsette har høg fagleg kompetanse. Me vil jobba med kompetanseutvikling.

### Vaksenopplæringa skal gje vaksne høve til grunnleggjande opplæring

Opplæring i norsk språk som skal stimulera innvandrarane til aktiv deltaking i arbeidsliv, samfunnsliv, utdanning og i personleg utfalding. Me skal gje ny opplæring, påfyll og vedlikehald av kunnskap til vaksne som treng det.

### Kostra-analyse

| | Voss herad 2021 | Voss herad 2022 | Kinn | Aurskog-Høland | Stord | Øvre Eiker | Kostragruppe 07 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Prioritet** | | | | | | | |

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstjenesten (B) *) **) | 17 928 | 20 062 | 17 282 | 11 576 | 14 140 | 15 364 | 12 924 |
| **Produktivitet** | | | | | | | |
| Brutto driftsutgifter til tiltak (funksjon 251, 252) per barn med tiltak (B) *) | 10 105 | 9 612 | 8 425 | 4 804 | 7 339 | 8 135 | 6 219 |
| **Dekningsgrad** | | | | | | | |
| Andel barn i institusjon og fosterhjem av barn med tiltak (B) | 22,3 % | | | | | | |
| Andel barn med barnevernstiltak ift. innbyggere 0-22 år | | | | | | | |
| **Kvalitet** | | | | | | | |
| Stillinger med fagutdanning per 1 000 barn 0-17 år (B) | 5,7 | 5,7 | 4,7 | 5,4 | 4,7 | 6,7 | 4,8 |

**) Inflasjonsjustert med deflator*
***) Justert for utgiftsbehov*

# Helse

## Skildring av verksemda i dag

Helsetenestene omfattar førebygging og behandling. Førebyggande tenester er rehabilitering og habilitering, ergo- og fysioterapitenester, støttekontakttenesta, i tillegg til legetenesta. Tenestene skal driva med framtidsretta helsetenester som er samanhengande, er tilgjengelege, og med tidleg innsats som verkar førebyggande. Dei skal føra til at innbyggjarane meistrar sine utfordringar og lidingar, og bidra til god folkehelse blant innbyggjarane på Voss. Tilboda våre tek utgangspunkt i kvart menneske sine individuelle ressursar, der me støttar, rettleiar og behandlar ut i frå kvar einskild sitt behov. Målet er at kvar innbyggjar skal meistre sitt eige liv i sine trygge og vante omgivnader.

Me har fleire veletablerte førebyggjande tilbod som til dømes rehabiliteringsavdelinga, friskliv og meistringstilbodet, støttekontaktteneste og andre tilbod. Felles for tenestene i avdelingane våre er at dei er viktig for å sikre god pasientbehandling i heile livsløpet og førebyggje framtidige behov for omfattande tenester. Tenestene våre er også viktige for andre avdelingar og kommunalavdelingar i heradet, og me har mykje tverrfagleg samarbeid og samhandling med andre. Å satsa på førebyggjande tenester vil vera avgjerande for god helse i befolkninga og at ein skal klara seg så lenge som mogleg utan tenester frå både offentlege og private.

Nyare forsking underbyggjer effekten av å satse på førebyggjande tiltak slik Voss herad har gjort dei siste åra. Til dømes får færre hjarteinfarkt enn tidlegare, mellom anna grunna færre røykjarar, betre blodtrykk og kolesterol, meir utdanning og ikkje minst betre behandling(FHI, 2021). Fersk forsking visar også at den melde auka i tal menneske med demens ikkje vert like stor som tidlegare førespegla grunna til dømes generell betre folkehelse (forskning.no). Me ser også ei stor utvikling innan behandling av kreft. Dette vil gje spesialisthelsetenesta og kommunehelsetenesta behov for ekstra ressursar i behandlingsløpet. Likevel er det utsikter for at folk lev lenger med betre helse med mange av dei nye behandlingsmetodane.

## Status og utfordringar




Ein aldrande befolkning er ei av dei viktigaste samfunnsendringane me står overfor, saman med teknologisk utvikling og klimaendringar. Eldredelen aukar i heile befolkninga, men vil prega dei minst sentrale delane av landet mest. Me vil ha ein vekst på om lag 50 % for personar over 80 år, medan andelen personar i yrkesaktiv alder fell. Andelen eldre med innvandrarbakgrunn er i dag 7 prosent, og vil stiga til 24 prosent i 2060. Mange eldre har utdanning, betre økonomi, betre butilhøve og betre funksjonsevne enn nokon tidlegare eldregenerasjon. Dei fleste eldre lever sjølvstendige liv utan hjelp frå det offentlege, eller med berre litt hjelp. Sjølv om me vert mange fleire eldre vil me ikkje sjå den tilsvarande bølgja med auka behov

for helsetenester. Sjølv om eldre i dag har eit betre funksjonsnivå enn før, lever mange med kroniske sjukdomar, særleg eldre over 80 år. Kreft, demens, fallulukker, underernæring og infeksjonar kjem til å verta viktige årsaker til dødelegheit og uhelse. God helseadferd og sunne levevanar kan redusera risikoen for sjukdom, ulukker og funksjonssvikt i eldre år. Dei fleste mottakarane av helsehjelp vil i framtida vera kvinner. Utviklinga viser at talet på eldre som får helse- og omsorgstenester er fallande. Grunnen til det er generelt ei friskare befolkning og ein strengare tildelingspraksis, og at terskelen for å få tenester for eldre er heva. I framtida vil det vera ei auke i behovet for helse- og omsorgstenester. Dei eldre over 70 vil truleg stå for så å seie all forventa auke i bruk av offentlege tenester fram til 2040. Kjelder: Meld.St. 24 (2033-2023) Spijker J, MacInnes J. Population ageing: the timebomb that isn't? BMJ 2013 2013-11-12 23:30:47;347

For å effektivisera tenestene og gje eit betre tilbod som er meir samanhengane og saumlause, skal me framover retta fokus på korleis me samhandlar med andre og setja inn tiltak der me ser me kan forbetra arbeidsprosessane våre. Dette til det beste for både tenestemottakarane og tenesteflyten i seg sjølv.

Etablering av friskliv- og meistringstilbodet har vore eit prioritert satsingsområde gjennom 2022 og 2023. Tilbodet har gode driftstal og pågangen er stor. Me vil satsa på interkommunale samarbeid for å få forankra eit godt førebyggjande tilbod i regionen. Me har eit godt samarbeid med fastlegar, psykologar og Avdeling for psykisk helse og rus. For å handtera etterspurnaden av kurstilbod, vil det vera behov for å auka ressursar knytt til tilbodet. I løpet av dei neste 4 åra, ser me føre oss at friskliv og meistring treng meir sentrumsnære lokale. Særleg viktig er dette, om me skal halde fram med det førebyggjande arbeidet knytt til born og unge. Tilbodet kan redusera behov for tenester hjå mellom anna psykolog og fastlege.

I tråd med plan for tidleg innsats, som er under utarbeiding, har me trong for auka ressursar som er øyremerka born og unge. Dette for å sikra at ventelistene vert halde på eit lågt nivå, samt for å sikra gode og koordinerte teneste til born og unge. Ergo-/fysioterapeutar har ei sentral rolle i dette arbeidet og fungerer per i dag som koordinator for 9 born og deltek i 35 ansvarsgrupper. Frå 2024 vil me sikra oss denne ressursen, ved ein omprioritering innanfor eksisterande ramme. Frå 2025 må det jobbast for å finna rom for ressursauke ettersom mengda eldre med behov for fysioterapiteneste vil truleg auka monaleg dei komande åra.

Førebyggjande heimevitjing har vorte omgjort til samlingsbaserte informasjons- og kunnskapsmøte. Møta har breiare innhald enn det som ein vanlegvis har på heimebesøka. Dei som har behov for heimebesøk ved å til dømes vera i risikogruppe og liknande, vil framleis få dette av den sona dei er tilhøyrande i. Dette tiltaket vil frigjera ergoterapiressursar til å handtera den store auka tal henvendingar me har sett siste året. Det har vore om lag 100 tilvisingar til ergoterapitenesta jamt over dei siste 8 månadene, samanlikna med om lag 60 tilvisingar tidlegare. Me vil vurdera å oppretta helsestasjon for eldre på sikt.

Rehabilitering av rett pasient til rett tid i pasientforløpet er eit viktig bidrag til at innbyggjarane kan bu lenger i eigen heim og leva sjølvstendige liv så lenge som mogleg, slik mange sjølv ynskjer. Effektiv rehabilitering krev tverrfaglege, koordinerte tenester og god dialog mellom tenesteytarane. Me vil i planperioden sjå på moglegheita for å tilsetje ein matvert og kjøkkenansvarleg, som også kan bidra med andre oppgåve som vil vera til avlastning for tilsette i rehabiliteringsavdelinga. Dette vil frigjera meir ressursar til målretta rehabilitering.




2022 og 2023 har vore prega av store utfordringar med rekruttering av legar. Det vil i dei komande åra vera viktig å stabilisera fastlegesituasjonen, samt å sikra tilgang på legeressursar på Voss. Me lyt mellom anna finna ei god løysing for bruk av legeressursar på dei to store institusjonane, Vetleflaten omsorgssenter og Voss sjukeheim. Det har vore svært krevjande å rekruttera der. Me vil søkja å unngå bruk av vikarbyrå, som har prega både fastlegetenesta, tenester i helsestasjon og legetenester i institusjon i 2022 og 2023. Det har vore, og er framleis store utfordringar med å halde budsjettramma knytt til legetenester.

I 2022 omorganiserte me deler av legetenesta der me mellom anna avvikla tre privat næringsdrivande legeheimlar til kommunalt fastløna stillingar. Vidare har me auka basistilskot og avtalefesta ein særavtale knytt til praksiskompensasjon etter nattevakt på legevakt. Tiltaket om gjenkjøpsgaranti vil verte vidareført. Den reelle risikoen for at garantien vert utløyst har synt seg å vera låg i dei kommunane som har prøvd ut denne ordninga; i staden har dei sikra seg fleire kandidatar til ledige heimlar. For å kunne oppretthalda maks listetak på 1000 pasientar på lista, har det vore naudsynt å  opprette to nye legeheimler i 2023. Desse tiltaka har ført til betydelege meirkostnader som må verte prioritert i ny økonomiplan. Våren 2023 overtok heradet daglegevakta som heilskap og den er no lokalisert i same lokale som den interkommunale legevakta. Dette gjev eit betre tilbod til pasientane, og avlastar dei privatpraktiserande legane. Allmennlegetenesta er ein av dei viktigaste byggesteinane for å nå heradet sitt mål om at flest mogleg skal bu lengst mogleg heime i sin eigen heim. Fastlegane er ein av dei viktigaste primærførebyggjande tenestene me har. Ein godt etablert og stabil fastlegesituasjon på Voss vil bidra til god folkehelse og hindra utvikling av sosiale skilnader og større, omfattande behov seinare i livet og tidleg død. For å sikra at heradet rekrutterer godt med nye legar i framtida vil me prioritera midlar til ein ekstra LIS1-lege. LIS1-legane er viktige rekrutterings- og avlastingstiltak for legane i heradet og dei bidreg med oppdatert kunnskap til legekontora. Andre tiltak for å både behalda og rekruttera er fokus på kompetanse med eit fagleg fellesskap i internundervisning og smågruppe. I samarbeid med SKIL (Senter for kvalitet i legetenesta) skal heradet skapa ein møteplass for kommuneoverlege, fastlegar og andre som jobbar innanfor kommunehelsetenesta, kor ein drøftar korleis høg pasienttryggleik og god kvalitet kan verte sikra. Me vil invitera nabokommunane til å delta i kommunesamarbeidet for å styrke heile regionen.

Støttekontakttenesta er eit viktig førebyggjande tilbod som ligg lågt i omsorgstrappa. Støttekontakttenesta har ikkje hatt realistiske rammer dei siste åra. Me vil i ny planperiode styrka ramma med om lag 400 000 kr for å få eit meir realistisk budsjett. I 2022 oppretta me Klubb X, som

er ein populær fritidsklubb for heimebuande personar med nedsett funksjonsevne. Klubben vert drive i eit samarbeid mellom støttekontakttenesta og folkehøgskuleelevar på Voss.

Tilskotsordninga modellutvikling klinisk ernæringsfysiolog som ressurs for omsorgstenesta, vert ikkje vidareført frå helsedirektoratet. Me lyt frå 2024 finansiera denne stillinga sjølv. Me vil vidareføra det interkommunale samarbeidet kring ernæringsfysiologi og vil tilsetja ein ernæringsfysiolog i dette samarbeidet. Helsedirektoratet tilrår eitt årsverk ernæringsfysiolog per 10 000 innbyggjarar.

**Hovudprioriteringar**

- Driva framtidsretta helsetenester og ta i bruk teknologi der det kan avlasta og betre tenestene
- Driva gode og førebyggjande tenester for å sikra god helse hos innbyggjarane på Voss og i regionen
- Retta fokus på interne prosessar og effektivisering av tenesta via god samhandling med andre
- Sikra rehabilitering på rett nivå og til riktig tid til innbyggjarane i Voss herad
- Interkommunale samarbeid innan rehabilitering, friskliv og meistring
- Vidareutvikling av tiltak innan friskliv, meistring, førebygging og rehabilitering
- Styrka og stabilisera legetenesta
- Få på plass klinisk ernæringsfysiolog med hovudvekt arbeid på systemnivå

**Skildring investeringsplan, kort sikt 2024-2027**

“Prosjekt Nye Voss interkommunale legevakt og Voss sjukeheim” (IKL, ambulanse)

Helse Bergen HF skal byggja ut sine lokale på Voss sjukehus. Planane er utsett 5 år grunna økonomisk utfordringar i Helse-Vest. På bakgrunn av sjukehuset sine planar skulle IKL (interkommunal legevakt) flyttast til sjukeheimen. Parallelt har Helse Bergen HF behov for å flytte ambulansestasjonen. Norconsult har teikna ny IKL inn på Voss sjukeheim og ny ambulansestasjon på austsida av Voss sjukeheim. I samband med dei komande flyttingane må det gjerast oppdateringar inne på sjukeheimen, og byggast ny tilkomst m/parkeringsanlegg til bygget.  På bakgrunn av endringane i sjukehuset sine planar er denne saka sett på vent. Voss herad avventar signaler frå sjukeuset før me tek opp at planane om endring i sjukeheimsbygget.

Til saman utgjer desse prosjektavsnitta prosjektet “Nye Voss sjukeheim”. Kostnadsramma er berekna til 160 millionar, og fordeler seg slik:

| Prosjektavsnitt | Kostnadsramme MNOK |
|---|---|
| Sjukeheim og heimeteneste | 46,1 |
| IKL | 45,8 |
| Ambulansestasjon | 46,8 |
| Parkeringsanlegg | 21,3 |

Kostnadsramma tek høgde for 20 % usikkerheit

Byggestart var planlagt til juli 2024, med ferdigstilling i juni 2026. Ei eventuell utbygging er uttsett inntil vidare.

**Friskliv**

Det er behov for kurs- og treningslokale, samt kontor . 101 personar har til no i år gjennomført eller er i gang med eit kurs i friskliv, noko som er langt over måla som var sett. Dette tilbodet må liggja sentrumsnært og gjerne saman med andre tilbod. Helsehuset kan vera ein eigna stad.

**Aktivitetshus**

Helse og omsorg har behov som fell saman med andre avdelingar sine behov og kan gi gode synergiar. Aktivitetstilbod/Dagtilbod for menneske med utviklingshemming, demens, eldre med behov for eit aktivitets-/dagtilbod, ungdom og tilsette. Det er i reguleringsplanen vist til at fleire tomter er ledige og kan vera aktuelle til formålet.

I dag er Nyhagen arbeids- og aktivitetssenter eit tilrettelagt tilbod til menneske med nedsett funksjonsevne. Dagtilbod til eldre er lokalisert til Voss sjukeheim og Hagahaugen. Her er det tilbod til 84 brukarar kvar veke og er eit viktig ledd i vår førebygging strategi. Behovet er aukande.

Det er behov for eit bygg med universell utforming som gjer at me kan leggja til rette for fleksibel bruk. Bygget må vera i eit område med uteareal som kan nyttast til ulike aktivitetar som hagearbeid, fysisk aktivitet og rekreasjon. Det må kunna nyttast til fleire aktivitetar og gjerne både på dag, ettermiddag og kveld. Huset må romma eit differensiert tilbod med både det tradisjonelle dagsenteret men og ein type arbeidstilbod som inneber at brukarar som har stort behov for oppfylging får tildelt arbeidsoppgåver som fører til eit produkt. Det er behov for grupperom med faste grupper til dømes multifunksjonshemma som har behov for sansestimuli (sanserom), personar med demens og andre brukarar med behov for stabilitet og faste oppgåver.

Ynskje er at huset skal kunna brukast som samfunnshus for nærmiljøet, som aktivitetar på kveldstid for ungdom eller møtelokale for lag og organisasjonar. Festlokale for konfirmasjonar, eller andre samkomer. Dersom frivilligsentral og folkehelsekoordinator, samt ungdomsarbeidar held til her kan me få samarbeid mellom alle aldersgrupper og på tvers av kommunalavdelingar, samt samarbeid med frivillige.

# Driftsbudsjett

## Fordeling på hovudart

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap | Budsjett | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 |
| **Driftsutgifter** | | | | | | |
| Lønn | 42 767 | 46 297 | 54 020 | 54 058 | 55 058 | 53 708 |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 17 347 | 6 619 | 7 711 | 7 711 | 7 711 | 7 711 |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 25 530 | 24 491 | 29 896 | 29 896 | 29 896 | 29 896 |
| Overføringsutgifter | 2 205 | 426 | 577 | 577 | 577 | 577 |
| Finansutgifter | 112 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum Driftsutgifter** | **87 961** | **77 833** | **92 204** | **92 242** | **93 242** | **91 892** |
| **Driftsinntekter** | | | | | | |
| Salgsinntekter | -3 569 | -3 690 | -4 890 | -4 890 | -4 890 | -4 670 |
| Refusjoner | -25 104 | -20 623 | -24 616 | -24 616 | -24 616 | -24 266 |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | 0 | -763 | -755 | -755 | -755 | -755 |
| **Sum Driftsinntekter** | **-28 673** | **-25 077** | **-30 261** | **-30 261** | **-30 261** | **-29 691** |
| **Sum** | **59 288** | **52 757** | **61 942** | **61 980** | **62 980** | **62 200** |

## Rammeoversikt

*Beløp i 1000*

| | Tiltak | Avdeling | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 |
| **Vedtatt budsjett** | | | **52 757** | **52 757** | **52 757** | **52 757** |
| **Sum Tekniske justeringer** | | | **1 172** | **1 172** | **1 172** | **1 172** |
| **Vedtak forrige periode** | | | | | | |
| Auke i ressursbehov legevakt | | Helse og omsorg | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Andre tiltak | | Finans | 38 | 76 | 76 | 76 |
| **Sum Vedtak forrige periode** | | | **38** | **76** | **76** | **76** |
| **Sum Lønns- og prisvekst** | | | **356** | **356** | **356** | **356** |
| **Konsekvensjustert budsjett** | | | **1 566** | **1 604** | **1 604** | **1 604** |
| **Konsekvensjustert ramme** | | | **54 322** | **54 360** | **54 360** | **54 360** |
| **Innsparingstiltak** | | | | | | |
| ALIS støtte frå Helsedirektoratet. (AlmenLegar I Spesialisering) | | Helse og omsorg | -360 | -360 | -360 | -360 |
| **Sum Innsparingstiltak** | | | **-360** | **-360** | **-360** | **-360** |
| **Nye tiltak** | | | | | | |
| Auka demografiutgifter | | Helse og omsorg | 800 | 800 | 1 800 | 1 800 |
| Fastlegeheimlar | | Helse og omsorg | 3 500 | 3 500 | 3 500 | 3 500 |
| Hagahaugen vert innlemma i Voss herad | | Teknisk | -100 | -100 | -100 | -100 |
| Ny fastlegestilling | | Helse og omsorg | 780 | 780 | 780 | 0 |

| Tiltak | Avdeling | Økonomiplan 2024 | 2025 | 2026 | 2027 |
|---|---|---|---|---|---|
| Støttepersonell Voss legekontor | Helse og omsorg | 2 000 | 2 000 | 2 000 | 2 000 |
| Venta prisvekst varer og tenester | Helse og omsorg | 1 000 | 1 000 | 1 000 | 1 000 |
| **Sum Nye tiltak** | | **7 980** | **7 980** | **8 980** | **8 200** |
| **Nye tiltak og realendringer budsjett** | | **7 620** | **7 620** | **8 620** | **7 840** |
| **Ramme 2024-2027** | | **61 942** | **61 980** | **62 980** | **62 200** |

## Vedtak forrige periode

### Auke i ressursbehov legevakt

Budsjettet til legevakta for 2023 er auka opp i forhold til budsjettet for 2022. Dette gjeld lønsutgifter.

Det er behov for endringar i bemanning, då det er for få tilsette som kan gå nattevakt. Ved å tilsette lege i "nordsjøturnus" vil det verta enklare å dekka vaktene, og det vil ikkje verta så stor belastning på dei få legane som kan gå natt i dag. Denne stillinga fører til at utgifter til løn auker noko, men den vil og redusere godtgjersle til legevakt. Det er likevel stor usikkerheit rundt kor mykje me vil nytta på løn til legevakt til neste år, ettersom situasjonen med legebemanning er utfordrande.

## Nye tiltak

### Auka demografiutgifter

Det er venta at Voss vil få auka demografiutgifter i framtida på grunn av endringar i samansetnad av innbyggjarar. Voss vil få fleire eldre i åra framover, men det er også fleire unge med store hjelpebehov. For å kunne ta høgde for nye hjelpebehov som vil koma og tiltak for å handtera endringar i behov, er det lagt inn ein del midlar dei neste åra. Kva midlane vil nyttast til vil me koma tilbake til i seinare budsjett og økonomiplan. Frå 2024 legg rådmannen fram å bruka ein del av midlane på å auka budsjettramma for pleie i institusjon og heimen med samla 8 mill.kr for behov som allereie har oppstått, 800 000 kr til friskliv- og meistringstilbod og 400 000 kr i auke i støttekontaktgodtgjersle. Friskliv- og meistringstilbod er auka med ein ytterlegare million frå 2026.

### Ny fastlegestilling

Auke med 1 fastlegestilling for å styrkje kapasitet i fastlegeordningar. Lyser etter spesialist i allmennmedisin då me treng erfaren lege.

### Venta prisvekst varer og tenester

Det er venta auka prisvekst på fleire forskjellige område som følgje av auka prisvekst på varer og tenester. Rådmannen vurderer basert på rekneskapsanalysar for 2022 og så langt i 2023 at fleire område må styrkast. Dette omfattar bl.a matvarer, lisensar, brøyting, vedlikehald, tilskot til private barnehagar og kjøp av tenester (inkl.innleige innan helse og omsorg). Auka løyvingar er dekka av auka rammetilskot.

## Investeringsbudsjett

*Beløp i 1000*

| Investeringsprosjekter | Økonomiplan 2024 | 2025 | 2026 | 2027 | Sum 2024-27 |
|---|---|---|---|---|---|
| **Helse** | | | | | |
| Voss interkommunale legevakt (IKL) | -0 | 0 | 0 | 10 000 | 10 000 |
| **Sum Helse** | **-0** | **0** | **0** | **10 000** | **10 000** |

## Måltabell

| Hovudmål | Delmål | Indikator | Mål 2024 | Mål 2027 | Langsiktig målsetting |
|---|---|---|---|---|---|
| 10 - Mindre ulikheit | Vidareutvikla likverdige, trygge og effektive helse- og velferdstenester | Tal deltakarar på kurs i friskliv og meistring | 350 | 450 | 450 |
| | | Tal digitale kurs innan friskliv og meistring | 2 | 0 | 6 |
| 11 - Berekraftige byar og samfunn | Me nyttar ressursane på beste måte (organisering, samhandling og arbeidsprosessar) | Reduksjon av fysiske konsultasjonar, og innføra meir digitale konsultasjonar | 10,0 % | 0,0 % | 45,0 % |
| 17 - Samarbeid | Me samarbeider med andre kommunalavdelingar for å førebyggja behov for helsetenester | | | | |
| | Me samarbeider med eksterne for å tilby gode levekår | | | | |
| 3 - God helse og livskvalitet | Me gjer innbyggjarane i stand til å meistra eigne liv. | | | | |
| | Me klarer å rekruttera og behalda naudsynt arbeidskraft for å utøva samfunnsoppdraget vårt. | Tal ledige plassar på fastlegeslistene som del av innbyggjarar i heradet | 2,0 % | 3,0 % | 5,0 % |
| 4 - God utdanning | Me sikrar at me har rett kompetanse på leiarar og tilsette | | | | |
| | Me utviklar leiarar som oppnår resultat gjennom andre via delegasjon og medverknad | | | | |
| 9 - Industri, innovasjon og infrastruktur | Digitalisering bidrar effektive arbeidsprosessar og riktig bruk av velferdsteknologi | | | | |

### Digitalisering bidrar effektive arbeidsprosessar og riktig bruk av velferdsteknologi

Me nyttar moglegheitene digitalisering gjev til å forbetra arbeidsprosessar og sjølvstende hjå brukarane. Av nye verktøy og system kan nemnast nytt journalsystem, turnusplanleggar og ulik velferdsteknologi.

### Me gjer innbyggjarane i stand til å meistra eigne liv.

For å klara dette må me samhandla med brukarar for å finna beste løysingar, leggja til rette for bruk av hjelpemiddel som multidose, velferdsteknologi o.l.

### Me klarer å rekruttera og behalda naudsynt arbeidskraft for å utøva samfunnsoppdraget vårt.

Det å skaffa nok folk med rett kompetanse vil vera ei aukande utfordring i framtida.

### Me samarbeider med andre kommunalavdelingar for å førebyggja behov for helsetenester

Særskild satsing på samarbeid med oppvekstområdet om førebyggande tilbod innan friskliv og meistring.

### Me samarbeider med eksterne for å tilby gode levekår

Me brukar samskapingsprosessar for å oppnå reforma "leve heile livet"

## Kostra-analyse

| | Voss herad 2021 | Voss herad 2022 | Kinn | Aurskog-Høland | Stord | Øvre Eiker | Kostragruppe 07 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Prioritet** | | | | | | | |
| Annet forebyggende helsearbeid brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *) | 296 | 211 | 643 | 510 | 766 | 973 | 661 |
| **Dekningsgrad** | | | | | | | |
| Pasienter på fastlegeliste per kapasitet i prosent (B) | 101,3 | 104,6 | 99,9 | 95,9 | 101,5 | 95,9 | 100,5 |
| **Kommunekasse** | | | | | | | |
| Netto driftsutgifter kommunehelse i prosent av samlede netto driftsutgifter (Kommunekasse) | 5,2 % | 6,0 % | 5,4 % | 6,8 % | 6,0 % | 6,1 % | 6,0 % |

**) Inflasjonsjustert med deflator*

# Omsorg

## Skildring av verksemda i dag

Omsorgstenestene i Voss herad omfattar heimetenesta, aktiviseringstilbod, sjukeheimsopphald, augeblikkeleg hjelp-døgnopphald og tenester til menneske med nedsett funksjonsevne. I tillegg har heradet tilbod om utgreiing av mogleg demens, korttidsavdelingar, omsorgsbustader for menneske med nedsett funksjonsevne og omsorgsbustader for andre med behov for oppfylging. Drift av institusjonslokale ligg også under dette tenesteområdet.

## Status og utfordringar




Voss herad og omsorgstenestene fortset med å dreia tenestene til meir bruk av heimetenester og mindre bruk av langtidsopphald i institusjon, i samsvar med politisk vedteken strategi. Me har innført «Granvinsmodellen» i heile Voss herad. I denne modellen står brukar i sentrum der tenestene vert planlagd med fokus på rett kompetanse på rett plass til rett tid. Modellen fordrar at me har stort fokus på kva brukar kan gjera sjølv. Brukaren sine ressursar skal nyttast mest mogleg slik at brukaren kan klara seg lengst mogleg sjølv. Når det er behov for tenester frå heradet skal desse vera tilpassa og verta tildelt på lågast mogleg nivå. Vurderingane skal gjerast saman med brukarane gjennom god dialog. Analyse av nøkkeltal for helse og omsorg syner at Voss har prioritert institusjonsdrift, og har ei høg dekning av institusjonsplassar. Denne trenden er i ferd med å endra seg til meir heimebaserte tenester. Me skal likevel innretta oss slik at me har kapasitet for heildøgnsplassar i institusjon når innbyggjarar har behov for det.

Omstilling er kontinuerleg arbeid, der involvering og medverknad frå tillitsvalde og vernetenesta, samt alle tilsette er heilt avgjerande for å lukkast. Oppsummering av dette arbeidet ligg i økonomiplan 2024-2027, der tekst og måltal sumerar innspel frå medarbeidarane våre. Forarbeidet er prosessar i leiargruppa, utvida leiargruppa, leiargruppene ute i avdelingane og arbeidet blant tilsette. Alle avdelingane/områda har utarbeida eigne strategidokument med mål som er jobba ut saman med tilsette og som er godt kommunisert. Helse og omsorg skal jobba vidare med å utvikla samarbeidet med tillitsvalde og vernetenesta. Dette samarbeidet opplever me i dag som ein ressurs inn mot leiarar på alle nivå.

Voss herad skal vera ein god stad å ha arbeidet sitt. Leiarane skal ha god kompetanse til å styra avdelingane sine, med leiarkunnskap og fagleg og økonomisk kunnskap. Leiarane skal fokusera på medverknad og informasjon, med både brukarar, pårørande og tilsette. Me skal ha fokus på å rekruttera og behalda alle typar yrkesgrupper me har behov for framover. Dette kan me best gjera gjennom å byggja sterke fagmiljø innan alle yrkesgrupper.

Utfordringa er tilstrekkeleg fagkompetanseressursar. Me går inn ei tid der me blir stadig fleire eldre, samstundes som det vert færre i arbeidsfør alder. Dette skapar eit nytt utfordringsbilete for Voss herad si framtid. I mangel på fagfolk må heradet jobba godt for å nytta dei ressursane me har på best mogleg måte. Det vert jobba med innføring av endring i kven som gjer kva. Fagkompetansen skal nyttast meir målretta, slik at sjukepleiarane vert nytta til sjukepleiaroppgåver i større grad enn det som vert gjort i dag. Helsefagarbeidarane er ein særs viktig ressurs for helse og omsorg. Deira kompetanse skal nyttast meir målretta i avdelingane. Heradet er avhengig av mykje ufaglært arbeidskraft og det vert viktig å jobba med opplæring for å auka og halda kompetansen deira på eit høgt nivå. Heradet er allereie kome i generasjonsskifte blant helsefagarbeidarane, samstundes som det er for få som tek denne utdanninga.

Knappheit på personell vil føra til at me må vera målretta i tildelinga av tenester. Samstundes som det vert naudsynt å satsa meir på frivilligheit og samarbeid med næringslivet, slik at dei kan gjera oppgåver som heradet til no har utført sjølv.

Kvar institusjon har mellom 10-20 % ledige årsverk. Talet gjev ein peikepinn på at det i enkelte avdelingar er mange ledige vakter kvart døger. Dette talet seier oss ikkje noko om kompleksiteten i kortid vaktene er ledige. Eit døme på utfordringa kan vere at det er opptil 20 ledige helgestillingar på éi eining. Dette skal dekkast med vikarar, i tillegg til anna fråvær, både langtid- og korttidsfråvær med gjennomsnittsprosent mellom 5-15%.

Dette biletet fører til at Voss herad nyttar både innleige av kompetanse og mykje overtid frå eigne tilsette. Leiger me inn ein sjukepleiar frå byrå er kostnaden på nivå med det me kunne betalt 3 kommunalt tilsette sjukepleiarar. Datasamlinga i Helse og omsorg, sjå årleg levert årsrapport, syner førebels god kapasitet i dei fleste tenestene som vert tildelt. Både langtids- og korttidsplassar får søkjarane nærast på dagen. Det same gjeld heimetenester. Voss herad skal og framover ha kapasitet i sjukeheim, både korttids- og langtidsopphald. Ved å nytta fleire plassar til korttidsopphald vil brukarane kunna bu lengre i eigen heim. Korttidsopphald fungerer som avlasting for pårørande, rehabilitering og gjev medisinsk oppfylging. Langtidsopphald vert tilbydd når det vert behov for det, og i tråd med forskrifta for tildeling av langtidsplass. Når fleire skal bu lenger heime må personellressursane omprioriterast til heimetenesta. Heimetenesta er tent med sentralisering og aldersvenlege butilhøve, jf. Bustadsosial handlingsplan. Det vil gje ei meir effektiv drift av tenesta, då personalet vil kunne hjelpe fleire brukarar når mindre tid går med til reising mellom brukarar. Sentralisering og aldersvenlege butilhøve vil soleis minka behovet for rekruttering av personell.

Me jobbar no med ulike aktørar for å rekruttera personell. Kveik, ei arbeid og inkluderingsverksemd på Voss, har eit prosjekt som heiter «helt med». Det er eit prosjekt som skal bidra til at me får fleire psykisk utviklingshemma ut i arbeid. Me samarbeidar og med Kveik for å få andre som er ledige ut i arbeid i våre tenester.

Saman med Innbyggjarservice tilset me ein person som skal ta imot og svara ut spørsmål frå innbyggjarane. Me byggjer dette på erfaringar Øygarden kommune har gjort seg med

aksjonssenter, Aksjonssenter (oygarden.kommune.no). Attendemeldingane der fortel at innbyggjarane ser det som ein fordel å ha ei dør inn til spisskompetanse om heile den kommunale organisasjonen, då det m.a. gjere at ein vert vist til rett teneste og person. Ein slik funksjon vil gje raske svar og rettleiing til innbyggjarane om dei ulike tenestene me har i heradet og tenester private aktørar og frivillige kan gjere for dei. Føremål er å gje informasjon, råd
og rettleiing til innbyggjarane, slik at dei skal oppleva tryggleik og tilgang til tilbod og tenester som er viktige for å meistre kvardagen lengst mogleg heime. Det er ynskje om at denne funksjonen kan sitje så tett på koordineringa av frivilligheita som mogleg.

Forvaltninga/koordinerande eining har utvida oppdraget då me samhandlar tett med kommunalavdeling Oppvekst. Dette vil gjera det enklare for familiar med barn som treng tenester. Me har jobba godt med medverknad på tvers av kommunalavdelingane for å få på plass den nye samhandlingsmodellen og koma i gang med eininga sitt arbeid.

Forvaltningskontoret har hatt store endringar i arbeidsoppgåver dei siste åra. Dei deltek i prosjektarbeid innan alle avdelingar, og gjev opplæring og hjelp i vedtakspraksis og bruken av journalsystemet, Gerica.

Fleire enn nokon gong nyttar ordninga brukarstyrt personleg assistent (BPA). Det, samt kjøp av tenester frå private firma, krev mykje oppfylging og tilsyn. Behov for avlasting til barn og unge til pårørande med særleg tyngjande omsorg aukar i tal og omfang. Avlasting skal hjelpa pårørande ved å redusera omsorgsbelastninga, gje moglegheit for feriar, gje rom for deltaking i samfunnsaktivitetar og tid til å pleia familierelasjonar og sosialt nettverk. Det vart tilsett barnekoordinator i 2022 og det vert jobba vidare med å samordna tenestene rundt det einskilde barnet og få til gode løysingar med samarbeid på tvers av dei kommunale avdelingane. Det er og auke i tal menneske med nedsett funksjonsevne som søkjer tenester og bustad, samt BPA.

Voss herad har dagaktivitetstilbod til eldre, menneske med nedsett funksjonsevne, menneske med psykisk liding, og menneske med demens. Dagaktivitetstilboda er avgjerande for at eldre og menneske med demens kan bu heime lenge. Forsking visar at dagaktivitetstilbod kan utsetje institusjonsplass med opp til 2 år. Dagtilbod og dagplass skal stimulera til ein meiningsfull kvardag med aktivitet, opplevd meistring, tryggleik og sosialt samvær. Nasjonale og internasjonale undersøkingar syner at dagplass supplert med spesielt tilrettelagte dagtilbod både er gode tilbod til den einskilde og deira pårørande, og kan vera ein kostnadseffektiv måte å leggja til rette tenesta på.

Behovet for dagaktivitetstilbod for personar med nedsett funksjonsevne vil auka. Ein ser at dette vil gjelde både etnisk norske, men også fleire framandspråklege. Grunna plassmangel på Nyhagen dagaktivitetssenter er der ei lita avdeling på Lundhaugen i tillegg. Det vert også nytta tenesta 'Inn på Tunet'. Det er ynskjeleg å etablera eit allsidig bygg som inkluderer mangfald, ved at ein tilbyr dagtilbod til alle målgrupper (eldre, personar med demens, menneske med nedsett funksjonshemming). Heradet ynskjer å bidra til å motverka diskriminering og sikra menneske med

nedsett funksjonsevne likestilling i tråd med CRPD (FN-konvensjonen om rettigheitene til menneske med nedsett funksjonsevne). Respekt for forskjellar og mogelegheiter, samt mogelegheit for aktiv deltaking er sentralt i arbeidet.

Demografi syner at tal personar med demens i heradet vil auke med 75 % fram mot 2050. Likevel viser fersk forsking at det ikkje er sikkert talet vil stige like mykje som først anteke. Me må likevel rigge tenestene våre for fleire med behov for dagplass. Tenesta må difor styrkast med berekraftige løysingar og vera framtidsretta. Dagaktivitetstilboda har behov for nye lokale og det vert jobba med eit større prosjekt om å byggja eit aktivitetshus.

Rett bruk av velferdsteknologi kan føra til at den einskilde brukar i større grad kan oppleva eigenmeistring, tryggleik og auka livskvalitet, samstundes som det kan avlasta noko behovet for personell. Alle ynskjer å klara seg mest mogleg sjølv, og å kunna bu trygt i eigen heim. Voss herad lyt ta i bruk mykje teknologi framover. Dette er ei omlegging som påverkar arbeidsprosessane i omsorgssektoren og er tidkrevjande prosessar.

Me held no på med  gjennomføring av prosjektet “Nytt sjukesignalanlegg” på Vossestrand, deretter står Vetleflaten omsorgssenter, Voss sjukeheim og Granvin sjukeheim for tur. Voss herad vil også koma i gang med digital heimeoppfylging og multidosedispensarar.

Digitale verktøy er viktige hjelpemiddel men krev opplæring, brukarstøtte, vedlikehald og utvikling. Helse og omsorg har to personar som arbeider med dette i dag i tillegg har me ein teknikar som set opp og held ved like hjelpemiddel/velferdsteknologi. Det er ein føremon å styrkje ressursar knytt til utvikling og innføring av teknologi i heradet.

Fram mot 2030 skal det satsast på medbestemming, deltaking, førebygging, folkehelse, gode og samanhengande tenester, planlegging, kompetanse og kunnskapsutvikling for å verta eit demensvenleg vossasamfunn, jmf Demensplanen.

Helse og omsorg har i samarbeid med Kvam herad hatt tilgang på fått tilsett ernæringsfysiologkompetanse, som har revidert ernæringsretningslinene våre. Alle heimebuande tenestemottakarar skal verta vurdert og fylgd opp i høve ernæring. Kvalitetsreforma “Leve hele livet” vektlegg m.a. gode måltidsopplevingar. Bebuarar og pasientar på sjukeheimane skryt av maten som vert laga på produksjonskjøkkenet på Vetleflaten omsorgssenter. Det er denne maten som Helse og omsorg ynskjer å tilby dei som vert innvilga “Middag levert heim”, jf. Tildelingskriteria. Som tidlegare beskrive er rekruttering av personell krevjande. Difor ynskjer Helse og omsorg å etablera ei ordning der frivillige køyrer ut middagane, som er ei ikkje-lovpålagt teneste.

Helsefelleskapet som er namnet på samhandlinga i Bergensregionen, dei 18 kommunane som soknar til Haraldspalass diakonale sjukehus og Helse-Bergen, er etablert og er i ferd med å utarbeide ein overordna strategi for korleis me skal saman skapa gode overføringar for innbyggjarane mellom sjukehusa og kommunane.

**Hovudprioriteringar**

- Voss herad dreier tenestene frå institusjonsbaserte til auka bruk av heimeteneste
- Vekst i tenester retta mot einskilde brukarar med store behov
- Tilby fleire brukarar dagtilbod og dagplass som skal stimulera til ein meiningsfull kvardag med fokus på aktivitet, opplevd meistring, tryggleik og sosialt samvær
- Innbyggjarane skal få etablerte og velfungerande velferdsteknologitenester uavhengig av alder, funksjonsnedsetjing og bumiljø
- Jobba tett med vernetenesta og tillitsvalde i alle saker
- Skaffe meir kunnskap om ulike behov for bustader i heradet
- Arbeida målretta med å rekruttera og behalda personell. Kompetanseplan skal på plass i 2024
- Innføra og gjera kjend TryggEst (ein modell for å ivareta risikoutsette vaksne innbyggjarar)
- Innføra strategi for Helsefelleskapet i alle avdelingar i Helse og omsorg, for å sikra innbyggjarane trygge overføringar mellom herad til sjukehus og attende til heradet etter utskriving

**Skildring investeringsplan, kort sikt 2024-2027**

**Dagavdeling**

Dagavdelinga i sjukeheimen treng nye lokale når ombygging av Voss sjukeheim startar og behovet aukar i framtida. Om utbygginga går etter planen kan ombygginga starta i 2024. Det er ynskjeleg å samla alle dagtilboda i eitt aktivitetshus. Moglegheitsstudie for ei slik etablering vil starte tidleg 2023.

**Bustader**

Det er generelt stort behov for omsorgsbustader, det er eit etterslep på oppussing og oppgradering av 40 bustader. Heradet har auke i brukarar med behov for heildøgns bemanning vegg i vegg med leilegheita dei bur i.

Det vil vera eit generelt behov for å byggja nye bustader sentrumsnært til eldre som skal bu i eigen heim, som i dag bur i distrikta. Heradet må stimulera til at private vil byggja slike bustader. Det er fleire aktuelle tomter til føremålet.

Dei komande åra vil det flytta fleire personar til heradet frå nabokommunane. Det er spesielt innan gruppa menneske med nedsett funksjonsevne me merkar stor interesse for å flytte til Voss.

Bustader til dei sjukaste innan rus/psykiatri avdelinga er viktig å få på plass. Her har me eit hus som kan oppgraderast.

# Driftsbudsjett

## Fordeling på hovudart

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap | Budsjett | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 |
| **Driftsutgifter** | | | | | | |
| Lønn | 429 078 | 422 344 | 439 231 | 444 817 | 459 017 | 459 017 |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 62 518 | 46 596 | 49 952 | 48 052 | 46 652 | 46 652 |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 40 118 | 42 867 | 55 507 | 55 507 | 55 507 | 55 507 |
| Overføringsutgifter | 13 929 | 6 704 | 7 391 | 7 391 | 7 391 | 7 391 |
| Finansutgifter | 10 324 | 7 857 | 10 007 | 10 007 | 10 007 | 10 007 |
| **Sum Driftsutgifter** | **555 967** | **526 368** | **562 087** | **565 773** | **578 573** | **578 573** |
| **Driftsinntekter** | | | | | | |
| Salgsinntekter | -31 915 | -33 296 | -33 628 | -33 628 | -33 628 | -33 628 |
| Refusjoner | -85 008 | -74 627 | -93 648 | -93 648 | -93 648 | -93 648 |
| Overføringsinntekter | -598 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | -1 891 | -10 | -10 | -10 | -10 | -10 |
| **Sum Driftsinntekter** | **-119 411** | **-107 933** | **-127 286** | **-127 286** | **-127 286** | **-127 286** |
| **Sum** | **436 556** | **418 435** | **434 802** | **438 488** | **451 288** | **451 288** |

## Rammeoversikt

*Beløp i 1000*

| | Tiltak | Avdeling | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 |
| **Vedtatt budsjett** | | | **418 435** | **418 435** | **418 435** | **418 435** |
| **Sum Tekniske justeringer** | | | **163** | **163** | **163** | **163** |
| **Vedtak forrige periode** | | | | | | |
| Ukraina budsjett | | Helse og omsorg | 800 | 800 | 0 | 0 |
| Andre tiltak | | Finans | -2 004 | -2 318 | -3 218 | -3 218 |
| **Sum Vedtak forrige periode** | | | **-1 204** | **-1 518** | **-3 218** | **-3 218** |
| **Sum Lønns- og prisvekst** | | | **-856** | **-856** | **-856** | **-856** |
| **Konsekvensjustert budsjett** | | | **-1 897** | **-2 211** | **-3 911** | **-3 911** |
| **Konsekvensjustert ramme** | | | **416 538** | **416 224** | **414 524** | **414 524** |
| **Nye tiltak** | | | | | | |
| Auka demografiutgifter | | Helse og omsorg | 8 400 | 8 400 | 8 400 | 8 400 |
| Auka demografiutgifter | | Finans | 0 | 5 000 | 20 000 | 20 000 |
| Hagahaugen vert innlemma i Voss herad | | Finans | 2 150 | 2 150 | 2 150 | 2 150 |
| Hagahaugen vert innlemma i Voss herad | | Teknisk | 1 774 | 1 774 | 1 774 | 1 774 |
| Hagahaugen vert innlemma i Voss herad | | Helse og omsorg | 140 | 140 | 140 | 140 |
| HST 12.12.23 Aktivitetstilbod (eldre, einsemd, inkludering) | | Helse og omsorg | 500 | 500 | 500 | 500 |

| Tiltak | Avdeling | Økonomiplan 2024 | 2025 | 2026 | 2027 |
|---|---|---|---|---|---|
| Sjukeheimsleger | Helse og omsorg | 600 | 600 | 600 | 600 |
| Venta prisvekst varer og tenester | Helse og omsorg | 4 700 | 3 700 | 3 200 | 3 200 |
| **Sum Nye tiltak** | | **18 264** | **22 264** | **36 764** | **36 764** |
| **Nye tiltak og realendringer budsjett** | | **18 264** | **22 264** | **36 764** | **36 764** |
| **Ramme 2024-2027** | | **434 802** | **438 488** | **451 288** | **451 288** |

## Nye tiltak

### Auka demografiutgifter

Det er venta at Voss vil få auka demografiutgifter i framtida på grunn av endringar i samansetnad av innbyggjarar. Voss vil få fleire eldre i åra framover, men det er også fleire unge med store hjelpebehov. For å kunne ta høgde for nye hjelpebehov som vil koma og tiltak for å handtera endringar i behov, er det lagt inn ein del midlar dei neste åra. Kva midlane vil nyttast til vil me koma tilbake til i seinare budsjett og økonomiplan. Frå 2024 legg rådmannen fram å bruka ein del av midlane på å auka budsjettramma for pleie i institusjon og heimen med samla 8 mill.kr for behov som allereie har oppstått, 800 000 kr til friskliv- og meistringstilbod og 400 000 kr i auke i støttekontaktgodtgjersle. Friskliv- og meistringstilbod er auka med ein ytterlegare million frå 2026.

### Hagahaugen vert innlemma i Voss herad

Hagahaugen har fram til 2024 vore eit eige aksjeselskap. Heradsstyret 6.03.23 tilrådde å avvikla selskapet og innlemma drifta i Voss herad. Dette vert gjort frå 2024. Driftstilskot frå Voss herad på 4 mill.kr vert avvikla. I tillegg er alle budsjettpostar som selskapet har hatt innlemma i Voss herad sitt driftsbudsjett (lønsutgifter, driftsutgifter, renteutgifter m.m). I tillegg er det lagt inn avskrivingar på ca. 2,5 mill.kr.

### Venta prisvekst varer og tenester

Det er venta auka prisvekst på fleire forskjellige område som følgje av auka prisvekst på varer og tenester. Rådmannen vurderer basert på rekneskapsanalysar for 2022 og så langt i 2023 at fleire område må styrkast. Dette omfattar bl.a matvarer, lisensar, brøyting, vedlikehald, tilskot til private barnehagar og kjøp av tenester (inkl.innleige innan helse og omsorg). Auka løyvingar er dekka av auka rammetilskot.

### HST 12.12.23 Aktivitetstilbod (eldre, einsemd, inkludering)

Aktivitetstilbod for ulike brukargrupper i heradet. Av desse brukargruppene bør demens, eldre og einsemd/utanforskap prioriterast. Inndekninga skal skje gjennom å redusere avsettingar til dispensasjonsfond. Varig tiltak.

## Investeringsbudsjett

*Beløp i 1000*

| Investeringsprosjekter | Økonomiplan 2024 | 2025 | 2026 | 2027 | Sum 2024-27 |
|---|---|---|---|---|---|
| **Omsorg** | | | | | |
| Bilar helse og omsorg | 3 000 | 1 000 | 1 000 | 800 | 5 800 |
| Kapitalbevaring bygg/anlegg - institusjonar | 5 000 | 10 000 | 10 000 | 0 | 25 000 |
| Utstyr og tekniske installasjonar | 750 | 750 | 750 | 750 | 3 000 |
| **Sum Omsorg** | **8 750** | **11 750** | **11 750** | **1 550** | **33 800** |

## Måltabell

| Hovudmål | Delmål | Indikator | Mål 2024 | Mål 2027 | Langsiktig målsetting |
|---|---|---|---|---|---|
| 10 - Mindre ulikheit | Alle skal bu trygt og godt i Voss herad. | Gjennomført tiltaksmåla frå bustadsosial handlingsplan i 2024-2027 | 80,0 % | 0,0 % | 100,0 % |
| | Me førebyggjer og reduserer sosial isolasjon gjennom støttekontakttenesta | | | | |
| 11 - Berekraftige byar og samfunn | Me brukar frivillige i utøving av tenester der mogleg | | | | |
| | Me klarer å rekruttera og behalda naudsynt arbeidskraft for å utøva samfunnsoppdraget vårt | Andel av personar med bindingstid etter utdanning som er i arbeid etter 2 år | 80,0 % | 0,0 % | 100,0 % |
| | Me nyttar ressursane på beste måte (organisering, samhandling og arbeidsprosessar) | Andel av ufaglærte som tek utdanning | 40 | 0 | 60 |
| 13 - Stoppa klimaendringane | Me reduserer klimafotavtrykket til omsorgstenestene | Andel el-bilar i heimetenesta | 50,0 % | 0,0 % | 80,0 % |
| | | Antal ganger matavfall vert vegd per år på alle institusjonar | 2 | 0 | 4 |
| 16 - Fred og rettferd | Me gjev god informasjon om tenestene | | | | |
| 17 - Samarbeid | Me gjer jamnleg brukarundersøkingar for å forbetra tenestene | | | | |
| | Me samarbeider med andre kommunalavdelingar for å forbetra tenestene | | | | |
| | Me samarbeider med eksterne for å tilby gode levekår | Tal brukarmøte eller innbyggjarsamlingar i einingane | 2 | 0 | 2 |
| 3 - God helse og livskvalitet | Me gjer innbyggjarane i stand til å meistra eigne liv. | Andel av dei som treng hjelp til medikamenthandtering som har multidose | 40,0 % | 50,0 % | 50,0 % |
| | Me nyttar ressursane på beste måte (tildeling, organisering, samhandling og arbeidsprosessar) | | | | |

| Hovudmål | Delmål | Indikator | Mål 2024 | Mål 2027 | Langsiktig målsetting |
|---|---|---|---|---|---|
| | Sikra at folk kan leva gode liv i heimane sine lengst mogleg ved å tilby dagaktivitetstilbod og tilrettelagt dagtilbod til dei som har behov for det. | Andel av dei som har heimeteneste som har velferdsteknologi i heimen | 30,0 % | 0,0 % | 60,0 % |
| | | Tal plassar på dagtilbod som er tilrettelagt for personar med demens | 50 | 0 | 74 |
| | Sikra god ernæring for heimebuande | Tal heimebuande som har fått retningslina om god ernæring | 100 | 0 | 200 |
| 4 - God utdanning | Me sikrar at me har rett kompetanse på leiarar og tilsette | | | | |
| | Me utviklar leiarar som oppnår resultat gjennom andre via delegasjon og medverknad | | | | |
| 9 - Industri, innovasjon og infrastruktur | Digitalisering bidrar effektive arbeidsprosessar og riktig bruk av velferdsteknologi | Gjennomføra digitalisering i samsvar med planane i nettverket DigiVestland | 70,0 % | 0,0 % | 100,0 % |

**Alle skal bu trygt og godt i Voss herad.**

Gjennom bustadsosial handlingsplan skal heradet på systemnivå, individnivå og relasjonelt nivå førebygga at innbyggjarar får problem i høve bustad. Alle innbyggjarar skal kunne skaffa seg og behalda ein eigna bustad. Innbyggjarar som ikkje er i stand til å skaffa bustad sjølv skal få eit heilskapleg og tilpassa butilbod slik at dei vert i stand til å meistra eigen busituasjon.

**Digitalisering bidrar effektive arbeidsprosessar og riktig bruk av velferdsteknologi**

Me nyttar moglegheitene digitalisering gjev til å forbetra arbeidsprosessar og sjølvstende hjå brukarane. Av nye verktøy og system kan nemnast nytt journalsystem, turnusplanleggar og ulik velferdsteknologi.

**Me førebyggjer og reduserer sosial isolasjon gjennom støttekontakttenesta**

God rekruttering av støttekontaktar, med krav til brukar om å setje seg mål om ansvar for eiga sosialisering, samt auka sjølvstendiggjering

**Me gjer innbyggjarane i stand til å meistra eigne liv.**

For å klara dette må me samhandla med brukarar for å finna beste løysingar, leggja til rette for bruk av hjelpemiddel som multidose, velferdsteknologi o.l.

**Me gjev god informasjon om tenestene**

Me gjev god informasjon om tenestene og sikrar god sakshandsaming med likebehandling.

### Me klarer å rekruttera og behalda naudsynt arbeidskraft for å utøva samfunnsoppdraget vårt

Me jobbar med å styrka heiltidskultur og gjer tiltak for at seniorar står lenger i jobb. Me styrkar rekruttering gjennom å prioritera å utdanna ufaglærde til å ta utdanning og prioriterer lærlingar.

### Me nyttar ressursane på beste måte (tildeling, organisering, samhandling og arbeidsprosessar)

Me nyttar dei ressursane me har på beste måte for å gje verdi for brukarane. Dette omfattar omstilling og prioriteringar, som t.d at me reduserer omfang av heimehjelp framover for å skapa rom for nye behov. Me må planegga betra korttidsopphald og kva som er venta gevinstar av det. Tenester til kroniske og langvarig sjukdom utan dokumentert effelkt skal avsluttast eller ha andre tilbod.

### Me reduserer klimafotavtrykket til omsorgstenestene

Me jobbar for å redusera forbruk av eingangsmateriell der mogleg, reduserer matsvinn og reduserer CO2 utslepp ved å nytta el-bil.

### Me samarbeider med andre kommunalavdelingar for å forbetra tenestene

Me samarbeider med andre einingar for å førebyggja behov for omsorgstenester og gje eit betre tilbod til personar med samansette behov og personar som har kommunal bustad.

### Me samarbeider med eksterne for å tilby gode levekår

Me brukar samskapingsprosessar for å oppnå reforma "leve heile livet"

### Sikra at folk kan leva gode liv i heimane sine lengst mogleg ved å tilby dagaktivitetstilbod og tilrettelagt dagtilbod til dei som har behov for det.

Me må auka tal plassar på dagtilboda våre dei komande åra. Sonene må sjølv også tilby dagtilbod til dei sjukaste og tyngste brukarane som ikkje kan nyttiggjera seg av dei ordinære dagtilboda.

### Sikra god ernæring for heimebuande

Me vil betra ernæringssituasjon for heimebuande gjennom å tilby middagslevering frå kommunalt kjøkken til dei som har vedtak om dette, og gje informasjon om matlevering heim frå lokale butikkar.

### Verkemiddel for å nå mål

Voss skal vera eit herad det er godt å verta gamal i. Me ynskjer at alle skal leva aktive og sjølvstendige liv også når helsa sviktar. Førebygging, tidleg innsats og rehabilitering er viktige tiltak for å nå måla. Når innbyggjarane har behov for omsorgstenester skal dei få tilbod om tenester som er av god kvalitet. Tenestene skal vera i kontinuerleg utvikling bygd på kunnskapsbasert praksis. Me skal delta i forsking og bidra til forsking på ulike nivå.

## Kostra-analyse

| | Voss herad 2021 | Voss herad 2022 | Kinn | Aurskog-Høland | Stord | Øvre Eiker | Kostragruppe 07 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Prioritet** | | | | | | | |
| Netto driftsutgifter pleie og omsorg i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter (B) | 33,8 % | 33,5 % | 35,1 % | 33,5 % | 38,5 % | 33,3 % | 33,3 % |
| **Dekningsgrad** | | | | | | | |
| Andel av alle brukere som har omfattende bistandsbehov (B) | 37,6 % | 35,7 % | 25,8 % | 29,7 % | 40,8 % | 39,7 % | 29,9 % |
| Andel innbyggere 67-79 år med dagaktivitetstilbud (prosent) | 0,7 % | 0,8 % | 1,0 % | 0,6 % | 0,5 % | 0,6 % | 0,7 % |
| Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på institusjon (B) | 12,6 % | 11,5 % | 12,1 % | 10,2 % | 7,9 % | 8,7 % | 9,1 % |
| **Kvalitet** | | | | | | | |
| Årsverk helse og omsorg per 10 000 innbygger (årsverk) | 343,2 | 340,7 | 349,7 | 258,7 | 330,6 | 292,6 | 296,2 |

# Sosialtenester

## Skildring av verksemda i dag

Sosialtenestene i Voss herad omfattar psykisk helse og rusarbeid, NAV og integreringstenester. Me vil fortsetja å utvikla samarbeidet mellom dei ulike avdelingane i heradet. Avdelingane skal sikra samanhengande tenester.

## Status og utfordringar

Innbyggjarar i Voss herad med behov for tenester skal møta eit tilgjengeleg, variert og samansett tenesteapparat som støttar opp om eiga meistring og deltaking. Grunnleggjande innhald i tilbodet er å meistra eiga helse, sosialt nettverk, arbeid, aktivitet og ha ein trygg bustad å bu i. Utfordringa for Voss herad er å gje rett tenester på rett nivå, samhandling og tverrfagleg samarbeid. Tal Unge vaksne som opplev utfordringar knytt til psykisk helse har auka dei seinare åra, i tillegg til auka tal eldre innbyggjarar.

Heradet skal sikra god helse og livskvalitet gjennom satsing på lågterskeltilbod som Rask Psykisk Helse hjelp og gruppetilbod. Avdelinga skal og satsa på lågterskeltilbod som sikrar at brukarar med

langvarige og samansette behov får den hjelpa dei treng, når dei treng den. Avdelinga vil nytta RECOVERY orientert tankesett for å la brukarar meistra eige liv med eigne ressursar.

Forsking knytt til psykisk helse og rusarbeid syner at satsing på tiltak som gjev innbyggjarane rett hjelp til rett tid vil gje stor samfunnsvis- og økonomisk gevinst. Med bakgrunn i dette har Plan for psykisk helse og rusarbeid 2024-2035 starta. Planen skal implementerast i avdelinga frå 2024. Dette vert ein integrert del av temaplanen til helse og omsorg.

Tenesta ser ein auke i unge brukarar med samtidige lidingar som slit med økonomi, sosiale settingar og butilhøve. Ein må gjennom denne økonomiplanperioden auka kompetansen på unge brukarar med store behov for å sikra mindre ulikskap og stigmatisering i heradet. Avdelinga har dei siste åra satsa på erfaringskompetanse i avdelinga for å sikra arbeidet med brukargruppa knytt til brukarmedverknad. Ein ser at denne kompetansen vert godt brukt både i førebyggande arbeid ut mot brukarar, men og gjennom informasjon til ungdom, foreldre, kommunalt tilsette og politikarar.

Data frå brukarplan-undersøking dei siste åra syner at mange personar  med rus- og psykiske lidingar har utfordringar når det gjeld levekår. Dette inkluderer å ha meiningsfull aktivitet i kvardagen, god fysisk og psykisk helse, trygg bustad, oppleving av å fungera sosialt og eit tilstrekkeleg nettverk. Personar med både rusliding og psykisk liding er spesielt utsett. Forsking viser at arbeid og bustad er viktig for betring av lidinga og livskvalitet. Samarbeid med andre kommunale einingar samt frivillige organisasjonar som Kirkens Bymisjon er viktig for å kunna gje menneske i alle livssituasjonar verktøy for å meistra eige liv gjennom arbeid og aktivitet. det er rapportert om gode resultat for brukarar som har fått delta i Kirkens bymisjon sitt arbeid.

Retten til ein trygg og sikker bustad bør vera overkomeleg uavhengig av om ein har utfordringar med si fysiske, psykisk helse eller knytt til rusbruk. Gjennom å få implementert ny bustadsosial handlingsplan i alle einingar syt me for at Voss herad har ein heilskapleg bustadpolitikk**,** der målet er at alle skal ha ein tenleg bustad. Dette arbeidet er tverrsektorielt i heile heradet.

Kommunalavdelingane lyt samarbeida betre for at menneske med psykiske og rus-utfordringar får tilbod på nivå med andre brukarar i heradet. NAV og Avdeling for psykisk helse og rusarbeid arbeider tett knytt til brukarar og vil i denne økonomiplanperioden arbeida for eit tettare og sterkare samarbeidsklima. Dette skal føra til ei berekraftig teneste med betre kontinuitet, meir heilskaplege tilnærming og med stort fokus på brukarmedverknad. Det vert og jobba for å styrka samarbeidet med oppvekst om gruppa unge mellom 18-25 år som har budd i fosterheim eller borneheim. For å koordinera tenesta betre ser me eit behov for nærare samarbeid mellom oppvekst og helsetenesta, spesielt for aldersgruppa 0-18 år. Det gjeld både økonomiske og menneskelege ressursar.

Heradet samarbeider med Kirkens Bymisjon om fylgjande:

- **“**Arbeidstilbod til rusavhengige**”**: Eit samarbeid mellom NAV, heradet, frivillige lag/organisasjonar og private aktørar. Dette arbeidet er viktig at held fram.

- “Skattkammeret”: Fattigdomsprosjekt, utstyrssentral, materiell og samkøyring av andre frivillige og ideelle organisasjonar som jobbar med fattigdomstiltak.
- “Ung i jobb”:  Tilbod om aktivitet til ungdom utan skule eller jobb/aktivitet. To dagar per veke. Ungdomsteamet på NAV Voss tilviser.

Erfaringar viser at desse tiltaka når ut til mange i målgruppa og er godt evaluert. Psykisk helse og rusarbeid og ungdomsteamet i NAV jobbar tett saman med Kirkens Bymisjon for å kunne gje støtte til dei som har vanskar med å nytte seg av kommunale tilbod. Dette har gjeve stor effekt for fleire brukarar til å meistra sin kvardag.

NAV si hovudoppgåve er å få flest mogleg personar ut i arbeid. I mål- og disponeringsbrevet frå direktoratet heiter det at prioriterte grupper er ungdom under 30 år, innvandrarar frå ikkje-EØS land og personar med nedsett arbeidsevne.

NAV og integreringstenesta har eit tett samarbeid for å få flyktningar raskare i arbeid. Det er tilsett ein person i 100 % engasjement for å jobba med oppfylging av ukrainske flyktningar og som skal samarbeida tett med integreringstenesta.

Voss herad og NAV har samarbeid med Voss DPS NKS Bjørkeli om individuell jobbstøtte (IPS). Prosjektperioden er over og me fortset i ordinær form frå 2024, der me har to statlege og to kommunalt tilsette rettleiarar. Dei tilsette i individuell jobbstøtte jobbar interkommunalt i heile regionen. Målet er å få personar med psykisk liding ut i arbeid. Her er det ordinært arbeidsliv som vert nytta, ikkje tradisjonelle tiltaksplassar.

Utgiftene på økonomisk sosialhjelp går i hovudsak til store barnefamiliar, uføretrygda, brukarar med andre statlege ytingar og flyktningar. NAV Voss har dei siste åra hatt eit overforbruk på økonomisk sosialhjelp. Overforbruket på sosialhjelpsbudsjettet går i hovudsak til livsopphald, husleige, straum og tannlege. NAV Voss opplever at det er vanskeleg å få økonomien til å gå i hop for stadig fleire av brukarane. Dette syner seg også i ei stadig auka oppdragsmengd for gjeldsrådgjevar. Det er viktig at ein sikrar at ingen kjem under grensene grensa for låginntekt dersom einaste inntekta i hushaldninga er stønad frå det offentlege.

Det skal tas omsyn til om sosialtenestemottakarar har born. Borna sin levestandard og behov skal verte sikra. Barnekonvensjonen pålegg alle forvaltningsorgana å ta omsyn til bornets beste, bornet skal verte høyrt, og det skal sikrast ein tilfredsstillande levestandard der ein tek omsyn til borna sine primære og sekundære behov. Lov om sosiale tenester seier at me skal gjera individuelle og konkrete vurderingar i kvart enkelt tilfelle. Her er det eit uavgrensa handlingsrom. Kravet til oss er at me skal sikra at alle born får delta i aktivitetar på lik line som andre born. Det vert viktig at me i kvart tilfelle vurderer kva for behov det enkelte born har for å kunne utføre aktiviteten dei ynskjer. Her kan nemnast utstyr og kontingent for aktivitet. NAV kan be Røde Kors om aktivitetskort til brukarar som treng det. NAV Voss kan søkje “Ferie for alle” i regi av Røde Kors for låginntektsfamiliar.

NAV Voss opplever at det er fleire stønadsmottakarar som ved slutten av ein månaden ikkje har tilstrekkeleg med midlar for å klara dei totale utgiftene. Då må dei søkje om supplerande stønad eller naudhjelp for å klara seg fram til neste månadsutbetaling.

## Hovudprioriteringar

- Plan for psykisk helse- og rusarbeid 2024-2035
- Folkehelseperspektiv gjennom «RECOVERY»orientert verksemd
- Bustadsosial handlingsplan, tiltak «Deltaking og medverknad» bustadprosjekt som tek sikte på å auka tilliten med brukarar i kommunale bustadar og heradet
- Tidleg innsats og lågterskeltilbod er viktig for å førebyggja alvorleg psykisk liding og rusliding
- Me vil jobba for å utvikla rask psykisk helsehjelp
- NAV bidreg til sosial og økonomisk tryggleik, og fremjar overgang til arbeid og aktivitet
- Jobbe for at flest mogleg kjem i arbeid gjennom IPS, individuell jobbstøtte.
- Skapa eit tettare samarbeid med integreringstenesta for å få flyktningar raskare i arbeid
- Halda fram samarbeidet med Kirkens bymisjon på Voss og sikra at så mange som mogleg får delta i tilbodet

## Driftsbudsjett

### Fordeling på hovudart

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap | Budsjett | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 |
| **Driftsutgifter** | | | | | | |
| Lønn | 18 623 | 22 739 | 26 736 | 24 967 | 19 969 | 19 969 |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 8 813 | 4 329 | 6 090 | 6 090 | 6 090 | 6 090 |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 4 337 | 3 815 | 5 599 | 5 511 | 5 336 | 5 336 |
| Overføringsutgifter | 35 636 | 26 060 | 43 384 | 39 458 | 35 608 | 34 608 |
| Finansutgifter | 4 551 | 9 756 | 14 156 | 13 756 | 14 056 | 14 256 |
| **Sum Driftsutgifter** | **71 960** | **66 699** | **95 965** | **89 782** | **81 059** | **80 259** |
| **Driftsinntekter** | | | | | | |
| Salgsinntekter | -2 905 | -650 | -2 168 | -2 168 | -2 168 | -2 168 |
| Refusjoner | -4 389 | -1 487 | -4 608 | -4 608 | -4 608 | -4 608 |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | -3 130 | -10 229 | -12 700 | -13 200 | -13 400 | -13 400 |
| **Sum Driftsinntekter** | **-10 425** | **-12 366** | **-19 476** | **-19 976** | **-20 176** | **-20 176** |
| **Sum** | **61 535** | **54 333** | **76 490** | **69 807** | **60 884** | **60 084** |

## Rammeoversikt

*Beløp i 1000*

| | Tiltak | Avdeling | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | Økonomiplan | | | |
| **Vedtatt budsjett** | | | **54 862** | **54 862** | **54 862** | **54 862** |
| **Sum Tekniske justeringer** | | | **-2 563** | **-2 563** | **-2 563** | **-2 563** |
| **Vedtak forrige periode** | | | | | | |
| Ukraina budsjett | | Helse og omsorg | 9 000 | 7 000 | 7 000 | 7 000 |
| Ukraina budsjett | | Oppvekst | 3 360 | 577 | -6 446 | -6 446 |
| **Sum Vedtak forrige periode** | | | **12 360** | **7 577** | **554** | **554** |
| **Sum Lønns- og prisvekst** | | | **2 131** | **2 131** | **2 131** | **2 131** |
| **Konsekvensjustert budsjett** | | | **11 928** | **7 145** | **122** | **122** |
| **Konsekvensjustert ramme** | | | **66 790** | **62 007** | **54 984** | **54 984** |
| **Nye tiltak** | | | | | | |
| Auke i omfang av sosial stønad | | Helse og omsorg | 7 000 | 6 000 | 4 000 | 3 000 |
| Individuell jobbstøtte (IPS) 2 årsverk | | Helse og omsorg | 1 300 | 1 300 | 1 300 | 1 300 |
| **Sum Nye tiltak** | | | **8 300** | **7 300** | **5 300** | **4 300** |
| **Nye tiltak og realendringer budsjett** | | | **8 300** | **7 300** | **5 300** | **4 300** |
| **Ramme 2024-2027** | | | **75 090** | **69 307** | **60 284** | **59 284** |

## Vedtak forrige periode

### Ukraina budsjett

Det vil påløpa ein del ekstra utgifter til tenestetilbod til flyktningar, spesielt dei fyrste åra. Under dette tenesteområdet er sosial stønad budsjettert.

## Nye tiltak

### Auke i omfang av sosial stønad

Det er ein stor auke i behov for sosial stønad både frå flyktningar som ikkje har fått seg jobb og andre med tronge kår. På grunn av utsikter i samfunnet med høgare renter og auka prisar er det venta at behovet for sosial stønad vil vera høgt også i 2024 og så vil det avta i løpet av økonomiplanperioden.

### Individuell jobbstøtte (IPS) 2 årsverk

2 årsverk i samarbeid med DPS Bjørkeli. Tiltak for å få personar med psykiske lidingar i arbeid.

## Investeringsbudsjett

*Beløp i 1000*

| Investeringsprosjekter | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 | Sum 2024-27 |
|---|---|---|---|---|---|
| | Økonomiplan | | | | |
| **Sosialtenester** | | | | | |
| **Sum Sosialtenester** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** |

## Måltabell

| Hovudmål | Delmål | Indikator | Mål 2024 | Mål 2027 | Langsiktig målsetting |
|---|---|---|---|---|---|
| 10 - Mindre ulikheit | Auka tverrsektorielt samarbeid for heilskapleg oppfylging av bebuarar | | | | |
| | Ingen i Voss herad skal vera bustadlause | | | | |
| | Me førebyggjer utvikling av psykisk sjukdom ved å koma tidleg inn og tilby lågterskeltilbod | Tal brukarar med oppfølging av eige team | 30 | 0 | 50 |
| | Me nyttar kvalifiseringsprogrammet som viktigaste verktøy for overgang til arbeid | Tal deltakarar som har delteke i kvalifiseringsprogrammet | 20 | 0 | 30 |
| | Tilgjengelege og gode kommunale bustadar | | | | |
| 11 - Berekraftige byar og samfunn | Me nyttar ressursane på beste måte (organisering, samhandling og arbeidsprosessar) | Andel digitale søknader om økonomisk sosialhjelp | 60,0 % | 0,0 % | 80,0 % |
| | | Andel digitale søknader om økonomisk sosialhjelp | | | |
| 16 - Fred og rettferd | Me gjev god informasjon om tenestene | | | | |
| 17 - Samarbeid | Me samarbeider med eksterne for å tilby gode levekår | | | | |
| 3 - God helse og livskvalitet | Me gjer innbyggjarane i stand til å meistra eigne liv. | Tal brukarar med tenester innan rus og psykiatri som kjem ut i arbeid | 20 | 0 | 30 |
| | | Tal brukarar som deltek i gruppetilbod innan rus og psykiatri | 90 | 0 | 100 |
| | Ta særleg omsyn til born i alle saker/vurderingar om økonomisk sosialhjelp | | | | |
| 4 - God utdanning | Me utviklar leiarar som oppnår resultat gjennom andre via delegasjon og medverknad | | | | |

### Auka tverrsektorielt samarbeid for heilskapleg oppfylging av bebuarar

Me skal gjennomføra ulike tiltak frå bustadsosial handlingsplan: Tiltak 28: Gjennomføra prosjekt Medverknad og deltaking for personar med samansette rusutfordringar i bustadsosialt arbeid. Tiltak 33: Inngå samarbeidsavtale med Kriminalomsorga. Tiltak 34: Etablera vald- og overgrepshandteringskurs på tvers av kommunalavdelingar årleg.

### Ingen i Voss herad skal vera bustadlause

Setja i verk ein pilot med Housing First modell for å leggja vekt på bebuar sine ynskjer og val saman med oppfylgingsteneste.

**Me gjer innbyggjarane i stand til å meistra eigne liv.**

For å klara dette må me samhandla med brukarar for å finna beste løysingar, leggja til rette for bruk av hjelpemiddel som multidose, velferdsteknologi o.l.

**Me gjev god informasjon om tenestene**

Me gjev god informasjon om tenestene og sikrar god sakshandsaming med likebehandling.

**Me nyttar kvalifiseringsprogrammet som viktigaste verktøy for overgang til arbeid**

Me skal vurdera kvalifiseringsprogram for alle som har hatt sosialhjelp som hovudinntekt i meir enn 3 månader

**Me samarbeider med eksterne for å tilby gode levekår**

Me brukar samskapingsprosessar for å oppnå reforma "leve heile livet"

**Ta særleg omsyn til born i alle saker/vurderingar om økonomisk sosialhjelp**

Det skal gjerast særskild vurdering av barneperspektivet i alle vedtak om økonomisk sosialhjelp. Det skal gjennomførast samtale med born via heimebesøk slik at deira perspektiv og behov kjem fram.

**Tilgjengelege og gode kommunale bustadar**

Me skal gjennomføra ulike tiltak frå bustadsosial handlingsplan: Tiltak 9 gjennomføra pilot oppussing av kommunale bustadar: tilsette pensjonistar, gje sjanse til arbeidstrening i samarbeid med t.d. Kirkens Bymisjon, Nav. Vurdera å inngå samarbeid med Voss vidaregåande skule. Tiltak 14: Oppretta tverrfaglege butreningskurs for å auka bebuarar si buevne. Tiltak 15: Byggja/kjøpa 1-2 bustadar som er tilpassa bebuarar med svak buevne som overgang til anna bustad. Tiltak 18: Vurdera å flytta bebuarar som bur i område med opphoping av levekårsutfordringar. Ved flytting av bebuarar skal det ytast tett bu-oppfylging

## Kostra-analyse

| | Voss herad 2021 | Voss herad 2022 | Kinn | Aurskog-Høland | Stord | Øvre Eiker | Kostragruppe 07 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Prioritet** | | | | | | | |
| Netto driftsutgifter til råd, veiledning og sos.forebyggend arb. pr. innb, 20-66 år (B) *) **) | 3 443 | 3 651 | 2 511 | 1 171 | 2 420 | 1 412 | 1 818 |
| Netto driftsutgifter til sosialtjenesten i prosent av samlede netto driftsutgifter (B) | 4,6 % | 5,1 % | 4,6 % | 4,2 % | 4,0 % | 5,8 % | 4,8 % |
| **Dekningsgrad** | | | | | | | |
| Andel mottakere med sosialhjelp som hovedinntektskilde (B) | 33,4 % | 35,0 % | 17,1 % | 46,7 % | 41,7 % | 40,4 % | 34,5 % |

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Andelen sosialhjelpsmottakere i forhold til innbyggere i alderen 18-66 år (B) **) | 5,0 % | 6,3 % | 4,0 % | 4,3 % | 3,1 % | 4,7 % | 4,3 % |
| **Kommunekasse** | | | | | | | |
| Netto driftsutgifter per innbygger (242) råd veiledning og sosialt forebyggende arbeid (B) (Kommunekasse) *) **) | 1 997 | 2 114 | 1 003 | 705 | 1 430 | 860 | 1 073 |

**) Inflasjonsjustert med deflator*
***) Justert for utgiftsbehov*

# Kultur og fritid (inkl.kyrkja)

## Skildring av verksemda i dag

Tenesteområdet kultur og fritid inneheld Voss kulturhus, Voss kino, Voss bibliotek og Kulturbanken i Granvin, kulturskule, ungdomshuset på Voss, fritidsklubb i Granvin og "Gryto", utekontakten, edruskapsvern, kulturmiljøvern og museum. Det vert også arbeidd med allmenn kultur, idrettssaker, administrering av tilskot til frivillige lag og foreiningar, kyrkje og tru og livssynssamfunn. Vossabadet og Voss idrettshall KF ligg også under dette tenesteområdet.

Når me her nyttar ordet kultur, viser me til det utvida kulturomgrepet. Kultur er ei fellesnemning for kunst, allmenn kultur og kulturformidling, frivillig arbeid og organisasjonsliv, kulturmiljø og kulturarv, museum, bibliotek, kulturhus, idrett, friluftsliv og anlegg for fysisk aktivitet.

## Status og utfordringar

Kulturomgrepet har opp igjennom tida endra retning og karakter. Frå å vera avgrensa til kunstuttrykk til å gjelde all kreativ og sosial aktivitet. Det utvida kulturomgrepet omfamnar difor idrett, friluftsliv, fritidskultur og aktiviteten til frivillig lagsliv. I dag vert kultur plassert inn i eit felt av ytringskultur, samfunnsutvikling og demokratibygging.  Kunst og kultur rører ved noko djupt menneskeleg. Det er gode opplevingar, sterke kjensler, tilhøyrsle, samspel og samhandling. Kulturen si samfunnsbyggjande kraft skapar grunnlag for fellesskap, opplevingar, engasjement, inkludering og utvikling.

Voss herad sine hovudutfordringar er summert opp i tre utfordringsområde; utanforskap, auka klimarisiko og rekruttering (sjå sentrale kapittel i Økonomiplanen). På alle desse områda er kunst og kultur viktige bidragsytarar for å utvikla gode løysingar.

Klimatilpassingane vil krevje mykje av oss som samfunn. For å nå Parismåla innan 2030 må det store omstillingar til i alle samfunnssektorar, og berekraftmål 17 om samarbeid er kanskje den viktigaste føresetnaden for å nå desse måla. Kultur skapar møte mellom menneske som er føresetnaden for godt samarbeid. Omstilling og innovasjon vil krevja at ein utfordrar dei etablerte rammene. Kunsten og den offentlege samtalen er med på å utfordra verdsbilete vårt og styrkar evna til å sjå omgjevnadane med nye auge. Dette er ei føresetnad for omstilling til eit klimanøytralt samfunn. For å få ned klimagassutsleppa, må folk endra reisevanane sine, og me må leggja til rette for kortreiste opplevingar. På Voss ligg det særleg til rette for dette der kultur, friluftsliv og ekstremsport er viktige ingrediensar i lokalbaserte opplevingsnæringar.

Voss herad har i dag store utfordringar med å rekruttera nok og rett kompetanse både til eigne tenester og i næringslivet. Kultur, idrett og friluftsliv er viktige komponentar i arbeidet med å rekruttera og behalda arbeidskraft, dette er også tilbakemeldingane frå næringslivet i kommunen.

Utanforskap er ei stor samfunnutfordring. Arbeidet med sosial berekraft er eit felles ansvar i Voss herad, og kulturfeltet har ei viktig rolle for å sikra deltaking og inkludering av alle. Dette er viktig i eit folkehelseperspektiv, men også i høve å nytta reserverarbeidskrafta frå dei som ikkje deltek i arbeidslivet i dag. Gjennom deltaking i kulturaktivitet byggjer me sosial kompetanse, meistring og ei oppleving av å bidra i samfunnet.

Å hindra einsemd og utanforskap er ei viktig folkehelseoppgåve. Talet på barn som veks opp i låginntektsfamiliar aukar på Voss. Me har utfordringar med å inkludera barn og unge frå innvandrarmiljøa og ei aukande gruppe eldre vil krevja meir av storsamfunnet.

## Hovudprioriteringar

Voss herad er avhengig av eit sterkt kunst- og kulturmiljø for å sikra eigen måloppnåing. Då er det naudsynt å kjenna, forstå og respektera kulturlivet sine føresetnadar og behov. Kunst og kultur treng armlengds avstand til heradet samtidig treng dei at me legg til rette for at dei kan utøva verksemda si. Aktivt arbeid for arenautvikling som kjem kulturlivet til gode vil vera eit prioritert område for Voss herad.

For å realisera måla for Voss herad og kulturfeltet spesielt, er samarbeid og tverrfagleg arbeid viktig. Me vil ha eit gjennomgåande og særleg fokus på tverrfagleg arbeid i planperioden. Dette vil gjelda dei fleste tenesteområde. Det interne samarbeidet i Voss herad er viktig, men me vil også halde fram med utstrekt samarbeid med kultur- og næringslivet på Voss. I tillegg er samarbeidet med frivilligheita grunnleggjande. Det gjeld både frivillige organisasjonar i kulturfeltet, men også andre organisasjonar som jobbar på andre samfunnsområde.

Prioriteringane til kommunalavdeling for kultur og fritid er knytt til dei tre hovudutfordringane:

**Klimatilpassing**
Alle tenesteområde må tilpasse drifta si ei klimavenleg framtid, men for å sikra dette må me arbeida for kunnskap og innovasjon. Biblioteket si samfunnsrolle er å vera arena for offentleg samtale og debatt i tillegg til den kunnskapsformidlinga som ligg i bøker og andre media. Dette kan skapa kunnskap og forståing for dei utfordringane me står overfor. Biblioteka er i sin natur ein sirkulærøkonomisk organisasjon. Det er eit mål at ein også har fokus på dette aspektet når ulike arrangement vert planlagd. Me vil bl.a. ha fleire arrangement med fokus på gjenbruk og kunnskap om kva enkeltmennesket kan gjera for å redusera sitt klimaavtrykk. Vidare vil me halda fram med å ha ein aktivt rådgjevarfunksjon inn mot eigarar av verneverdige bygg og hjelpa eigarar til å ta miljøvenlege og dermed kulturmiljøfagleg gode val.

**Rekruttering**
Voss er ei kulturbygd med eit mangfaldig og sterkt kulturliv. I tillegg til dei kommunale kulturtenestene er det eit yrande kulturliv med dei store festivalane i spissen og underskogen av

mindre og små festivalar og arrangement. Voss herad må bidra til gode vekstvilkår og stimulera til kultur, idrett, friluftsliv og frivillig arbeid for å sikra bulyst og rekruttering av rett arbeidskraft. Dette gjer me ved å vera ein kompetent og positiv samarbeidspartnar til kultur og idrettsmiljøa.

**Inkludering**
Fokus på inkludering vert vurdert breitt. Det vil sei at me har eit særleg fokus på dei som fell utanfor og særleg på born og unge. Gjennom ungdomsarbeidet, utekontakten og prosjektet Bygd for alle, arbeider me målretta for at barn og unge skal få gode oppvekstvilkår. Me har fokus på deltaking og at barn og unge skal få utvikla seg på eigne premiss.

Tenesteområdet kultur og fritid har hatt eit særleg fokus på tenester retta mot born og unge. Dette vil me halde fram med, men i tillegg vil me i åra som kjem også måtte ha fokus på dei eldre. Med den demografiske endringa som ligg framfor oss, er folkehelse for dei eldre viktig. Einsemd og passivitet er negative faktorar for eit aldersvenleg samfunn. Aktivitet gjennom våre tenester skaper glede og folkehelse og vil for mange vera ei føresetnad for å kunna leva eit godt liv langt inn i alderdommen.

Inkludering betyr å møta andre og bli møtt på ein respektfull og nysgjerrig måte. Det er eit viktig satsingsområde å utvikla gode møteplassar med låg terskel for alle grupper av innbyggjarar. Inkludering betyr også å tenka geografi. Det skal vera mogleg å delta i kulturaktivitet ut over sentrum sine aktivitetar. Voss kulturskule vil utvida tilbodet sitt i fleire delar av heradet i neste planperiode. Voss kulturskule vil også gjennomføra prøveprosjekt med fordjupningsprogram for dei særleg motiverte elevane sine.

## Skildring investeringsplan, kort sikt 2024-2027

Kultur og fritid har nokre få store og fleire små arenaer for tenestene sine. Me driftar Kulturhuset, Bokbussen, Gamlekinoen, Ungdomshuset, Skatehallen på Tvildemoen, Gryto, Bygdahuset/UFU Granvin, Kulturbanken, Granvin bygdamuseum, idrettsarenaer, turstiar og friluftsområde. I tillegg kjem Vossabadet, idrettshallen kyrkja og gravplassane.
Dei ulike arenaene har ulike behov for investeringar. Nokre av behova er knytt til utdaterte bygg og anlegg som treng oppgradering for å kunne gje fullgode tenester. Andre behov er direkte knytt til klima, arbeidsmiljø og HMS.

**Ungdomsklubben Gryto**
I påvente av nye lokale til ungdomsklubben, må Gryto rehabiliterast og settast i stand etter forsvarleg HMS standar. I dag er det to hovudutfordringar; manglande ventilasjon og akustikk i romma. På normale klubbkveldar er det mellom 80 – 100 ungdomar innom og hovudrommet klarer ikkje absorbere lyden. Av omsyn til eit forsvarleg arbeidsmiljø må det inn ny ventilasjon (ligg i budsjett for 2023) og støydempande tiltak.

**Bokbuss**
Bokbussen er ein stor suksess. Den er mykje brukt og bokbussen er viktig for å auka leselysta blant elevane. Voss herad har valt å løysa kravet om tilgang til skulebibliotek ved å samarbeida med folkebiblioteket si bokbussteneste som køyrer til dei skulane som ikkje ligg i gangavstand til biblioteka.
Det vart vedteke kjøp av ny bokbuss i Voss herad i 2023. Innkjøpet har teke noko meir tid enn tenkt, då me ynskjer å kjøpa ein elektrisk bokbuss. Investeringa låg i sin heilskap i 2023 budsjettet, men er no splitta over to år.

**Meirope bibliotek**
Meirope (sjølvbetjent) bibliotek gjev innbyggjarane tilgang til biblioteket sine lokale og samlingar utanom bemanna opningstid. Automatar samt overvaking og åtgangskontroll legg til rette for at innbyggjarane skal klara seg sjølv i biblioteket, heradet har ei slik løysing i Kulturbanken i Granvin. Me ser at ei meirope løysing er eit stort prosjekt som omfattar innkjøp av utstyr, tilrettelegging av lokala og vurderingar knytt til personvern. Då me starta arbeidet med meirope bibliotek på Voss, såg me at me må samordna løysinga i Granvin og på Voss. Me må sjå heilskapeleg på organisering, digitalt system og oppgradering av automatane. Dette er årsaka til at kostnaden er ved meirope er auka frå fyrste gong prosjektet vart lansert.

**Rehabilitering av Gamlekinoen**
Utval for formannskap, plan og økonomi gjorde vedtak om rehabilitering av Gamlekinoen 27. april 2023. Voss herad må finansiera eigendel på kr. 13 millionar (+mva). I tillegg vert det lagt inn ei ramme på kr. 5 millionar (+mva) som vert forsøkt dekt inn av eksterne sponsorar. Rehabiliteringa er eit prosjekt som har vore del av kulturbyggplanane på Voss sidan vedtaket om å bygga nytt Kulturhus. Det er gjort mykje grunnlagsarbeid i samarbeid med brukarane av Gamlekinoen. Foajeen er ferdig renovert i 2019. Renoveringa skal syta for ei attendeføring for å ta vare på det opphavelege 50-tals uttrykket i bygget, men tilpassa dagens krav til tekniske produksjonar. Moglegheitsstudien av Gamlekinoen er levert og er grunnlaget for investeringsplan. Den totale kostnadsramma er berekna til kr. 60 millionar (inkl. mva). Dette inkluderer mellom anna ombygging av Tinghus 2 til backstage og nytt ventilasjonsanlegg. Det vil bli søkt regionale og statlege midlar til prosjektet.

**Ljosskjerming i kulturhuset**
Bøkene i biblioteket er utsett for så sterkt sollys slik at dei vert øydelagt. Det er difor behov for solskjerming som dekker vindauga i biblioteket men som ikkje hindrar utsikt.

**Kinoprojektor**
Då kulturhuset var nytt i 2011 vart det kjøpt inn nye kinoprojektorar i alle salar med garanti på 10 år. Projektor i kultursalen vart skifta i 2020, og digitalsalen vert skifta i 2023. Det vil sei at det står igjen å skifte projektor i panoramasal.

**Voss kulturhus**
Voss kulturhus vart opna i 2011 og har no trong for oppgradering. Huset skal vera ein viktig

samlingsplass og utstillingsvindauge for kulturlivet på Voss og, me legg til rette for både frivilligbasert og profesjonell kulturproduksjon. Ein treng oppgradera utdatert teknisk utstyr, utslitte møblar og inventar slik at huset framstår funksjonelt. Me ynskjer å tilretteleggja for at fleire lokale aktørar brukar huset til møter og tilskipingar og den endra prispolitikken med redusert husleiga til frivillige lag og organisasjonar for å auka bruken. Elevplassane i kulturskulen har gått frå 250 til omlag 500 i perioden, med behov for større og betre tilrettelagt plass. Fokus på klima og sirkulærøkonomi gjennom mellom anna tilrettelegging for folkeverkstad* vert meir og meir etterspurd.

Samla sett gjer dette at me må ha ein analyse av status og behov knytt både til teknisk tilstand og kartlegging av behov som fylgje av bruksendringar. Det vert lagt inn midlar til ei slik analyse, oppgradering av teknisk utstyr og inventar. Tilstands- og behovsanalysen vil kartleggja investeringsbehova i Kulturhuset, og tiltaka vil bli vurdert og lagt inn i heile planperioden.

*I ein folkeverkstad kan du la deg inspirera til reparasjon og redesign. Verkstaden er ein samlingsstad for innbyggjarane der dei får tilgang til verktøy og maskinar for å reparera, re-designa og forbetra klede, elektronikk, sykkel og andre gjenstandar. I ein folkeverkstad kan me bidra til auka kunnskap og engasjement for gjenbruk, berekraft og kunnskapsdeling.

**Voss idrettshall - oppgradering garderobar/toalett**

Det er planlagd oppgradering av garderobar i idrettshallen til 1,5 mill årleg i økonomiplan-perioden 2024-2026. Her kan det søkjast om spelemidlar med 0,5 årleg, slik at finansieringsbehovet er 1 mill årleg.

**Sentralidrettsanlegg idrettstorg oppgradering**

Det er planlagd for oppgradering av idrettstorget. Nytt idrettshus stiller krav til at området mellom dette og Vossabadet og Idrettshallen får ei god heilskapleg utforming tilrettelagt for universell utforming, ulike brukarar og behov. Planar for nytt idrettstorg ligg inne i vedteken plan for Sentralidrettsanlegget.

**Vatningsanlegg til grasbaner**

Vatningsanlegg til grasbaner på sentralidrettsanlegget med naudsynt borehol, pumpe og brønnhus.

**Vossabadet - energieffektiviserande tiltak**

I 2024 er det lagt opp til energieffektiviserande tiltak med 1,5 mill (overført frå 2023)

# Driftsbudsjett

## Fordeling på hovudart

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap | Budsjett | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 |
| **Driftsutgifter** | | | | | | |
| Lønn | 26 045 | 28 500 | 27 792 | 27 792 | 27 792 | 27 792 |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 11 746 | 8 528 | 8 145 | 7 945 | 7 645 | 7 645 |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 1 756 | 1 523 | 1 957 | 1 957 | 1 957 | 1 957 |
| Overføringsutgifter | 25 931 | 24 593 | 24 450 | 23 950 | 22 850 | 22 850 |
| Finansutgifter | 10 573 | 9 614 | 9 614 | 9 614 | 9 614 | 9 614 |
| **Sum Driftsutgifter** | **76 051** | **72 758** | **71 958** | **71 258** | **69 858** | **69 858** |
| **Driftsinntekter** | | | | | | |
| Salgsinntekter | -7 572 | -7 208 | -7 347 | -7 347 | -7 347 | -7 347 |
| Refusjoner | -7 410 | -1 860 | -2 004 | -2 004 | -2 004 | -2 004 |
| Overføringsinntekter | -35 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | -857 | -280 | -310 | -310 | -310 | -310 |
| **Sum Driftsinntekter** | **-15 874** | **-9 348** | **-9 661** | **-9 661** | **-9 661** | **-9 661** |
| **Sum** | **60 177** | **63 410** | **62 298** | **61 598** | **60 198** | **60 198** |

## Rammeoversikt

*Beløp i 1000*

| | Tiltak | Avdeling | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 |
| **Vedtatt budsjett** | | | **63 410** | **63 410** | **63 410** | **63 410** |
| **Sum Tekniske justeringer** | | | **244** | **244** | **244** | **244** |
| **Vedtak forrige periode** | | | | | | |
| Ukraina budsjett | | Kultur og fritid | 1 000 | 1 000 | 500 | 500 |
| Andre tiltak | | Kultur og fritid | -3 980 | -4 680 | -4 980 | -4 980 |
| **Sum Vedtak forrige periode** | | | **-2 980** | **-3 680** | **-4 480** | **-4 480** |
| **Sum Lønns- og prisvekst** | | | **363** | **363** | **363** | **363** |
| **Konsekvensjustert budsjett** | | | **-2 373** | **-3 073** | **-3 873** | **-3 873** |
| **Konsekvensjustert ramme** | | | **61 037** | **60 337** | **59 537** | **59 537** |
| **Innsparingstiltak** | | | | | | |
| Avslutting av fast tilskot til bygdeboknemnda | | Kultur og fritid | -100 | -100 | -100 | -100 |
| **Sum Innsparingstiltak** | | | **-100** | **-100** | **-100** | **-100** |
| **Nye tiltak** | | | | | | |
| Auka tilskot til Voss frivilligsentral | | Kultur og fritid | 100 | 100 | 100 | 100 |
| Auke i kremasjonstilskot og gravplassforvaltning | | Kultur og fritid | 250 | 250 | 250 | 250 |
| Hagahaugen vert innlemma i Voss herad | | Teknisk | -89 | -89 | -89 | -89 |

| Tiltak | Avdeling | Økonomiplan 2024 | 2025 | 2026 | 2027 |
|---|---|---|---|---|---|
| HST 12.12.23 Badepark | Kultur og fritid | 200 | 0 | 0 | 0 |
| HST 12.12.23 Gratis lokale, born og unge | Kultur og fritid | 600 | 600 | 0 | 0 |
| HST 12.12.23 Vedlikehald idrettsanlegg | Kultur og fritid | 100 | 100 | 100 | 100 |
| HST 12.12.23 Voss gatebil | Kultur og fritid | 200 | 0 | 0 | 0 |
| Medlemskap i Bergen og omland friluftsråd | Kultur og fritid | 0 | 400 | 400 | 400 |
| **Sum Nye tiltak** | | **1 361** | **1 361** | **761** | **761** |
| **Nye tiltak og realendringer budsjett** | | **1 261** | **1 261** | **661** | **661** |
| **Ramme 2024-2027** | | **62 298** | **61 598** | **60 198** | **60 198** |

## Nye tiltak

### Auka tilskot til Voss frivilligsentral

Voss frivilligsentral får til saman 822 000 i driftsstøtte. Av desse vert 420 000 finansiert av kulturdepartementet. Dette er eit svært stramt driftsbudsjett.

Voss herad har mål om å inngå samarbeidsavtale med Voss frivilligsentral med bakgrunn i ny forskrift for frivilligsentralar som vart vedteke av Stortinget i 2022, og me legg inn ei lita auke for å gje sentralen moglegheit til å imøtekoma dei nye forventningane som ligg i den. Målet for samarbeidet er at Voss frivilligsentral skal ta ei aktiv koordinerande rolle mellom frivilligheita og heradet.

### Medlemskap i Bergen og omland friluftsråd

Heradsstyret har bedt om ei vurdering av medlemskap i Bergen og omland friluftsråd. Dette vert lagt fram som eigen sak i heradsstyret 20. juni 2023. Medlemskapet inneber fagleg rettleiing og opfylging av tilrettelegging av natur og friområde i Voss. Nye medlemmer vert teke opp frå 2025 og me legg inn medlemsavgifta frå 2025.

### Auke i kremasjonstilskot og gravplassforvaltning

Voss herad har gitt tilskot til Voss kyrkjeleg fellesråd basert på 10 kremasjonar årleg. I 2014 var det 15 stykk og i 2021 var det 21 stykk. Kyrkja gjev 10 000 kr i tilskot per kremasjon. Rådmannen føreslår å auka overføring for å dekka påløpt og framtidig auke i kremasjonar med om lag 100 000 kr/årleg.

I tillegg krev gravplassforvalting meir ressursar enn før. Rådmannen føreslår å auka overføring med 150 000 kr årleg for å dekka noko av meirarbeidet. Samla overføring til Voss kyrkjeleg fellesråd inkl. kompensasjon for løns- og prisvekst for 2024 er: 12 205 454 kr.

### HST 12.12.23 Badepark

Intensjon om å setje av 200 000 kr til badepark. Ein ber administrasjonen i samarbeid med

Vossabadet om det er mogeleg å finna ei løysing for innkjøp/leige, samt drift av eit slikt anlegg, innanfor denne løyvinga til februarmøtet.

**HST 12.12.23 Gratis lokale, born og unge**

Gratis utleige av kommunale bygg og idrettsanlegg, for frivillige lag- og organisasjonar som driv med barne- og ungdomsaktivitet. Det skal takast høgde for folkehelse perspektivet og at etablerte private aktørar som legg til rette for aktivitet skal ha moglegheit til å leige hallen som tidlegare. Gratis utleige skal vere ei prøveordning på to år, og etter enda prøveperiode ynskjer ein innspel frå dei frivillige laga- og organisasjonane til å sei noko om tiltaket har ført til auka aktivitet og lågare medlemskostnadar.

**HST 12.12.23 Vedlikehald idrettsanlegg**

Vedlikehald idrettsanlegg. Aukar potten for vedlikehald av idrettsanlegg frå kr. 200.000,- til kr. 300.000,-.

**HST 12.12.23 Voss gatebil**

Husleige Voss gatebil. Me ber Voss Gatebil kome attende til heradsstyre med ein ny søknad for dei komande åra og ein årsrapport for aktiviteten som har vore i 2024. Ein ynskjer også å gje signal til Voss Gatebil om at dei skal byrje med å lage ein plan for korleis ein skal dekke eventuelle leigekostnadar på sikt utan å vere avhengig av fullfinansiering av leigekostnadar og straum av kommunen.

## Investeringsbudsjett

*Beløp i 1000*

| | Økonomiplan | | | | Sum |
|---|---|---|---|---|---|
| **Investeringsprosjekter** | **2024** | **2025** | **2026** | **2027** | **2024-27** |
| **Kultur og fritid (inkl.kyrkja)** | | | | | |
| Bibliotek - lysskjerming | 0 | 1 000 | 0 | 0 | 1 000 |
| Bokbuss | 4 200 | 0 | 0 | 0 | 4 200 |
| Gamlekinoen rehabilitering | 0 | 0 | 22 500 | 0 | 22 500 |
| Gryto - støydempande tiltak | 500 | 0 | 0 | 0 | 500 |
| Meirope bibliotek | 350 | 0 | 0 | 0 | 350 |
| Ny kinoframvisar | 0 | 1 500 | 0 | 0 | 1 500 |
| Voss idrettshall - oppgradering garderobar/toalett | 1 500 | 1 500 | 0 | 0 | 3 000 |
| Voss kulturhus oppgradering | 1 500 | 0 | 0 | 0 | 1 500 |
| Vossabadet - energieffektiviserande tiltak | 1 500 | 0 | 0 | 0 | 1 500 |
| Vossabadet - servicebygg utebasseng | 22 500 | 0 | 0 | 0 | 22 500 |
| **Sum Kultur og fritid (inkl.kyrkja)** | **32 050** | **4 000** | **22 500** | **0** | **58 550** |

## Måltabell

| Hovudmål | Delmål | Indikator | Mål 2024 | Mål 2027 | Langsiktig målsetting |
|---|---|---|---|---|---|
| 10 - Mindre ulikheit | Born og unge skal ha gode oppvekstvilkår gjennom oppleving og deltaking i kulturaktivitet der dei kan få utvikla seg på eigne premiss. | Andel elever 6-15 år i kommunens kulturskole, av antall barn 6-15 år (B) | 18,5 % | 0,0 % | 0,0 % |
| | Me skal leggja til rette for ein aktiv alderdom med gode kulturopplevingar, sosiale møteplassar og fysisk aktivitet. | | | | |
| 11 - Berekraftige byar og samfunn | Kultur- og fritidsaktivitetar sikrar bulyst og rekruttering av rett arbeidskraft | Besøk i folkebibliotek per innbygger (B) | 4,1 | 0,0 | 0,0 |
| | Voss skal vera ei bygd for sterke opplevingar. | Netto driftsutgifter pr. innbygger til Kultur og idrett (B) | 3 000 | 0 | 0 |
| | | Norsk kulturindeks | | | |
| 13 - Stoppa klimaendringane | Me skal auka kunnskap og forståing for klimaendringane | | | | |
| | Me skal ha klimavenlege og grøne kulturarrangement | | | | |
| | Me skal leggja til rette for sirkulærøkonomi | Utlån alle medier fra folkebibliotek per innbygger (B) | 4,0 | 0,0 | 0,0 |
| 16 - Fred og rettferd | Kulturen si samfunnsbyggjande kraft skapar grunnlag for fellesskap, opplevingar, engasjement, inkludering og utvikling. | | | | |
| 17 - Samarbeid | Me skal arbeida for tverrfagleg samarbeid internt i Voss herad og med kulturliv og frivilligheita | | | | |
| 4 - God utdanning | God utdanning inneheld gode kulturopplevingar og kulturutøving som fremjar meistring. | | | | |
| | Me skal motivera til livslang læring | | | | |
| 9 - Industri, innovasjon og infrastruktur | Kultur er grunnlag for skapande og kreative næringar. | | | | |
| | Voss herad stimulerer eit kulturliv som utfordrar gamle tankesett og vanar, og slik fremmar kritisk refleksjon og innovasjon. | | | | |

## Kostra-analyse

| | Voss herad 2021 | Voss herad 2022 | Kinn | Aurskog-Høland | Stord | Øvre Eiker | Kostragruppe 07 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Prioritet** | | | | | | | |
| Kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg | 768 | 922 | 602 | 593 | 433 | 438 | 608 |

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr) *) | | | | | | | |
| Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbygger i kroner *) | 2 543 | 2 975 | 2 534 | 2 258 | 2 228 | 1 768 | 2 433 |
| Netto driftsutgifter til funksjon 390,393 pr. innbygger i kroner (B) *) **) | 749 | 734 | 635 | 724 | 511 | 488 | 615 |
| **Dekningsgrad** | | | | | | | |
| Andel elever 6-15 år i kommunens kulturskole, av antall barn 6-15 år (B) | 16,2 % | 18,1 % | 16,4 % | 13,8 % | 15,4 % | 11,1 % | 14,0 % |
| **Grunnlagsdata (Nivå 3)** | | | | | | | |
| Antall kinoforestillinger | 1 366 | 1 464 | 617 | 56 | 1 315 | 16 | 19 767 |
| Totalt antall kinobesøk | 17 416 | 28 184 | 20 961 | 2 032 | 31 428 | 377 | 417 204 |

**) Inflasjonsjustert med deflator*
***) Justert for utgiftsbehov*

# Kommunalt føretak

Rammene for Vossabadet og Voss idrettshall KF er lagt fram i eit samla budsjett. Det kommunaleføretaket har eiga leiing og styre, men det er likevel ein del av Voss herad og ligg under styringslina til heradsstyret. Kvart år får føretaket ei overføring frå heradet som er både eit driftstilskot for å kunna driva basseng for ålmenta og for å dekka utgifter med skulesymjing (3,1 mill.kr i 2022). Rådmannen har formidla ei rammeoverføring på 5 522 600 kr i 2024. Dette inkluderer 4,2 % auke for å dekka løns- og prisvekst. Føretaket har laga driftsbudsjett basert på desse føresetnadene og vedteke budsjett i styret 9.10.2023. Det er laga to alternative budsjett for 2024, eitt utan drift av utebasseng og eitt med. Drift at utebasseng syner eit driftsoverskot på nær 0,5 mill.kr. Anbodsrunde for garderobeanlegg er ikkje ferdigstilt, og det er svært usikkert om anlegg kan vera klar til drift før sommar 2024. Rådmannen legg difor til grunn eit budsjett i balanse tilsvarande eksisterande verksemd i Vossabadet og Voss idrettshall for 2024-2027.

**Driftsbudsjett:**

| | 2024 med drift av utebasseng | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 |
|---|---|---|---|---|---|
| Lønsutgifter og godtgjersle | 9 023 | 8 773 | 8 773 | 8 773 | 8 773 |
| Driftsutgifter | 6 661 | 5 660 | 5 660 | 5 660 | 5 660 |
| Sum utgifter | 15 684 | 14 433 | 14 433 | 14 433 | 14 433 |
| | | - | - | - | - |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Driftsinntekter | -10 620 | -8 910 | -8 910 | -8 910 | -8 910 |
| Tilskot frå Voss herad | -5 523 | -5 523 | -5 523 | -5 523 | -5 523 |
| Sum inntekter | -16 143 | -14 433 | -14 433 | -14 433 | -14 433 |
| | | | | | |
| **Netto budsjett** | **-459** | **-** | **-** | **-** | |

I tillegg har føretaket meldt inn behov for å skifta bassengdukar og pumper i utebassenget tilsvarande 1,2 mill.kr. For å opna for ny drift er dei avhengig av å bytta bassengduk i begge bassenga, og byta pumper og ventilar i stupetårnet. Dette er ikkje finansiert i årsbudsjett for 2024.

**Investeringsbudsjett**

KFet har meldt inn behov for rehabilitering av garderobar i Voss idrettshall, og solskjerming i Vossabadet. Føretaket har ytra behov for 1 000 000 kr til utskifting av bereder for varmtvatn og byte av ljos i 2024. Rådmannen vil vurdera dette til endeleg årsbudsjett og økonomiplan som vert lagt fram i haust.

| | **2 024** | **2 025** | **2 026** | **2 027** |
|---|---|---|---|---|
| Investering totalt: oppgradering av garderobar idrettshall | 1 500 | 1 500 | 1 500 | 1 500 |
| Lånefinansiering | 1 000 | 1 000 | 1 000 | 1 000 |
| Spelemiddelfinansiering | 500 | 500 | 500 | 500 |
| Dekning frå drift/eigenkapital | - | - | - | - |
| | **2 024** | **2025** | **2 026** | **2 027** |
| Investering totalt: Varmtvannsberedere og VVS i Voss idrettshall | 1 000 | 1 000 | 1 000 | 1 000 |
| Lånefinansiering | 1 000 | 1 000 | 1 000 | 1 000 |
| | **2 024** | **2 025** | **2 026** | **2 027** |
| Investering totalt: Energieffektiviserande tiltak Vossabadet | Lagt fram i Voss herad sitt investeringsbudsjett | - | - | - |

# Gebyrliste

## Grunnskule og barnehage

| Gebyr | Eining | Sats 2023 | Sats 2024 | Endring i kr | Endring i % | Trendpil | Merknad |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Voss Cup overnatting | kr per natt per person | 115 | 120 | 5 | 4% | ↗ | Har vore kr. 103 sidan 2016. Vart oppjustert til 115 frå og med 2023 og til 120 kr/natt per person i 2024. |

## Foreldrebetaling SFO

| Gebyr | Eining | Sats 2023 | Sats 2024 | Endring i kr | Endring i % | Trendpil | Merknad |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Ordinær SFO-plass, 3 dagar | kr/mnd | 1 720,00 | 1 795,00 | 75,00 | 4,36% | ↗ | |
| Ordinær SFO-plass, 5 dagar | kr/mnd | 2 460,00 | 2 565,00 | 105,00 | 4,27% | ↗ | |
| Redusert foreldrebetaling SFO | kr/mnd | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0% | ↘ | Det finnes ulike moderasjonsordninger, se informasjon om redusert foreldrebetaling på voss.herad.no Vossaskulen-Skulefritidsordning (SFO) |
| Utvida SFO-plass, 3 dager | kr/mnd | 2 245,0 | 2 340,0 | 95,0 | 4,2% | ↗ | |
| Utvida SFO-plass, 5 dager | kr/mnd | 3 275,0 | 3 415,0 | 140,0 | 4,3% | ↗ | |

## Foreldrebetaling barnehage

| Gebyr | Eining | Sats 2023 | Sats 2024 | Endring i kr | Endring i % | Trendpil | Merknad |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Eit barn i barnehage, 4 dagar | kr/mnd | 2 480 | 2 480 | 0 | 0% | ↘ | vert redusert til kr. 1680 frå 1. August 2024 |
| Heil plass eit barn i barnehage, 5 dager | kr/mnd | 3 000,0 | 3 000,0 | 0,0 | 0,0% | ↘ | vert redusert til kr. 2000 frå 1. August 2024 |
| Kjøp av einskilddagar | kr/dag | 410,0 | 410,0 | 0,0 | 0,0% | ↘ | |

| Gebyr | Eining | Sats 2023 | Sats 2024 | Endring i kr | Endring i % | Trendpil | Merknad |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Kostdøgn /Matpengar 4 dagar | kr/mnd | 415,0 | 415,0 | 0,0 | 0,0% | ↘ | |
| Kostdøgn /Matpengar heil plass | kr/mnd | 465,0 | 465,0 | 0,0 | 0,0% | ↘ | |
| Redusert foreldrebetaling barnehage | kr/mnd | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0% | ↘ | I statsbudsjett 2023 frå 1 august 2023 er maksimal pris for 2 og fleie born i barnehage er 5100. Søksenmoderasjonen vert automatisk lagt til faktura. |

## Leirskule

| Gebyr | Eining | Sats 2023 | Sats 2024 | Endring i kr | Endring i % | Trendpil | Merknad |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Timesats pedagogisk personalet ved leirskuleopphald i Voss herad | kr/time | 700,0 | 800,0 | 100,0 | 14,3% | ↗ | |

## Søskenmoderasjon barnehage

| Gebyr | Eining | Sats 2023 | Sats 2024 | Endring i kr | Endring i % | Trendpil | Merknad |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 01.01.23 - 01.08.2023 Barn nr 2 | % | 30% | 30% | | | | I statsbudsjett 2023 frå 1 august 2023 er maksimal pris for 2 og fleie born i barnehage er 5100. Søksenmoderasjonen vert automatisk lagt til faktura. |
| 01.01.23 - 01.08.2023 Barn nr 3 og fleire | % | 100% | 100% | | | | I statsbudsjett 2023 frå 1 august 2023 er maksimal pris for 2 og fleie born i barnehage er 5100. Søksenmoderasjonen vert automatisk lagt til faktura. |

# Institusjonsopphald - sjukeheim

## Døgnopphald

| Gebyr | Eining | Sats 2023 | Sats 2024 | Endring i kr | Endring i % | Trendpil | Merknad |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Kortidsopphald | pr. døgn | 185,0 | 193,0 | 8,0 | 4,3% | ↗ | Satsen vert fastsett i Statsbudsjettet. |
| Maksimal eigenbetaling sjukeheim | pr. mnd | 73 000,0 | 76 000,0 | 3 000,0 | 4,1% | ↗ | |

## Dagopphald

| Gebyr | Eining | Sats 2023 | Sats 2024 | Endring i kr | Endring i % | Trendpil | Merknad |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Dag-/nattopphald i institusjon | pr dag/natt | 105,0 | 110,0 | 5,0 | 4,8% | ↗ | Satsen vert fastsett i Statsbudsjettet. |

# Tenester i heimen

## Heimehjelp

| Gebyr | Eining | Sats 2023 | Sats 2024 | Endring i kr | Endring i % | Trendpil | Merknad |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Heimehjelp | pr. time | 410,0 | 430,0 | 20,0 | 4,9% | ↗ | |
| Heimehjelp < 2G | kr/mnd | 220,0 | 230,0 | 10,0 | 4,5% | ↗ | Satsen vert fastsett i Statsbudsjettet. |
| Heimehjelp inntil 3G | kr/mnd | 1 100,0 | 1 150,0 | 50,0 | 4,5% | ↗ | |
| Heimehjelp inntil 4G | kr/mnd | 2 000,0 | 2 100,0 | 100,0 | 5,0% | ↗ | |
| Heimehjelp inntil 5G | kr/mnd | 2 770,0 | 2 900,0 | 130,0 | 4,7% | ↗ | |
| Heimehjelp inntil 6G | kr/mnd | 3 540,0 | 3 700,0 | 160,0 | 4,5% | ↗ | |

## Tryggleiksalarm

| Gebyr | Eining | Sats 2023 | Sats 2024 | Endring i kr | Endring i % | Trendpil | Merknad |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Montering e-lås | kr/montering | 880,0 | 915,0 | 35,0 | 4,0% | ↗ | |

| Gebyr | Eining | Sats 2023 | Sats 2024 | Endring i kr | Endring i % | Trendpil | Merknad |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Omsorgsteknologi | kr/mnd | 375,0 | 390,0 | 15,0 | 4,0% | ↗ | |
| Tryggleiksalarm | kr/mnd | 375,0 | 390,0 | 15,0 | 4,0% | ↗ | |
| Utkøyring av hjelpemiddel | kr/eining | 118,0 | 123,0 | 5,0 | 4,2% | ↗ | |

## Betaling måltider

| Gebyr | Eining | Sats 2023 | Sats 2024 | Endring i kr | Endring i % | Trendpil | Merknad |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Frukost/kvelds Granvin | kr/eining | 55,0 | 57,0 | 2,0 | 3,6% | ↗ | |
| Graut til heimebuande | kr/eining | 55,0 | 57,0 | 2,0 | 3,6% | ↗ | |
| Heilpensjon | kr/eining | 185,0 | 193,0 | 8,0 | 4,3% | ↗ | |
| Lunsj Granvin | kr/eining | 33,0 | 35,0 | 2,0 | 6,1% | ↗ | |
| Middag til heimebuande | kr/eining | 102,0 | 106,0 | 4,0 | 3,9% | ↗ | |

## Feiing *

| Gebyr | Eining | Sats 2023 | Sats 2024 | Endring i kr | Endring i % | Trendpil | Merknad |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Feie- og tilsynsavgift | pr. pipeløp | 615,0 | 646,0 | 31,0 | 5,0% | ↗ | |
| Fresing av blanksot | | 1 315,0 | 1 380,0 | 65,0 | 4,9% | ↗ | |

* Prisar eks mva

## Vatn og avløp *

### Avløp

| Gebyr | Eining | Sats 2023 | Sats 2024 | Endring i kr | Endring i % | Trendpil | Merknad |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Avløp fastledd fritidsbustad | | 1 380,0 | 1 449,0 | 69,0 | 5,0% | ↗ | |
| Avløp fastledd heilårsbustad | | 920,0 | 966,0 | 46,0 | 5,0% | ↗ | |

| Gebyr | Eining | Sats 2023 | Sats 2024 | Endring i kr | Endring i % | Trendpil | Merknad |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Avløp forbruksgebyr pr målt m3 eller stipulert | øre pr m3 | 23,45 | 24,62 | 1,17 | 4,99% | ↗ | 24,62 øre |

## Vatn

| Gebyr | Eining | Sats 2023 | Sats 2024 | Endring i kr | Endring i % | Trendpil | Merknad |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Vatn fastledd fritidsbustad | | 1 215,0 | 1 361,0 | 146,0 | 12,0% | ↗ | |
| Vatn fastledd heilårsbustad | | 810,0 | 907,0 | 97,0 | 12,0% | ↗ | |
| Vatn forbruksgebyr pr målt m3 eller stipulert | øre pr m3 | 20,37 | 22,81 | 2,44 | 11,98% | ↗ | 22,81 øre |

## Septik

| Gebyr | Eining | Sats 2023 | Sats 2024 | Endring i kr | Endring i % | Trendpil | Merknad |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Septik tett tank | | 5 400,0 | 5 940,0 | 540,0 | 10,0% | ↗ | |
| Septik tett tank med 2 års tømmeintervall | | 1 150,0 | 1 265,0 | 115,0 | 10,0% | ↗ | |
| Septik tett tank med 4 års tømmeintervall | | 790,0 | 869,0 | 79,0 | 10,0% | ↗ | |
| Septik/gråvassanlegg frå 10 m3 etter pris pr m3 | | 340,0 | 374,0 | 34,0 | 10,0% | ↗ | |
| Septik/gråvassanlegg frå 4 m3 til og med 6 m3 | | 1 650,0 | 1 815,0 | 165,0 | 10,0% | ↗ | |
| Septik/gråvassanlegg frå 6 m3 til og med 10 m3 | | 2 150,0 | 2 365,0 | 215,0 | 10,0% | ↗ | |
| Septik/gråvassanlegg til og med 4 m3 | | 1 150,0 | 1 265,0 | 115,0 | 10,0% | ↗ | |
| Tilleggsgebyr for minirenseanlegg: Oppsamling av rejektvatn | | 3 000,0 | 3 300,0 | 300,0 | 10,0% | ↗ | |

## Tilknytingsavgift avløp

| Gebyr | Eining | Sats 2023 | Sats 2024 | Endring i kr | Endring i % | Trendpil | Merknad |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Heilårs-/fritidsbustad trinn 1 (0 - 150 m2 BRA) | | 10 000,0 | 14 000,0 | 4 000,0 | 40,0% | ↗ | |
| Heilårs-/fritidsbustad trinn 2 (151 - 250 m2 BRA) | | 13 000,0 | 16 000,0 | 3 000,0 | 23,1% | ↗ | |
| Heilårs-/fritidsbustad trinn 3 (251 m2 BRA og oppover) | | 18 000,0 | 18 000,0 | 0,0 | 0,0% | ↘ | |

## Tilknytingsavgift vatn

| Gebyr | Eining | Sats 2023 | Sats 2024 | Endring i kr | Endring i % | Trendpil | Merknad |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Heilårs-/fritidsbustad trinn 1 (0 - 150 m2 BRA) | | 10 000,0 | 14 000,0 | 4 000,0 | 40,0% | ↗ | |
| Heilårs-/fritidsbustad trinn 2 (151 - 250 m2 BRA) | | 13 000,0 | 16 000,0 | 3 000,0 | 23,1% | ↗ | |
| Heilårs-/fritidsbustad trinn 3 (251 m2 BRA og oppover) | | 18 000,0 | 18 000,0 | 0,0 | 0,0% | ↘ | |

* Prisar eks mva

# Flyplass

## Landingsavgift

| Gebyr | Eining | Sats 2023 | Sats 2024 | Endring i kr | Endring i % | Trendpil | Merknad |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Brann, redning og el-fly = gratis | pr landing | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0% | ↘ | |

| Gebyr | Eining | Sats 2023 | Sats 2024 | Endring i kr | Endring i % | Trendpil | Merknad |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Fast avgift fallskjermklubben | per år | 40 465,0 | 60 000,0 | 19 535,0 | 48,3% | ↗ | |
| Fast avgift for helikopterselskap med base ved Bømoen flyplass | per år | 20 215,0 | 40 000,0 | 19 785,0 | 97,9% | ↗ | |
| Per landing | pr landing | 140,0 | 200,0 | 60,0 | 42,9% | ↗ | |
| Årskort | årskort | 2 700,0 | 2 700,0 | 0,0 | 0,0% | ↘ | |

### Støyavgift landing/avgang utanfor flyplassen si opningstid

| Gebyr | Eining | Sats 2023 | Sats 2024 | Endring i kr | Endring i % | Trendpil | Merknad |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Andre fly | pr landing | 0,0 | 300,0 | 300,0 | 0,0% | ↘ | |
| Helikopter | pr landing | 0,0 | 500,0 | 500,0 | 0,0% | ↘ | |
| Sportsfly | pr landing | 0,0 | 100,0 | 100,0 | 0,0% | ↘ | |

### Tilleggsavgift

| Gebyr | Eining | Sats 2023 | Sats 2024 | Endring i kr | Endring i % | Trendpil | Merknad |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Ikkje betalt avgift innan 1 veke eller flyrørsle ikkje registrert i Myppr | pr landing | 0,0 | 300,0 | 300,0 | 0,0% | ↘ | |

## Edruskapsvern

### Alkohol og servering

| Gebyr | Eining | Sats 2023 | Sats 2024 | Endring i kr | Endring i % | Trendpil | Merknad |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Einskild skjenkeløyve | pr løyve | 350,0 | 350,0 | 0,0 | 0,0% | ↘ | |

### Tilsynavgift tobakk

| Gebyr | Eining | Sats 2023 | Sats 2024 | Endring i kr | Endring i % | Trendpil | Merknad |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Tilsynavgift salsstader tobakksvarar, fast sal | per år | 4 860,0 | 5 120,0 | 260,0 | 5,3% | | jf. tobakksal- forskrifta §33 |
| Tilsynsavgift salsstader tobakksvarer, mellombels sal | per år | 1 300,0 | 1 370,0 | 70,0 | 5,4 % | | jf. tobakksal- forskrifta §33 |

## Torgleige

ingen auke

### Liten plass (under 5 meter)

| Gebyr | Eining | Sats 2023 | Sats 2024 | Endring i kr | Endring i % | Trendpil | Merknad |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Ei veke (måndag til laurdag) | per veke | 700,0 | 700,0 | 0,0 | 0,0% | ↘ | |
| Ein dag (fredag-laurdag) | per dag | 215,0 | 215,0 | 0,0 | 0,0% | ↘ | |
| Ein dag (måndag-torsdag) | per dag | 215,0 | 215,0 | 0,0 | 0,0% | ↘ | |
| Ein månad | per månad | 1 100,0 | 1 100,0 | 0,0 | 0,0% | ↘ | |

### Stor plass (over 5 meter)

| Gebyr | Eining | Sats 2023 | Sats 2024 | Endring i kr | Endring i % | Trendpil | Merknad |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Ei veke (måndag-laurdag) | per veke | 960,0 | 960,0 | 0,0 | 0,0% | ↘ | |
| Ein dag (fredag-laurdag) | per dag | 420,0 | 420,0 | 0,0 | 0,0% | ↘ | |
| Ein dag (måndag-torsdag) | per dag | 320,0 | 320,0 | 0,0 | 0,0% | ↘ | |
| Ein månad | per månad | 1 265,0 | 1 265,0 | 0,0 | 0,0% | ↘ | |

## Tillegg for straum

| Gebyr | Eining | Sats 2023 | Sats 2024 | Endring i kr | Endring i % | Trendpil | Merknad |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Ei veke | per veke | 145,0 | 145,0 | 0,0 | 0,0% | ↘ | |
| Ein dag | per dag | 35,0 | 35,0 | 0,0 | 0,0% | ↘ | |
| Ein månad | pr mnd | 400,0 | 400,0 | 0,0 | 0,0% | ↘ | |

## Kulturskulen

| Gebyr | Eining | Sats 2023 | Sats 2024 | Endring i kr | Endring i % | Trendpil | Merknad |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Biletekunst | per år | 3 490,0 | 3 490,0 | 0,0 | 0,0% | ↘ | |
| Dansundervisning | per år | 2 925,0 | 2 925,0 | 0,0 | 0,0% | ↘ | |
| Friplass tildeles elevar etter søknad fra familiar med dokumentert skattbar inntekt under | per år | 500 000,0 | 500 000,0 | 0,0 | 0,0% | ↘ | Sjå retningslinjer for friplassar ved Voss kulturskule på voss.herad.no Kultur og fritid - Kultur - Voss kulturskule |
| Gruppeundervisning | per år | 2 185,0 | 2 185,0 | 0,0 | 0,0% | ↘ | |
| Instrumentleige | per år | 535,0 | 535,0 | 0,0 | 0,0% | ↘ | |
| Materialpengar | per år | 670,0 | 670,0 | 0,0 | 0,0% | ↘ | |
| Ordinær plass | per år | 3 965,0 | 3 965,0 | 0,0 | 0,0% | ↘ | |

## Biblioteket

| Gebyr | Eining | Sats 2023 | Sats 2024 | Endring i kr | Endring i % | Trendpil | Merknad |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Tapt lånekort | kr/ kort | 20,0 | 20,0 | 0,0 | 0,0% | ↘ | |

## Purregebyr vaksen

| Gebyr | Eining | Sats 2023 | Sats 2024 | Endring i kr | Endring i % | Trendpil | Merknad |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 1 varsel | per gong | 30,0 | 30,0 | 0,0 | 0,0% | ↘ | |
| 2 varsel | per gong | 50,0 | 50,0 | 0,0 | 0,0% | ↘ | |

## Purregebyr barn

| Gebyr | Eining | Sats 2023 | Sats 2024 | Endring i kr | Endring i % | Trendpil | Merknad |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 1 varsel | per gong | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0% | | |
| 2 varsel | per gong | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0% | | |

## Plan, oppmåling og byggesak

| Gebyr | Eining | Sats 2023 | Sats 2024 | Endring i kr | Endring i % | Trendpil | Merknad |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Byggesak-einebustad | | 15 367,0 | 18 440,0 | 3 073,0 | 20,0% | | |
| Oppmåling 0-500 m2 | | 12 170,0 | 13 387,0 | 1 217,0 | 10,0% | | |
| Plangebyr - enklaste plansak | | 30 845,0 | 32 079,0 | 1 234,0 | 4,0% | | |

## Vigsel

## Vigsel

| Gebyr | Eining | Sats 2023 | Sats 2024 | Endring i kr | Endring i % | Trendpil | Merknad |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Gebyr for vigsel i kommunal regi | Per vigsel | 2 500 | 2 550 | 50 | 2% | | |

Gebyr for dei som ikkje er folkeregistrert i Voss herad, og for vigslar utanom ordinær arbeidstid og vigslar utanom Voss tinghus/Prestegardslandet.